

Språkstatus 2012

Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet

Språkstatus 2012

Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet

Språkrådet

Juni 2012

Innhald

Føreord	7
Samandrag	9
1 Terminologi og fagspråk	13
1.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	13
1.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	14
1.3 Språkrådets terminologiteneste.....	14
1.4 Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.....	15
1.5 Standardiseringsarbeid i Noreg.....	16
1.6 Universitets- og høgskulesektoren.....	18
1.7 Fagspråklege offentlege dokument.....	19
1.8 Fagordbøker og innføringsbøker i terminologi.....	20
1.9 Terminologiressursar.....	20
1.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	21
Kjelder.....	22
2 Språkbruk i høgare utdanning og forskning	23
2.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	23
2.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	24
2.3 Språkpolitikk ved og for lærestadene.....	24
2.4 Vitskapleg språk.....	25
2.5 Høgare undervisning på norsk og engelsk.....	27
2.6 Pensumlitteratur.....	28
2.7 Ansvar for norsk fagspråk.....	29
2.8 Annan fagleg litteratur, formidling.....	30
2.9 Språk i digitale faglege kjelder.....	30
2.10 Verkemiddel i litteraturpolitikken.....	31
2.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	32
Kjelder.....	33
3 Språkbruk i arbeids- og næringslivet	35
3.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	35
3.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	35
3.3 Bruk av norsk og engelsk i bedriftene.....	36
3.4 Konsernspråk.....	37
3.5 Språk i reklame og marknadsføring.....	37
3.6 Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv.....	38
3.7 Språkbehov og språkkompetanse i verksemdene.....	39
3.8 Fleirspråklege arbeidsplassar.....	39
3.9 Lover og reglar om språk i arbeidslivet.....	40
3.10 Språkpolitikk for næringslivet og arbeidslivet.....	40
3.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	41
Kjelder.....	41
4 Språk og teknologi	43
4.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og meining</i>	43
4.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	44
4.3 Norsk språkbank.....	44
4.4 Tilgang til Internett og bruk av tenester på nett.....	45
4.5 Handlingsplan for norsk språk og IKT.....	46
4.6 Programvare i begge målformer.....	46
4.7 Parallellsøk.....	46
4.8 Programvare for omsetjing mellom språk.....	46
4.9 Kunstige stemmer.....	46
4.10 Bruk av IKT i skulen.....	47
4.11 Bruk av IKT i barnehagen.....	48
4.12 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	48
Kjelder.....	48

5 Kultur og media.....	49
5.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	49
5.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	51
5.3 Aviser.....	51
5.4 Innstillinga frå mediestøtteutvalet.....	51
5.5 Allmennkringkasting.....	52
5.6 TV 2.....	53
5.7 Kommersielle radio- og fjernsynskanalar.....	54
5.8 Språk i sosiale medium.....	54
5.9 Kinofilm.....	55
5.10 Språk, litteratur og bibliotek.....	55
5.11 Språk i populærmusikk.....	57
5.12 Digitalisering.....	57
5.13 Den kulturelle skulesekken.....	57
5.14 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	57
Kjelder.....	58
6 Språkleg dokumentasjon.....	61
6.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	61
6.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	62
6.3 Språksamlingar og digitalisering.....	62
6.4 Leksikon.....	63
6.5 Norsk Ordbok 2014.....	63
6.6 Dokumentasjonen av bokmål.....	63
6.7 Teiknspråkkordbøker.....	63
6.8 Dokumentasjon av romani.....	64
6.9 Dokumentasjon av kvensk.....	64
6.10 Norske ordbøker på nettet.....	64
6.11 Råd om stadnamn.....	65
6.12 Innsamling av stadnamn.....	66
6.13 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	66
Kjelder.....	67
7 Rettskrivingsnormer og språkutvikling.....	69
7.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	69
7.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	70
7.3 Rettskrivinga for bokmål.....	71
7.4 Ny rettskrivingsnormal for nynorsk frå august 2012.....	71
7.5 Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving.....	72
7.6 Språkutvikling og språkoobservasjon.....	72
7.7 Særskilde offentlege namn – namn på olje- og gassfelt.....	73
7.8 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	73
Kjelder.....	74
8 Språkrøkt.....	75
8.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	75
8.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	75
8.3 Språkrøkt i statsforvaltninga.....	76
8.4 Språkrådets rådgjeving til publikum.....	76
8.5 Språkleg kvalitet i lærebøker.....	76
8.6 Språket i aviser, fjernsyn og andre etermedium.....	76
8.7 Prisar frå Språkrådet.....	77
8.8 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar.....	78
Kjelder.....	78
9 Språkbruk i statsforvaltninga.....	79
9.1 Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	79
9.2 Språkrådets rolle og aktivitetar.....	80
9.3 Språkpolitiske hovudmål og statlege styringsdokument.....	80
9.4 Kvaliteten på språket i statsforvaltninga.....	80
9.5 Særleg om nynorsk forvaltningspråk.....	81
9.6 Klarspråk.....	84

9.7	Prosjektet «Klart språk i staten»	84
9.8	Kurs for statstilsette	87
9.9	Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar	88
	Kjelder	89
10	Nynorsk	91
10.1	Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	91
10.2	Språkrådets rolle og aktivitetar	92
10.3	Nynorskens status og bruk	93
10.4	Oppslutninga om nynorsk	94
10.5	Nynorsk for minoritetsspråklege	99
10.6	Nynorsk i NRK	100
10.7	Nynorsk i kommunal og fylkeskommunal forvaltning	101
10.8	Målbyte frå nynorsk til bokmål	101
10.9	Normering av nynorsk	102
10.10	Rammevilkår for nynorskinstitusjonar	102
10.11	Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar	103
	Kjelder	104
11	Andre språk i Noreg	107
11.1	Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	107
11.2	Språkrådets rolle og aktivitetar	110
11.3	Norsk teiknspråk	110
11.4	Nasjonale minoritetsspråk og språka til nye innvandrarakar	115
11.5	Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar	116
	Kjelder	116
12	Språklege rettar og språkopplæring	119
12.1	Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	119
12.2	Språkrådets rolle og aktivitetar	119
12.3	Språklege rettar	120
12.4	Språkopplæring	121
12.5	Forsking på skrivekompetanse i begge målformer	124
12.6	Lærarutdanninga	125
12.7	Norsklærars haldningar til eige fag	125
12.8	Læremiddel	125
12.9	Forum for nynorsk i skulen	126
12.10	Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar	126
12.11	Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar	127
	Kjelder	127
13	Nabospråk	131
13.1	Utdrag frå kortversjonen av <i>Mål og mening</i>	131
13.2	Språkrådets rolle og aktivitetar	132
13.3	Tiltak for nordisk språkforståing	132
13.4	Nordisk språkkampanje	133
13.5	Nabospråkundervisning	133
13.6	Utanlandslektoratordninga	134
13.7	Nettverk om parallellspråkbruk i Norden	134
13.8	Nordisk dataspelprogram	134
13.9	Språkteknologi i det nordiske språksamarbeidet	134
13.10	Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar	135
	Kjelder	135

Tabellar og figurar

Tabell 1: Standardar frå Standard Norge.....	16
Tabell 2: Normer frå Norsk Elektroteknisk Komite.....	17
Tabell 3: Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk (tal på studentar).....	18
Tabell 4: Målform i proposisjonar og meldingar til Stortinget (prosent etter sidetal)	19
Tabell 5: Målform i lover og forskrifter, 2010 og 2011	19
Tabell 6: Omsette EØS-rettsakter 2011	20
Tabell 7: Nokre termbasar i Noreg.....	20
Figur 1: Utviklinga i vitenskapleg publisering på norsk og andre språk 2005–2010: tal på publikasjonar	26
Figur 2: Utviklinga i vitenskapleg publisering på norsk og andre språk per fagområde 2005–2010: prosentdel publikasjonar på norsk per fagområde.....	26
Tabell 8: Del av befolkninga som hadde tilgang til elektroniske tilbod i heimen.....	45
Tabell 9: Tal på aviser og samla opplag 2007–2011.....	51
Tabell 10: Norske spelefilmar på NRK.....	52
Tabell 11: Spelefilmar på NRK i 2011 (utvalde land).....	52
Tabell 12: Norsk musikk i radio i 2009 og 2010.....	53
Tabell 13: Norske filmar 2005–2011.....	55
Tabell 14: Sakprosa. Nye titlar	56
Tabell 15: Skjønnlitteratur. Nye titlar.....	56
Tabell 16: Tal på artiklar i Wikipedia	63
Tabell 17: Søk i Bokmålsordboka og Nynorskordboka 2008–2011 (millionar).....	64
Figur 3: Statsorgan som oppfylte krava i mållova i 2010 (i prosent, fordelte på tekstkategori).....	82
Figur 4: Utviklinga i talet på klagesaker 2006–2011	83
Tabell 18: Språktenesta for statsorgan – kurs og innlegg	87
Tabell 19: Opne kurs i prosjektet «Klart språk i staten» 2010–2011	88
Tabell 20: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen, nasjonale tal.....	94
Tabell 21: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen etter fylke	95
Tabell 22: Hovudmål i norsk skriftleg til eksamen på vg3 på studieførebuande utdanningsprogram og påbygging.....	97
Tabell 23: Nynorskdel i fylke med nynorskkrinsar i grunnskulen.....	97
Tabell 24: Folkerøystingar om opplæringsmål 2007–2011	98
Tabell 25: Nynorskdelen i NRK 2007–2011	100
Tabell 26: Løyvingar til utvalde nynorskinstitusjonar for 2009–2012 (summar i 1000 kr, avrunda).....	103
Tabell 27: Opplæringsmål i grunnskulen (elevtal).....	122
Tabell 28: Val av framandspråk på 8. årstrinn (prosentdel av elevane).....	124
Tabell 29: Tal på innvandrar som tek norskprøve, og prosentdel som består prøven.....	127
Tabell 30: Lærarar som underviser i nabospråk ved universitet i dei nordiske landa (2009).....	134

Føreord

Dette er den tredje språkpolitiske statusrapporten som Språkrådet legg fram. Frå 2010 skal Språkrådet kvart år leggja fram ein slik rapport om tilstanden for språk og språkbruk på ulike område. Bakgrunnen for rapporteringa er St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, der det heiter at språkpolitiske tiltak og prioriteringar skal ta utgangspunkt i kunnskap om språktilstanden. Kvart fjerde år skal Kulturdepartementet leggja fram ei melding om språk, som skal byggja på dei årlege rapportane frå Språkrådet.

Rapporten er laga av tilsette i Språkrådet på grunnlag av opplysningar som er henta inn fram til 31. mai 2012. Styret godkjende rapporten i møte 14. juni 2012.

I form skil denne rapporten seg frå dei to førre på nokre punkt: Det er nytt i år at kvart kapittel har eit utdrag frå kortversjonen av *Mål og mening*. Utdraga gjev att situasjonen og dei politiske føringane på dei områda kapitla tek for seg. Det er òg nytt i år at kvart kapittel har eit fast avsnitt som gjer greie for kva roller og aktivitetar Språkrådet har på det aktuelle feltet. Like eins er det i år kome til eit avsnitt i kvart kapittel om korleis Språkrådet vurderer kunnskapsbehova og utfordringane i det vidare arbeidet.

Ottar Grepstad
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Samandrag

Mål og meining seier at det overordna målet for språkpolitikken er å sikra posisjonen for norsk som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Meldinga la stor vekt på presset mot norsk som bruksspråk frå engelsk, og tilhøvet mellom norsk og engelsk i Noreg er eit tverrgåande emne i mange av kapitla i *Språkstatus*. Den klare hovudtendensen er framleis at norsk er under sterkt press frå engelsk på mange samfunnsområde. Samstundes kan vi i *Språkstatus 2012* visa til nokre positive trekk: Færre enn før, både i befolkninga og mellom bedriftsleiarar, meiner no at engelsk i reklame fremjar salet. Fleire enn før meiner no at det vert nytta for mykje engelsk i reklame i Noreg. Næringsdepartementet har i brev til styra i statlege selskap og statsføretak innskjerpa at dei skal gje ut årsmeldingar og annan informasjon om selskapa på norsk, òg i selskap med engelsk som konsernspråk.

Situasjonen for nynorsk er eit anna tverrgåande emne i *Språkstatus*, som òg har eit eige kapittel om nynorsk. *Mål og meining* slo fast at nynorsk er reelt diskriminert i det norske språksamfunnet, sjølv om dei to målformene er formelt jamstelte. I *Språkstatus 2012* kjem det fram at stillinga til nynorsken framleis vert svekt på viktige bruksområde. I vidaregåande skule viser ny statistikk at mest helvta av nynorskelevane har bytt hovudmål frå nynorsk til bokmål frå dei byrja i 1. klasse, til dei går ut frå vidaregåande skule. I grunnskulen held nedgangen i talet på nynorskelevar fram. Eit anna døme på situasjonen er det at nynorskprosenten framleis er svært låg i lover og forskrifter. På nokre område er det likevel teikn til at nynorsk styrkjer stillinga si, rapporten kan mellom anna visa til at nynorskdelen i barne- og ungdomskanalen NRK Super har dobla seg frå 2010 til 2011. I Wikipedia, det mest bruka oppslagsverket i skulen, har talet på nynorskartiklar auka prosentvis dobbelt så mykje som talet på bokmålsartiklar sidan 2011. Dersom desse tendensane held seg, er det døme på at nynorsk vinn fram på område som er viktige ikkje minst for unge språkbrukarar.

Denne rapporten speglar det utvida språkpolitiske ansvaret som Språkrådet har fått. Sidan den førre *Språkstatus*-rapporten kom ut, har Språkrådet tilsett ein rådgjevar for norsk teiknspråk. *Språkstatus 2012* har allmenn informasjon om norsk teiknspråk, brukarane av språket, institusjonane deira og viktige hendingar på feltet. Eit spørsmål som vert omtala, er korleis ein kan gje teiknspråklege barn eit godt opplæringstilbod når færre søker seg til dei sentraliserte skuletilboda. Ei hovudutfordring er korleis ein kan auka kunnskapen om norsk teiknspråk og teiknspråkbrukarar i storsamfunnet. Rapporten gjev også eit bilete av situasjonen for språka kvensk, romani og romaner før Språkrådet i 2012 tilset ein rådgjevar som skal arbeida med det utvida ansvaret Språkrådet har fått for andre språk enn norsk.

Terminologi og fagspråk

- I mange fagmiljø finst det forståing for nytta av å driva systematisk terminologiarbeid og vilje til å gjera det, men dei nødvendige økonomiske ressursane finst ofte ikkje eller vert ikkje stilte til rådvelde.
- Det er framleis altfor få internasjonalt fastsette standardar som vert omsette til norsk. Trass i terminologiprojekt på området dei siste åra vert lite tilhøyrande fagterminologi på norsk registrert og tilgjengeleggjort.
- Universitets- og høgskulesektoren har eit lovfest ansvar for å halda ved like og vidareutvikla norsk fagspråk. Ei utgreiingsgruppe har gjort framlegg om å finna fram til ein mønsterpraksis for tverrinstitusjonelt terminologiarbeid i sektoren.
- Nynorskprosenten er framleis svært låg for lover og forskrifter.

Språkbruk i høgare utdanning og forskning

- Språkpolitiske retningslinjer som vert vedtekne ved dei enkelte lærestadene, ser ut til å verta nedprioriterte eller forsvinne heilt i dei sentrale strategidokumenta til dei same institusjonane.
- Heilt i strid med ambisjonane i *Mål og meining* aukar truleg omfanget av undervisning på engelsk endå meir enn før.
- Stillinga for norskspråklege fagbøker og lærebøker ser ut til å verta svekt. Samstundes er signala frå studentane at det er viktig med lærebøker på norsk.

Språkbruk i arbeids- og næringslivet

- Det kan sjå ut til at folk er leie av engelsk i reklame og marknadsføring i Noreg og ynskjer meir bruk av norsk på desse områda.
- Det er ein tendens til at store statsatte selskap ynskjer å kopla seg fri frå dei språklege pliktene dei har i Noreg.
- Det er auka interesse for språk som nøkkelen til integrering av ikkje-skandinaviske innvandrarakar, samstundes som Språkrådet no får eit utvida språkpolitisk ansvar. Dette kan krevja ny gjennomtenking også i språkpolitikken.

Språk og teknologi

- Språkbanken er etablert og under oppbygging og skal gje språkressursar til utvikling av norskspråklege produkt og tenester.
- Mange program kjem ikkje i norsk versjon. Den aukande IKT-bruken i skulen tilseier at språket i program, tenester og digitale læringsressursar for barn og unge må få større merksemd.
- Sidan programvare ikkje er omfatta av parallellitetskravet i opplæringslova, manglar ofte ressursar på nynorsk.
- Lærarar brukar PC oftare i norskfaget enn i andre fag.

Kultur og media

- To utgreiningar om ei eiga norsk boklov har vore ute på høyring, og Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet arbeider no vidare med saka.
- Sosiale medium vert bruka meir og meir i det norske samfunnet, og sannsynlegvis skjer det språklege endringar der som gradvis kjem til å få fotfeste også utanfor desse media.
- Statsforvaltninga har teke i bruk sosiale medium og bør få gode råd om språkbruk og informasjon om at mållova gjeld også der.

Språkleg dokumentasjon

- Nynorskversjonen av Wikipedia har auka prosentvis dobbelt så mykje som bokmålsversjonen sidan 2011.
- Nasjonalbiblioteket har den største digitalt tilgjengelege norske språksamlinga.
- Språkrådet ynskjer at både Norsk Ordbok og Det Norske Akademi's store ordbok skal verta ferdige i 2014. Det er behov for betre ordbøker for romani og kvensk. Det var 21,1 millionar (bokmål) og 14,4 millionar (nynorsk) søk i Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett i 2011.

Rettskrivingsnormer og språkutvikling

- Ei ny rettskriving for nynorsk som skal gjelda frå 1. august 2012, er lagd fram av ei nemnd Språkrådet peika ut. Ho vart godkjend av Kulturdepartementet hausten 2011. Det vert utarbeidd reviderte ordbøker og ordlister, kurs og informasjonsmateriell på grunnlag av den

- nye rettskrivinga.
- Kulturdepartementet har arbeidd vidare med kva fullmakter Språkrådet skal ha til å normera nynorsk og bokmål.
- Språkrådet har oppmoda Kunnskapsdepartementet om å ta initiativ til at det vert samla inn eksamenssvar frå avgangselevar for å finna ut korleis skuleungdom meistrar normene.

Språkrøkt

- Språkrådet gjev råd om norsk språk generelt, terminologi og fagspråk og språkbruk i staten.
- Til rådgjevingstenesta i Språkrådet kjem det årleg inn rundt 10 000 spørsmål på telefon og e-post, og nettsidene hadde over 1,1 millionar besøk i 2011.
- Språkrådet gjev òg råd på Twitter og Facebook.

Språkbruk i statsforvaltninga

- Språkrådet får stadig fleire klagar på brot på mållova.
- Mange statstilsette ser ut til å trenga grunnleggjande opplæring i nynorsk, men etterspurnaden etter nynorsk kurs er ikkje så stor som behovet tilseier.
- Ei undervegsevaluering av prosjektet «Klart språk i staten» viser at prosjektet har vore den viktigaste drivkrafta for å setja i gang tiltak for å betra språket i statsorgana.

Nynorsk

- Det siste tiåret har det vore ein jamn nedgang i både det relative og absolutte talet på nynorskelevar i grunnskulen. I vidaregåande skule held målbyttet frå nynorsk til bokmål fram. Ny statistikk viser at mest halvta av nynorskelevane har bytt hovudmål frå dei byrjar i 1. klasse til dei går ut frå vidaregåande skule.
- Nynorskdelen i barne- og ungdomskanalen NRK Super vart dobla frå 2010 til 2011.
- Kommunar og fylkeskommunar er viktige språkaktørar, men medvitet om å fremja nynorsk som bruksspråk og forvaltningsspråk ofte er lågt i kommunal sektor.

Andre språk i Noreg

- Språkrådet fekk i 2011 ansvar for å arbeida med norsk teiknspråk.
- Det finst lite offentleg informasjon tilgjengeleg på teiknspråk. Rett til opplæring i og på teiknspråk vert gjeve på bakgrunn av sakkunnig vurdering, noko som er ein risikofaktor fordi slik vurdering ofte vert gjord av spesialpedagogar med mangelfull kompetanse om teiknspråk.
- Språkrådets arbeid med kvensk, romani, romanes og nyare innvandrarspråk skrid fram, og Språkrådet har lyst ut ei rådgjevarstilling for desse språka.

Språklege rettar og språkopplæring

- Nynorsk er under press frå bokmål, og regelverket bidreg ikkje alltid til å sikra rettane til nynorskbrukarane.
- Læreplanen i norsk for grunnskulen og vidaregåande skule skal reviderast, og opplæringa i skriftleg sidemål er sentral i debatten om norskfaget.
- Færre elevar hadde samisk som opplæringsmål i 2011 enn året før.

Nabospråk

- Språkrådet samarbeider med institusjonar i dei andre nordiske landa om å motverka tendensen til at folk i Norden forstår mindre av nabospråka enn før.
- Prosjektet *Språkilotane* kursar lærarar i grunnskulen til å kunna undervisa i nordiske språk og er heidra med EUs språkpris for nyskapande språkundervisning.

1 Terminologi og fagspråk

I mange fagmiljø finst det forståing for nytta av å driva systematisk terminologiarbeid og vilje til å gjera det, men dei nødvendige økonomiske ressursane finst ofte ikkje eller vert ikkje stilte til rådvelde. Det er framleis altfor få internasjonalt fastsette standardar som vert omsette til norsk. Trass i terminologiprojekt på området dei siste åra vert lite tilhøyrande fagterminologi på norsk registrert og tilgjengeleggjord. Universitets- og høgskulesektoren har eit lovfest ansvar for å halda ved like og vidareutvikla norsk fagspråk. Ei utgreiingsgruppe har gjort framlegg om å finna fram til ein mønsterpraksis for tverrinstitusjonelt terminologiarbeid i sektoren. Nynorskprosenten er framleis svært låg for lover og forskrifter.

1.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Innleiing (kap. 7.2.1)

Fagspråk er ekspertspråk bygd opp kring eit system av presist definerte omgrep med tilhøyrande eintydige og dekkjande språklege nemningar, kalla fagterminologi. Ei stadig utvikling innanfor jamt meir spesialiserte kunnskapsfelt gjer at det heile tida oppstår ny terminologi. Dette kan også vitalisera det allmennspråklege ordtilfanget.

Kunnskaps- og terminologiimport før og no (kap. 7.2.2)

Men nesten all kunnskapsutvikling er internasjonal i sin natur, og i regelen blir difor nye fagtermar først utvikla på engelsk. Spreiing av engelskspråkleg terminologi skjer særleg gjennom vitskapleg basert kunnskapsproduksjon, dessutan ved internasjonalt standardiseringsarbeid. Av om lag 1000 internasjonale standardar som kvart år blir gjorde gjeldande i Noreg, blir mindre enn 5 prosent omsette til norsk.

Kvifor ein eigen norsk fagterminologi? (kap. 7.2.3)

Fagterminologi på norsk krev eit særskilt nasjonalt terminologiarbeid. Mangel på norsk terminologi kan fort utløyse full bruk av engelsk.

Terminologi på norsk derimot fremjar presis fagleg forståing, gjer det lettare å popularisera spesialisert kunnskap og styrkjer dermed den demokratiske informasjonstilgangen.

Terminologi på norsk kan også vera bedriftsøkonomisk lønnsamt. Utviklinga av norsk oljeterminologi i 1980-åra gav språkleg og kulturell sjølvkjensle og betre tryggleik.

Terminologiarbeid er ei nødvendig plattform for effektiv kunnskapsoverføring mellom norsk og andre språk.

Nasjonalt terminologiarbeid i Noreg m.m. (kap. 7.2.4/6)

Norsk terminologi er dels utvikla gjennom ordinær fagleg aktivitet, dels gjennom meir idealistiske

aktivitetar, dels ved større terminologiprojekt baserte på språkteknologiske metodar.

Datamaskinell termbehandling byrja i 1960-åra. Terminologien er spreidd gjennom ordlister, termsamlingar og større terminologiordbøker, men i dag er Internett det mest aktuelle formidlingsmediet. Viktig terminologiarbeid skjer gjennom omsetjing av internasjonale standardar i regi av Standard Norge.

Arbeidet med norsk terminologi gjekk lenge jamt framover, men ligg i dag mykje på etterskot. Vi manglar ein sentral nasjonal terminologiinstans til å koordinera arbeidet etter at Rådet for teknisk terminologi (RTT) gjekk konkurs i 2001.

Norske termar blir nesten berre utvikla på bokmål. Den aktiviteten som går føre seg, er spreidd og ukoordinert, og nyutvikla terminologi blir i liten grad gjort tilgjengeleg eksternt. Det trengst nye grep for å koma i gang med eit offensivt terminologiarbeid.

Språkrådet har dei siste åra teke fleire initiativ for å få oversikt over situasjonen på terminologifeltet. Ei kartlegging utført av Standard Norge i 2004 viste eit stort behov for ny terminologiutvikling. Eit funksjonelt norsk fagspråk for framtida krev at norsk terminologi blir utvikla raskt og effektivt i takt med fagleg, teknisk og økonomisk utvikling. Terminologien må formidlast til aktuelle brukarar gjennom digitale terminologidatabasar som er tilgjengelege over Internett. Norske termar må utviklast parallelt på bokmål og nynorsk.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

1.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

I *Mål og meining* fekk Språkrådet rolla som nasjonalt samordningsorgan for arbeid med terminologi og fagspråk, og som ei følgje av det vart Språkrådets terminologiteneste oppretta i 2009.

Terminologitenesta skal på nasjonalt plan samordna terminologiarbeid som er i gang, ta initiativ til, leggja til rette for og følgja opp ny aktivitet og assistera miljø som ynskjer å koma i gang med terminologiarbeid. Tenesta gjev dessutan råd til publikum på ansvarsområdet sitt, mellom anna gjennom ei svarteneste. Terminologitenesta har tre heiltidsstillingar.

Fagrådet for terminologi og fagspråk er eitt av dei fire fagråda til Språkrådet som skal medverka til å sikra kontakten med samfunnet og relevante fag- og yrkesmiljø. Fagrådet samarbeider tett med terminologitenesta; den medlemmen i fagrådet som er sekretær for det, er tilsett i terminologitenesta. Fagrådet gjev råd til terminologitenesta og medverkar i nokre tiltak som terminologitenesta er ansvarleg for. I mandatet for fagrådet er det overordna målet for innsatsen uttrykt slik: *halda oppe og utvikla eit godt norsk fagspråk på sentrale fagområde.*

1.3 Språkrådets terminologiteneste

Noko av aktiviteten til terminologitenesta i den aktuelle perioden:

Løpande aktivitet

- svartenesta, term@sprakradet.no, med 350 e-postspørsmål i 2011 og mange telefonar
- nyheitsbrevet *Termposten* (innført og sendt ut to utgåver i 2011)
- aktivitet i nettverket for omsetjarar i staten og den tilhøyrande prosjektgruppa for terminologi
- deltaking i og koordinering av Språkrådets datatermgruppe med to diskusjonsrundar i 2011, med nye termar gjorde tilgjengelege på nettet
- deltaking i arbeidet til Kollegiet for brannfaglig terminologi (KBT) med to møte i året (www.kbt.no)
- deltaking i arbeidet til Kystverkets terminologigruppe for akutt forureining (TAF) med fem møte (www.afterm.no)
- gjennomgang av bokmålsnamna i artsnamnlister frå Artsdatabanken (<http://www.artsdatabanken.no>)

Tiltak – avslutta og nye

- deltaking i terminologiprojekt i regi av Standard Norge, leing av prosjektstyringsgruppa og medverknad i lanseringa av termdatabasen *SNORRE* (www.termbasen.no)
- deltaking i prosjekt, særleg med terminologisk rådgjeving, i Deltasenterets (Statens kompetansesenter for deltaking og tilgjengelegheit) arbeid med omsetjinga til norsk av World Wide Web Consortiums tilråding «WCAG 2.0» (*Web Content Accessibility Guidelines / Retningslinjer for tilgjengeleg webinnhald*)
- kartlegging av terminologiarbeid i privat sektor (spørjeundersøking blant bedrifter i utvalde bransjar)
- deltaking i terminologiprojekt i regi av Norsk Elektroteknisk Komite for innlemming av termar på bokmål og nynorsk i den internasjonale termdatabasen *Electropedia* (www.electropedia.org)
- deltaking som observatør i prosjektgruppa for Universitets- og høgskolerådets (UHR) norsk-engelske database for studieadministrative termar for sektoren, ikkje minst med omsetjing til nynorsk av alle bokmålstermane (termbase.uhr.no og termbase.uhr.no/nn)

Terminologitenesta pleier kontakt med ulike fagmiljø og fagspråklege prosjekt, mellom anna desse:

- Helsebiblioteket ved Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta (omsetjing til norsk av MeSH (*Medical Subject Headings*))
- Norsk Sykepleierforbund (omsetjing av ICNP, dvs. *Internasjonal klassifisering for sjukepleiepraksis*)
- Nasjonalbiblioteket i samband med eit prosjekt for omsetjing til norsk av den fulle, nettbaserte bibliotekklassifiseringen *Dewey*
- Universitetsbiblioteket i Oslo – arbeid med emneord
- den nye språktenesta ved Universitetet i Bergen

Terminologitenesta har knytt kontakt med mange viktige fagspråklege miljø. Det står likevel att ein del når det gjeld organisert nettverksbygging, særleg i privat sektor.

Terminologitenesta deltek òg i styret for det nordiske terminologiforumet Nordterm (<http://www.nordterm.net>) og har leiarvervet i Den europeiske terminologiforeininga (EAFT) (<http://www.eaft-aet.net>). Saman med EAFT skal Språkrådet hausten 2012 skipa til det toårlege europeiske og internasjonale terminologitoppmøtet i Oslo.

1.4 Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk

Fagrådet heldt fire møte i 2011. Til eitt av dei var administrerande direktør i Norsk Elektroteknisk Komite invitert for å diskutera korleis eit prosjekt for tilgjengeleggjering av elektroteknisk terminologi på norsk kunne koma i gang.

Etter søknad tildelte fagrådet ein mindre pengesum til eit pågåande prosjekt for brannfagleg terminologi. Fagrådet sette òg av midlar til spørjeundersøkinga som terminologitenesta fekk gjennomført.

Fagrådet og terminologitenesta arrangerte i november for andre gongen eit grunnleggjande kurs i terminologiske prinsipp og metodar. Kurset, som var lagt til Tromsø, gjekk over ein heil dag og var fullteikna med 20 deltakarar.

Dagen etter kurset, også i Tromsø, skipa fagrådet og terminologitenesta til eit seminar med tittelen «Juridisk terminologi i noen språk i Norge – status og utfordringer». Det var seks inviterte føredragshaldarar, og det vart kasta lys over situasjonen for språka bokmål, nynorsk, samisk, kvensk og teiknspråk. Artiklane skal samlast i fyrste utgåva av ein ny skriftserie som får namnet «Terminologen», og som skal gjevast ut kvart år framover med utgangspunkt i eit liknande årleg fagspråkleg seminar.

1.5 Standardiseringsarbeid i Noreg

Standardiseringsarbeidet i Noreg skjer i dei tre institusjonane Standard Norge (SN), Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) og Post- og teletilsynet (PT). SN har einerett på å fastsetja og gje ut Norsk Standard på dei aller fleste fagområde. NEK har ansvaret for elektroteknisk standardisering og PT for teleteknisk.

Ein standard er eit dokument som skildrar og regulerer viktige sider ved eit produkt, ei teneste eller ein arbeidsprosess. Det er frivillig å nytta standardar, men føremålet er å oppnå likare konkurransetilhøve, produkttryggleik, ei enklare røynd for forbrukarane og felles løysingar nasjonalt og internasjonalt. Standardar effektiviserer og forenkler. På det elektrotekniske området vert standardane omtala som *normer*.

Norske standardar kan vera utarbeidde på norsk her heime. Dei fleste er europeiske eller internasjonale standardar som anten er omsette til norsk, som regel frå engelsk, eller som ikkje er omsette, men vert gjevne ut med engelsk tekst og norsk tittel.

Standard Norge

Tabell 1: Standardar frå Standard Norge

	2011	2010	2009	2008
Talet på fastsette Norsk Standard	1053	1110	1411	1054
av desse: nasjonalt utarbeidde	18	23	30	44
Talet på standardar omsette til norsk	42 (4,1 %)	50 (4,6 %)	37 (2,7 %)	34 (3,4 %)
Samla tal på gjeldande Norsk Standard	15 044	14 761	14 407	14 111
av desse: nasjonalt utarbeidde	1659	1709	1738	1725

Kjelde: Standard Norges årsrapportar for 2008–2011

Eit større terminologiprojekt i Standard Norge (SN) som vart påbyrja hausten 2009, vart avslutta sommaren 2011. Resultatet av prosjektet var fyrst og fremst den nye og allment tilgjengelege termdatabasen SNORRE (www.termbasen.no). SNORRE vart offisielt lansert i oktober. Ved lanseringa hadde basen om lag 50 000 termpostar og 200 000 termar. Alle postane har i prinsippet tilrådd term på bokmål, nynorsk og engelsk. Nokre postar inneheld dessutan termar på tysk eller fransk. Alle termene kjem frå standardiseringsverksemd, og fleirtalet av dei har opphavet sitt i omsetjing av europeiske og internasjonale standardar frå engelsk til norsk og er kvalitetssikra av fagkunnige. Den nye basen er blant dei største termbasane i landet og utgjer eit særskilt viktig bidrag til norsk terminologi fordi han inneheld internasjonalt standardisert terminologi frå ei rekkje fagfelt.

Som eit ledd i prosjektet vart ni standardar på ulike, prioriterte fagområde omsette til norsk for å få fleire nye termar inn i basen, seks på bokmål, tre på nynorsk. Det dreiar seg om i underkant av 500 sider i det aktuelle formatet. Etter at prosjektet vart avslutta, låg i alt fire norske standardar føre på nynorsk, mot ingen for berre eit par år sidan. Talet er lite, men det inneber likevel ei vesentleg endring og tilsvarande framgang.

Som ei følgje av prosjektet har SN dobla omsetjarstaben sin. Det er no fire fast tilsette omsetjarar i heil stilling. Opptrappinga er meint å vera varig.

Tendensen dei siste ti–femten åra har vore at ein stadig mindre prosentdel av nye standardar vert omsett til norsk. Denne utviklinga vert stadfest av tala i tabell 1 ovanfor for 2008 og 2009. Det går dessutan klart fram at det nemnde prosjektet sette ein stoppar for tendensen. Prosentdelen standardar i norsk omsetjing vart mest dobla i 2010, då prosjektet var i full gang heile året. Det er likevel mogeleg å spora ein liten tilbakegang i 2011, slik tabellen viser. Det gjev grunn til otte for at

innsatsen vil gå noko ned att no når prosjektet er avslutta. Det er derfor viktig at det vert funne finansieringsløysingar som sikrar at nivået på talet på omsette standardar går vidare opp snarare enn ned. Ein slik auke vil gagna norsk terminologiutvikling monaleg, ettersom omsetjingane matar SNORRE med nye termar på norsk.

Det kan òg lesast ut av tabell 1 at det for kvart år vert utarbeidd stadig færre standardar på norsk. Berre frå 2008 til 2011 vart talet meir enn halvert, frå 44 til 18. Det samla talet for gjeldande norske standardar som opphavleg er europeiske eller internasjonale, aukar tilsvarande. Dette syner korleis Noreg i stadig større grad vert ein del av internasjonalt samarbeid, og det understrekar derfor kor viktig det er å ha ein god beredskap og eit høgt aktivitetsnivå for omsetjing til norsk og for innsamling, registrering og tilgjengeleggjering av terminologi på norsk.

Norsk Elektroteknisk Komite (NEK)

Tabell 2: Normer frå Norsk Elektroteknisk Komite

	2011	2010	2009	2008
Samla tal på fastsette NEK-normer	949	989	1084	1323
av desse med norsk tekst	6 (0,6 %)	8 (0,8 %)	8 (0,7 %)	9 (0,7 %)
av desse med engelsk tekst (og berre norsk tittel)	943	981	1076	1314
Talet på NEK-normer utarbeidde nasjonalt (på norsk)	6 (0,6 %)	10 (1 %)	4 (0,4 %)	7 (0,5 %)
Samla tal på gjeldande NEK-normer	13 755	13 231	13 499	12 867

Kjelde: Norsk Elektroteknisk Komite

Engelsk språk rår i praksis grunnen i dei norske elektrotekniske standardane. NEK forklarar det med at sektoren er internasjonal med engelsk som dominerande språk, at elektroteknisk industri berre i liten grad har verksemd på den norske marknaden aleine, og sist, men ikkje minst, med at NEK ikkje får nokon offentleg økonomisk stønad til omsetjing til norsk.

Det er ingen framgang å spora for norsk fagspråk på dette feltet dei siste åra. Situasjonen vert snarare marginalt verre. Det er mange som arbeider med elektroteknikk i Noreg, og det er ikkje trygt at dei må greia seg med viktig dokumentasjon på engelsk. Når så få av standardane ligg føre på norsk, kan norsk fagspråk verta utsett for domenetap på området.

For å bøta noko på stoda har Språkrådet sett i gang eit prosjekt saman med NEK der elektroteknisk terminologi på engelsk og norsk (bokmål og nynorsk) vert samla inn og gjord allment tilgjengeleg i den nettbaserte termdatabasen til den internasjonale elektrotekniske standardiseringsorganisasjonen IEC (www.electropedia.org). Resultata av prosjektet vil ikkje verta særleg synlege før ut i 2012. Den fyrste delen av prosjektet har i stor grad gått ut på å finna fram til dei rette kjeldene for den aktuelle terminologien, som til dels må omsetjast frå engelsk til norsk. Det finst nokre brukelege terminologisamlingar på området der bokmål allereie er med, men det gjeld ikkje for nynorsk. Ikkje minst for nynorsk vil derfor ei samla tilgjengeleggjering av elektroteknisk terminologi innebera eit nybrotsarbeid.

Post- og teletilsynet (PT)

Ved utgangen av 2010 fanst det i alt 4170 norske standardar på teleområdet (4060 i 2009). Ingen av dei var omsette til norsk fordi dei ifølgje PT i liten grad rettar seg mot vanlege borgarar, men i hovudsak er meinte for systemspecialistar. Det er ingenting som tyder på at situasjonen er endra med omsyn til standardar på norsk i 2011. Det er eit politisk krav at tittelen på alle slike standardar skal vera på norsk.

1.6 Universitets- og høgskulesektoren

Idéseminar i UH-sektoren

Hausten 2011 skipa Språkrådet og Universitets- og høgskulerådet (UHR) til eit idéseminar om norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren. Bakgrunnen for idéseminaret var ei ny føresegn i universitets- og høgskulelova, § 1-7, der det heiter at «[u]niversiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk». Føremålet med seminaret var å finna ut korleis paragrafen kan verkeleggjerast og fyllast med konkret innhald. Det vart oppnemnt ei utgreiingsgruppe som skulle sjå på kva som kan vera ein tverrinstitusjonell mønsterpraksis for innsamling, registrering og tilgjengeleggjering av fagterminologi i UH-sektoren. Grappa leverte ein rapport frå arbeidet sitt våren 2012. Med utgangspunkt i rapporten vil eit prøveprosjekt verta sett i gang i 2012.

Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk

Det er i dag hovudsakleg to studium på universitets- og høgskulenivå der terminologi og fagspråk inngår: bachelorprogrammet SPIK («språk og interkulturell kommunikasjon»), som er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Noregs handelshøgskole (NHH), og bachelorgraden i «oversetting og interkulturell kommunikasjon» ved Universitetet i Agder. UiB tilbyr også emnet NOSP250 («nordisk språkbruksanalyse»), som har eit fagspråkleg innhald, og som kan inngå i SPIK-programmet.

I tillegg er NHH norsk medarrangør av TERMDIST, eit fellesnordisk kurstilbod i terminologi.

Tabell 3: Utdanning og kvalifisering i omsetjing til norsk og utdanning i terminologi og fagspråk (tal på studentar)

Program/emne:	2009	2010	2011
Bachelor i «oversetting og interkulturell kommunikasjon» (UiA). Tal på studentar på heile programmet.	75	55	61
TRANSHF (UiB) (omsetjingskomponenten i SPIK-programmet)	24	44	62
NOSP (UiB), nordisk språkbruksanalyse, har eit fagspråkleg innhald (nytt 2011)	–	–	19
SPIK101 (NHH og UiB)	11	25	13
SPIK102 (NHH og UiB)	11	6	15
Termdist (NHH, <i>norske</i> kandidatar)	20	20	5
Innleverte mastergradsoppgåver	3	1	0
Doktorgradsstipendiatar (NHH)	3	4	5
Translatøreksamen (eksamen frå framandspråk til norsk).	–	12 stod (av 48 kand.)	8 stod (av 43 kand.)

Kjelde: dei respektive institusjonane

1.7 Fagspråklege offentlege dokument

Proposisjonar og stortingsmeldingar

Nynorskdelen i meldingar og proposisjonar til Stortinget varierer mellom departementa, medan nynorskdelen målt i samla sidetal har vore i overkant av 25 prosent dei siste to åra.

Tabell 4: Målform i proposisjonar og meldingar til Stortinget (prosent etter sidetal)

2009		2010		2011	
Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk
77,9 %	22,1 %	74,7 %	25,3 %	74,6 %	25,4 %

Kjelde: Kulturdepartementet 2012

Lover og sentrale forskrifter

Nynorskdelen er låg for både lover og forskrifter. Nynorskprosenten har gått tilbake for lover, frå mest 19 prosent i 2010 til 12,5 prosent i 2011. For forskrifter er talet stabilt lågt, 2 prosent er på nynorsk i 2011 samanlikna med 3 prosent i 2010.

Tabell 5: Målform i lover og forskrifter, 2010 og 2011

	Lover 2010			Lover 2011		
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Tal	26	6	32	14	2	16
Prosent	81,3 %	18,7 %	100 %	87,5 %	12,5 %	100 %

	Forskrifter 2010			Forskrifter 2011		
	Bokmål	Nynorsk	Totalt	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Tal	253	8	261	209	5	213
Prosent	97 %	3 %	100 %	98 %	2 %	100 %

Kjelde: Lovdata (www.lovdata.no)

Omsette traktatar, internasjonale avtaler og overeinskomstar

Utanriksdepartementets traktatregister gjev ei oversikt over bilaterale og multilaterale avtaler som Noreg er part i. På nettsidene til Lovdata er det ei kronologisk oversikt som viser at det vart gjeve ut 66 slike dokument i 2011. Det finst inga oversikt over korleis fordelinga er på målform, men så vidt vi kan sjå, er alle omsette til bokmål.

Omsette EØS-rettsakter i 2011

Rettsakter frå EU som vert tekne inn i norsk rett som følgje av EØS-avtala, skal leggjast fram for Stortinget i norsk språkversjon. Tabellen nedanfor viser tala for omsette rettsakter i 2011 og fordelinga på bokmål og nynorsk. Tala viser til såkalla EUT-sider (sider i *Official Journal*).

Tabell 6: Omsette EØS-rettsakter 2011

	Bokmål	Nynorsk	Totalt
Totalt omsett	4327 sider	435 sider	4762 sider
Prosent	90 %	10 %	100 %

Kjelde: EØS-sekretariatet, Utanriksdepartementet

1.8 Fagordbøker og innføringsbøker i terminologi

På dei store forlaga kom det i 2011 ut berre to fagordbøker i Noreg, begge på Det Norske Samlaget. Den eine var ei ny utgåve av Audun Øyris *Norsk medisinsk ordbok*. Det vart òg gjeve ut ei ny utgåve av Audun Øyris *Engelsk-norsk/Norsk-engelsk medisinsk ordliste*.

1.9 Terminologiresursar

Fritt tilgjengelege termlister og termbasar på Internett

Terminologitenesta har samla inn informasjon om og lenkjer til eit omfangsrikt utval fritt tilgjengelege termlister og termbasar under «Terminologi og fagspråk» på Språkrådets nettstad. Det gjeld norske, andre nordiske og internasjonale ressursar. Dei norske ressursane kan vera ein-, to- eller fleirspråklege. Vi har inntrykk av at det finst mange tilgjengelege ressursar av denne typen, men det er vanskeleg å seia om omfanget aukar eller går ned. Innhaldet har ulik status og er av varierende kvalitet.

I tabell 6 nedanfor har vi samla inn tal for nokre av dei største termbasane i Noreg og for nokre termbasar som terminologitenesta er involverte i arbeidet med. Alle har termar på norsk. Termbasane for Kollegiet for brannfaglig terminologi, Akutt forureining, ICNP og MeSH inneheld berre bokmålstermar, medan dei andre termbasane inneheld termar i begge målformer.

Tabell 7: Nokre termbasar i Noreg

	Tal på termpostar		Tal på termar 2011
	2010	2011	
SNORRE	–	53 486	209 891
EØS-EU-basen	40319	40 354	135 000
Landbruksordboka	–	ca. 20 000	
MeSH	–	ca. 12 600	ca. 30 000
Internasjonal klassifisering for sykepleiepraksis (ICNP)	–	2848	
UHR bokmål	–	1722	
UHR nynorsk	–	1666	
Kollegiet for brannfaglig terminologi	1424	1534	
Akutt forureining	67	229	
Dataterm	–	35	

Sjå omtale av leksikonressursar i kapittel 6 «Språkleg dokumentasjon».

1.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Terminologisk verksemd er arbeidsintensiv og tidkrevjande og dermed kostesam, men samstundes svært lønnsam på lengre sikt fordi resultatet kan gjenbrukast kostnadsfritt. Nett av di det for mange kan vera vanskeleg å sjå nytta av slik verksemd på kort sikt, er det ei utfordring å få stilt dei nødvendige midlane til rådvelde. Dermed kjem ein lett inn i ein vond sirkel der lita eller inga terminologiverksemd vert tolka som eit prov på at ho ikkje er nødvendig eller av liten verdi. Dei to største utfordringane for terminologiarbeidet i Noreg heng derfor saman og går ut på å skapa større medvit og kunnskap om nytta av terminologiarbeid hos avgjerdstakarar og løyvande politikarar og såleis oppnå midlar til auka innsats på området.

Kunnskapen om terminologiske prinsipp og arbeidsmetodar finst på fleire plassar i landet. Det finst òg mykje innsamla terminologi og terminologisk medvit, men desse ressursane vert berre i liten grad utnytta. Det manglar samordning i mange samanhengar. I universitets- og høgskulesektoren finst det mykje terminologi i lærebøker, anna undervisningsmaterieil og forskingspublisering, men terminologien er spreidd og ofte usystematisk og fragmentarisk. Det same gjeld i privat sektor. Av ei spørjeundersøking som terminologitenesta fekk gjennomført i nokre verksemdar i denne sektoren seint i 2011, går det fram at det i mange bransjar skjer praktisk terminologiarbeid for eigne føremål. Men den innsamla eller danna terminologien kjem ikkje andre til gode, og han vert ikkje systematisert og harmonisert for heile eller fleire bransjar. Terminologien vert i nokre tilfelle jamvel oppfatta som eit konkurransefortrinn og derfor halden unna andre. Det vert gjort ein del terminologiarbeid i offentleg sektor òg, men også her skjer arbeidet utan tilstrekkeleg samordning. I offentleg sektor ser ein likevel ikkje på terminologien som eigen eigedom på same måten som i privat sektor.

Språkrådets terminologiteneste gjer sitt for å høgna medvits- og kunnskapsnivået på området, mellom anna gjennom rådgjeving, svarteneste, kurs og seminar. Likevel er det eigen praksis som er den beste læremeisteren for alle. Dei som får gleden av å delta i eit terminologiprojekt, får ein teoretisk og praktisk ballast som det er vanskeleg å gje gjennom undervisning eller rådgjeving.

Det nasjonale terminologiarbeidet står andsynes tre hovudutfordringar som alle heng i hop: Korleis kan ein oppnå auka medvit om nytta av terminologiarbeid, betre samordning av fragmentert verksemd på området og betre finansieringsløysingar for terminologiprojekt?

Nøkkelen er pengar. Med pengar kan prosjekt lettare setjast i gang, i prosjekta kan ein syte for nødvendig samordning innanfor prosjektrammene, og med hjelp av prosjektresultata kan ein overtyda fleire om nytta av slikt arbeid.

Pengane må i fyrste omgang koma frå det offentlege, men eit offentleg pengebidrag kan fort lokka fram private eller institusjonelle bidrag. I eit stort terminologiprojekt gjennomført av Standard Norge 2009–2011 kom grunnfinansieringa frå Kulturdepartementet, men Standard Norge såg nytta av å skyta til eigne midlar for å optimalisera prosjektet og prosjektresultatet.

Det ville utan tvil føra til fleire terminologiprojekt i Noreg om det var mogeleg å søkja om økonomisk støtte til slike. Støtta kunne veksla frå ein del av prosjektkostnadene til fulldekning av dei alt etter føremålet og utgangspunktet. Ein ufråvikeleg føresetnad for slik støtte måtte vera at resultatet av prosjektet skulle gjerast allment og gratis tilgjengeleg for publikum.

Det ville vera interessant å prøva ut ein slik finansieringsmodell. Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk kunne lysa ut midlar og behandla innkomne søknader som ledd i ei ordning med regelbunden utlysing av midlar. Terminologitenesta kunne administrera ordninga og følgja opp dei prosjekta som hadde fått støtte, og rapportera til dei løyvande styresmaktene om framdrift og resultat.

Kjelder

Humord 2010. «Nettsted for tesaurusen Humord», <http://www.bibsys.no/files/out/humord/index.html>

Kulturdepartementet 2012. «Språkstatistikk for departementa i 2011».

<http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernabdelingen/Maalbruk/Sprakstatistikk-for-2011.pdf>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Mål og mening = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta 2011. «Prosjekt: Medical Subject Headings (MeSH) oversatt til norsk», <http://www.kunnskapssenteret.no/Prosjekter/8564.cms>

Rype, Ingebjørg og Elise Conradi 2010. «Endelig en norsk webDewey». *Bok og Bibliotek*,

http://www.bokogbibliotek.no/index.php?option=com_content&view=article&id=1471:endelig-en-norsk-webdewey&catid=79:nr-6-2010

Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010*, <http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>

2 Språkbruk i høgare utdanning og forskning

Språkpolitiske retningslinjer som vert vedtekne ved dei enkelte lærestadene, ser ut til å verta nedprioriterte eller forsvinne heilt i dei sentrale strategidokumenta til dei same institusjonane. Heilt i strid med ambisjonane i *Mål og mening* aukar truleg omfanget av undervisning på engelsk endå meir enn før. Stillinga for norskspråklege fagbøker og lærebøker ser ut til å verta svekt. Samstundes er signala frå studentane at det er viktig med lærebøker på norsk.

2.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Generelt (kap. 7.3.1)

Ein meir offensiv internasjonaliseringspolitikk dei seinare åra gjer sitt til at valet mellom engelsk og norsk reiser særlege dilemma innanfor forskning og høgare utdanning. For å motverka domenetap innanfor denne sektoren vart det i Norsk i hundre! foreslått at institusjonane må utvikla eigne språkstrategiar med parallellspråksbruk som grunnprinsipp. Tilsvarande er foreslått i Den nordiske språkdeklarasjonen. I 2006/2007 kom eigne utvalsrapportar med slike strategiframlegg ved universiteta i Oslo og Bergen og i regi av Universitets- og høgskolestyret.

Omfanget av engelskbruk i ulike samanhengar (kap. 7.3.2)

Alt i 1980 var 62 prosent av alle faglege og vitenskaplege publikasjonar frå norske universitetsforskarar på engelsk. I 2000 var dette auka til 71 prosent. Men det var då som seinare store skilnader mellom fagområda. I 2006 viste språkfordeliga av publiseringspoeng i det nye finansieringssystemet ein norskprosent på 2,4 innanfor naturvitenskap, mot 55,4 innanfor humaniora.

I 1996 var vel ein tredjedel av litteraturen på pensumlistene ved norske universitet og høgskular på engelsk. Ei undersøking frå 2001 viste at det framandspråklege pensumstoffet innanfor dei tradisjonelle universitetsutdanningane utgjorde vel 50 prosent.

Hovudkonklusjonen frå ei nordisk spørjeundersøking frå 2005/2006 var at det aller meste av undervisningstilbodet ved universitet og høgskular i Norden skjer på nasjonalspråket. Men mange institusjonar nyttar også engelsk som munnleg undervisningsspråk, og i større grad etter kvart som studentane kjem høgare opp i studiet.

Nærare om forskingsspråket (kap. 7.3.3)

Behovet hos forskarane for å nå ut til og bli kritisk etterprøvde av eit verdsomspennande forskarsamfunn av spesialiserte fagfellar er bakgrunnen for at engelsk er så dominerande som vitenskapleg publiseringsspråk. Innanfor visse kultur- og samfunnsfag kan likevel kontakt med nasjonale fagmiljø og den tankekrafta som ligg i morsmålet, vera vel så viktig. Det er hevda at poengsystemet i det nye finansieringssystemet favoriserer publisering på engelsk, men i prinsippet er systemet språknøytralt, og føremålet er å fremja forskingskvaliteten.

Nærare om undervisningsspråket (kap. 7.3.4)

Ønsket om å byggja opp eit fagtilbod på engelsk for å fremja internasjonalisering var grunngevinga for at ein i 2002 oppheva føresegna i universitets- og høgskulelova om at undervisningsspråket til vanleg er norsk.

Men både i Norsk i hundre! og i dei sektorbaserte strategirapportane er det dokumentert at

undervisninga og læringseffekten blir best når lærarar og studentar kan nytta eit felles morsmål. Dei fleste norske studentar skal dessutan utøva eit framtidig yrke overfor eit norskspråkleg publikum.

Særleg viktig er det med begynnarundervisning på norsk. Elles bør undervisning på engelsk helst avgrensast til kurs med særleg mange gjestestudentar, eller der føremålet er å utvikla kompetansen i engelsk fagspråk hos dei norske studentane.

Nærare om språket i læremiddel og faglitteratur (kap. 7.3.5)

God læring, særleg på innføringsnivået, krev også tilgang på spesialisert norskspråkleg studielitteratur. Fastprisordninga for lærebøker til høgare utdanning er meint som eit verkemiddel for å stimulera norskspråkleg læremiddelproduksjon, men det er ulike vurderingar av om tiltaket er tilstrekkeleg målretta. Det blir også gjeve statstilskot til norske lærebøker på utvalde område. I mangel av andre alternative verkemiddel er fastprisordninga vidareført ut inneverande avtaleperiode i bokbransjen.

Vurderingar og framlegg frå ulike språkutval ofl. (kap. 7.3.6)

Vurderinga i Norsk i hundre! er at marginalisering av norsk som hovudregel må godtakast innanfor primærpublisering av vitenskapleg forskning, og at norsk fagspråk likevel vil kunna overleva dersom formidlinga og undervisninga i hovudsak skjer på norsk. Det ligg her føre ulike forslag om lovfesta ansvar for institusjonane, dessutan om organisering av særskilde språktenester ved institusjonane.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

2.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Etter § 1 vedtektene skal Språkrådet «særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid». Universitets- og høgskulesektoren er eit område der statusen til norsk er under press. Språkrådet har i mange år vore oppteke av og uroa av den auka bruken av engelsk i denne sektoren og har fleire gonger teke språkpolitiske initiativ, finansiert undersøkingar, arrangert konferansar og prøvd å påverka utviklinga.

I dag har Språkrådet eit eige fagråd som mellom anna skal arbeida for å tryggja norsk som akademisk bruksspråk. Ein del av målet for dette fagrådet er å «ta vare på norsk som fullverdig bruksspråk i høgare utdanning og forskning». I fagrådet sit det mellom anna folk frå UH-sektoren.

Generelt har Språkrådet bra kunnskapar om sektoren og brukbar kontakt med ymse akademiske miljø.

2.3 Språkpolitikk ved og for lærestadene

I 2006–2007 kom dei fyrste rapportane om språkstrategi for universiteta. Sidan har fleire lærestader vedteke slike strategiar. I 2007 gjorde både Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø og Universitetet for miljø- og biovitenskap vedtak om ein språkpolitikk, og i 2009 følgde Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet og Universitetet i Stavanger etter. Det same gjorde Universitetet i Oslo i 2010, fire år etter si eiga utgreiing om saka. Universitetet i Agder tek sikte på å vedta språkpolitiske retningslinjer i 2012 (Nielsen 2012), medan det ikkje ligg føre nokon planar ved Universitetet i Nordland. Av høgskulane har i alle fall den dåverande Høgskolen i Oslo (2009) og Noregs handelshøgskole (2010) gjort tilsvarande vedtak.

Dei institusjonelle språkpolitikkane følgjer gjerne retningslinjene frå Universitets- og høgskolerådet (UHR), og det går att at norsk skal vera hovudspråket, men òg at ein skal vera parallellspråklege, slik dette er definert i den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2006). Det inneber at norsk og andre språk skal kunne nyttast etter behov på alle felt, at språkbarrierar ikkje skal sperra vegen til høgare utdanning for nokon, og at vitenskaplege resultat skal kunna nå fram til alle.

I ei ny undersøking (Johansen [2012]) er det sett eit kritisk søkjelys på oppfølginga av dei språkpolitiske dokumenta. Det er nemleg slik at universiteta og høgskulane ved sida av desse

dokumenta òg har laga lokale handlingsplanar for internasjonalisering, på grunnlag av stortingsmeldinga om internasjonalisering, og her viser det seg at *auka* bruk av engelsk er eit mykje tydelegare mål enn dei språkpolitiske føringane i *Mål og mening*. I dei overordna strategidokumenta for institusjonane er språkpolitikken nemnd av berre tre av dei åtte institusjonane som har vedteke ein språkpolitikk.

Tanken om eit språksenter stod sentralt i utvalsrapportane frå 2006–2007. Eit slikt senter vart skipa ved Universitetet i Bergen i 2011. Senteret er knytt til internasjonaliseringsarbeidet og fekk frå mars 2012 utvida bemanninga frå ei halv til ei heil stilling. Også ved Universitetet i Oslo var det planar om å laga eit språksenter, men her ser det ut til at prosessen har stoppa opp. Derimot vert det no oppretta eit språksenter ved den nyleg fusjonerte Høgskolen i Oslo og Akershus, som mellom anna har samarbeidd tett med Center for Internationalisering og Parallellsproglighed (CIP) ved Københavns Universitet (Gulden 2012). Men framleis ligg Noreg likevel langt bak dei andre nordiske landa, til dømes Danmark, der CIP har drive eit omfattande og godt synleg arbeid som akademisk språksenter, og Finland.

2.4 Vitskapleg språk


Når det gjeld forskingspublisering, har styresmaktene fastsett visse vilkår som må vera oppfylte for at eit fagleg bidrag skal kunna reknast som *vitskapleg*. Bidraget må mellom anna vera tilgjengeleg for dei fleste forskarar som kan ha interesse av det, og det må publiserast i ein kanal med rutinar for fagfellevurdering. Det er elles brei semje om at forskarane sjølve må velja fritt kva for språk dei vil publisera på. Det er klart at dei to nemnde krava får følgjer for språkvalet deira, fordi fagmiljøa mest alltid er internasjonale og engelsk er det språket som rekk ut til flest på mest alle forskingsfelt.

Til å måla forskingspublisering nyttar styresmaktene ein publiseringsindikator, som er eit system av konkrete publiseringskanalar (forlag og tidsskrift/bokseriar) som er rangerte på to nivå. Bidrag som vert publiserte i dei rangerte kanalane, gjev poeng som så vert lagde til grunn for tildelinga av ein liten del (1,5 prosent i 2010) av løyvingane til den institusjonen forskaren er knytt til. Bidrag i kanalar på det øvste nivået gjev mykje høgare utteljing enn bidrag på det nedste nivået. Denne indikatoren vert ofte omtala som «teljekantsystemet».

Publiserte bidrag vert registrerte i det nasjonale forskingsinformasjonssystemet CRISTin og lagde inn som statistikk i databasen for statistikk om høgare utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste. Tal frå desse kjeldene viser at den meritterande publiseringa på norsk aukar, men at ho aukar mykje mindre enn tilsvarande publisering på engelsk. Dette er ein langtidstendens. Frå 2005 til 2009 auka publiseringa på norsk med 13 prosent, medan publiseringa på andre språk auka med heile 49 prosent. Dermed heldt det relative prosenttalet for vitskaplege bidrag på norsk fram med å gå ned, frå 36 til 30 prosent i denne perioden. På figur 1 er den samla utviklinga sidan 2005 framstilt grafisk (absolutte tal).


Når det gjeld utviklinga innanfor humaniora, gjekk talet for norsk ned frå 55 til 52 prosent frå 2007/2008 til 2011, medan det gjekk ned frå 54 til 49 prosent i samfunnsvitskap i det same tidsrommet. I 2009 var elles dei relative tala for bidrag på norsk slik innanfor ein del andre fagområde: 17 prosent i medisin og helse, 5 prosent i teknologiske fag og 3 prosent i naturvitskap. På figur 2 er den prosentvise utviklinga innanfor ein del fagområde sidan 2005 framstilt grafisk.

Figur 1: Utviklinga i vitenskapleg publisering på norsk og andre språk 2005–2010: tal på publikasjonar



Kjelde: Sivertsen 2011

Figur 2: Utviklinga i vitenskapleg publisering på norsk og andre språk per fagområde 2005–2010: prosentdel publikasjonar på norsk per fagområde



Kjelde: Sivertsen 2011

Det er dei store internasjonale publiseringskanalane som dominerer på det øvste rangeringsnivået, og derfor dominerer også publisering på engelsk her. I 2012 var 19 tidsskrift/bokseriar med Noreg som base rangerte på dette nivået, men ingen norske forlag. På det nedste nivået var det med 51

forlag og om lag 220 tidsskrift/bokseriar som kjem ut i Noreg. På bakgrunn av dette har systemet vore kritisert for å fremja publisering på engelsk framfor på norsk og for å diskriminera publisering i antologiar, der norsk tradisjonelt har vore mykje bruka. Men sjølv om det altså vert relativt færre vitskaplege bidrag på norsk, kan det ikkje dokumenterast at dette kjem av rangeringa i publiseringssindikatoren og ikkje er eit resultat av den generelt sterke auken i publisering på engelsk (også publiseringa på norsk aukar jo).

Våren 2012 arbeider Universitets- og høgskulerådet med å førebu ei evaluering av heile systemet, og då må ein kunna venta at også dei språkpolitiske sidene kjem til å verta vurderte, slik det faktisk er ført opp som eit prioritert tiltak i *Mål og mening*.

Det finst mange kanalar som fell utanfor rangeringssystemet, og det vert publisert mykje fagleg stoff på universitets- og høgskulenivå som ikkje oppfyller dei krava til vitskapleg publisering som systemet set. I databasen for høgare utdanning ligg det til dømes inne over 150 tidsskrift og nærare 100 forlag som verken gjev uttelling på nivå 1 eller nivå 2, men som anten har vore føreslått eller er under vurdering til å telja med i systemet. Sjå meir om dette under «Annan fagleg litteratur, formidling» nedanfor.

Når det gjeld språk i *doktoravhandlingar*, er dei nyaste opplysningane frå 2007, då 88,5 prosent av avhandlingane frå dei tre største universiteta var på engelsk, mot 10,6 prosent på norsk og 0,9 prosent på andre språk (Ljosland 2008). Truleg er prosenttalet for engelsk vorte endå høgare sidan den gongen.

2.5 Høgare undervisning på norsk og engelsk

Omfanget av undervisning på engelsk

Å gje begynnarundervisninga på norsk og så føra inn engelsk etter kvart når den norske terminologien er etablert, kan vera ein god måte å følgja opp prinsippet om parallellspråklegheit på. Dette mønsteret er truleg vanleg innanfor mange fag og fagområde. Men om det er nokon gjennomført praksis ved universiteta og høgskulane i Noreg, er det ingen som veit.

Tidleg på 2000-talet dominerte nasjonalspråka i høgare undervisning i Noreg, men det var alt den gongen ein ambisjon ved mange lærestader å tilby fleire engelskspråklege studieprogram. Dette målet er no nedfelt i strategiplanar og andre styringsdokument ved universiteta og høgskulane og kan i praksis vera viktigare enn dei overordna språkpolitiske retningslinjene frå Universitets- og høgskulerådet, der det mellom anna heiter at «[u]ndervisningsspråket ved universiteter og høgskoler bør til vanlig være norsk». Mykje tyder på at tilboda om undervisning på engelsk aukar i høgt tempo, kanskje også på grunnivået i visse fag.

På masternivået er det gjort ei større undersøking av språk i undervisninga (Schwach 2009), men kor mykje det vert undervist på engelsk på grunnivået, har aldri vore undersøkt. Undersøkinga viste at engelsk var utlyst som undervisningsspråk på 19 prosent av dei 910 programma med påmelde studentar i 2007–2008, og at 27 prosent av studentane var registrerte på desse programma. Ein har altså kunnskap om språk i pensum på grunnivået, men ikkje på høgare nivå, og om språk i undervisning på høgare nivå, men ikkje på grunnivået.

Korleis fungerer undervisning på engelsk?

Språkbruk i høgare undervisning er eit felt som no vert studert også med kvalitative metodar over store delar av verda, sidan undervisning på engelsk vert innført i mange land på alle kontinent. Også i Noreg har det vore gjort framlegg om å setja i gang prosjekt på dette området, men førebels har interessa vore låg eller heilt fråverande.

Undersøkingar frå Noreg og Sverige (Ljosland 2008, Schwach 2009, Söderlundh 2010) viser at også andre språk enn engelsk er mykje i bruk også der undervisninga offisielt er engelskspråkleg. Dette gjeld norsk (og svensk) og andre morsmål som er representerte blant deltakarane, og bruken varierer med situasjonen, kven som deltek i samhandlinga, og korleis deltakarane vurderer kvarandres kunnskapar og språklege identitet.

Det er eit viktig spørsmål kor godt undervisning på engelsk fungerer når engelsk ikkje er morsmålet til (dei fleste) deltakarane. Dette dreiar seg om kva rolle språket spelar ved overføring av kunnskap, og dermed om kvaliteten på undervisninga. Læringsutbyttet til studentane kjem til sjuande og sist til å påverka den faglege kompetansen dei har når dei seinare skal utøva eit yrke. I tillegg er spørsmålet om undervisningsspråk vove saman med spørsmålet om læremiddel og bruk og utvikling av terminologi og fagspråk på ulike språk.

Studiar viser at studentar kan ha store problem med å forstå undervisning på engelsk endå dei sjølve meiner dei er gode i språket (Hellekjær 2009). I ei undersøking frå Sverige viste det seg at fysikkstudentar stilte færre spørsmål når dei vart underviste på engelsk, at dei sjølve svara mindre på spørsmål, at dei slutta å ta notat, og at dei òg måtte tilpassa seg på andre måtar (Airey 2009).

Kor gode lærarane er i engelsk, er like viktig. I Danmark vart ti universitetslærarar spurde om korleis dei såg på det å undervisa på engelsk, og kva for erfaringar dei hadde gjort (Jakobsen 2010). Haldningane og erfaringane var i stor grad positive, men vurderinga av engelskkunnskapane til studentane mindre positiv. I ei ny norsk undersøking (Nilsen 2011) melde dei fleste undervisarane (i faget medisin) om få problem med å undervisa på engelsk. Studentane kritiserte derimot kvaliteten på undervisninga og melde at dei sjølve hadde problem særleg når dei skulle bruka engelsk aktivt. Dei var meir kritiske enn det undervisarane og leiinga ved lærestaden var, og dei var ikkje heilt samde med lærarane i at læringsutbyttet vart det same med undervisning på engelsk.

2.6 Pensumlitteratur

Ingen dokumentert generell tilbakegang for pensum på norsk

I *Mål og mening* heiter det at tilgang på relevant norsk studielitteratur er ein føresetnad for at norske titlar kan stå på pensumlistene. Meldinga drøftar dei verkemidla som fanst i 2006, særleg fastprissystemet for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning og den støtteordninga for lærebøker for høgare utdanning som Universitets- og høgskolerådet (UHR) forvaltar på vegner av Kunnskapsdepartementet.

Når det gjeld statistikk over språk i pensum for høgare utdanning, har vi mest eldre tal og berre tal for lågare nivå. Dei mest omfattande dataa stammar frå den landsdekkjande undersøkinga i 1999–2000, som viste at prosentdelen av pensum på norsk den gongen jamt over hadde halde seg stabil eller auka sidan 1980 (Hatlevik og Nordgaard 2001). Men det var stor variasjon på tvers av fag og utdanningar og til dømes mykje meir norsk pensum i profesjonsutdanningane ved høgskulane enn i dei tradisjonelle universitetsfaga, og mykje meir i humaniora og samfunnsvitskap enn i naturvitskap.

I 2010–2012 har Språkrådet fått gjennomført to meir avgrensa studiar. Den eine er ei kvantitativ undersøking av språk i pensum på grunnnivået i fem fagtilbod ved inntil åtte lærestader (Schwach og Dalseng 2011), den andre er ei kvalitativ undersøking knytt til dei same fagtilboda ved dei same lærestadene, der pensumfastsetjarar, forlagsfolk og studentar vert spurde om pensumlitteratur og språk (Schwach, Brandt og Dalseng 2012).

Den kvantitative studien viste at det samla sett var meir pensum på norsk i dei undersøkte faga i 2010–2011 enn i 1999–2000, med auke i sosiologi og informatikk, men nedgang i sjukepleie, historie og fysikk. I den kvalitative studien er hypotesen at den auka bruken av norsk kjem av at undervisarane tek omsyn til auka tilstrøyming av studentar generelt og til studentar med dårlegare føresetnader for å lesa framandspråk spesielt.

Hausten 2011 bad Språkrådet Kunnskapsdepartementet setja i verk ei nasjonal undersøking av språk i pensum på bakgrunn av dei resultata som låg føre i den kvantitative studien (Schwach og Dalseng 2011), og samstundes for å følgja opp den nasjonale undersøkinga frå 1999–2000. Departementet sa nei til framlegget og viste her til den auken i pensum på norsk som var dokumentert i den same studien.

Det finst ingen undersøkingar av språk i pensum på høgare nivå, der det sikkert er meir

undervisning på engelsk, og truleg òg meir engelsk i pensum, enn på lågare nivå.

Dei to studiane frå 2011–2012 seier ikkje noko om omfanget av digitalt pensum. Men ein rapport frå Universitets- og høgskulerådet (2011) gjev att resultat frå ei kartlegging av pensum i ca. 100 emne ved til saman 1500 pensumpostar ved to universitet og tre høgskular hausten 2010 og våren 2011. Her var pensum relativt likt fordelt mellom bøker, bokkappittel og tidsskriftartiklar. I alt 42,5 prosent var elektronisk tilgjengeleg, og når det galdt tidsskriftartiklar, var heile 91,6 prosent elektronisk tilgjengeleg.

Det er ikkje tvil om at det skjer ein overgang til meir bruk av pensum i digital form. Her er det verdt å merkja seg at digital pensumlitteratur for høgare utdanning dreiar seg om digitale *fagbøker*, *fagtidsskrift* osv., ikkje om digitale *lærebøker*, som det av ymse grunnar er lite interesse for, også internasjonalt (Skarheim 2012).

Pensumbøker på norsk: tilgang og behov

I dei to studiane frå 2011–2012 var det studieprogram med ei generell orientering og med tilbod om mange studieplassar som vart undersøkte. Det treng altså ikkje ha vore nokon auke i pensum på norsk også i mindre fag, og situasjonen kan vera vanskelegare enn det ser ut til. Tal frå Den norske Forleggerforening viser (Oslo Economics ofl. 2012) at det kom ut færre nye fagbøker og lærebøker for høgare utdanning i 2010 enn i 2005, og at salet av slike bøker også var lågare (gjeld bøker frå forlag i foreininga). Salet av fag- og lærebøker for høgare utdanning gjekk kraftig ned i 2008, og marknaden har ikkje teke seg heilt opp att sidan då.

Den kvalitative studien viser at det *vert* skrive lærebøker ved lærestadene, men at dette ikkje er svært vanleg. I 2012 seier fagfolk som er spurde, at slikt arbeid ikkje er meritterande, men at det burde vore det. Lærebokskrivning må konkurrera med forskingspublisering om tid og ressursar, og «teljekantsystemet» frå 2005 kan ha svekt andre måtar å formidla fagstoff på, som lærebokskrivning. Dei etterlyser ei meritteringsordning også for anna fagleg verksemd enn vitenskapleg publisering. Som i 1999–2000 har ein også i dag få insentiv til å skriva lærebøker (Schwach, Brandt og Dalseng 2012).

For forlaga skapar fag som gjev store opplag, som sjukepleie, ein etterspurnad som gjer det trygt å satsa, medan det same ikkje gjeld for fag med færre studentar. Forlaga merkar òg at det er vorte vanskelegare å få fagfolk til å skriva lærebøker. Elles er også andre faktorar som vanskeleggjer skriving av ajourførte lærebøker på norsk, og som var trekte fram i 1999–2000 òg, framleis til stades, som høg endringstakt og «omløpsfart» i somme fag.

Også studentane er spurde i 2012-undersøkinga, og dei opplevde ikkje generelt engelsk pensum som eit alvorleg stengsel for læring. Men det var noko ulike svar frå ulike grupper av studentar, og ei «meningsmåling» som dette i grunnen er, er ingen dokumentasjon av korleis realitetane er. Ingen har til no undersøkt vitenskapleg kva språket i pensum har å seia for kunnskapsoverføringa og kvaliteten på utdanninga. Men det er verdt å notera at Norsk studentorganisasjon ved fleire høve dei siste åra støtta tiltak for å halda oppe tilbodet av lærebøker på norsk fordi organisasjonen meiner dette er nødvendig for mange studentar.

Trass i auken i bruk av norsk i pensum i utvalde fag er altså ikkje situasjonen for lærebøker på norsk i høgare utdanning heilt positiv. I to ferske utgreiingar om ei norsk boklov (sjå nedanfor) vert slike bøker (og fagspråklege bøker på norsk, i «det kunnskapslitterære feltet») trekte fram som utsette grupper der det trengst tiltak for å utvikla og styrkja utgjevingskanalane (Rønning ofl. 2012, Oslo Economics ofl. 2012).

2.7 Ansvar for norsk fagspråk

I 2009 fekk universiteta og høgskulane lovfest ansvar for å halda ved like og vidareutvikla norsk fagspråk. I 2011–2012 har Universitets- og høgskulerådet samarbeidd med Språkrådet med tanke på korleis dette ansvaret konkret kan følgjast opp på best mogeleg vis. Det har vore arrangert eit idéseminar, og i mars 2012 låg det føre ein rapport frå ei utgreiingsgruppe med framlegg til vidare tiltak, mellom anna om kva som kan vera ein tverrinstitusjonell mønsterpraksis for innsamling,

registrering og tilgjengeleggjering av fagterminologi i universitets- og høgskulesektoren (Språkrådet 2012b). Sjå elles kapittel 1 «Terminologi og fagspråk».

2.8 Annan fagleg litteratur, formidling

Tilsette ved universitet, høgskular, institutt osv. publiserer mykje som ikkje vert fagfellevurdert og derfor ikkje vert rekna som forskning. I tillegg til lærebøker og læremiddel dreiar det seg om ein vid restkategori av rapportar (i rapportseriar o.a.), ulike typar fagbøker, populærvitenskap, ulike former for sakprosa, papir- og nettbaserte artiklar i tidsskrift, andre utgjevingar for eit breiare publikum osv. Mykje av dette er på norsk. All denne litteraturen kan samlast under paraplyen *anna fagleg publisering*.

Nokre tal frå utgreiingane om ei norsk boklov kan ymta om omfanget. Dei fagbøkene som er rekna med i statistikken frå Den norske Forleggerforening, er «fagbøker for profesjonar». Dei siste åra har talet på nye titlar her lege på 100–150 i året, medan det samla talet på titlar med registrert sal ofte har vore over 1000 kvart år, og det samla salet har kome opp i meir enn 200 000–300 000 eksemplar i året (Oslo Economics ofl. 2012). Som nemnt har ein no hatt nedgang eller stagnasjon på nokre av desse parametrane nokre år.

Også under *sakprosa* fell det noko akademisk-fagleg litteratur. Tal frå Forleggerforeningen viser at det samla sett har vore ein klar generell nedgang i talet på nye sakprosatitlar frå 2005 til 2010. Også det samla talet på slike titlar på marknaden gjekk ned mellom 2005 og 2008, før utviklinga snudde og talet på titlar tok til å stige att (Oslo Economics ofl. 2012). Under innkjøpsordninga for sakprosa som Norsk kulturråd forvaltar, kjøper staten kvart år inn ca. 70 titlar, kvar i 1000 eksemplar. Utlegga til dette var i 2011 18 millionar (Norsk kulturråd 2012) mot 16 millionar i 2010 (Oslo Economics ofl. 2012).

Noko av den faglege publiseringa som ikkje er vitenskap, kjem inn under det ein kallar *forskningsformidling*. Slik formidling er overføring av vitenskapleg eller vitenskapsbasert kunnskap til ikkje-spesialistar og er noko lærestadene har ei lovfest plikt til å driva med. Denne verksemda er språkpolitisk relevant fordi mykje av formidlinga i Noreg går føre seg og må gå føre seg på norsk. Og det går føre seg formidling på norsk i stort omfang også i andre forum; til dømes er mange universitets- og høgskuletilsette med på å skriva for dei to leksikona på nettet, eit døme på korleis dette kan fungera også uavhengig av statleg støtte (prosjektet Norsk nettleksikon rekrutterer bidragsytarar mot betaling), og kva omfang det kan få (våren 2012 hadde Wikipedia over 400 000 artiklar på bokmål og over 80 000 på nynorsk).

Det finst ikkje eit nasjonalt system for å gjera formidling meritterande. Ved somme lærestader, som Universitetet i Agder og Universitetet i Tromsø, finst det lokale ordningar. Problema med å etablera slike ordningar kjem kanskje ikkje berre av at feltet er stort og vanskeleg å avgrensa, med ei uklar grense mot kommersialisering, men også av at det er store skilnader i kunnskapsstruktur mellom dei store hovudvitenskapsområda (naturvitenskap, humaniora, samfunnsvitenskap).

Språkrådet har engasjert seg for å fremja formidling ut frå eit språkpolitisk perspektiv og har dei siste åra vore med på å arrangera seminar om formidling og språk, seinast hausten 2011 i samarbeid med ein del private organisasjonar og instansar.

2.9 Språk i digitale faglege kjelder

I takt med den generelle medieutviklinga vert bruk av digitale kjelder stadig viktigare også i universitets- og høgskulesektoren. Det gjeld sjølvsagt både blant forskarar, lærarar og studentar, og her er då tilbodet av norskspråklege kjelder av stor interesse, språkpolitisk sett.

Spørsmålet om digitale bøker var ei hovudsak i debatten om boklov vinteren 2011–2012. Generelt er det vanskeleg å finna ajourført og påliteleg statistikk for sal av e-bøker (Rønning ofl. 2012), men vi veit at det finst eit stort tilfang av digitale *fagbøker* på engelsk, medan satsinga frå norske forlag til no har vore avgrensa. Men forlaga i Noreg har planar, og våren 2012 vart det for fyrste gong skrive avtaler med fagbokforfattarar om slike bøker (Skarheim 2012).

Av det tilfanget som finst på norsk, utgjer bøkene i «Bokhylla» på nettsidene til Nasjonalbiblioteket ein svært stor del. Sjå omtale i kapittel 6 «Språkleg dokumentasjon».

Når det gjeld tidsskrift, har det internasjonalt vore ei utvikling der dei vitenskaplege og meir akademisk-faglege tidsskrifta nærmast er vortne fulldigitaliserte. Også mange slike tidsskrift som kjem på norsk – frå forlag som Universitetsforlaget og Tapir – har vore elektronisk tilgjengelege ei tid. Prestisjetunge utanlandske elektroniske tidsskrift kan vera svært dyre å abonnera på, slik at tilgangen for norske lesarar må tryggjast gjennom konsortieavtaler, medan dei norskspråklege motsvara ikkje kostar på langt nær like mykje.

Norske fag- og forskingsbibliotek inneheld store mengder vitenskapleg og annan akademisk-fagleg litteratur, både på papir og i digitalt format. Statistikken viser at det i 2010 fanst ca. 19,9 millionar band i papirversjon ved slike bibliotek i Noreg, medan talet på e-bøker – og då gjeld det titlar, ikkje band – var i overkant av 1,7 millionar (Nasjonalbiblioteket 2011). Dei aller fleste av dei elektroniske bøkene er opplagt ikkje på norsk, og også blant papirbanda er det utan tvil mange som er på andre språk enn norsk, truleg mest engelsk. Tala kan ikkje samanliknast, men saman viser dei at tilfanget av bøker på papir framleis dominerer sterkt. På den andre sida kan bruken av elektroniske bøker vera større enn tilbodet isolert sett kunne tyda på. Statistikken viser nemleg at det i 2010 var registrert 7,7 millionar fysiske besøk på biblioteka, mot ca. 62 millionar besøk på nettsidene til biblioteka.

2.10 Verkemiddel i litteraturpolitikken

Eit av dei viktigaste verkemidla i litteraturpolitikken har vore høvet til prissamarbeid og fastpris på bøker – også fagbøker og lærebøker for høgare utdanning – som forlaga har hatt gjennom unntak frå konkurranselova. Her vart det i 2011 gjort framlegg i Stortinget om ei norsk boklov, og det er laga to utgreiningar om dette spørsmålet for Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet. Begge utgreiningane var på høyring tidleg i 2012.

Ei eventuell boklov med obligatorisk fastpris på bøker vil påverka vilkåra for både papirbøkene og dei elektroniske bøkene, rett nok avhengig av korleis forholdet mellom dei to formata vert regulert. Og det er eit særskilt viktig spørsmål om denne boklova òg kjem til å gjelda for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning, som administrativt-politisk sorterer under Kunnskapsdepartementet.

Ifølgje *Mål og mening* er høgare utdanning spesielt utsett for press frå engelsk. Språkrådet har peika på at rammevilkåra for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning er i fare for å verta svekte (Språkrådet 2012a). For det fyrste har den støtteordninga Kunnskapsdepartementet har for lærebøker for høgare utdanning, tidlegare vore truga med inndraging, og potten er vorten redusert. For det andre var det i 2011 framlegg om at høvet til å setja fastpris på bøker ikkje lenger skulle gjelda for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.

Støtta til lærebøker for høgare utdanning skal gå til bøker særleg på grunnivået, på nynorsk og i små fag (og til bøker på samisk). Det vart i 2011 delt ut i alt 4,6 millionar kroner i støtte. Det var 72 titlar som fekk støtte (Widding 2012). Summen i 2011 var litt lågare enn i 2010 (men dette er ein tilfeldig variasjon). Både i *Mål og mening* og i innstillinga om språkmeldinga frå familie- og kulturkomiteen på Stortinget vart det peika på at det kan vera eit tiltak for å tryggja tilgangen på norsk studielitteratur å byggja ut (styrkja) den eksisterande tilskotsordninga.

Begge målformene er sjølvstøtt representerte i den litteraturen som vert publisert på norsk, og i den norskspråklege undervisninga som vert gjeven. Men det finst lite av tal for fordelinga på bokmål og nynorsk i kjeldene. Dette gjeld fyrst og fremst skriftleg materiale.

Av dei 72 læreboktitlane som fekk støtte frå Kunnskapsdepartementet, var det fem som var på nynorsk (og éin som var på samisk), medan resten var på bokmål (Widding 2012).

I Noreg finst det òg somme private støtteordningar som også fagbøker og lærebøker i høgare utdanning kan nytta godt av. Til dømes deler Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening ut ulike typar stipend til sakprosaforfattarar, som kan resultere i bøker. Akademiske forfattarar kan også søkja stiftinga Fritt Ord og andre private instansar om støtte.

Også den statlege avgiftspolitikken er eit verkemiddel. Som vi såg, kan mange studentar allereie lesa mykje av pensum elektronisk om dei ynskjer det. Dersom det verkeleg kjem ein definitiv overgang frå papirbøker til digitale bøker om nokre år, vert norske e-bøker ekstra dyre jamført med mange utanlandske fordi det er full meirverdiavgift på dei. Legg ein samstundes til grunn at salet av dei avgiftsfrie papirbøkene går ned, inneber det at inntektene til staten frå avgifta går i vêret. Ved å redusera eller heilt fjerna den fulle meirverdiavgifta kan styresmaktene då redusera den prisen kunden må betala for bøker på norsk.

Begge boklovsutgreiingane (Rønning ofl. 2012, Oslo Economics ofl. 2012) peikar ut fagbøker som ei svært utsett gruppe i den norske bokheimen.

2.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Dersom det stemmer at språkpolitikken har ein tendens til å forsvinna i dei overordna strategi- og styringsdokumenta ved universiteta og høgskulane, er dette ei alvorleg undergraving av ambisjonane og måla i språkmeldinga, *Mål og mening*. Det bør setjast ned ei interdepartemental gruppe til å undersøkje saka og sjå på kva som kan gjerast.

Det bør greiast ut om det er mogeleg å skipa eit nordisk konsortium med forlag eller tidsskrift der det òg kan gå føre seg vitskapleg publisering på høgaste nivå med bruk av skandinaviske språk, til dømes i eit system med omsetjing og avtaler i eit samarbeid med ikkje-nordiske engelskspråklege instansar.

I bokpolitikken er det viktig å få integrert ansvaret for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning med ansvaret for andre bøker ved at alle desse gruppene vert trekte inn under den same paraplyen. Ei boklov kan elles medverka til å tryggja situasjonen for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.

Støtteordninga for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning har vorte krympa og vurdert fjerna, og det har kome framlegg om at desse boktypane ikkje skal ha fastpris. Anten no desse initiativa var tilfeldige gleppar eller uttrykk for politiske ynske, er det uvisst om desse boktypane no skal verta haldne utanfor ei eventuell boklov. Den administrative særstillinga under Kunnskapsdepartementet er såleis ei kjelde til utryggleik og bør ta slutt same kva vedtaket vert i spørsmålet om boklov. Fagbøker og lærebøker for høgare utdanning er språkpolitisk viktige for at norsk skal stå seg i konkurransen med engelsk. Desse bøkene treng derfor særlege reguleringar.

Det er nødvendig å få innført effektive meritteringsordningar for formidling og lærebokskriving slik at den eksisterande ordninga for forskingspublisering ikkje går ut over dei andre formene for fagleg verksemd i academia.

Det vert stadig tydelegare at mangel på kunnskap om språkutviklinga under internasjonaliseringa av universitets- og høgskulesektoren er eit alvorleg problem. Det er nødvendig å etablera forskning om dette i Noreg. Det må knytast betre kontaktar mellom dei forskingsmiljøa i Noreg der det finst interesse for desse temaa, og relevante styresmakter for å få etablert forskingsprogram, til dømes slik det har vore gjort i Danmark med Calpiu-prosjektet i Roskilde og Center for Internationalisering og Parallellsprøglighed i København. Dette bør òg sjåast i samanheng med tanken om etablering av språksenter ved dei sentrale lærestadene.

Det som særleg manglar, er forskingsmiljø som arbeider systematisk med å skaffa fram kunnskap om globalisering og språkbruk ved universiteta og høgskulane. Slike miljø finst mellom anna i Danmark. Slik det no er, må Språkrådet halda fram med å ta initiativ og finansiera mindre undersøkingar.

Det er eit paradoks at det ikkje finst forskning om kor mykje det vert undervist på engelsk på grunnivået i høgare utdanning, berre masternivået er undersøkt. Det skulle vera ekstra viktig å følgja utviklinga på grunnivået. Større kvantitative undersøkingar av undervisningsspråk er krevjande og kostbare og bør derfor gjerast med fleire år mellom kvar gong. Det er stort behov for å få fram meir kunnskap om dette, fordi språket i undervisninga kan vera ein avgjerande faktor i kunnskapsoverføringa.

Det trengst mykje meir kunnskap om korleis undervisning på engelsk fungerer, om ein vil

tryggja kvaliteten på undervisninga. Språkrådet har gjort framlegg overfor Noregs forskingsråd om å ta inn spørsmål om tidsbruk, språk og fagleg kvalitet i tidsbrukundersøkinga blant fagleg tilsette ved universiteta, men framlegget rakk ikkje opp. Like viktig er det å finna ut kva studentane meiner, og her bør ein merkja seg dei innrapporterte problema med forståing og kva Norsk studentorganisasjon meiner om pensumbøker på norsk. Dette burde det leggjast stor vekt på når rekrutteringa til høgare utdanning vert utvida så kraftig som no.

Når det gjeld dei digitaliserte bøkene på nettstaden til Nasjonalbiblioteket, er det mogeleg å be biblioteket undersøkje fordelinga på målformene. Når det gjeld litteraturen i dei norske fag- og forskingsbiblioteka, er det mogeleg å be det statlege forvaltningsorganet Bibsys, som administrerer tilgjenget til desse bibliotekressursane, om å generera eksakte data om språkfordelinga, både når det gjeld engelsk og norsk og bokmål og nynorsk.

Kjelder

- Airey, John 2009. *Science, Language and Literacy. Case Studies of Learning in Swedish University Physics*. Uppsala dissertations from the Faculty of Science and Technology, 81. Uppsala
- Bredeveien, Jo Moen 2010. «Formidling for alle penga». *Morgenbladet* 28.5.2010, http://morgenbladet.no/samfunn/2010/formidling_for_alle_penga
- Gulden, Ann Torday 2012. Opplyst på telefon av fyrsteamanuensis Ann Torday Gulden, Høgskolen i Oslo og Akershus, 8.5.2012
- Hatlevik, Ida K. Riksaasen og Jorunn Dahl Nordgård 2001. *Myter og fakta om språk. Pensumlitteratur på grunnnivå i høyere utdanning. Nifu-rapport 5/2001*, http://www.nifustep.no/content/download/1084/11729/file/Rapport_5-2001.pdf
- Hellekjær, Glenn Ole 2009. «Academic English reading proficiency at the university level: A Norwegian case study». *Reading in a Foreign Language* 21 (2)
- Jakobsen, Anne Sofie 2010. *Ellers er det lige ud af landevejen. En interviewundersøgelse af ti underviseres holdninger til og erfaringer med engelsksproget undervisning ved Det Biovidenskabelige Fakultet, KU*. Københavnerstudier i tosprogethed, C2. København
- Johansen, Anders [2012]. *Språkmeldingen som handlingsplan: retorikk og resultater*. Institutt for informasjons- og medievitenskap, Universitetet i Bergen (skal publiserast av Språkrådet)
- Ljosland, Ragnhild 2008. *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap. Om engelsk som akademisk språk i Norge. Et kassstudium i bred kontekst*. Doktoravhandlingar ved NTNU, 2008:208. Trondheim, <http://ntnu.diva-portal.org/smash/get/diva2:158732/FULLTEXT01>
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008), http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Nasjonalbiblioteket 2012. Statistikk for fag- og forskningsbibliotek, tallmateriale 2010, <http://www.nb.no/bibliotekstatistikk/fag-og-forskningsbibliotek>
- Nielsen, Marit Aamodt 2012. E-post til Språkrådet frå Marit Aamodt Nielsen, viserektor ved Universitetet i Agder, 26.4.2012
- Nilsen, Ina Myrvang 2011. «Nei da, vi gjør det på engelsk, så skjønner alle ... men så skjønner kanskje ikke alle». *En kassstudie av engelsksemesteret på medisinstudiet i Trondheim*. Masteravhandling i nordisk språkvitenskap, våren 2011, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU
- Nordisk ministerråd 2006. *Deklaration om nordisk språkpolitikk*. ANP 2007:746, http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at_download/publicationfile
- Norsk kulturråd 2012. «Statistikk litteratur», http://www.kulturrad.no/fagomrader/litteratur/tall_og_statistikk
- Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste 2012. *Database for statistikk om høgare utdanning*,

- «Publiseringskanaler»,
[http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/kanalSok.do?tittelSoek=&issn=&nivakode=2&status_klasseid=&fa
 graad=&kanaltype=1&fagkode=&landgruppekode=1&sortering=2&oaid=&search=advanced](http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/kanalSok.do?tittelSoek=&issn=&nivakode=2&status_klasseid=&fa

 graad=&kanaltype=1&fagkode=&landgruppekode=1&sortering=2&oaid=&search=advanced)
- Oslo Economics ofl. 2012. *Utredning om litteratur- og språkpolitiske virkemidler. Utarbeidet for Kulturdepartementet*. Oslo Economics, Simonsen advokatfirma og Oeconomica,
http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernnavdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_om_litteratur-og_spraakpolitiske_virkemidler_2012.pdf
- Rønning, Helge ofl. 2012. *Til bokas pris. Utredning av litteraturpolitiske virkemidler i Europa*. Overlevert til Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet 15.2.2012,
http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernnavdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_av_litteraturpolitiske_virkemidler_i_Europa_2012-2.pdf
- Schwach, Vera 2009. *Masterprogrammer på engelsk i Norge. I bredde og nisjer*. Rapport (NIFU STEP), 36/2009. Oslo,
<http://www.nifustep.no/Norway/Publications/2009/NIFU%20STEP%20Rapport%2036-2009.pdf>
- Schwach, Vera og Carmen From Dalseng 2011. *Språk i pensumlitteratur. Bruk av norsk og engelsk i første år på grunnnivå i høyere utdanning: fysikk, historie, informatikk, sosiologi og sykepleie*. Rapport (NIFU), 9/2011, <http://www.nifu.no/Norway/Publications/2011/Webrapport%209-2011.pdf>
- Schwach, Vera, Synnøve S. Brandt og Carmen From Dalseng 2012. «Det gikk på engelsk og norsk, engelsk og norsk.» *En undersøkelse av språk i pensum på grunnnivå i høyere utdanning*. Rapport (NIFU), 7/2012, <http://www.nifu.no/Norway/Publications/2012/NIFU%20Webrapport%207-2012.pdf>
- Sivertsen, Gunnar 2011. Publiseringsmønsteret i forskningen ved universiteter og høyskoler. Presentasjon til innlegg på seminaret «Språk – læringskvalitet – formidling», Uranienborgveien 2, Oslo 7.10.2011
- Skarheim, Svein 2012. Opplyst på telefon av Svein Skarheim, leiar for høgskuleutvalet i Den norske Forleggerforening, 18.4.2012
- Solberg, Per Olav 2012. «Alt blir klart og (u)betydelig». *Prosa*, 2/2012
- Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*,
<http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>
- Språkrådet 2011. *Språkstatus 2011. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet*,
<http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202011.%20Språkpolitisk%20tilstandsrapport%200fra%20Språkrådet.pdf>
- Språkrådet 2012a. «Høringsuttalelse om utredninger av litteratur- og språkpolitiske virkemidler». Brev til Kulturdepartementet, 16.4.2012,
http://www.regjeringen.no/pages/36742574/Litteratur_og_spraakpolitiske_virkemidler_9_Sprakradet.pdf
- Språkrådet 2012b. *Terminologiarbeid i universitets- og høgskolesektoren. Rapport fra en utredningsgruppe*, versjon 13.3.2012, <http://www.sprakradet.no/upload/Terminologi/UH-terminologi%20Rapport%202012-03-13.pdf>
- Söderlundh, Hedda 2010. *Internationella universitet – lokala språkval. Om bruket av talad svenska i engelskspråkiga kursmiljöer*. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet, 83. Uppsala
- Universitets- og høgskulerådet 2007. «Overordnede språkpolitiske retningslinjer»,
http://www.uhr.no/documents/spraakpolitisk_plattform.pdf
- Universitets- og høgskulerådet 2011. «Fra papir til digitalt pensum»,
<http://www.ub.uio.no/om/prosjekter/fra-ptild-pensum/sluttrapport-fra-papir-til-digitalt-pensum-2011.pdf>
- Widding, Nina 2012. E-post til Språkrådet frå Nina Widding, kontorsjef i Universitets- og høgskulerådet, 8.5.2012

3 Språkbruk i arbeids- og næringslivet

Det kan sjå ut til at folk er lei av engelsk i reklame og marknadsføring i Noreg og ynskjer meir bruk av norsk på desse områda. Det er ein tendens til at store statsåtte selskap ynskjer å kopla seg fri frå dei språklege pliktene dei har i Noreg. Det er auka interesse for språk som nøkkelen til integrering av ikkje-skandinaviske innvandrarar, samstundes som Språkrådet no får eit utvida språkpolitisk ansvar. Dette kan krevja ny gjennomtenking også i språkpolitikken.

3.1 *Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening*

Innleiing (kap. 7.4.1)

Meir utanlandsk eigarskap og lettare tilgang til utanlandske marknader medverkar i dag til eit aukande engelskpress i næringslivet.

Konsernspråk (kap. 7.4.2)

Enkelte større bedrifter innanfor det internasjonaliserte næringslivet har gjort vedtak om engelsk som konsernspråk. Den faktiske bruken av engelsk varierer, men aukar di høgare opp i hierarkiet ein kjem. Slike konsernspråkvedtak kan dessutan signalisera ein ambisjon om meir bruk av engelsk i tida framover.

Språk i stillingsannonsar (kap. 7.4.3)

Ein gjennomgang av stillingsannonsane i Aftenposten ein månad i 2005 viste at 6 prosent hadde engelske stillingsnemningar, medan 4 prosent hadde fullstendig engelsk tekst.

Språk i marknadsføring og informasjon (kap. 7.4.4)

Held norsk stillinga elles i samfunnet, vil ikkje bedriftene tena på å bruka engelsk i marknadsføring og informasjon overfor eit norskspråkleg publikum. Faresignala er større i bedriftsintern informasjon.

Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv (kap. 7.4.5)

Spørsmålet er kva følgjer det får at arbeidstakarar overalt i næringslivet blir stadig meir avhengige av elektroniske kommunikasjons- og lagringsmedium med engelskspråkleg teknologi.

Spørsmålet om lovregulering av språk i arbeidslivet (kap. 7.4.6)

Norsk i hundre! reiser spørsmålet om behovet for å lovregulera rett til norsk i produktinformasjon, hms-dokumentasjon, avtaleverk og liknande.

Frå kortversjonen av Mål og mening (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

3.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Etter vedtektene er arbeidet med å styrkja statusen til det norske språket i notid og framtid ei av dei aller mest sentrale oppgåvene til Språkrådet. Ein av dei samfunnssektorane der statusen til norsk lenge har vore utfordra av engelsk, er arbeids- og næringslivet.

I *Mål og mening* er det lagt til grunn at representantar for næringslivet skal trekkjast direkte med i arbeidet til Språkrådet. Dette er realisert gjennom fagrådet for samfunn og høgare utdanning, som har hatt medlemmer med næringslivsbakgrunn det meste av tida, også i 2011.

Språkrådet har lenge hatt noko kontakt med bedrifter og arbeidsplassar. Ein har i mange år delt ut diplom til bedrifter som vel gode norske namn, og dette er ein tradisjon som er ganske godt kjend, og som får positiv omtale. På arrangementet Språkdagen 2007 medverka toppleiaren i Næringslivets Hovedorganisasjon, og på Språkdagen 2011 deltok representantar for både arbeidsgjevarar og fagorganisasjonar. Språkrådet tek dessutan frå tid til anna opp den språklege praksisen i særleg statlege selskap med dei overordna styresmaktene.

Sidan 2010 har Språkrådet også hatt ein samfunnsrådsgjevar som skal arbeida med nye språkpolitiske tiltak på felt som næringsliv, høgare utdanning og kultur.

3.3 Bruk av norsk og engelsk i bedriftene

I *Språkstatus 2010* var det teikna eit bilete av korleis ulike språk vert nytta i større norske bedrifter. Valet av norsk eller engelsk varierer med bedriftstypen, eigarstrukturen, graden av internasjonal verksemd, innslaget av ulike nasjonalitetar, om kommunikasjonen er ekstern eller intern, nivået i hierarkiet, avdelinga, profesjonen, språkbrukssjangeren, typen av dokument osv. Desse mønstra kan vera godt etablerte og er i så fall ikkje noko som vert endra over natta.

Det finst ikkje gode tal for kor mykje norsk og engelsk som vert nytta i private bedrifter. Det finst heller ikkje tal for bruken av bokmål og nynorsk. Det vi veit meir om – ut frå særleg to undersøkingar – er korleis norske bedriftsleiarar vurderer språkbruken innanfor ulike delar av verksemda si, og til dels innanfor næringslivet generelt.

I norske bedrifter står engelsk etter måten sterkast på nettstaden, i årsrapporten, i sakspapir til styret, som møtespråk i styret, i ekstern korrespondanse og i møte med eksterne partar – altså i meir formelle språkbrukssjangerar og i ekstern kontakt. Men norsk er faktisk mest bruka også på alle desse områda. Dette går fram av fleire kjelder, mellom anna ei e-postundersøking frå 2005 blant tjue av dei største selskapa i Noreg (Rosenhart og Simonsen 2005). Det er uvisst korleis situasjonen er i dag.

Mål og mening poengterer at nokre større bedrifter innanfor den internasjonaliserte delen av norsk næringsliv har gjort vedtak om såkalla konsernspråk, som regel engelsk, men at slike vedtak sjeldan inneber at engelsk vert nytta i alle språkbrukssituasjonar.

Undersøkinga frå 2005 viste at blant tjue av dei hundre største bedriftene i Noreg i privat eller offentleg eige hadde tolv valt engelsk som konsernspråk eller offisielt språk. Fire hadde gjort vedtak om norsk som offisielt språk. Åtte hadde ikkje noko vedtak.

I undersøkinga vart det henta inn meir detaljerte opplysningar frå eitt norsk storkonsern med engelsk som konsernspråk. Det viste seg mellom anna at alle overordna dokument (til dømes styrepapir og prosedyredokument) var på engelsk. Dei vart omsette til norsk dersom det var behov for det. Styremøta vart avvikla på norsk og skandinavisk fordi ingen av styremedlemene for tida hadde ikkje-skandinavisk bakgrunn. Det var varierande kva språk som vart nytta i dei enkelte selskapa innanfor konsernet. I det mest internasjonale selskapet vart svært mange stillingar utlyste på engelsk, også når arbeidsstaden var i Noreg. Andre selskap i konsernet hadde meir norsk. Det daglege arbeidsspråket var framleis norsk i Noreg, men med mykje bruk av engelsk elles. Utviklinga gjekk i retning av meir bruk av engelsk fordi ein stadig større del av verksemda vart internasjonalt orientert.

I ei landsomfattande undersøking frå 2009 (Simonsen 2009) vart leiarar i ti store norske selskap djupintervjua. Dei meinte at bruken av engelsk varierer med eigarstrukturen, graden av internasjonal verksemd, innslaget av ulike nasjonalitetar, stillingsomtalar og kva for publikum ein vender seg til. Engelsk vert nytta særleg på konsernnivå, i finansavdelingar, i samband med helse, miljø og tryggleik (ofte) på skandinavisk nivå og som arbeidsspråk blant teknikarar og spesialistar. (Utbreiinga av standardar på engelsk i Noreg er omtala i kapittel 1 «Fagspråk og terminologi».) I internasjonale verksemdar kjem skriftleg og munnleg engelsk inn i styreromma. Engelsk vert òg

bruka i visse stillingsannonser, i økonomisk informasjon til investorane og overfor utanlandske kundar og leverandørar, forutan i dei sjangrane som også e-postundersøkinga dokumenterte.

Norske bedrifter er jamt over små, og store selskap er ikkje utan vidare representativt. Men undersøkinga frå 2009 omfatta òg ei meningsmåling blant eit representativt utval av norske bedriftsleiarar, som stadfester inntrykket ovanfor. Av dei spurde såg over 70 prosent på engelsk som lite viktig i kommunikasjon mellom tilsette, på interne møte og i brev og e-postar til tilsette. Også på dei områda der flest rekna engelsk som viktig (på nettstadene osv.), var det endå fleire som såg på engelsk som ikkje viktig eller lite viktig. Til og med i styrepapir og på styremøte var engelsk lite viktig for over 70 prosent. Dei som meinte at engelsk var viktig, kom ofte frå dei største og dei aller minste bedriftene, og oftare frå handels- og servicebedrifter enn industribedrifter.

Undersøkingane stadfester kvarandre. Engelsk er mest bruka i formelle samanhengar og i ekstern kommunikasjon. Det norske næringslivet er langt frå gjennomanglisert, men det går føre seg ein prosess der engelsk vert viktigare.

3.4 Konsernspråk

Av bedriftene i den landsomfattande undersøkinga (Simonsen 2009) var 24 prosent med i eit konsern. I desse bedriftene meinte 30 prosent av leiarane at skriftleg engelsk er viktig i kontakt med andre einingar i konsernet. Prosentdelen var høgast i industribedrifter og i bedrifter med 51–250 tilsette. Vel halvparten av dei konserntilknytte føretaka har dotterverksemdar eller hovudkontor i utlandet. Likevel var norsk det dominerande arbeidsspråket i heile 85 prosent av dei.

Det vert altså nytta nokså mykje engelsk på konsernnivå. Men verken 2009-undersøkinga eller e-postundersøkinga frå 2005, der så godt som alle selskapa var med i eit konsern, kunne prova at konserntilknytning styrer språkbruken internt i selskapa i særleg grad. Ikkje eingong i føretak med dotterverksemdar eller hovudkontor i utlandet ser det ut til å vera tilfellet.

I 2010–2012 er det ikkje kome nye undersøkingar av språkbruk på ulike område i bedriftene som ser dette i eit samla perspektiv. Slike meir omfattande studiar kan då også med fordel gjerast med ein del års mellomrom, ikkje årleg. Det er elles god grunn til å tru at engelsk vert stadig vanlegare. *Mål og mening* peikar også på at det (truleg) får følgjer for *kontraktspartnarar*, *leverandørar* osv. når til dømes StatoilHydro (som i dag har teke tilbake namnet Statoil) i stor grad brukar engelsk. I mars 2010 melde media at nettopp Statoil hadde bede underleverandørane sine i Noreg om å gå over til engelsk i skriftleg kontakt med selskapet. Bakgrunnen skulle vera eit ynske om innsparing og ein ambisjon om å auka bruken av engelsk. Språkrådet tok opp dette i eit brev til Olje- og energidepartementet 16. juni 2010 og spurde korleis departementet såg på saka, og i kor stor grad og i kva for samanhengar ein ventar at Statoil brukar norsk. Statsråden svara i brev av 25. juni 2010 at saka ikkje rører ved den rolla staten har som eigar, men at Statoil vil halda fram med å nytta norsk i Noreg og engelsk der det er nødvendig og rimeleg, og at selskapet kjem til å klargjera dette i eit brev til dei norske leverandørane sine.

Statsråden legg elles til grunn at Statoil som andre petroleumsselskap følgjer dei krava regelverket stiller til bruk av norsk. Den viktigaste føresegna på dette punktet finn ein i forskrift 27. juni 1997 nr. 653 til lov om petroleumsvirksomhet, der det i § 76 heiter: «Norsk språk bør i størst mulig utstrekning brukes i petroleumsvirksomheten. Andre språk kan brukes dersom det er nødvendig eller rimelig for gjennomføringen av virksomheten.»

3.5 Språk i reklame og marknadsføring

Det er dokumentert at talet på engelske ord i reklametekstar i ei stor norsk avis vart dobla mellom 1969 og 1989 (Johansson og Graedler 2002), og engelskbruken har nok halde fram med å auka sidan. Om ein skal ha oppdaterte tal, trengst det ei ny undersøking av liknande slag.

Som supplement til omtala av språk i marknadsføring i *Mål og mening* var det i *Språkstatus 2010* gjeve att nokre resultat frå den landsomfattande undersøkinga i 2009 som viste at det er lita tru på at engelsk fremjar salet av varer og tenester, og at effekten av engelsk ikkje er dokumentert.

I denne undersøkinga vart både bedriftsleiarane og eit representativt utval av befolkninga

spurde om norsk og engelsk i reklame. Av bedriftsleiarane sa 46 prosent at verksemda reklamerer eller marknadsfører seg overfor norske forbrukarar, og for meir enn tre fjerdedelar av desse verksemdene gjeld dette alle aldersgrupper. Mest alle leiarane her meinte at dei nyttar mest norsk i marknadsføringa. Heile 92 prosent hadde ikkje dokumentasjon for at reklame på engelsk aukar salet. Generelt meinte likevel 19 prosent av leiarane at engelsk er viktig i reklame, medan 58 prosent såg på det som svært lite viktig, og 12 prosent trudde at engelsk fremja salet av produkta eller tenestene deira. I befolkninga meinte heile 75 prosent at engelsk i reklame og marknadsføring ikkje fremjar salet av produkt og tenester generelt.

I ei ny og mindre meiningsmåling frå 2010–2011 var talet på dei som trudde at engelsk i reklame fremjar salet, gått ned litt både i befolkninga og blant bedriftsleiarane.

Meir oppsiktsvekkjande var det at dei som sa at dei var negative til engelsk i reklame i Noreg, var gått opp frå 36 til 46 prosent av befolkninga, at dei som meiner at det generelt vert nytta for mykje engelsk i reklame og marknadsføring, hadde auka frå 39 til 52 prosent, og at mest to av tre ønskte norsk i all reklame og marknadsføring i Noreg i 2010–2011.

Bruken av engelsk i reklame byggjer altså mest berre på tru og ikkje på undersøkingar, og denne trua kan faktisk sjå ut til å vera laust fundert. Av bedriftsleiarane meinte 12 prosent i 2009-undersøkinga at det gjerne er eksterne byrå som tek avgjerder om språket i reklamen og marknadsføringa; dette er vanlegast i handelsbedrifter. Heile 65 prosent sa at marknadsførings- eller reklamebyrå i liten grad tek slike avgjerder.

Når det gjeld *stillingsannonser*, eit anna synleg trekk ved den eksterne kommunikasjonen til næringslivet, meinte 36 prosent i undersøkinga frå 2009 at bedrifter bør kunna lysa ut stillingar på engelsk i norske aviser, medan 60 prosent var imot dette.

Om *bokmål og nynorsk* i bedriftene er det lite som er kjent. Nynorsk er lite bruka i reklame i riksmidia, men noko meir brukt i lokale og regionale medium i nynorskområda (Grepstad 2010). I Sogn og Fjordane viser ei undersøking av annonsar i avisa Firda at 74 prosent var på nynorsk i 2012. Lokale annonsørar og annonsørar frå andre regionar og landsdelar brukar om lag like mykje nynorsk i annonsene i Firda. Generelt har det vorte mindre kontroversielt å bruka nynorsk kommersielt (Grepstad 2012).

3.6 Eit språk- og teknologibasert arbeidsliv

I den undersøkinga Språkrådet fekk gjort i 2009, vart bedriftsleiarar spurde om engelsk var viktig for bedrifta. Det viste seg at dei leiarane som svara ja, ikkje berre kom frå dei største bedriftene, men også frå dei aller minste. Som nemnt i *Mål og mening* er det truleg store skilnader og variasjonar mellom bedrifter. Ei gruppe som er interessant i samband med dette, er dei mange mindre selskapa med ein internasjonal og teknologisk-forskningsbasert profil, som langt frå berre er reine IT-selskap. Det kan vera bedriftsleiarar herfrå som vert fanga opp i undersøkinga.

Det kan tenkjast at engelskbruken i slike bedrifter har større kraft til å påverka næringslivet i stort enn det storleiken deira skulla tyda på: Dei ligg lengst framme i internasjonaliseringa, er attraktive og trendsetjande og får støtte og oppmuntring frå det statlege Noregs forskingsråd. Men det manglar kunnskap om språkbruk i denne typen selskap og andre selskap med ei internasjonal orientering og tyngdepunkt i forskning og teknologi. Ofte finst det bedrifter av desse typene i dei såkalla næringsklyngjene som veks fram i fleire landsdelar.

I *Mål og mening* heiter det at Språkrådet skal vurdere å få gjennomført forskning som kan kasta lys over forholdet mellom språk og produktivitet. Bakgrunnen er ein hypotese om at engelsk kan hemja kreativitet og produktivitet i næringslivet. Den nemnde undersøkinga frå 2009 inneheldt eit par spørsmål som tangerte dette. Av bedriftsleiarane meinte 12 prosent at engelsk språk *internt* fremjar effektiviteten i bedrifta, medan 17 prosent av befolkninga meinte at engelsk språk i *reklame og marknadsføring* fremjar effektiviteten til bedriftene. Men sidan dette er spørsmål stilte som ei meiningsmåling, kan det snautt reknast som forskning.

3.7 Språkbehov og språkkompetanse i verksemdene

I språkmeldinga er det lagt til grunn av norsk språk er mest utsett i den bedriftsinterne kommunikasjonen. Meldinga nemner her informasjon til dei tilsette berre på engelsk. Sjå meir om dette nedanfor. I *Mål og mening* heiter det at språkpolitiske spørsmål vert relevante for fleire enn før fordi stadig meir av arbeidslivet baserer seg på språk og ikkje minst skrift. Vidare heiter det at det er nødvendig med ei meir gjennomtenkt haldning til språk og språkbruk i arbeidslivet. Språkbehova i arbeids- og næringslivet kan vera behov som bedriftene eller dei tilsette har, eller behov knytte til intern eller ekstern kommunikasjon eller kan gjelda kunnskapar og ferdigheiter i norsk og andre språk.

Mange bedrifter treng framandspråk ikkje berre når dei har kontakt med utlandet, men også internt, og dette vert aktuelt til dømes når dei skal rekruttere visse grupper av tilsette. Ei undersøking som Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa gjorde, viste at 6–7 prosent av dei utlyste stillingane på stillingsdatabasen til Nav kvar fjerde veke i april–september 2010 inneheldt krav eller ynske om engelskkunnskapar, medan det same galdt heile 19–29 prosent av utlysingane på nettsida finn.no. I undersøkinga vert skilnaden forklart med at det vart utlyst mange stillingar i det offentlege hos Nav og mange i oljenæringa på finn.no. Det var etterspurnad også etter kunnskapar i tysk, fransk og andre språk begge stadene, men i mykje mindre grad enn engelsk.

Men som del av det norske samfunnet treng bedrifter også kompetanse i norsk over eit breitt spekter. Det finst både sjefar og tilsette blant dei som vender seg til Språkrådet, og Språkrådet har behov for å vurdera nærare korleis ein best kan gå fram for å knyta strategiske kontaktar slik at det språkfaglege rådgjevingsarbeidet overfor næringslivet kan vidareutviklast og gjerast betre.

3.8 Fleispråklege arbeidsplassar

Mål og mening peikar på at stadig fleire arbeidsplassar i Noreg vert fleispråklege. Dette er ei følgje av den internasjonale utviklinga innanfor mange bransjar, men det er også ei følgje av auka mobilitet i arbeidskrafta innanfor EØS-området og av auka innvandring på meir permanent basis. Ei slik utvikling skapar ulike språklege behov hos dei tilsette.

For det fyrste vert det skapa eit tildriv til å nytta engelsk på arbeidsplassane. I Telenor Norge, til dømes, der norsk er arbeidsspråket, vert det forventat at tilsette kan nytta engelsk på eit høgt nivå. Samstundes treng bedrifta stadig færre tilsette utan høgare utdanning, og det vert relativt færre av dei etter kvart, medan bedrifta også har problem med å rekruttera teknologisk kompetent norsk personell. Mange tilsette må altså meistra framandspråk i arbeidet.

Men sett frå den andre sida er det eit grunnleggjande behov for å nytta norsk språk på arbeidsplassane. For det fyrste gjer omsynet til både helse, miljø og tryggleik at ein ikkje kjem utanom dette, og norsk er òg heilt nødvendig for å tryggja innsyn i og etterleving av dei demokratiske rettane. For det andre er det brei semje om at innvandrarar må koma i arbeid for å fungera i samfunnet, og mange av dei treng opplæring i norsk og oppfølging ut over det styresmaktene tilbyr. Fleispråklege arbeidsplassar var tema på Språkdagen 2011, sjå omtale på nettstaden til Språkrådet (www.sprakradet.no).

Dei siste par åra er det kome kritikk mot språkforholda særleg i petroleumssektoren, der det vert meldt om eit aukande innslag av utanlandske arbeidstakarar utan gode nok språkkunnskapar. Fagforeningar hevdar at dette skjer fordi bedriftene vil auka lønsemda, og at det er ei utvikling som set liv og helse i fare, ikkje berre ute på plattformene, men også på arbeidsplassar på land.

Når det gjeld innvandrarar utan gode nok norskkunnskapar, har det vore ein del oppslag om problem i helse- og omsorgssektoren. Det er elles kjent at ein del bedrifter har sett i verk opplæring og også har omsett viktige dokument til andre språk (som polsk). Telenor Norge samarbeider no i ei satsing med Nav om å integrera innvandrarar i Noreg som har høgare utdanning frå heimlandet (Meek 2012). Men det finst inga oversikt over kor mykje det er av denne typen tiltak.

I språkmeldinga er det reist spørsmål om i kva grad dei skrivne og uskrivne krava til språkkunnskapar som gjeld i ulike delar av arbeidslivet, er godt nok tilpassa omsynet til helse, miljø og tryggleik og rettane til arbeidstakarane. På dette feltet går det faktisk føre seg ein god del

forskning, om ikkje så mykje av språkvitarar, og ei rekkje instansar – styresmakter, bedrifter og fagforbund – er involverte i arbeid med å integrera arbeidstakarar utan norsk eller skandinavisk morsmål i arbeidslivet i Noreg, eit arbeid som har svært mange sider (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet u.å.). I eit prosjekt i Bergen, finansiert av partane i arbeidslivet, vert det til dømes godt dokumentert både korleis språkkrav på tre fleirkulturelle arbeidsplassar i ulike bransjar er del av komplekse samanhengar, og korleis konkrete utfordringar må løysast i praksis så godt som råd utan større bistand utanfrå (Arbeidsmiljø på fleirkulturelle arbeidsplasser 2010).

3.9 Lover og reglar om språk i arbeidslivet

Oversikta nedanfor er henta frå *Språkstatus 2010* og viser dei formelle språkkrava som er stilte i aksjelova, arbeidsmiljølova osv. Dette er reglar som framleis gjeld:

I lovverket set rekneskapslova krav om at årsrekneskapsrapporten og årsrapporten frå bedriftene skal vera på norsk viss departementet ikkje har vedteke spesielt at dei kan vera på eit anna språk. E-postundersøkinga ovanfor [Rosenhart og Simonsen 2005] viste at nettopp årsrapporten er den sjangeren der dei fleste bedriftene nyttar både norsk og engelsk. Det ligg òg føre eit indirekte språkkrav i aksjelova, som føreset at styremøte skal gjennomførast på ein slik måte at kvar enkelt styremedlem kan ta del i drøftingane og kommunisera med dei andre medlemene. I e-postundersøkinga var møtespråket i styret anten norsk (eller svensk) eller både norsk og engelsk i femten av dei tjue bedriftene, og engelsk i fem. Dette kan spegla av føresegna i aksjelova.

Når det gjeld språkkrav på arbeidsplassane, finst det visse føresegner i lover og forskrifter. Blant dei viktigaste er nokre paragrafar i arbeidsmiljølova. Ei av dei seier at det skal følgja med naudsynt og lett forståeleg bruksrettleiing på norsk for transport, oppstilling, betjening og vedlikehald av maskinar og anna utstyr. Ei anna føresegn går ut på at bedrifter skal føra kartotek over farlege kjemikalium og biologisk materiale, og at behaldarar og emballasje for kjemikalium og biologisk materiale skal ha åtvaring på norsk. For oljebransjen seier paragraf 16 i rammeforskrifta for helse, miljø og tryggleik i petroleumsvirksemda at norsk språk skal brukast i størst mogeleg grad i petroleumsvirksemda. Andre språk kan brukast dersom det er naudsynt eller rimeleg for å gjennomføra verksemda og det ikkje går ut over tryggleiken. (Språkrådet 2010b)

I januar 2012 var det presseoppslag som sa at Statoil hadde søkt Skattedirektoratet om dispensasjon frå kravet om å laga årsrekneskap og årsmelding på norsk, men at Skattedirektoratet sa nei og viste til den sentrale posisjonen selskapet har i det norske samfunnet, og den interessa for selskapet som finst i breie lag av befolkninga (Stangeland 2012).

I mars 2012 innskjerpa næringsministeren i eit brev til styra i selskap og statsføretak der staten eig aksjar eller partar, at sjølv om konsernspråket for mange selskap er engelsk, skal dei statlege norske selskapa gje ut årsmeldingar på norsk, og informasjon om selskapa skal også vera tilgjengeleg på norsk på nettstadene til selskapa. Dette er i tråd med det synet stortingskomiteen hadde då den siste eigarskapsmeldinga, Meld. St. 13 (2010–2011) *Aktivt eierskap. Norsk statlig eierskap i en global økonomi*, vart behandla i Stortinget.

3.10 Språkpolitikk for næringslivet og arbeidslivet

I *Mål og mening* heiter det at norske bedrifter må utvikla ein medviten parallellspråkleg politikk. Det er ingen som har undersøkt i kva grad bedriftene faktisk har gjort dette i praksis.

Mange av tiltaka i meldinga føreset at det vert utvikla eit språkpolitisk samarbeid mellom styresmaktene og næringslivet og eit større språkpolitisk medvit innanfor næringslivet. Mellom anna er det lagt opp til at det skal kunna utviklast eit språkpolitisk samfunnsansvar i arbeids- og næringslivet etter modell av miljøansvaret og det etiske ansvaret til næringslivet. Den nemnde undersøkinga frå 2009 viste rett nok at næringslivsleiarane i utgangspunktet var negative til ein slik tanke.

Eit godt utgangspunkt her kan vera den språkplakaten Språkrådet og Næringslivets

Hovedorganisasjon (NHO) saman la fram i 2009. Plakaten ligg ute på nettstaden til NHO, og det vart vist til han i samband med saka om brevet som Statoil sende til samarbeidspartnarane sine, slik det er nemnt ovanfor i avsnitt 3.3 «Bruk av norsk og engelsk i bedriftene».

Språkrådet har elles vidareført tradisjonen med å gje diplom til bedrifter som vel gode norske namn. I desember 2011 vart det delt ut diplom til bedrifter i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Sidan 2010 har Språkrådet styrkt arbeidet på felt som næringsliv, høgare utdanning og kultur med ei ekstra rådgjevarstilling.

3.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

I *Språkstatus 2011* er næringslivet definert som dei private bedriftene som driv næring, medan arbeidslivet er arbeidsplassane sedde frå perspektivet til arbeidstakarane og omfattar både privat og offentleg sektor og dessutan arbeidsplassane til sjølvstendig næringsdrivande utan tilsette. Språkrådet treng ei betre kontaktflate mot heile denne sektoren, og det bør forskast meir på språk og språkbruk i arbeids- og næringslivet i Noreg. Sjølv om Språkrådet har ein viss kontakt med bedrifter og organisasjonar i arbeids- og næringslivet, har det vore vanskeleg å knyta band til viktige støttespelarar og verkeleg få forankra det språkpolitiske arbeidet for å tryggja stillinga for norsk i sektoren. Dette kan nok ha grunnar som Språkrådet ikkje sjølv rår for, som kulturforskjellar og skilnader i arbeidsmåtar frå gammalt av.

Det trengst undersøkingar som viser kor mykje norsk og engelsk som vert nytta, og korleis bruken av bokmål og nynorsk fordeler seg, i private bedrifter.

No er det ein viktig observasjon at mange, også i næringslivet, er opne for og interesserte i det perspektivet som gjeld *integrering* på arbeidsplassane. Språkrådet får i desse dagar eit utvida ansvar for språk i Noreg, og ikkje berre for norsk. Det kan vera ein klok strategi å ta fleire initiativ i eit integrerings-, opplærings- og arbeidsrettsperspektiv overfor arbeidsgjevarar og bedrifter. Ved å ta perspektivet til arbeidstakarar på denne måten kan ein truleg lettare få gjennomslag for å sjå interessene til ulike språklege grupper i samanheng, også interessene til norskspråklege arbeidstakarar, og lettare få sett språkpolitikk meir på dagsordenen i bedriftene og konserna sjølve.

Det er behov for å trekkja alle partane i arbeidslivet med i ein vidare prosess for å utvikla ein språkpolitisk strategi for arbeids- og næringslivet.

Kjelder

Arbeidsmiljø på flerkulturelle arbeidsplasser 2010. Sluttrapport, 1. februar 2010, upublisert (Universitetet i Bergen), <http://www.afa.uib.no>

Doetjes, Gerard og Eva Thue Vold 2010. *Engelsk og andre fremmedspråk sjeldent nevnt i stillingsutlysninger*. Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa, notat 5/2010, <http://www.fremmedspraksenteret.no/index.php?ID=16375&lang=nor>

Grepstad, Ottar 2010. *Språkfakta 2010*. Nynorsk kultursentrum, <http://www.aasentunet.no/default.asp?id=10406&menu=4395>

Grepstad, Ottar 2012. *Språkfakta Sogn og Fjordane*, http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=32216F4FE2C14B8CBBA62FE58BABBEC_E.pdf

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet [utan årstal]. *Godt no(rs)k? – Om språk og integrering*, http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/PRINTVERSJON_Godt%20norska.pdf

Johansson, Stig og Anne-Line Graedler 2002. *Rocka, hipt og snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn*. Høyskoleforlaget

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og meining*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Meek, Kristine 2012. Munnleg opplysning til Språkrådet av Kristine Meek, som er ansvarleg for samfunnsansvar i Telenor Norge, 14.5.2012

(jf. <http://www.telenor.no/om/samfunnsansvar/telenoropenmindintegration.jsp>)

- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Nærings- og handelsdepartementet 2010–2011. Meld St. 13 (2010–2011) *Aktivt eierskap. Norsk statlig økonomi i en global økonomi*,
<http://www.regjeringen.no/pages/16193771/PDFS/STM201020110013000DDDPDFS.pdf>
- Nærings- og handelsdepartementet 2012. Brev til styra i selskap og statsforetak der staten ved departementet eig aksjar eller andelar, 15.3.2012
- Olje- og energidepartementet 2010. Brev til Språkrådet 25.6.2010, som svar på brev frå Språkrådet 16.6.2010
- Ree, Maiken 2010. «Livsfarlige språkproblemer på sokkelen». Nyhetsbrev frå Petromedia,
<http://www.oilinfo.no/index.cfm?event=doLink&famId=133320>
- Rosenhart, Sabine og Dag F. Simonsen 2005. *En spørreskjemaundersøkelse av språkbruk i tjue viktige norske selskaper*. Upublisert notat til strategigruppa for *Norsk i hundre!*
- Simonsen, Dag F. 2009. «En undersøkelse av holdninger til engelsk i næringslivet»,
<http://www.sprakradet.no/upload/Næringslivet/Undersøkelse%20næringsliv%20reklame%20engelsk%5b1%5d.pdf>
- Simonsen, Dag F. 2011. «Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig». *Språknytt* 1/2011, <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-12011/Motviljen-mot-engelsk-i-reklame-og-markedsforing-oket-kraftig/>
- Språkrådet 2010a. Brev til Olje- og energidepartementet om Statoil og bruk av engelsk, 16.6.2010
- Språkrådet 2010b. *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*,
[http://www.sprakradet.no/upload/Språkstatus%202010.pdf](http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf)
- Språkrådet 2011. *Språkstatus 2011. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet*,
[http://www.sprakradet.no/upload/Språkstatus%202011.%20Språkpolitisk%20tilstandsrapport%20fra%20Språkrådet.pdf](http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202011.%20Sprakpolitisk%20tilstandsrapport%20fra%20Sprakradet.pdf)
- Stangeland, Glenn 2012. «Statoil ville droppe norsk regnskap»,
http://www.offshore.no/sak/34421_statoil_ville_droppe_norsk_regnskap

4 Språk og teknologi

Språkbanken er etablert og under oppbygging og skal gje språkressursar til utvikling av norskspråklege produkt og tenester. Mange program kjem ikkje i norsk versjon. Den aukande IKT-bruken i skulen tilseier at språket i program, tenester og digitale læringsressursar for barn og unge må få større merksemd. Sidan programvare ikkje er omfatta av parallellitetskravet i opplæringslova, manglar ofte ressursar på nynorsk. Lærarar brukar PC oftare i norskfaget enn i andre fag.

4.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Innleiing (kap. 7.5.1)

Som eige språkdomene og som medium for informasjonsspreiing er informasjons- og kommunikasjonsteknologien ein sentral innfallspørt for engelskspråkleg påverknad. Det er til dømes ei utfordring både å sikra norskspråkleg programvare og norsk kvalitetsinnhald på Internett.

Tidlegare ambisjonar og tiltak (kap. 7.5.2/4)

Desse spørsmåla vart drøfta alt i ein statssekretærrapport frå 1996 og konkretiserte i ein handlingsplan for it på kulturområdet i 1997. I ei stortingsmelding same hausten vart det slått til lyd for ein nasjonal innsats for bruk av norsk språk i informasjonssamfunnet. I 2000 fekk Språkrådet oppgåva som eit fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og it.

Språkrådet la fram ein handlingsplan for norsk språk og ikt i 2001 og i 2002 ei utgreiing om samling og tilgjengeleggjering av norske språkteknologiressursar, også omtalt som ein norsk språkbank. Utanom språkbanken har eit stort spørsmål vore korleis ein kan sikra at norsk programvare til bruk i det offentlege skal vera tilgjengeleg også på nynorsk.

Ein norsk språkbank (kap. 7.5.5/6)

Utgangspunktet er språkteknologi, ein forskingsdisiplin der språkvitskap og datavitskap møtest. Produkt og tenester med innebygde dataprogram som behandlar menneskeleg språk, både tekst og tale, har alt i dag eit vidt bruksområde. Dei teknologiske løysingane er nøytrale, men dei språklege ingrediensane må skiftast ut dersom kvart språk skal få eigne versjonar. Utan norskspråklege versjonar blir teknologien dels mindre tilgjengeleg, dels vil vi bruka dei engelskbaserte løysingane, med eit alvorleg domenetap for norsk språk som resultat.

Den kritiske innsatsfaktoren for utvikling av norskspråklege versjonar er tilgang til ei tilrettelagd samling av digitaliserte norske språkressursar i form av tekst, tale og orddata. Frå ein slik nasjonal språkbank skal både næringslivsaktørar og forskingsinteresser kunna henta ut det språkmaterialet dei treng for eit aktuelt prosjekt.

Investeringane i språkbanken vart i 2002 kostnadsrekna til 100 mill. kroner, men ein førebels oppdatert gjennomgang indikerer ca. 90 mill. Kultur- og kyrkjedepartementet vil avklara organiserings- og finansieringss spørsmålet i samarbeid med andre aktuelle departement.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

4.2 Språkrådets rolle og aktiviteter

Språkrådets rolle er å setja ut i livet vedtekne språkpolitiske mål for bruken av norsk språk på informasjons- og kommunikasjonsområdet (IKT) i samfunnet. Språkrådet har derfor vore aktivt i å driva fram planane for og etableringa av ein norsk språkbank. Ein database der forskarar og produktutviklarar kan henta relevante og tilrettelagde språkressursar som dei treng til utvikling av norskspråklege produkt og tenester, er grunnlaget for at norsk språk vert bruka i IKT-samfunnet. Språkrådet har på oppdrag frå Kulturdepartementet (og Nærings- og handelsdepartementet) utarbeidd to utgåver av ein prosjektplan for ein norsk språkbank, den siste vart levert i august 2008. Arbeidet med desse planane og ansvaret Språkrådet har for språket på IKT-området, er også grunnen til at Språkrådet er representert i det faglege rådet for Språkbanken.

Språkrådet har ei brei kontaktflate inn mot programvareleverandørar og arbeider for å påverka haldningane slik at dei utviklar IKT-tenester og -produkt for den norske marknaden i begge målformer. Dei som kjøper IKT-tenester og -produkt, må vita at dei kan stilla krav til leverandørane om kva for språkversjonar produkta skal leverast med, når dei kjøper nytt (særleg gjeld dette skuleeigarar og offentlege institusjonar som bør ha parallellutgåver av alle tenester og produkt). Når det gjeld skuleverket, kan Språkrådet gje råd via Utdanningsdirektoratet om å informera skuleeigarane om mogelegheitene som finst.

Språkrådet deltek i eksterne prosjekt der resultatet skal verta eit produkt retta mot norske brukarar, og som nyttar kunnskap om norsk språk i utviklinga. Døme på dette er SMUDI-prosjektet (alternative måtar å styra datamaskinar og -tenester på) og KUBA-prosjektet (utvikling av ei kunstig barnestemme).

Språkrådet samarbeider med andre aktørar som kan hjelpa til med å skapa merksemd kring bruken av norsk språk i informasjonssamfunnet. Eit døme på det er samarbeidet med Den Norske Dataforening (DND), der utdelinga av Rosings språkpris skapar merksemd kring godt norsk språk i IKT-produkt. Det er styret i Språkrådet som nemner opp juryen og vedtek statuttane for prisen.

4.3 Norsk språkbank

Språkrådet laga i 2002 ein plan for etablering av ein norsk språkbank. Denne planen, saman med ei oversikt over eksisterande språkressursar, vart oppdatert i 2008, og ein kalkulerte då med at rundt 90 millionar kroner var nødvendig for å byggja opp eit minimum av infrastruktur for norsk språkteknologi. Planen frå 2008 vart lagd til grunn for utlysing av oppdraget med å etablere språkbanken, og Nasjonalbiblioteket fekk oppdraget av Kulturdepartementet. Frå hausten 2009 har Nasjonalbiblioteket hatt ansvar for oppbygging av språkbanken. Språkbanken har frå 2012 ikkje særskilde løyvingar frå departementet, men får midlane over det generelle budsjettet til Nasjonalbiblioteket.

Oppbygginga av Norsk språkbank har kome godt i gang. I 2011 og tidleg i 2012 byrja fleire prosjekt med innsamling og produksjon av språkressursar som trengst til språkteknologiske føremål. Språkressursane etter Nordisk Språkteknologi (NST) på Voss vart overførte frå Språkrådet og konsortiet som åtte dei, til Språkbanken og gjorde tilgjengelege der. Språkbanken har sett i gang utvikling av eit ordnett for bokmål og nynorsk, innsamling av eit nytt talekorpus og utarbeiding av eit tekstkorpus for bokmål og nynorsk som skal merkast opp for bruk i språkteknologisk forskning og utvikling. Vidare har språkbanken innleidd arbeidet med å revidera oversikta over kva materiale og kva verktøy som finst, og ser det mot den internasjonale standarden for innhald i ein språkbank, BLARK (Basic Language Resource Kit).

Ordnett er ei samling omgrep. Nettet viser korleis omgrepa høyrer saman. Ordnett er svært nyttige til utvikling av maskinomsetjing, grammatikkontrollar og når ein skal finna att informasjon i store dokumentmengder. Oppdraget er sett ut til Kaldera språkteknologi, og det skal vera avslutta ved årsskiftet 2012–2013.

Talekorpus. Det mest verdifulle av materialet etter NST er innlesen tale med manuell merking. Opptaka vart gjorde kring år 2000, og i språkteknologisk samanheng er dette gamalt meir enn eitt tiår etter. Opptaka dekkjer ikkje all uttalevariasjon i norsk, har ikkje særleg spreing i alder

på talarane, og det er ikkje lik fordeling mellom kjønna. Skal nye taletenester vera gode, må underlaga dei byggjer på, vera dekkjande for eksisterande uttalevariasjonar, og dei må vera av ny dato. Dette er ferskvare i språkteknologien. Språkbanken har sett i gang eit arbeid med innsamling av nytt talemateriale som også vil vera balansert med omsyn til alder og kjønn. Oppdraget er sett ut til Lingit AS, og opptaka byrja i januar 2012.

Eit merkt *tekstkorpus* har fleire språkvitskaplege bruksområde, og er m.a. grunnlag for utvikling av automatisk tekstanalyse. Eit tekstkorpus som vert merkt med ordklasse, bøying og syntaktisk funksjon og så kontrollert manuelt, vert gjerne kalla eit gullkorpus fordi ein i neste omgang kan nytta det til å testa og kontrollera program som brukar automatisk setningsanalyse som grunnlag for til dømes omsetjing av tekst.

Basic Language Resource Kit (BLARK) er ei enkel og skjematisk kartlegging av kva språkteknologiske ressursar og verktøy ein har, og kva ein ikkje har. Gjennom eit internasjonalt samarbeid har ein kome fram til ein standard for kva som må vera tilgjengeleg i ei språkteknologisamling for at ho skal vera fullgod infrastruktur for utvikling av språkteknologiske produkt og tenester. Språkrådet gjorde ei slik kartlegging i samband med den siste prosjektplanen for språkbanken i 2008. Språkbanken er i gang med å oppdatera kartlegginga.

4.4 Tilgang til Internett og bruk av tenester på nett

Stadig meir av den skriftlege språkbruken skjer på Internett. Ifølgje Norsk mediebarometer 2011 auka talet på daglege brukarar av Internett frå 77 prosent i 2010 til 80 prosent i 2011. Auken er særleg stor i aldersgruppene 9–15 år og 45–66 år. I 2011 hadde 92 prosent av innbyggjarane tilgang til Internett, 93 prosent hadde PC heime, og 83 prosent hadde breiband. I ei gjennomsnittleg veke i 2011 var 61 prosent av befolkninga innom nettenester som bank, nettbutikk og liknande. 51 prosent var innom eit nettsamfunn som til dømes Facebook, og 20 prosent hadde spela spel på Internett. Interessant er det å leggja merke til kjønnskilnadene: Blant gutane i alderen 9–15 år hadde 76 prosent spela spel i løpet av ei veke, medan berre 57 prosent av jentene i same aldersgruppa hadde spela. Når det gjeld bruken av nettsamfunn, er det aldersgruppa 16–24 år som står for den største aktiviteten, og her er det ingen skilnad mellom gutar og jenter: 91 prosent av jentene og 90 prosent av gutane i denne gruppa hadde vore innom eit nettsamfunn i løpet av ei veke.

Tabell 8: Del av befolkninga som hadde tilgang til elektroniske tilbod i heimen

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Heime-PC	75 %	76 %	77 %	79 %	83 %	85 %	87 %	90 %	92 %	94 %	93 %
Internett	60 %	63 %	64 %	66 %	74 %	79 %	83 %	85 %	91 %	93 %	92 %
Breiband	3 %	9 %	18 %	29 %	51 %	63 %	71 %	72 %	82 %	84 %	83 %
DVD-spelar	–	26 %	43 %	61 %	75 %	80 %	84 %	87 %	86 %	87 %	83 %
Harddisk-opptakar	–	–	–	–	–	–	24 %	26 %	29 %	38 %	41 %
DAB-radio	–	–	–	–	–	–	–	18 %	18 %	21 %	22 %

Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012

Om lag 50 prosent av heile befolkninga les no (i 2011) aviser på nettet (Statistisk sentralbyrå 2012).

Språkfakta 2010 oppgjev at rundt 5 prosent av dei norskspråklege sidene på Internett er på nynorsk, og at om lag 5 prosent av dei norskspråklege dokumenta som er indekserte og registrerte i Google og AltaVista, er på nynorsk (Grepstad 2010).

4.5 Handlingsplan for norsk språk og IKT

Språkrådets handlingsplan for språk og IKT er frå 2001. Handlingsplanen konsentrerte seg særleg om mål og tiltak for å få fleire norskspråklege program, og om tiltak for å etablera ein infrastruktur (ein språkbank) for utvikling av norske språkteknologiprodukt og -tenester. Arbeidet med ein ny handlingsplan for norsk språk og IKT har teke til. Endringane i bruken av Internett og digitale tenester gjev andre utfordringar når det gjeld dei språkpolitiske føringane for ein slik plan i 2012 enn i 2001.

4.6 Programvare i begge målformer

Kvar enkelt innbyggjar har rett til å velja om han eller ho vil ha skjema og tenester på bokmål eller nynorsk. Statlege institusjonar skal svara innbyggjarane i den målforma han eller ho brukar, når dei vender seg til institusjonen (sjå kapittel 9 «Språkbruk i statsforvaltninga»).

I *Mål og mening* drøftar ein kvifor ein må leggja til rette for at programvare ein brukar i det offentlege, bør vera tilgjengeleg i begge målformer. Kontraktane som vert bruka ved offentlege innkjøp, har per i dag ikkje med dette kravet. Det hindrar ikkje at eit slikt krav kan skrivast inn i kontrakten.

I skulen er det eit problem at programvare som er i dagleg bruk, ikkje er tilgjengeleg i begge målformer. Statlege innkjøpsreglar krev utlysing av anbod ved store innkjøp, og her kan dei som ber om tilbod, krevja at programvara eller tenesta må leverast i parallelle utgåver/målformer for å koma med i vurderinga.

Situasjonen er framleis slik at det meste av programvarene og dei fleste elektroniske tenestene er tilgjengelege berre på bokmål. Det er sjeldan leverandøren presenterer parallelle utgåver når nye versjonar kjem på marknaden. Det har likevel skjedd endringar dei seinaste fire–fem åra, og fleire program finst no i begge målformer enn til dømes rundt år 2000.

Programvare kjem ikkje inn under parallellitetskravet i opplæringslova, som seier at trykte og digitale læremiddel skal liggja føre på begge målformer til same tid og same pris.

4.7 Parallellsøk

Mål og mening drøftar kor nødvendig det er å ha søkjeprogram for parallellsøk, altså å kunna søkja på bokmål og nynorsk samstundes, i interne elektroniske arkiv og saksbehandlingssystem og for søking på Internett. Teknologien finst, men likevel er det vanskeleg å få levert slike løysingar. Her kjem problema av at offentlege innkjøparar ikkje er flinke nok til å stilla krav. Dersom kundane krev slike løysingar, og meiner at dei må ha parallellsøk, vil leverandørane måtta levera dei.

4.8 Programvare for omsetjing mellom språk

Talet på program som gjev støtte ved omsetjing mellom skriftspråk, aukar. Ingen av dei som er på marknaden, kan brukast til å laga fullverdige og korrekte omsetjingar, men dei kan bidra til at ein godt kvalifisert omsetjar kan gjera omsetjingane raskare.

For norsk finst det program som støttar omsetjing frå bokmål til nynorsk. Programma er ei god støtte når det gjeld val av ord, men gjev ikkje særleg hjelp når det gjeld ordstilling og setningsbygning. Programma er meinte å vera ei støtte for omsetjing, og dei legg til grunn at brukarane sjølve må gjera mykje. Omsetjaren må gå gjennom omsetjinga før teksten vert sedd på som ferdig. Det finst opne program, lukka kommersielle program og lukka gratisprogram for omsetjing på Internett.

Omsetjing mellom tala språk er på utprøvsstadiet. Hittil har slike tenester fyrst og fremst vore nytta på avgrensa område, til dømes på flyplassar.

4.9 Kunstige stemmer

Kunstige stemmer vert mellom anna bruka som eit hjelpemiddel av personar med nedsett taleevne. Dei kunstige stemmene vert betre og betre. Talet på stemmer aukar sakte, men sikkert. Framleis er

svært få stemmer tilgjengelege på den opne marknaden, og endå færre er bygde av norske aktørar eller har norsk språk som utgangspunkt. Dei eksisterande stemmene er vaksne stemmer, men det er i gang eit utviklingsprosjekt som skal laga ei stemme for barn. Prosjektet vert finansiert av Noregs forskingsråd og skal vera ferdig ved årsskiftet 2012–2013.

4.10 Bruk av IKT i skulen

Skulen er ein sentral arena for språklæring og språkbruk. IKT-verktøy og -tenester er i bruk på mest alle samfunnsområde, og dei spelar ei større og større rolle i skulekvardagen. Digital kompetanse er ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene som kom inn i læreplanane med Kunnskapsløftet i 2006. Elevane skal arbeida med digital kompetanse i alle fag, og det er derfor viktig at programvare og innhald finst i begge målformer.

Mange nye læringsressursar vert gjorde digitalt tilgjengelege for lærarar og elevar, og det vert teke mange initiativ til å utvikla lærestoff og gjera det tilgjengeleg på nett. Eit slikt initiativ er Nasjonal digital læringsarena (NDLA), som tilbyr fagstoff for dei fleste faga i vidaregåande skule.

Språkrådet ser ei språkleg utfordring på dette området fordi mange program ikkje kjem i norsk versjon.

Mest PC-bruk i norskfaget

Senter for IKT i utdanninga har undersøkt den digitale tilstanden i skulen i 2011 (Egeberg ofl. 2011). Undersøkinga er ei vidareføring av ITU Monitor, som vart gjennomført i åra 2003, 2005, 2007 og 2009. Undersøkingane gjev eit godt bilete av utviklinga i skulen når det gjeld skuleleiarars, lærarars og elevars bruk av IKT. Rapportane skil mellom tre hovudområde som er undersøkte: korleis skuleleiarane prioriterer, lærarane sin kompetanse og bruk av digitale verktøy, og til sist elevane sin digitale kompetanse. Resultata i Monitor 2011 viser at skuleleiarane i vidaregåande skule opplever at dei har betre tilgang på IKT-ressursar enn skuleleiarane i grunnskulen.

Skuleleiarane er generelt mindre opptekne av å heva den grunnleggjande kompetansen, men dei prioriterer pedagogisk kompetanse og bruk av fagspesifikke program. Mest alle skuleleiarane stiller krav til lærarane om bruk av IKT i undervisninga.

Funna som gjeld lærarane, viser at det på alle nivå er auke i bruken av datamaskinar i alle fag. Lærarar i vidaregåande skule brukar datamaskinen litt oftare enn lærarar i grunnskulen. Jamt over er lærarane positive til å bruka datamaskin og interaktive tavler i undervisninga. Tidlegare monitorar har kartlagt i kva grad lærarane har bruka IKT i undervisninga, og kva digital kompetanse dei har. Det er framleis store variasjonar. Lærarane i vidaregåande skule brukar datamaskinen vesentleg meir i undervisninga enn lærarane i grunnskulen. Norskfaget skil seg ut med gjennomgåande hyppig bruk av datamaskin i undervisninga.

Monitor 2011 viser at bruk av digitale verktøy og digital kompetanse får ein meir sentral plass i skulen. Bruken av digitale verktøy aukar blant elevane. Vidaregåande skule ligg langt framom grunnskulen både når det gjeld generell bruk av datamaskinar, og når det gjeld bruken i dei enkelte faga. Monitor 2011 testa den digitale kompetansen blant elevane ut frå kompetansemåla i læreplanane, og resultata tyder på skilnader i graden av digital kompetanse hos elevane. Elevane vil derfor ha ulike føresetnader for vidare skulegang og yrkesliv.

Oppslagsverk i skulen

Det mest bruka oppslagsverket i skulen er Wikipedia, som vert nytta av 85 prosent av elevane. Norsk nettleksikon, tidlegare Store norske leksikon, vert bruka av 35 prosent av elevane. Kva dette kjem av, er vanskeleg å seia noko om, men det kan vera at lærarane ikkje tipsar elevane om denne kjelda, eller at elevane er vane med å bruka andre kjelder. 46 prosent av elevane brukar lærebøker på Internett, og også her er det auke i høve til tidlegare statistikk. I vidaregåande skule er det klart mest bruk av læremiddel på nett. Heile sju av ti elevar fortel at skulen har sett grenser for kva nettsider dei får tilgang til i skuletida (Egeberg ofl. 2011).

4.11 Bruk av IKT i barnehagen

IKT-verktøy og hjelpemiddel er på full fart inn i barnehagane, og det er viktig at desse produkta har ei norskspråkleg grenseflate for brukarane. Sjølv om barn i førskulealder ikkje kan lesa, er dette ein grunnleggjande periode i språkutviklinga, og dei lærer lett. Språket i dei digitale verktøya dei nyttar, er derfor sentrale for læringa og språkmedvitet i denne aldersgruppa. Det er også viktig at personalet i barnehagane kjenner IKT-verktøya godt, og at dei er klar over korleis språket i verktøya er. Bruka på ein pedagogisk og god måte kan desse verktøya bidra til utvikling av eit godt språk.

4.12 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Revisjon av handlingsplanen for språk og IKT er oppgåva som er prioritert framover. Utfordringa med det arbeidet vert å forankra forslaga til tiltak som vedkjem andre instansar og organisasjonar enn Språkrådet. Eit tverrdepartementalt utval for språk og teknologi som nemnt i *Mål og mening* (s. 137) vil bidra til koordinering og formidling av kva tiltak ein kan, og bør, satsa på. Utvalet vil samstundes kunna bidra med nødvendig politisk forankring av tiltaka på tvers av departementa.

Når det offentlege kjøper inn programvare og andre elektroniske tenester, må det koma versjonar i begge målformer samstundes. Stoda på dette feltet bør kartleggjast.

Taletenester og kunstige stemmer er på veg inn som funksjonsval i mange produkt og tenester på den norske marknaden. Språkbanken må byggjast ut raskt for å møte behova frå produkt- og tenesteutviklarane om ikkje manglande tilgang på norske språkressursar skal verta ein flaskehals for norsk. Blant dei lydressursane som er tilrettelagde for språkteknologisk bruk, manglar det norske dialektar og variantar av norsk uttale frå personar med andre morsmål enn norsk.

Det er behov for meir kunnskap om korleis utbreiinga av nye taletenester kan påverka utvikling av ei uttalenorm for norsk. Noreg har til no ikkje hatt noka vedteken norm for uttale sjølv om nokre ordbøker har hatt tilrådingar for uttale. I tillegg er det, og har det vore, stor aksept for å bruka dialekt i offentlege samanhengar som i radio, TV, undervisning, møter og konferansar. Det er ei utfordring å skaffa dokumentasjon på i kva grad elevar (og språkbrukarar generelt) brukar og lit på stavekontrollane når dei nyttar tekstbehandlarar. Det er utvikla ein pilot for testing av stavekontrollar, og Språkrådet ser gjerne at denne vert bygd ut til ein fullgod testversjon. Ved å halda opp mot kvarandre testresultata frå dei ulike stavekontrollane og korleis elevar skriv, kan ein få ein peikepinn på kva påverknad stavekontrollen har på rettskrivinga til elevane. Frå Språkrådets undersøking av norsklærars haldning til eige fag har vi dokumentasjon på kva lærarane legg vekt på i undervisninga, og kva lærarane sjølv meiner dei kan, og kva dei meiner dei manglar av kompetanse for å kunna undervisa i norskfaget (Språkrådet 2010).

Kjelder

Egeberg, Gunstein ofl. 2011. *Monitor 2011. Skolens digitale tilstand*. Senter for IKT i utdanningen, <http://iktsenteret.no/sites/iktsenteret.no/files/attachments/monitor2011.pdf>

Grepstad, Ottar 2010. *Språkfakta 2010*. Nynorsk kultursentrum, <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Mål og mening = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Solberg, Per Olav 2012. «Bokhandlerkjeder på overtid». *Prosa*, 1/2012

Språkrådet 2010. «Norsklærarar: Ulike haldningar etter utdanningsnivå og erfaring»,

<http://www.sprakradet.no/upload/Funn%20haldnunders%c3%b8kinga.pdf>

Statistisk sentralbyrå 2012. «Norsk mediebarometer 2011. Vi ser mer på TV»,

<http://www.ssb.no/vis/emner/07/02/30/medie/art-2012-03-20-01.html>

5 Kultur og media

To utgreiingar om ei eiga norsk boklov har vore ute på høyring, og Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet arbeider no vidare med saka. Sosiale medium vert bruka meir og meir i det norske samfunnet, og sannsynlegvis skjer det språklege endringar der som gradvis kjem til å få fotfeste også utanfor desse media. Statsforvaltninga har teke i bruk sosiale medium og bør få gode råd om språkbruk og informasjon om at mållova gjeld også der.

5.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Innleiing (kap. 7.6.1)

Eit breitt og differensiert kultur- og medietilbod på norsk er grunnleggjande for å sikra nasjonalspråket. Men dei utviska grensene mellom det norske språksamfunnet og ei sterkt internasjonalisert medieverd gjev angloamerikansk kulturindustri ein påtrengjande innverknad. Utviklingstendensane er likevel ikkje eintydige.

Språkbruk i mediesektoren (kap. 7.6.2)

Framleis er fjernsynet det mest brukte mediet, og mangfaldet av kommersielle utanlandske fjernsynskanalar har auka tilbodet av underhaldningsprega engelskspråkleg programmateriale. Marknadsdelen for utanlandske kanalar i Noreg er likevel berre knapt 10 prosent.

Men angloamerikansk språk- og kulturimport skjer også gjennom dei norske kanalane. Likevel har både NRK og TV 2 meir enn halvparten norskproduserte program, og mykje er norskspråkleg også i andre norske fjernsynskanalar. Samla tilbod av norskspråkleg fjernsyn har aldri vore større, men prosentvis har det vore nedgang. Sjøarvanar vert dermed avgjerande.

I nyhendeformidling, debatt- og magasinstoff vil norsk språk vanskeleg kunna vika plassen så lenge norsk dominerer som morsmål.

Eit språkpolitisk problem for seg er mangelen på andre framandspråk enn engelsk innanfor det samla fjernsynstilbodet.

Krav til allmennkringkastarane om bruk av norsk språk (kap. 7.6.3)

Vedtekts- og konsesjonskrav om bruk av norsk språk både i fjernsyn og radio, med tilhøyrande kontroll frå Medietilsynet, garanterer det norskspråklege innhaldet innanfor dei riksdekkjande allmennkringkastarane. Det kan nemnast at kravet til NRK om å spela minst 35 prosent norsk musikk no er endra til norskspråkleg musikk.

Generelt om språk, litteratur og bibliotek (kap. 7.6.4)

Språket er også eit estetisk og kunstnarleg uttrykk, og språkleg er kunsten både kontinuitetsberar og fornyande kraft. Dei litterære klassikarane og den nasjonale songskatten held fast kvalitetane i norsk språk. Ein differensiert og levande samtidslitteratur hevdar seg godt som norskspråkleg motvekt i ein jamt skarpare konkurranse frå nye, internasjonale medieprodukt. Litteratur- og bibliotekpolitikk er eit fundament i språkpolitikken.

Språkpolitisk relevante verkemiddel i litteraturpolitikken (kap. 7.6.5)

Innkjøps- og produksjonsstøtteordningane under Norsk kulturråd er grunnleggjande verkemiddel for å sikra eit breitt utval av kvalitetslitteratur på norsk.

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur inneber at folkebiblioteka får eit gratisseksemplar av kvar påmeld vaksenbok, medan barne- og ungdomsbøkene også går til skulebiblioteka. I tillegg finst selektive innkjøpsordningar, ei for omsett skjønnlitteratur som i 2008 omfatta 90 titlar, ei for ny norsk faglitteratur for barn og unge med 25 titlar i 2008, og ei ordning for ny norsk sakprosa med 50 titlar.

Vidare har vi ei innkjøpsordning for fonogram, ei støtteordning for kulturtidsskrift, både oppstart- og produksjonsstøtte og ei selektiv innkjøpsordning, ei produksjonsstøtteordning for nynorsk litteratur og ei støtteordning for norske kvalitetsteikneseriar.

Ordninga med nullsats for meirverdiavgift på bøker representerer elles ei omfattande indirekte støtte til bokbransjen. Den privatrettslege avtalen mellom aktørane i bokbransjen basert på ei unntaksordning etter konkurranselova har som uttrykt mål å styrkja norsk språk og skriftkultur. Det er viktig at partane sikrar at avtalen fungerer slik at bokhandlar over heile landet kan by fram eit breitt utval av bøker.

Bibliotekvederlagsordninga og stipend- og garantiinntekter til kunstnarar representerer viktig støtte til norske forfattarar og verkar dermed indirekte som språkpolitiske basisordningar.

Bibliotek som språkpolitisk verkemiddel (kap. 7.6.6)

Som formidlar av språklege og litterære uttrykksformer er biblioteka viktige verkemiddel i nasjonal språkpolitikk. Utanom utlån av norskspråkleg litteratur driv folkebiblioteka ulike litterære formidlingsaktivitetar. Dei har også tilrettelagd litteratur, litteratur på samisk og viktige tilbod til framand- og minoritetsspråklege.

Særskilt om leselyst, lesestimulering og litteraturformidling (kap. 7.6.7)

Innanfor både utdannings- og kultursektoren vert det arbeidd med å stimulera til leselyst og å utvikla lesekunnskapane. Handlingsplanen Gi rom for lesing handla om å styrkja kompetansen hos lærarane i leseopplæring, litteraturformidling og bruk av skulebibliotek. Samanslutninga Leser søker bok arbeider for at det skal finnast tilrettelagde bøker slik at alle kan få tilgang til litteratur. Foreningen !les skal fremja leselyst særleg hos ungdom og unge vaksne. Andre særskilde aktørar er Norsk Forfattersentrum, Norsk barnebokinstitutt og Nynorsk kultursentrum.

Litteraturformidling står sentralt innanfor Den kulturelle skulesekken. Her må det spesielt leggjast vekt på å sikra eit tilbod på nynorsk. Utdanninga generelt er å systematisera den kompetansen og dei røynslene som finst, slik at arbeidet med lesestimulering og litteraturformidling kan styrkjast og samordnast.

Andre problemstillingar på kultur- og medieområdet (kap. 7.6.8)

Pressesøtta og momsfriftaket for aviser er viktig for å verna om eit stort og differensiert norskspråkleg tekstmedium som eit fundament for norsk skriftkultur.

Norsk språk vert også styrkt gjennom aukande digitalisering av verdifullt språkmateriale i arkiv, bibliotek og museum, gjennom auka støtte til utvikling av moderne dataspel tufta på norsk språk og gjennom større produksjon av og publikumsoppslutning om norsk film.

Norsk språk i utlandet (kap. 7.6.9)

Å fremja norsk språk og kultur i utlandet er også med på å gje språket vårt styrke og status. Ca. 140 høgare lærestader verda over har undervisningstilbod i norsk språk og norske emne.

Omsetjing av norsk litteratur og promotering av norske forfattarar i utlandet er eit anna viktig aktivitetstfelt. Her spelar institusjonen NORLA ei sentral rolle.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

5.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

På mange område av kultur- og mediesektoren har Språkrådet inga formalisert rolle og såleis ikkje så mange direkte verkemiddel. Generelt har Språkrådet rolla som høyringsinstans i språksaker og som ein institusjon som gjev språkråd, informerer om verkeområdet for mållova og fører tilsyn med at dei institusjonane som har plikt til å følgja mållova, gjer det. I tillegg samarbeider Språkrådet med aktørar innanfor kultursektoren om ulike initiativ.

Ifølgje språkreglane for NRK skal person- og stadnamn, tal og teikn skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet, og NRK skal følgja reglane for offisiell rettskriving.

5.3 Aviser

Det norske avisbiletet er i endring. Mest synleg er det at visse riksaviser har framgang, medan andre har stagnasjon eller tilbakegang. Tal frå informasjonssentralen Medienorge viser at talet på aviser har halde seg nokså stabilt eller auka litt den siste tiårsperioden, men at det samla opplaget har gått ned frå år til år, slik at nedgangen gjennom ti år er markert.

I tabellen under er *samla opplag* basert på gjennomsnittleg opplag per utgåve for aviser som kjem ut minst éin gong i veka. Søndagsutgåver er ikkje inkluderte.

Tabell 9: Tal på aviser og samla opplag 2007–2011

	2007	2008	2009	2010	2011
Tal på aviser	228	228	225	226	228
Opplag i 1000	2843	2763	2659	2572	2501

Kjelde: Medienorge 2012a, Høst 2012

I 2008 kom det ut 237 aviser i Noreg. Desse tala omfattar også periodiske publikasjonar. Dei 237 avisene hadde eit samla opplag på 2,8 millionar eksemplar. 47 (20 prosent) av avisene hadde nynorsk som formelt redaksjonsspråk, 21 (9 prosent) begge målformer og 167 (70 prosent) bokmål. Sidan aviser som brukar nynorsk redaksjonelt, er lokalviser og mellomstore aviser, ligg omfanget av stoff på nynorsk sjølvsagt mykje lågare enn talet på aviser kunne tilseia. Når det gjeld talforholdet mellom nynorskaviser og bokmålsaviser, skjer det få og små endringar frå år til år (Grepstad 2010a).

5.4 Innstillinga frå mediestøtteutvalet

Før jul i 2010 kom innstillinga frå det såkalla mediestøtteutvalet, NOU 2010: 14 *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*. Innstillinga greier ut den framtidige mediestøtta i Noreg. Utvalet skulle mellom anna drøfta forholdet mellom papiraviser og digitale medium med sikte på likestilling (plattformnøytralitet) og laga opplegg for ei pressestøtte som ikkje favoriserer den fyrste typen og diskriminerer den siste typen.

Utvalet er samd om mange sider ved mediestøtta og norsk mediepolitikk, men klara ikkje å samla seg i spørsmålet om meirverdiavgift, men la fram ei delt innstilling på dette punktet. Det eine alternativet var nullsats på pairutgåver (som no) og lågsats (8 prosent) på elektroniske medium (25 prosent i dag), det andre var lågsats på begge typene av medium.

Språkrådet uttala seg om utgreinga i eit brev til Kulturdepartementet. I brevet peikar Språkrådet mellom anna på at pressa er ein av berebjelkane i norsk skriftkultur, at språkleg kvalitet kan gjerast til kriterium for presse, og at nynorskaviser treng systematisk styrking. Særleg etterlyser Språkrådet ei klar forankring av både utgreinga og den norske mediepolitikken meir generelt i den språkpolitikken Stortinget vedtok med *Mål og mening*.

I mars 2012 sende så Kulturdepartementet ut eit høyringsnotat med utkast til forskrift om

produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, der det vert gjort framlegg om at produksjonstilskotet skal gjerast plattformnøytralt.

Våren 2012 arbeidde regjeringa vidare med spørsmålet om meirverdiavgifta og satsane ho har.

5.5 Allmennkringkasting

Mål og meining seier at omsynet til styrking av norsk generelt og nynorsk spesielt skal ha stor vekt ved forvaltning og utforming av rammevilkåra for dei norske allmennkringkastarane. NRKs egne vedtekter slår fast at NRKs tilbod i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald. Begge dei offisielle målformene skal nyttast.

NRK Fjernsynet viste i 2010 samla flest filmar frå USA med 391 filmar, og nest flest filmar frå Noreg med 105 totalt. Talet på norske filmar representerer ein monaleg auke frå året før med totalt 72 norske spelefilmar. I 2011 viste NRK 372 filmar frå USA og 101 norske filmar.

Tabell 10: Norske spelefilmar på NRK

NRK1		NRK2		NRK3	
2010	2011	2010	2011	2010	2011
62	57	35	31	8	13

Kjelde: Medietilsynet 2010a, NRK 2012

Tabell 11: Spelefilmar på NRK i 2011 (utvalde land*)

Produksjonsland	NRK1		NRK2		NRK3		Timar i alt	Tal i alt
	Timar	Tal	Timar	Tal	Timar	Tal		
USA	90	52	126	81	389	239	604	372
Noreg	81	57	47	31	18	13	146	101
Storbritannia	57	38	42	28	26	16	125	82
Frankrike	8	5	39	25	11	6	59	36
Sverige	10	7	12	10	6	4	28	21
Russland			15	11			15	11
Kina			14	8	2	2	16	10
Tyskland	2	1	14	9			16	10
Danmark	5	3	5	3	2	2	12	8
Italia			12	8			12	8
India			8	4	2	1	10	5
Japan			9	5			9	5
Island	3	4	2	1			4	5
Spania			5	3	2	1	7	4
Finland			2	2			2	2

* Tal frå dei nordiske landa og dei landa NRK har sendt flest filmar frå

Kjelde: NRK 2012

Etter Medietilsynets vurdering gjer NRK greie for stor og variert produksjon og formidling av norsk drama i radio i 2010. Også i 2010 er det sendt store dramaproduksjonar for TV, og nye er sette i

produksjon. Nettet er teke i bruk i formidlinga. Medietilsynet vurderer det slik at NRK klart innfrir kravet om å produsera og formidla norsk drama, og den monalege eigenproduksjonen bidreg til å innfri kravet om å styrkja norsk språk, identitet og kultur.

Ifølgje Medietilsynets vurdering innfrir NRK krava om å formidla norsk film og stimulera det norske filmmiljøet i 2010.

Ifølgje vedtektene til NRK skal minst 35 prosent av musikken som vert spela, vera norsk, med vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. I *Allmennkringkastingsrapporten 2010* viser NRKs eiga utgreiing til eit eige mål om at 40 prosent av musikken som vert spela, skal ha norske utøvarar og/eller opphavsmenn.

NRK gjer greie for formidlinga av norsk musikk, særleg gjennom faste program i radiokanalane P1 og P3. Kringkastingsorkesteret og overføring av konsertar med norske artistar bidreg positivt til at NRK innfrir denne delen av kravet.

Slik vurderer Medietilsynet musikk i NRK: I 2009 oppfylte NRK kravet om at 35 prosent av musikken som vert spela, skal vera norsk i alle hovudkanalane på radio, og i P1 utgjorde norsk musikk 50 prosent. I 2010 er det ein reduksjon på 6 prosentpoeng i P1, men prosentdelen norsk musikk på 44 er framleis godt over kravet på 35 prosent. I P2 er det også ein reduksjon på 6 prosentpoeng, frå 36 prosent i 2009 til 30 prosent i 2010, noko som gjer at norskdelen ligg under kravet. Men P3 har ein auke frå 35 prosent i 2009 til 39 prosent i 2010. Den gjennomsnittlege norskdelen i dei tre kanalane er 37,7 prosent, og det gjer at NRK har over 35 prosent på radioplattformar.

Tabell 12: Norsk musikk i radio i 2009 og 2010

	NRK P1	NRK P2	NRK P3
2009	50 %	36 %	35 %
2010	44 %	30 %	39 %

Kjelde: Medietilsynet 2010a og 2011

NRK gjer ikkje greie for bruken av norsk språk i radiokanalane, men Medietilsynet legg til grunn utgreiingane frå tidlegare år frå NRK om at alle radiosendingar i hovudsak er norskspråklege.

NRKs statistikk for norskspråkleg innhald i fjernsynssendingane viser at norskdelen for hovudkanalane i fjernsyn til saman utgjer 53 prosent i 2010. Dette er ein nedgang på 4 prosentpoeng frå 2009. Tala for enkeltkanalane viser at det har vore ein liten auke i NRK1 og NRK Super, men nedgangen i NRK2 og NRK3 fører likevel til ein reduksjon i den samla norskdelen for plattformar. NRK held fram i rekneskapen at meir enn 80 prosent av innhaldet på NRK Super er norskspråkleg. Etter vurderinga til Medietilsynet gjer NRK greie for ei rad norskspråklege satsingar på programtilbod og nett som samla viser at NRK har ein monaleg norsk innhaldsproduksjon som vert formidla breitt gjennom ulike medieplattformer.

NRK bør etter vurderinga til Medietilsynet arbeida for at den norskspråklege innhaldsdelen på fjernsynsplattformer ikkje vert redusert meir. Medietilsynet vurderer det likevel samla sett slik at NRK i 2010 har innfridd kravet om at tilbodet i hovudsak skal bestå av norskspråkleg innhald.

NRK innfrir ikkje kravet om at minst 25 prosent av innhaldet skal vera på nynorsk på alle plattformer i 2010.

Sjå elles omtala av nynorsk i NRK i kapittel 10 «Nynorsk».

5.6 TV 2

Når det gjeld TV 2, gjekk konsesjonen for allmennkringkasting ut ved inngangen til 2010, då bakkenettet vart fritt. Frå 2010 var TV 2 dermed ein kommersiell fjernsynskanal med konsesjon for sending via det digitale riksnettet. Denne konsesjonen, som TV 2 hadde fått på linje med andre

kommersielle aktørar, kravde altså ikkje nokon allmennkringkastingsprofil.

Den 3. desember 2010 signerte TV 2 ein avtale med Kulturdepartementet om å vidareføre TV 2 som ein kommersiell, riksdekkjande kringkastar med visse særskilde allmennkringkastingsplikter. Ifølgje avtala skal TV 2s hovudkanal i heile avtaleperioden senda norskspråklege program for barn minst ein gong i veka og norskspråklege program for unge jamleg. Norskspråklege program skal utgjera minste 50 prosent av sendetida, og begge dei offisielle norske målformene skal nyttast (Medietilsynet 2011).

5.7 Kommersielle radio- og fjernsynskanalar

I konsesjonsvilkåra for Radio Norge står det ikkje noko uttrykkjeleg om språkbruk, men det er eit overordna krav at sendingane skal bidra til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.

I *Allmennkringkastingsrapporten 2010* har Medietilsynet vurdert om Radio Norge innfrir det overordna kravet om å styrkja norsk språk, identitet og kultur. Kanalen innfridde i 2010 kravet om at 35 prosent av musikken skal vera norsk. «Norsk på norsk»-delen av musikken har auka. Kanalen kunne vidare visa til at verbaldelen av sendingane har auka, noko som er med og styrkjer norsk språk.

Medietilsynet konkluderer med at det samla sett har skjedd ei forsterking av Radio Norges bidrag til å styrkja norsk identitet, språk og kultur.

Konsesjonsvilkåra for P4 inneheld også eit overordna krav om at sendingane skal bidra til å styrkja norsk språk, identitet og kultur. Medietilsynet vurderer det slik at P4 leverer ei tilfredsstillande mengd norsk musikk, og norsk på norsk-delen vart innfridd i 2010.

Konsesjonsvilkåret set ikkje eit absolutt, kvantitativt mål for fordelinga mellom ulike målformer og/eller dialektar. Men gjennom konsesjonssøknaden har P4 forplikta seg til at 30 prosent av sendingane ikkje skal vera på bokmål. Medietilsynet meiner såleis at 30 prosent representerer ei nedre grense for den delen av sendingane som skal bestå av nynorsk og/eller andre dialektar enn austnorsk. Statistikken for 2010 viser at P4 ikkje enno har nådd dette grensenivået og altså ikkje innfrir kravet til samansetjing av målformer og dialektar fullt ut.

Medietilsynet konkluderer med at P4 har enkelte «underleveransar», men likevel bidreg til å styrkje norsk språk, identitet, og kultur (Medietilsynet 2011).

5.8 Språk i sosiale medium

I løpet av ei gjennomsnittsveke i 2011 hadde 51 prosent av befolkninga vore innom eit nettsamfunn, til dømes Facebook. Av ungdom i alderen 16–24 år hadde 91 prosent av jentene og 90 prosent av gutane vore inne på eit nettsamfunn (Statistisk sentralbyrå 2012).

I *Språkstatus 2010* er det referert følgjande opplysningar frå ei spørjeundersøking på Facebook frå 2008 (Skog 2009):

Ei spørjeundersøking om språket på Facebook frå 2008 viste at seks av ti norske Facebook-brukarar skriv meldingar på dialekt. Dei yngste er dei flittigaste dialektbrukarane. 90 prosent krydrar meldingane med teikn og smilefjes. 70 prosent av deltakarane i undersøkinga varierer språket etter kven dei skriv meldingar til. Medan ca. 80 prosent av 15-åringane skriv meldingar på dialekt, gjeld dette berre 25 prosent av gruppa 30 år og over. Vidare kjem det fram at den yngste gruppa krydrar meldingar med teikn, smilefjes og forkortingar mykje oftare enn den eldste. Studien tek føre seg 560 personar over 15 år som har profil på Facebook (Skog 2009). (Språkrådet 2010)

Det finst ikkje mykje forskning på dei nye media, men i august 2011 vart det etter initiativ frå Dansk Sprognævn oppretta eit forskingsnettverk med namnet «Nordisk sprog og sprogforståelse i de nye kommunikationsformer», NoSSinK (<http://nossink.org>). Nettverket er finansiert av Nordplus språk og kultur og nettverket for språknemndene i Norden. Nettverket har som oppgåve å samla og gjera tilgjengeleg det som finst av kunnskap på området, vera ein møtestad for nordiske forskarar og hjelpa fram ny forskning om emnet. Deltakarane i NoSSinK-nettverket er forskarar frå dei nordiske

landa: Dansk Sprognævn, Göteborgs universitet, Höskolan Väst, Universitetet i Bergen og NTNU i Trondheim. I mai 2012 lyste nettverket ut ein konkurranse om prosjektmidlar til dei beste masterprosjekta om temaet språkbruken i dei nye media og/eller den språklege normdanninga som desse nye media skapar i dei nordiske språksamfunna. Det skal kårast tre vinnarar som får prosjektmidlar; éin frå Danmark, éin frå Sverige og éin frå Noreg.

Statsforvaltninga har teke i bruk sosiale medium, og i samband med det har det dukka opp nye problemstillingar. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har laga ei generell rettleiing for staten i bruk av sosiale medium. I rettleiinga vert statsorgana mellom anna rådde til å laga eigne retningslinjer. I avsnittet om kva dei bør innehalda, er språk nemnt, men det finst ingen eigne råd for språkbruk. Språkrådet rår offentlege institusjonar til å skriva uformelt, men utvitydig i sosiale medium. Språket skal vere korrekt og mållova gjeld òg når statsorgan skriv i sosiale medium.

5.9 Kinofilm

Ifølgje *Mål og meining* skal det vera eit basiselement i norsk filmpolitikk å styrkja norsk språk. Det har aldri før kome så mange norske filmar som det gjorde i 2011. Det kom 33 norske filmar, det vil seia ein marknadsdel på 24,5 prosent. Målsetjinga til regjeringa om at norsk film skal ha ein marknadsdel på 25 prosent, er altså så å seia nådd i 2011.

Tabell 13: Norske filmar 2005–2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Tal på norske premierar	21	22	22	22	23	26	33
Marknadsdel, norske filmar	12,2 %	16,1 %	16,4 %	22,4 %	20,6 %	23,3 %	24,5 %

Kjelde: Film & Kino 2011

I november 2011 endra Kulturdepartementet forskrifta om tilskot til audiovisuelle produksjonar og innførte krav om obligatorisk teksting. No er det slik at alle spelefilmar som tek imot statstilskot etter 1. januar 2012, skal vera teksta når dei kjem på kino (forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjonar).

5.10 Språk, litteratur og bibliotek

Mål og meining, saman med to andre stortingsmeldingar frå Kultur- og kyrkjedepartementet, St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* og St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*, legg vekt på kor viktig språket og litteraturen er for utviklinga av demokrati og velferd, næringsliv, helse, læring, integrering og utvikling av kulturen i landet. Meldingane understrekar at det ikkje er nok å produsera god litteratur, litteraturen må òg formidlast til folket slik at alle kan ta del i kulturell nyskaping og språkleg vidareutvikling. Biblioteka og digitalisering av den litterære arven er heilt sentrale tiltak i dette arbeidet.

Bøker

Den norske Forleggerforening utarbeider årleg bransjestatistikk over bokomsetninga i Noreg. Det var 90 medlemsforlag i foreininga ved utgangen av 2010. For sakprosa viser tala ein nedgang i talet på utgjevingar. Likevel er det ein positiv tendens for norsk sakprosa for barn, der det dei siste åra er ein auke i talet på nye titlar etter ein nedgang fyrst i perioden. Tabellen under omfattar berre bøker som er utgjevne av forlag som er med i Forleggerforeninga. Han gjeld altså ikkje alle norske forlag.

Tabell 14: Sakprosa. Nye titlar

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Norsk sakprosa for vaksne	701	707	602	695	668	688	661
Omsett sakprosa for vaksne	669	567	499	500	449	457	443
Norsk sakprosa for barn	85	64	46	55	53	70	83
Omsett sakprosa for barn	140	119	100	127	156	79	97

Kjelde: Den norske Forleggerforening 2010

Når det gjeld skjønnlitteratur for vaksne, ser talet på nye titlar ut til å halda seg nokolunde jamt. Norsk skjønnlitteratur for barn har ein auke i talet på nye titlar. Og det same gjeld omsett skjønnlitteratur for barn.

Tabell 15: Skjønnlitteratur. Nye titlar

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Norsk skjønnlitteratur for vaksne	277	285	274	274	275	314	313
Omsett skjønnlitteratur for vaksne	320	347	323	352	279	325	312
Norsk skjønnlitteratur for barn	186	217	224	239	233	344	282
Omsett skjønnlitteratur for barn	306	322	359	366	333	326	379

Kjelde: Den norske Forleggerforening 2010

Bokavtala og høve til fastprissamarbeid

Med heimel i forskrifter som gjev unntak frå konkurranselovera, har dei norske forlaga til no hatt høve til å samarbeida om prisen på bøker. Ved utgjevinga har dei sett ein fastpris, som boka så må seljast til i ein periode som varierer frå nokre månader til mest eitt og eit halvt år. Det har vore semje om at denne ordninga har medverka til ein brei og god norsk litteratur.

Vinteren 2010–2011 kom det framlegg frå leiaren i familie- og kulturkomiteen på Stortinget om ei eiga norsk boklov, og Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet sette så i gang eit utgreiingsarbeid. Våren 2012 var to utgreiingar om ei boklov, Oslo Economics ofl. 2012 og Rønning ofl. 2012, ute på høyring, og dei to departementa arbeider no vidare med saka.

Ei norsk boklov kjem etter alt å dømme til å krevja obligatorisk fastpris på bøker dersom det vert vedteke ei slik lov. Den generelle bakgrunnen for framlegget er den nye og uvisse situasjonen på bokmarknaden som utviklinga av e-bøker har skapa, både i Noreg og andre land. Meir konkret spelar det ei rolle at EU ikkje ynskjer regulering av marknader gjennom avtaler om fastpris. Mange EU-land har vedteke boklover ganske nyleg.

Meiningane om fastpris eller fripris er svært delte, og dette har ført til ein engasjert debatt om kulturpolitikk, bokpolitikk og verkemiddel (sjå omtale òg i kapittel 2 «Språkbruk i høgare utdanning og forskning»).

Språkrådet uttala seg om høyringane og var ope for å innføra ei boklov, men meinte at styresmaktene må koma tilbake med eit konkret lovutkast før det er råd å ta endeleg stilling. I høyringsfråsegna la Språkrådet spesielt vekt på at fagbøker og lærebøker for høgare utdanning er i ei utsett stilling, mellom anna fordi dei politisk-administrativt vert behandla separat, og at dei må tryggast same kva konklusjonen elles vert (Språkrådet 2012).

5.11 Språk i populærmusikk

Språkrådet utførte i 2009 i samarbeid med Synovate og artistorganisasjonen Gramart ei spørjeundersøking om kva stilling norsk språk har i populærmusikken. Det var to undersøkingar, ei blant bransjemedlemmer og ei blant befolkninga. Undersøkinga blant bransjemedlemmene viste at det er meir vanleg å syngja på engelsk enn på norsk. 16 prosent av dei spurde medlemmene syng berre på norsk, medan 38 prosent syng berre på engelsk. Eit interessant funn er dessutan at heile 28 prosent av medlemmene har endra språk i løpet av karrieren. 20 prosent har endra språk frå engelsk til norsk, medan 10 prosent har endra frå norsk til engelsk. Det kan signalisera at norsk språk, eller musikk på norsk, er i ferd med å få ein sterkare posisjon også i musikkbransjen (Synovate 2009).

5.12 Digitalisering

Mål og mening la opp til ei nærare vurdering av korleis digitalisering og ulike former for digital formidling kan bidra til å styrkja interessa for god litteratur og kvaliteten og verdien i norsk språk og dei to norske skriftkulturane. Her har no Nasjonalbiblioteket med si etablering av nettstaden www.bokhylla.no gjort 48 000 bøker allment tilgjengelege på Internett. I tillegg har Nasjonalbiblioteket meir enn 10 000 bøker i NBdigital som kan lastast ned som PDF-filer. Også etableringa av Språkbanken skal bidra på dette punktet.

5.13 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er nemnd særskilt i *Mål og mening*. Den kulturelle skulesekken er eit offentleg tiltak som har desse måla:

- medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- verka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av læringsmåla i skulen

I St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida* er det slått fast at Den kulturelle skulesekken har eit særleg ansvar for å formidla kunst og kultur på nynorsk. Dette er grunngeve med eit ynske om å styrkja nynorsk, som den minst bruka målforma (s. 44). Den kulturelle skulesekken er i hovudsak finansiert av spelemiddel frå Norsk Tipping. For skuleåret 2011–2012 er budsjettet på 167 millionar kroner, den same løyvinga som året før.

Norsk kulturråd er sekretariat for ordninga, medan det er fylkeskommunane og Rikskonsertane som forvaltar midlane. I tildelingsbrevet til fylkeskommunane for skuleåret 2011–2012 er det slått fast at ordninga skal bidra til å styrkja norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Kulturdepartementet legg særleg vekt på satsing på nynorsk innanfor Den kulturelle skulesekken. I brev til fylkeskommunane frå Kulturdepartementet (9. juni 2010) står det: «For å styrke den språklige identiteten til elevene er det viktig at fylkeskommunene har et språkpolitisk perspektiv i den videre utviklingen av Den kulturelle skulesekken. Det er et mål å styrke både norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Det er derfor ønskelig med et visst tilbud på nynorsk også for elever med bokmål som hovedmål.» Den kulturelle skulesekken vart sist evaluert i 2006.

5.14 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Bruken av norsk generelt og nynorsk spesielt er under press i mange delar av kulturlivet. Språkbruken er regulert berre i avgrensa delar av sektoren. Derfor er det nødvendig å setja i verk stimuleringsiltak som kan sikra bruken av norsk andsynes engelsk og å sikra stillinga til nynorsken. Både offentlege og private aktørar bør trekkjast med i eit slikt arbeid.

Det trengst meir kunnskap om korleis språk vert bruka i sosiale medium, og kva dette fører til. Språkrådet bør syta for at prinsippa i mållova vert tekne inn i ei rettleiing for statsorgan om språkbruk i sosiale medium, eventuelt i tillegg til nokre råd om god språkbruk.

Kjelder

- Den norske Forleggerforening 2010. «Bransjestatistikk 2010»,
http://www.forleggerforeningen.no/nor/media/files/bransjestatistikk_for_2010
- Film & Kino 2010. «Årboknummer 2010. Tallenes tale. Alt om film og kino i Norge»,
http://www.kino.no/migration_catalog/article964013.ece/BINARY/Film+%26+Kino+-+%C3%85rbok+2010
- Film & Kino 2011. «I endring. Årsmelding 2011»,
http://www.kino.no/migration_catalog/article1001431.ece/BINARY/%C3%85rsmelding+2011_Endelig_tilpasset+pdf
- Forskrift 7. september 2009 nr. 1168 om tilskudd til audiovisuelle produksjoner,
<http://www.lovdatabank.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20090907-1168.html>
- Grepstad, Ottar 2010a. *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Oslo
- Grepstad, Ottar 2010b. *Språkfakta 2010*. Nynorsk kultursentrum,
<http://www.aasentunet.no/default.asp?id=10406&menu=4395>
- Høst, Sigurd 2012. *Avisåret 2011*. Rapport 29/2012. Høgskulen i Volda og Møreforskning,
http://medienorge.uib.no/files/Eksterne_pub/Avisaaret-2011.pdf
- Kringkastingsringen 2012. «Statistikk for NRK», <http://www.kringkastingsringen.no/statistikk-nrk>
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2008–2009a. St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*,
<http://www.regjeringen.no/pages/2176506/PDFS/STM200820090023000DDDPDFS.pdf>
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2008–2009b. St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*,
<http://www.regjeringen.no/pages/2176228/PDFS/STM200820090024000DDDPDFS.pdf>
- Kulturdepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),
http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Kulturdepartementet 2010. NOU 2010: 14 *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*,
<http://www.regjeringen.no/pages/14757510/PDFS/NOU201020100014000DDDPDFS.pdf>
- Kulturdepartementet 2012. «Pressestøtte blir mediestøtte». Pressemelding nr. 25/12, 29.3.2012,
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/pressestater/pressemeldinger/2012/pressestotte-blir-mediestotte.html?id=677308>
- Medienorge 2012a. «Antall aviser og samlet opplag»,
<http://www.medienorge.uib.no/?cat=statistikk&medium=avis&queryID=361>
- Medienorge 2012b. «Om medienorge», <http://www.medienorge.uib.no/?cat=om>
- Medietilsynet 2009. *Allmennkringkastingsrapporten. Kringkastingsåret 2009. Delrapport 1 – NRK*,
http://www.medietilsynet.no/Global/Publikasjoner/Allmennkringkastingsrapport%202009/Allmennkringkasting_2009_Del_I.pdf
- Medietilsynet 2010a. *Allmennkringkastingsrapporten. Kringkastingsåret 2010. Radio Norge, P4 og NRK*,
http://www.medietilsynet.no/Documents/Tema/Allmennkringkasting/2011/110606_Allmennkringkastingsrapporten2010_net.pdf
- Medietilsynet 2010b. «Misforståelser om TV 2-konsesjon»,
<http://www.medietilsynet.no/no/Nyheter/Nyhetsarkiv/Nyheter-2010/April-2010/Misforstaelser-om-TV-2-og-konsesjon>
- Medietilsynet 2011. «Avtale mellom staten ved Kulturdepartementet og TV 2 AS om status som formidlingspliktig allmennkringkaster»,
http://www.medietilsynet.no/Documents/Tema/Allmennkringkasting/2011/101203_TV2-avtalen.pdf
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

- <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- NRK 2009. «Vedtakter for NRK AS», <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438>
- NRK 2011. *Årsrapport 2010*, <http://www.nrk.no/aarsrapport/2010/assets/pdf/nrk-aarsrapport-2010.pdf>
- NRK 2012. *Årsrapport 2011*, <http://www.nrk.no/aarsrapport/2011>
- Oslo Economics ofl. 2012. *Utredning om litteratur- og språkpolitiske virkemidler. Utarbeidet for Kulturdepartementet*. Oslo Economics, Simonsen advokatfirma og Oeconomica, http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernabdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_om_litteratur-og_spraakpolitiske_virkemidler_2012.pdf
- Rønning, Helge ofl. 2012. *Til bokas pris. Utredning av litteraturpolitiske virkemidler i Europa*. Overlevert til Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet 15.2.2012, http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernabdelingen/Rapporter_Utredninger/Utredning_av_litteraturpolitiske_virkemidler_i_Europa_2012-2.pdf
- Skog, Berit 2009. «Språket på Facebook». *Språknytt* 1/2009, <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraknytt-12009/Spraket-pa-Facebook/>
- Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*, <http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>
- Språkrådet 2011. Brev til Kulturdepartementet om utgreiinga frå mediestøtteutvalet, 18.4.2011
- Språkrådet 2012. «Høringsuttalelse om utredninger av litteratur- og språkpolitiske virkemidler». Brev til Kulturdepartementet, 16.4.2012, http://www.regjeringen.no/pages/36742574/Litteratur_og_spraakpolitiske_virkemidler_9_Sprakradet.pdf
- Statistisk sentralbyrå 2012. «Norsk mediebarometer 2011. Vi ser mer på TV», <http://www.ssb.no/vis/emner/07/02/30/medie/art-2012-03-20-01.html>
- Synovate 2009. «Kartlegging av bruk og omdømme av norsk språk i dagens musikk-Norge» (upublisert rapport)

6 Språkleg dokumentasjon

Nynorskversjonen av Wikipedia har auka prosentvis dobbelt så mykje som bokmålsversjonen sidan 2011. Nasjonalbiblioteket har den største digitalt tilgjengelege norske språksamlinga. Språkrådet ynskjer at både Norsk Ordbok og Det Norske Akademi's store ordbok skal verta ferdige i 2014. Det er behov for betre ordbøker for romani og kvensk. Det var 21,1 millionar (bokmål) og 14,4 millionar (nynorsk) søk i Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett i 2011.

6.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Generelt (kap. 8.3.1)

Dokumentasjon av den språklege tradisjonen og samtidsspråket i levande bruk har både språkpolitisk og kulturhistorisk verdi.

Språksamlingar (kap. 8.3.2)

Verdifulle forskings- og dokumentasjonsressursar i form av gamle, papirbaserte språksamlingar har i dag usikre fysiske og driftsmessige rammevilkår m.a. innanfor universitetssystemet. Samlingane er ikkje alltid tilgjengelege, og vidare innsamlingsarbeid er innstilt. Noko er tidlegare digitalisert, men det trengst ei meir systematisk vidareføring av digitaliseringsarbeidet.

Innsamling av stadnamn (kap. 8.3.3)

Eit materiale med spesiell språkvitskapleg og kulturhistorisk dokumentasjonsverdi er gamle stadnamn. Eksisterande stadnamnsamlingar av varierende kvalitet er resultat av eit mangslunge innsamlings- og registreringsarbeid frå 1920-åra og framover. Men i delar av landet er lite samla inn, og etter 1990 har det vore vanskeleg å finansiera nemnande innsamlingsarbeid. Mange stadnamn går no i gløymeboka etter kvart som dei siste tradisjonsberarane fell ifrå. Utan ei snarleg løysing risikerer vi eit uerstatteleg kulturtap.

Ordbøker og andre leksikalske oppslagsverk (kap. 8.3.4)

Ordbøker og leksikalske oppslagsverk er viktig skriftkulturell infrastruktur.

Internett har endra marknadsvilkåra for leksikonverk. Difor krev tilgang til kvalitetssikra kunnskap og norsk formidlingsspråk i dag eit nasjonalleksikon i digital grunnform.

Som ordbokland er ikkje Noreg av dei mest avanserte, men vi har også ein særleg innfløkt språksituasjon å dokumentera.

Utanom eksisterande skuleordbøker trengst det fleire større ordbøker mellom norsk og ulike framandspråk, m.a. for å dokumentera norsk språk i internasjonal kontekst.

Det trengst også fleire norskspråklege spesialordbøker. Viktigast er likevel allmennordbøkene, frå rettskrivingsordlister til skulebruk via eittbands definisjonsordbøker til bandsterke, vitskaplege dokumentasjonsordbøker. Dokumentasjonsordbøker er grunnleggjande kjelde- og referanseverk som det tradisjonelt har teke fleire generasjonar å fullføra. I dag kan dei redigerast og gjerast tilgjengelege i elektronisk form.

Spesielt om Norsk Ordbok (kap. 8.3.5)

Elektronisk redigering, stram prosjektreorganisering og sterk opptrapping av det statlege tilskotet gjer at

ordbokprosjektet Norsk Ordbok, påbyrja sist i 1920-åra, no kan fullførast i 2014. Verket gjev ei uttømmende framstilling av ordtilfanget i nynorsk skriftspråk og norske dialektar, og kombinasjonen av skriftspråk og talemål gjer dette verket unikt i europeisk samanheng.

Nærare om dokumentasjonen av bokmål (kap. 8.3.6)

Det einaste komplette norske, vitskaplege ordbokverket i dag er Norsk Riksmålsordbok. I regi av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur blir det arbeidt med ei revidert, oppdatert og utvida utgåve. Ved Universitetet i Oslo er det bygd opp eit tekstkorpus med sikte på eit anna dokumentasjonsprosjekt, spesielt innretta mot moderne bokmål.

Prosjekta har ulikt tyngdepunkt, men også grenseflater. Prinsipielt vil ikkje departementet favorisera det eine framfor det andre, men framdriftsstatus og tidlegare tilsegner gjer at den økonomiske medverknaden må konsentrerast om det førstnemnde.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

6.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet eig Bokmålsordboka og Nynorskordboka og Norsk ordbank saman med Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo (UiO). Det meste av vedlikehaldet av desse ressursane skjer ved UiO, men Språkrådet ser til at ordbøkene er i tråd med gjeldande rettskrivingsnormer. Mellom anna gjennom desse ordbøkene informerer Språkrådet om gjeldande norm. Språkrådet har òg vore med i arbeidet med ei nyordsbok som kjem i løpet av 2012. Språkrådet godkjenner ordlistar osv. til skulebruk, sjå kapittel 7 «Rettskrivingsnormer og språkutvikling».

6.3 Språksamlingar og digitalisering

Mål og meining tok opp stoda for sikring, digitalisering og tilrettelegging av språksamlingane til universiteta (m.a. i punkt 8.3.2 og tiltak 3 i kapittel 8.7). Utsiktene til å få skipa eit nasjonalt digitalkorpus med dialektilfang vart nemnde. Det finst i dag fleire halv- og heildigitaliserte delsamlingar (m.a. under Eining for digital dokumentasjon, UiO), men noko samla nasjonalt digitalt dialektkorpus finst enno ikkje.

Nasjonallbiblioteket har fått i oppdrag å byggja opp og leggja til rette språkressursar som skal inngå i Norsk språkbank (sjå kapittel 4 «Språk og teknologi»). I seg sjølv utgjer «Det digitale Nasjonallbiblioteket» no den største digitalt tilgjengelege norske språksamlinga, med både lyd og tekst. Der kan ein søkja i over 48 000 titlar, og sidan 2009 er 75 prosent av verka vitja av brukarar. Nasjonallbibliotekets nettstade www.bokhylla.no er allereie ei god kjelde til ord- og uttrykkshistorie, og med meir tilrettelegging har samlinga stort språkvitskapleg potensial. Ei anna viktig tekstkjelde er medieovervakingsbyrået Retriever, som er ått av NTB og det svenske Tidningarnas Telegrambyrå.

Dei fleste store språksamlingar som er klargjorde til forskning, skriv seg frå universiteta. Nyare korpustilskot er mellom anna Leksikografisk bokmålskorpus og Det nynorske tekstkorpuset, begge ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved UiO. Ein del norsk målføretilfang er gjort digitalt tilgjengeleg i eit nordisk dialektkorpus under det nordiske paraplyprosjektet Skandinavisk dialekt syntaks.

To store edisjonsfilologiske prosjekt digitaliserer for tida store mengder stoff: «Henrik Ibsens skrifter» (nye tekstar kjem løpande på ibsen.uio.no) og «Ludvig Holbergs Skrifter» (samarbeid mellom Universitetet i Bergen (UiB) og Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, gandalf.uib.no/Holberg).

6.4 Leksikon

Per april 2012 var talet på norskspråklege Wikipedia-artiklar om lag 418 000. Talet på bokmålsartiklar har auka med drygt 38 000 sidan 2011. Nynorsksida har auka med 17 000. Den prosentvise auken er dobbelt så stor på nynorsksida (26 prosent) som på bokmålssida (13 prosent). Samisk Wikipedia har om lag 4200 artiklar.

Tabell 16: Tal på artiklar i Wikipedia

	1.1.2010	14.4.2011	16.4.2012
Nynorsk	53 000	65 000	82 000
Bokmål	241 000	298 000	336 000
Samisk			4200

Norsk nettleksikon er eit fritt tilgjengeleg leksikon som byggjer på Store norske leksikon, Store medisinske leksikon og Norsk biografisk leksikon. Den 20. mars 2012 vart leksikonet lansert på ny plattform. Leksikonet har 230 000 artiklar. Norsk nettleksikon har artiklar på både bokmål og nynorsk.

Nettleksikonet Allkunne er i ferd med å utvikla seg frå eit verk om nynorsk kulturhistorie til eit allment oppslagsverk på nynorsk, særleg etter at dei hausten 2011 tok til å leggja omsette artiklar frå Caplex nettleksikon inn i basen ved sida av ei aukande mengd nyskrivne artiklar om ymse emne.

6.5 Norsk Ordbok 2014

Prosjektet «Norsk Ordbok 2014» er i rute med det store ordbokverket over norske dialektar og det nynorske skriftspråket (jf. tiltak 6 i kapittel 8.7 i *Mål og mening*).

Rettskrivningsnemnda for nynorsk ynskte å bruka eit stort tekstkorpus i arbeidet med ny nynorsknormal. Nemnda bruka det eksisterande nynorskorpuset ved Universitetet i Oslo og fekk utvida korpuset frå ca. 40 millionar til mest 86 millionar ord. Nemnda er ferdig med arbeidet, men Norsk Ordbok 2014 (og andre) kan bruka heile tilfanget i korpuset i vidare arbeid. Korpuset er tilgjengeleg for alle på Internett (no2014.uio.no/korpuset).

6.6 Dokumentasjonen av bokmål

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur i samarbeid med Kunnskapsforlaget har i fleire år arbeidd med ei revidert og oppdatert utgåve av *Norsk Riksmålsordbok* (som tel fire bind frå 1937–1957 og to supplementsbind frå 1996). Det nye verket heiter *Det Norske Akademis store ordbok* og skal vera ferdig i 2014. Språkrådet har uttrykt støtte til at dette arbeidet skal verta ferdig i tide.

Ved UiO har ein òg arbeidd med å dokumentera (moderne) bokmål. I *Mål og mening* vert miljøa ved UiO og rundt *Det Norske Akademis store ordbok* oppmoda om å samarbeida. Dette samarbeidet er no i gang, og prosjektet «Bokmålets og riksmålets orddatabase» (BRO) har fått ei intensjonsavtale på plass og har fått tilskot frå Kulturdepartementet til eit forprosjekt i 2012. Dette er viktig for å få dokumentert moderne bokmål.

6.7 Teiknspråkordbøker

Ei norsk teiknordbok er under utvikling og ligg på www.tegnordbok.no, og i tilknytning til denne er det òg laga ei ordbok til mobiltelefonar (ein applikasjon til iPhone og ein variant som kan brukast i nettlesarar på smarttelefonar). Det er Møller-Trøndelag kompetansesenter som er ansvarleg for prosjektet på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Sjå elles kapittel 12 «Andre språk enn norsk».

6.8 Dokumentasjon av romani

Det er lite ordboksarbeid som er gjort i dei seinare åra for romani, men professor Rolf Theil ved Universitetet i Oslo samarbeider med Taternes landsforening om ei bokutgjeving i 2012. Det er truleg behov for eit større ordboksverk som kan byggja på Ragnvald Iversens *The Romany Language in Norway* frå 1944.

Når det gjeld standardiseringsarbeid, er det allereie laga skriftprøver for romani i samarbeid med enkelte av språkbrukargruppene. Eit standardiseringsarbeid må verta fullført i samarbeid med språkbrukarane sjølve.

6.9 Dokumentasjon av kvensk

Ordbokssituasjonen for kvensk er mangelfull. Nettstaden til Kvensk institutt (www.kvenskinstitutt.no) har ei ordliste med om lag 4700 kvenske oppslagsord. Vappu Pyykkö har laga ordlister til Alf Nilssen-Børsskogs to fyrste romanar.

Det er laga tekstar, lydfiler og grammatikk til eit studium i kvensk språk (også kvensk kultur og litteratur) på Universitetet i Tromsø (UiT). Grammatikken er omsett til norsk, og studiet byrjar att hausten 2012. UiT skal, om søkinga er god nok, utvida studiet til bachelornivå.

På denne sida er det samla stoff om kvensk i skulen og på universitet og høgskular:

kvenskiskolen.wikispaces.com/home.

Nauhoitearkisto (SKNA) / Det finska bandarkivet har meir enn 400 timar opptak med kvenskspråklege dialektar frå Troms og Finnmark. Opptaka er frå perioden 1959–1971. Kvensk institutt har fått digitalisert over 233 timar av dette, og ein liten del er transkribert. Materialet er tilgjengeleg for forskarar og slektningar til informantane.

Universitetet i Oslo ved Pia Lane stod for prosjektet Ruija-korpuset, som vart lansert for eit par år sidan. Materialet ligg i Talemålsarkivet og omfattar opptak frå Bugøynes (Sør-Varanger) og Porsanger frå perioden 1960–2009, til saman 76 timar.

Arbeidet med standardisering av kvensk er kome langt. Det finst ein eigen database for kvenske stadnamn: www.kvenskestedsnavn.no. Den store finske dialektordboka *Suomen murteiden sanakirja* har ein god del kvenske ord frå eige arkiv (SMS-arkivet). Ordboka har åtte bind, resten kjem på nett (kaino.kotus.fi/sms). Kvensk er éitt av språkvala på NRK og Meteorologisk institutts vêrvarslingsnettstad yr.no.

Det går føre seg to prosjekt som skal verta ferdige i 2013–2014. Eira Söderholm (UiT) arbeider med ein kvensk grammatikk for skulen og språkkurs med midlar frå Kvensk institutt. Fylkesmennene i Troms og Finnmark har gjeve midlar til eit læreverk i kvensk for 3. og 4. årstrinn. Prosjektet vert leidd av Porsanger kommune, og forfattar er Agnes Eriksen.

6.10 Norske ordbøker på nettet

Språkrådet eig nettutgåvene av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (www.nob-ordbok.uio.no) saman med Institutt for nordiske og lingvistiske studium ved Universitetet i Oslo. I 2010 vart det lansert eit nytt grensesnitt for ordbøkene for at sidene skulle verta meir brukarvenlege og moderne. Bruken av ordbøkene aukar stadig.

Tabell 17: Søk i Bokmålsordboka og Nynorskordboka 2008–2011 (millionar)

	2008	2010	2011
Bokmålsordboka	14,8	17,2	21,1
Nynorskordboka	10,7	12,6	14,4

Kjelde: Eining for digital dokumentasjon, UiO

I 1981–1988 gav Det Danske Sprog- og Litteraturselskab ut ei ordbok over Ludvig Holbergs språk, *Holberg-Ordbog. Ordbog over Ludvig Holbergs Sprog* (opphavleg eit dansk–norsk prosjekt). Denne ordboka er no tilgjengeleg på Internett og kan vera av interesse også i Noreg (www.holbergordbog.dk).

Det nordiske samarbeidsprosjektet LEXIN (decentius.hit.uib.no/lexin.html) tilbyr gratis søk i ordbøker frå norsk (i alt 35 nettordbøker og 16 ulike språk), og ordbøker for fleire språk er under planlegging. Målgruppa er innvandrarar og flyktningar: «Det norske LEXIN- prosjektet bygger på det originale LEXIN-konseptet som ble utviklet og fullfinansiert av den svenske stat fra 1970-tallet og utover, for å forsøke å hjelpe innvandrere å lære svensk raskere og mer effektivt.» (Rambøll 2012, s. 5)

Det finst òg andre intranordiske ordbøker på nettet i tillegg til ein samisk orddatabase med omsetjing til fleire skandinaviske språk (www.risten.no).

Det er fleire andre betalingstenester og fritt tilgjengelege ordkjelder på Internett. Wiktionary (no.wiktionary.org) er ei brukarlagd ordliste med over 127 500 norske ord. Her kan det leggjast inn svært mykje nyttig informasjon om og koplingar mellom orda (og mellom ulike språk), men kvaliteten er førebels svært varierende.

Dei vitenskaplege språksamlingane ved universiteta vert jamleg supplerte med nye ordsamlingar, både elektroniske og trykte.

I mars 2012 lanserte Norsk Ordbok 2014 nye nettsider med ein digital versjon av ordboksverket, slik at ein no kan søkja gratis i ordboka (no2014.uio.no). Førebels kan ein søkja i ord frå bokstaven I til oppslagsordet *skodda*. Det er den delen av verket som er skriven i eit moderne elektronisk redigeringsformat. All redigering framover skjer i dette formatet, så nettversjonen vert oppdatert når det kjem nye bind. Ordboka frå A til H (altså den delen som er redigert før ein tok i bruk nye redigeringsverktøy) må leggjast inn i det elektroniske formatet før det kan verta søkbart i den digitale versjonen av verket. Dette er ein så stor jobb at ein ikkje får gjort det i prosjektperioden.

I tillegg finst det ei rekkje private ordboktenester på Internett, både gratistenester og ulike betalingsløysingar.

6.11 Råd om stadnamn

Stadnamntenesta til Språkrådet skal fyrst og fremst gje råd til offentlege organ om skrivemåten av stadnamn etter lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova). Alle statlege, fylkeskommunale og kommunale organ som skal vedta skrivemåtar av stadnamn, skal leggja saka fram for stadnamntenesta. Stadnamntenesta er delt inn i fire område: stadnamntenesta for Nord-Noreg, stadnamntenesta for Midt-Noreg, stadnamntenesta for Vestlandet og stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka. I tillegg finst ei eiga stadnamnteneste for kvenske stadnamn.

I 2011 gav dei regionale stadnamntenestene tilråding om skrivemåten av om lag 4900 namn. Det er ein auke på om lag 900 namn samanlikna med 2010. Dei fleste namnesakene var adressenamn (namn på gater og vegar). Dette er ikkje uventa, ettersom forskrifta til den nye lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova), som tok til å gjelde 1. januar 2010, krev at kommunane innan 2015 gjennomfører systemet med vegadresser.

Sidan 2008 har Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka vore engasjert i Oslo kommunes «Prosjekt gatenavn i Oslo». Prosjektet har hatt som mål å få eit korrekt gatenamnregister, å retta feil og inkonsekvensar på skilt, og å utarbeida nye retningslinjer for namnsetjing i Oslo kommune. Bakgrunnen for prosjektet var at Oslo ikkje har eit korrekt gatenamnregister, og at instruksen frå 2000 for namnsetjing av gater, vegar, plassar osv. er mangelfull. Prosjekt gatenavn i Oslo vart avslutta i november 2011. Resultatet av prosjektet var at eit oppdatert gatenamnregister for Oslo vart overlevert til plan- og bygningsetaten, og at eit forslag til ny instruks for kommunal namnsetjing i Oslo, avslutningsnotat frå prosjektgruppa og ei liste med

gatenamn som prosjektgruppa meiner bør endrast, vart sende til kommunaldirektøren ved byrådsleiarens kontor.

Klagenemnda for stadnamnsaker har hatt eitt møte i 2011 og behandla 9 saker med til saman 30 enkeltnamn. For fyrste gong var adressetilleggsnamn (bruksnamn som del av adressa i tillegg til gateadressa) og manglande vedtak om samiske namn blant sakene. Tre år etter at Stortinget vedtok å greie ut om reglane om skrivemåten av gards- og bruksnamn i stadnamnlova skal endrast, har Kulturdepartementet no sendt ut eit høyringsnotat. Medan ein ventar på eventuelle endringar i reglane, er både Kartverket og klagenemnda tilbakehaldne med å gjera vedtak som gjeld desse namnetypane.

I desember 2011 vart databasen for kvenske stadnamn publisert på nettet med om lag 820 namneartiklar, og kvensk stadnamnteneste held fram arbeidet med å få publisert fleire artiklar.

6.12 Innsamling av stadnamn

I dei siste 25 åra av 1900-talet vart det sett i verk fleire fylkesprosjekt for systematisk innsamling av lokale stadnamn. Ved inngangen til 2000-talet var store område dekte, det gjeld særleg Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I dei andre fylka finst det ei rekkje enkeltkommunar som er bra dekte, medan det i mange andre kommunar er samla inn lite. Desse stadnamnsamlingane finst ved dei namnefaglege arkiva og ved nokre fylkesarkiv, og det vert arbeidd med å gjera ulike delsamlingar tilgjengelege på nettet. Ved universiteta i Bergen og Oslo og ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er delar av namnesamlingane tilgjengelege på Internett.

Til saman er truleg om lag helvta av kommunane i landet heilt eller delvis dekte når det gjeld innsamling. I dei siste åra har både primærinnsamling og vedlikehald av arkiva gått sterkt tilbake. Det heng saman med at universiteta har skore ned eller fjerna tildelingane til namnegransking. Ved Universitetet i Tromsø og ved NTNU i Trondheim er stadnamnarkiva nedlagde. I Bergen og Oslo er arkivarbeidet redusert. Dette har skapa ein vanskelegare situasjon for dei offentlege stadnamntenestene, som treng gode arkiv som dokumentasjon i normeringsarbeidet.

I 2009 gav Kulturdepartementet støtte til eit tredelt stadnamnprosjekt etter søknad frå Samarbeidsnemnda for namnegransking, med Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, som arbeidsstad: 1) kartlegging og kvalitetsvurdering av eksisterande stadnamnsamlingar og planlegging av vidare samarbeid, 2) samordning og konvertering av eksisterande delbasar med sikte på ein felles landsomfattande database, 3) eit pilotprosjekt i Hedmark med føremål å kartleggja og ta vare på eksisterande samlingar av stadnamn og prøva ut eit opplegg for oppfølgjande innsamling med eldre som arbeidsressurs. Dei to fyrste delprosjekta vart gjennomførte hausten 2009, det tredje i perioden 2009–2011. Ei tilleggsøyving vart gjeven i 2011 til å utvikla ein metode for digital kartfesting av stadnamn. Sluttrapporten vart levert våren 2012.

6.13 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Språkrådet ynskjer å sjå på ordboksituasjonen i Noreg meir samla og vil prøva å trekkja inn relevante aktørar (forlag, leksikografamiljø osv.) for å få til dette. Språkrådet har i 2012 teke initiativ til å få utgreidd grunnlaget for ein samla politikk for både eitt- og tospråklege ordbøker. I 2014, når dei to store ordboksverka er ferdige, står mange høgt kvalifiserte leksikografar utan jobb, og denne ressursen kan nyttast til vidare ordboksarbeid i andre prosjekt.

Talet på namnesaker som gjeld adressenamn, kjem truleg til å halda seg eller auka framover, ettersom kommunane skal vera ferdige med adresseringa innan 2015, og tal frå Kartverket syner at 595 000 personar i landet var utan vegadresse januar 2012. Dersom kommunane følgjer stadnamnlova og sender alle adressenamnsaker til stadnamntenesta på høyring, kan dette gje ein stor auke i arbeidsmengda. Ein prosjektrapport frå 2011 om etterleving av stadnamnlova i dei åtte jærkommunane, utarbeidd av Kjell Erik Steinbru i Stadnamntenesta på Vestlandet, syner ikkje desto mindre at kommunane i svært varierende grad legg fram namnesaker for stadnamntenesta. Det er derfor ei utfordring å syta for at alle namnesaker kjem til stadnamntenesta på høyring, slik at ein

unngår uheldige og feilaktige skrivemåtar av nye adressenamn og andre stadnamn. Stadnamntenesta har i 2011 lagt ut mykje ny informasjon om stadnamn og kommunal namngjeving på Språkrådets nettstad, og arbeider òg med ein brosjyre om kommunal namnsetjing som skal sendast ut til alle kommunane i landet.

Når det gjeld vidare arbeid med innsamling av stadnamn, set sluttrapporten frå det omtala stadnamnprosjektet ved UiO opp desse måla:

- samordna og leggja til rette eksisterande samlingar for digital presentasjon (Internett), noko som krev ein institusjonell overbygning
- setja i verk oppfylgjande innsamling i område der det er samla inn lite frå før
- tilføra ressursar i form av prosjektmidlar til vidareutvikling av digital formidling av og innsamling av stadnamn
- følgja opp røynslene frå Hedmarksprosjektet med å organisera fagleg styrt innsamling i samarbeid med lokale historielag
- oppdatera rettleiing i innsamling, mellom anna bruk av elektroniske hjelpemiddel
- ta stilling til kva plass faget namnegranskning og namnearkiv skal ha ved universiteta, og vurderer framtidig organisasjonsform

Kjelder

Engeland, Sveinung 2012. «595.000 uten vegadresse». Kartverket,

<http://www.statkart.no/595.000+uten+vegadresse.d25-SwZzIZ7.ips>

Forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften),

<http://www.lovdata.no/for/sf/md/xd-20090626-0864.html>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, <http://www.lovdata.no/all/hl-19900518-011.html>

Lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova), <http://www.lovdata.no/all/hl-20050617-101.html>

Mål og mening = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Rambøll 2012. *Brukerundersøkelse av LEXIN – ordbøker for minoritetsspråklige*, rapport til Utdanningsdirektoratet <http://www.udir.no/Upload/5/lexin.pdf?epslanguage=no>

Steinbru, Kjell Erik 2011. *Offentleg stadnamnforvaltning i kommunane. Noko om korleis Lov om stadnamn er etterlevd i dei åtte Jærkommunane*, prosjektrapport

7 Rettskrivingsnormer og språkutvikling

Ei ny rettskriving for nynorsk som skal gjelda frå 1. august 2012, er lagd fram av ei nemnd Språkrådet peika ut. Ho vart godkjend av Kulturdepartementet hausten 2011. Det vert utarbeidd reviderte ordbøker og ordlister, kurs og informasjonsmateriell på grunnlag av den nye rettskrivinga. Kulturdepartementet har arbeidd vidare med kva fullmakter Språkrådet skal ha til å normera nynorsk og bokmål. Språkrådet har oppmoda Kunnskapsdepartementet om å ta initiativ til at det vert samla inn eksamenssvar frå avgangselevar for å finna ut korleis skuleungdom meistrar normene.

7.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Grunnlaget for språknormeringa (kap. 8.4.1)

Språknormering inneber at ein autoritativ instans fastset kva som skal gjelda som korrekt språk. Kjerneområdet for slik normeringsverksemd er rettskrivinga.

Normeringsinstansar kan vera frittståande akademi, som Svenska Akademien i Sverige, private ordbokkonsern, som i Tyskland, eller offentlege språknemnder, som i Danmark, der rettskrivinga også er lovforankra.

Norsk rettskriving er ikkje lovfesta, men eit klart offentleg ansvar. Utanom større rettskrivingsreformer forankra i storting og regjering kom etter kvart eit meir løpande normeringsarbeid. Inntil omdanninga i 2005 hadde Språkrådet nærare definerte oppgåver og fullmakter i normeringsspørsmål.

Norsk normeringspolitikk 1997–2005 (kap. 8.4.2)

Dei seinare åra har målet vore å stabilisera rettskrivinga, men føresetnaden var at det først måtte skje ei viss opprydding.

Utgangspunktet var den vide valfridommen, delvis resultat av tidlegare tilnæringspolitikk mellom bokmål og nynorsk. I 2002 oppheva Stortinget lovføresegna om å stimulera slik tilnærming.

I 2005 godkjende departementet framlegg til opprydding i bokmålsrettskrivinga. Skiljet mellom hovudformer og sideformer vart oppheva, lite brukte former, ofte tilnæringsformer, gjekk ut, og enkelte tradisjonelle riksmålsformer kom inn. Dette bør gje grunnlag for framtidig stabilitet i bokmålsrettskrivinga.

I nynorsk ville ikkje Språkrådet fjerna skiljet mellom hovudformer og sideformer, men avskreiv likevel ikkje problemstillinga. Stabilitetsomsynet gjorde difor at departementet ikkje godkjende andre endringar i nynorskrettskrivinga som Språkrådet hadde vedteke.

Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime (kap. 8.4.3)

Stabilitet føreset færre og sjeldnare endringar, men framleis trengst løpande normering av nyord og anna normvedlikehald. Under omdanninga uttalte mange høyringsinstansar at Språkrådet framleis burde arbeida med normeringsspørsmål.

Språkrådet skisserte i 2006 prioriterte normeringsbehov, utan då å foreslå konkrete normeringsfullmakter. Men vedtektene opnar for å tilleggja Språkrådet slike fullmakter. Oppnemninga av eit fagråd for normering og språkoobservasjon i 2007 legg no til rette for dette.

Rettsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag for rettskrivinga (kap. 8.4.4)

Offisiell rettskriving er formelt forpliktande i skulen og i statstenesta.

Som nemnt har nynorsk framleis eit skilje mellom hovudformer og sideformer, og i lærebøker er valfridommen avgrensa til hovudformene, den såkalla læreboknormalen. Dette er no direkte fastsett i opplæringslova.

Læreboknormalen gjeld også i statstenesta. Dette er instruksfesta ved kongeleg resolusjon i 1981.

Innanfor opplæringsmålet i skulen kan det veljast mellom alle offisielle former, også sideformene. Plikta til å følgja offisiell rettskriving i grunnskulen følgjer indirekte av opplæringslova og har elles sedvanerettsleg grunnlag.

Etter opplæringslova skal ordlister til skulebruk godkjennast av Språkrådet. Det kan her vera aktuelt å justera ordlyden for å fanga opp også elektroniske ordlister og ordbøker.

Høvelege definisjonsordbøker til skulebruk for å stimulera ordkunnskapen hos elevane er noko vi manglar her i landet, men det er teke initiativ for å utvikla slike.

Dei allmenne definisjonsordbøkene, Bokmålsordboka og Nynorskordboka, er utarbeidde under medverknad av Språkrådet og fungerer også som offisielle rettskrivingsordbøker. Språkrådet har også gjennomgått Tanums store rettskrivningsordbok, som er den mest omfattande rettskrivingsordboka for bokmål.

Det finst også ei stor ordbok for riksmål og moderat bokmål.

Bokmålsordboka og Nynorskordboka er kopla til ein elektronisk ordbank ved Universitetet i Oslo og er gratis tilgjengelege som søkjeteneste på Internett.

Fastsetjing og normering av namn (kap. 8.4.5)

Namn er spesielt iaugefallande språkbruk og kan difor vera ein spegel for språkets status i eit samfunn. Men det er krevjande å halda namnekulturen i språkleg hevd når identitets- og profileringsomsyn ofte fangar større merksemd enn språkleg kvalitet og funksjonalitet.

Særleg i private firmanamn ser ein mykje avvikande språkbruk, også mykje engelsk ordstoff.

Namn på statlege institusjonar er bundne av offisielle rettskrivings- og skrivereglar, men desse gjev ikkje alltid fullnøyande rettleiing om sjølvve namnekonstruksjonen. Difor har no Kultur- og kyrkjedepartementet fastsett rutinar som skal sikra språkfagleg medverknad frå Språkrådet ved namnelaging i staten.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

7.2 Språkrådets rolle og aktiviteter

Vi ventar at Språkrådet får ei sentral rolle i normeringa av norsk språk i nær framtid, men med mindre omfang enn det Norsk språkråd hadde. Normeringa skal byggja på dei to prinsippa Stortinget har slutta seg til gjennom behandlinga av *Mål og meining*, om sjølvstendig normering av bokmål og nynorsk utan tilnærming og om stabilitet i rettskrivinga. Spørsmåla kan gjelda normering av enkeltord, utanlandske namn og andre innlån, dessutan endringar i gjeldande rettskriving når utviklinga gjer det ynskjeleg. Grunngeving av vedtak og god informasjon til publikum om offisielle rettskrivingsnormer er viktige omsyn, og truleg må oppgåver og arbeidsmåtar definerast på nytt. Godkjenning av rettskrivingsordlister og liknande for skulen ligg framleis til Språkrådet.

Kulturdepartementet gjer i *Mål og meining* punkt 8.4.2 det klart at Språkrådet kan få tilsvarande normeringsfullmakter som Norsk språkråd hadde. Først er det ikkje etablert noko nytt behandlings- og vedtakssystem. Fagrådet for normering og språkoobservasjon har dermed ikkje noko direkte ansvar for normering, men det har gjeve råd i saker innanfor kompetanseområdet og mandatet sitt, som revisjonen av nynorskrettskrivinga, enkeltspørsmål i rettskriving og ordbruk, transkripsjon og namnesaker, og det har drøfta korleis ein kan driva språkoobservasjon som grunnlag for normering.

7.3 Rettskrivinga for bokmål

Den nye rettskrivinga for bokmål frå 2005 har ikkje vekt nemneverdig debatt. Som departementet peikar på, er det atskilleg valfridom også i den nye norma, men no utan sideformer (*Mål og mening* punkt 8.4.2.4). Tendensen til at mediebedrifter og andre vel ut eit sett rettskrivingsvariantar innanfor norma til eigen bruk, er minst like tydeleg som før. Retteprogrammet Tansa, som er mykje bruka av norske aviser, hadde tre hovudprofilar eller undervariantar for offisielt bokmål i 2011, «radikalt bokmål», «nøytralt bokmål» og «moderat bokmål». *Det Norske Akademis store ordbok* (NAOB), som skal koma i 2014, skal følgja offisiell rettskriving i bokmål.

7.4 Ny rettskrivingsnormal for nynorsk frå august 2012

Departementet drøfta nynorsknorma i kapittel 9.2 i *Mål og mening* og konkluderte med at Språkrådet burde få klarsignal «til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingsystemet i nynorsk». Stortinget hadde ikkje merknader til dette, og Språkrådet fekk klarsignal hausten 2009. Styret i Språkrådet vedtok eit mandat for revisjon av nynorsknorma og oppnemnde ei rettskrivingsnemnd ved årsskiftet 2009–2010. Arbeidet i nemnda gjekk føre seg frå januar 2010 og fram til 1. april 2011.

Fyrste punktet i mandatet var at det skulle verta «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Ei hovudsak var dermed at det prinsipielle skiljet mellom hovud- og sideformer skulle falla bort for nynorsk slik det hadde gjort for bokmål. No vert det berre éi rettskriving, ingen læreboknormal.

Arbeidet i rettskrivingsnemnda

Rettskrivingsnemnda hadde sju medlemmer og ein eigen sekretær. Som styret hadde føresett, vart arbeidet lagt opp som ein open prosess der nemnda hadde kontakt og dialog med språkbrukarane. Nemnda hadde egne nettsider, der ho informerte om arbeidet og tok opp nokre vanskelege spørsmål. Til debattforumet *Nynorsk 2011* på nettsidene kom det 412 debattinnlegg. Nemnda gjennomførte 33 kontaktmøte med viktige aktørar innanfor den nynorske offentlegheita. Revisjonsarbeidet bygde i stor grad på innstillinga *Nynorskrettskrivinga* frå 2002, eit framlegg frå Språkrådet som ikkje vart vedteke den gongen. Fagrådet for normering og språkobservasjon følgde arbeidet som rådgjevarar for nemnda. For å skaffa meir kunnskap om skrifttradisjonen og faktisk språkbruk i dag bruka nemnda det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo. Derimot fekk ikkje nemnda tilgang til upublisert språkbruk i form av eksamenstekstar frå elevar i vidaregåande skule. Fylkesmannen i Hordaland vart spurd om å gje løyve til å bruka nynorske eksamenssvar frå eksamen våren 2010. Fylkesmannen kontakta Utdanningsdirektoratet, som av slo søknaden med heimel i åndsverklova, mellom anna med den grunngjevinga at kvar elev må gje samtykke til at eksamensteksten vert utlevert.

Frå offentlig høyring til endeleg vedtak

I august 2010 sende Språkrådet ut varsel til aktuelle høyringsinstansar om at eit framlegg til ny rettskriving skulle koma på høyring over nyttår. På høyringslista stod mellom anna alle som var høyringsinstansar til innstillinga til ny rettskriving i 2002. 1. februar 2011 la nemnda høyringsutkastet sitt ut på høyring på nettstaden til Språkrådet. Det kom inn 78 høyringssvar innan fristen 25. februar; til samanlikning kom det inn 43 høyringssvar i 2002. Nemnda hadde spesielt bede om svar på nokre sentrale problemstillingar. På det opne høyringsmøtet 21. februar 2011 var det 79 til stades. Nemnda vurderte innspela og la så fram endeleg innstilling 1. april 2011. Styret i Språkrådet slutta seg til innstillinga på alle punkt 20. mai 2011 og rådde til at Kulturdepartementet godkjende framlegget. Departementet godkjende den nye nynorskrettskrivinga 20. september 2011 og fastsette at ho skal gjelda frå 1. august 2012. Eit innspel utanfrå viste at det var nødvendig å justera reglane for samsvarsbøying av perfektum partisipp, og denne justeringa vart godkjend av departementet 10. mai 2012.

I den nye norma er alle former på same nivå, utan sideformer. Det er gjort innstrammingar i bøyinga av substantiv, verb og adjektiv. Det er framleis mange dobbeltformer i skrivemåtar der begge er i allmenn bruk blant nynorskbrukarane. Mange tidlegare sideformer og nokre hovudformer har gått ut eller har vorte ståande som gjeldande rettskrivingsformer.

7.5 Ordbøker og ordlister med offisiell rettskriving

Departementet gjer i punkt 8.4.4 i *Mål og meining* greie for det rettslege grunnlaget for offisiell rettskriving og for ordninga med godkjenning av ordlister og ordbøker til skulebruk, som Språkrådet har ansvaret for etter opplæringslova.

Endringar i opplæringslova

Kulturdepartementet har fått retta opp ei føresegn i § 9-4 i opplæringslova som var misvisande etter at bokmål ikkje har nokon læreboknormal lenger. Det vart òg gjort nokre andre endringar i opplæringslova frå 1. august 2010, mellom anna at kravet om å følgja offisiell rettskriving no òg skal gjelda digitale læremiddel. Det vart presisert at godkjenningsordninga gjeld både ordlister og ordbøker. Den nye ordlyden i § 9-4 «Lærebøker og andre læremiddel» andre leddet er slik: «Norske og samiske lærebøker og tilsvarende digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving. Nynorskutgåvene skal følgje læreboknormalen. Med lærebøker er her meint ...». (Før stod det: «Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen, slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint ...».) Det fjerde leddet lyder no slik: «Ordlister og ordbøker til skulebruk skal godkjennast av Språkrådet.» (Før stod det: «Ordlister til skulebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.»)

Godkjende ordlister

Språkrådet har ikkje hatt skuleordlister til godkjenning i 2010 eller 2011. Etter rettskrivingsendringane i 2005 (vesentleg for bokmål) har Språkrådet godkjent i alt 20 ordlister, 13 bokmåls- og 7 nynorskordlister. I 2011 godkjende Språkrådet ein database med rettskrivingsmønster for nynorsk.

7.6 Språkutvikling og språkobservasjon

Etter dei gjeldande vedtektene skal Språkrådet «verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer», og «observera og analysera aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet» (§ 1 i vedtektene for Språkrådet).

Talemål, standard og nye medium

Talemålsutviklinga i seinare tiår kan karakteriserast med nøkkelorda standardisering, regionalisering og urbanisering (Språkrådet 2010, s. 21). I den sosiolingvistiske forskinga har ein sett korleis språket varierer med bakgrunnsvariablar som alder, kjønn og bustad eller region. Ein ventar at språkbruken til yngre kan verta den retninga språket utviklar seg i. I seinare år har ein sett at andre faktorar i språkutviklinga kan vera kva gruppe, miljø eller verdier kvar enkelt vil identifisera seg med (Skjekkeland 2009). I kvar region er det oftast ein by som påverkar språkutviklinga. Sentrale trekk elles i biletet er mellom anna endringane i talemål og talestil i det offentlege rommet til ein meir uformell språktone (*Mål og meining*). Språkbruk i dei ulike etermedia og nettmedia er truleg ein motor i språkutviklinga på fleire plan. Det vert ofte diskutert om sosiale medium påverkar språkkompetansen i negativ retning, eller om ein heller skal sjå det som ei opning for fleire funksjonar i språkbruken. Ei spørjeundersøking frå Trondheim blant brukarar av Facebook hausten 2008 viste at dei fleste skreiv på norsk og i mindre grad på engelsk. Vidare viste undersøkinga at temmeleg mange skreiv på dialekt (Skog 2009). Det sterke dialektinnslaget som pregar kommunikasjonen på Facebook og SMS, særleg blant unge, avspeglar interessante trekk ved språkutviklinga (Skog 2010).

Valfrie former i klyngjer

For språknormeringa er det viktig å følgja med i korleis dei offisielle skriftnormene faktisk vert bruka, mellom anna korleis valfridommen vert utnytta. Ein pilotstudie tok sikte på finna variasjonsmønster i bruk av valfrie former i bokmål og nynorsk i avistekstar. Studien viste at mange former grupperer seg saman i det som i studien er kalla normklyngjer. Føremålet med studien var fyrst og fremst å utvikla ein metode, som så kan brukast på ulike teksttypar og språklege fenomen (Dyvik 2009 og 2012).

Norvagisering

Tilpassinga av engelske importord til norsk ved å gje dei norsk skrivemåte (det som i faget vert kalla norvagisering) er eit emne som vert mykje debattert. Eit pågåande forskingsprosjekt har førebels kome til at ein serie norvagiseringsvedtak frå 1990-åra (til dømes *finisj/finish* og *streit/straight*) har hatt nokså dårleg gjennomslag i avisene i åra som har gått (Andersen 2011).

7.7 Særskilde offentlege namn – namn på olje- og gassfelt

Departementet peikar i punkt 8.4.5 i *Mål og meining* på at det gjennom eit rundskriv i 2007 har fastsett rutinar som skal sikra språkfagleg medverknad frå Språkrådet ved namnelaging i staten. Det kan gjelda namn av mange ulike typar. Språkrådet har våren 2012 vist til dette rundskrivet i eit brev til Olje- og energidepartementet der vi etterlyste at Språkrådet måtte verta konsultert når det gjeld namnsetjing av olje- og gassfelt på norsk sokkel. Slike namn på petroleumfelt kan minna om stadnamn, men høyrer ikkje inn under stadnamnlova.

7.8 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Med normeringsfullmakter i Språkrådet, vil normeringa av norsk koma inn i ein ny fase. Det er tydelegare enn før at verksemda må drivast slik at resultata får tilslutning blant språkbrukarane. Det krev at Språkrådet har tillit, og det stiller krav til måten Språkrådet arbeider på. Språkrådet må ha brei samfunnskontakt og eit solid fagleg grunnlag for å kunna sjå språksystemet i samanheng og for å kunna handtera importord og annan påverknad utanfrå på allmennspråket, som geografiske namn frå mange ulike språk, teknisk språkbruk o.a. Det trengst strategiar for å auka kunnskapsgrunnlaget om faktisk språkbruk, til dømes ved systematisk bruk av språksamlingar som tekstkorpus og ved å utvikla normklyngjemetoden. Språkrådet har oppmoda Kunnskapsdepartementet om å ta initiativ til at det vert samla inn eksamenssvar frå avgangselevar for å finna ut korleis unge meistrar normene.

Ved at Språkrådet grunnjev rettskrivingsvedtak og andre regelendringar, vert dei truleg lettare aksepterte. Ein mogleg arbeidsmåte kan vera at Språkrådet testar ut rettskrivingsendringar og avløyssarord, det har vore lite prøvd før. God og tilpassa informasjon om gjeldande normer må til, både ved tilgangen til rettskrivingsnormalane i dei offisielle ordbøkene, i godkjende ordlister og som ressurs i programvare. Grunngevingar og bakgrunnsstoff om rettskriving må finnast på nettstaden. Språkrådet skal gje generell rettleiing om valfridommen i normene.

Særleg aktuelt i 2012 er innføringa av den nye nynorsknormalen: Språkrådet satsar på fleire frontar, mellom anna med nettkurs og anna kursverksemd for å auka nynorskkompetansen på same tid som ein lærer den nye norma.

Mål og meining peika på at det manglar høvelege definisjonsordbøker for skulebruk. Slike ordbøker høver betre for å utvikla ordkunnskapen hos elevane enn dei tradisjonelle rettskrivingsordlistene. Språkrådet ser det som svært viktig for språklæringa å få slike begynnarordbøker for bokmål og nynorsk og vil arbeida vidare med planar for å få det til.

Utfordringar av eit anna slag er tilhøvet mellom standardspråk, talemål og uformelt språk. Kanskje står skriftnormene veikare enn før fordi mange gjerne skriv talemålsnært i tekstmeldingar og sosiale medium. Ordninga med språkkonsulentar i NRK vert avvikla frå sommaren 2012. Eit spørsmål er kva status standardtalemålet skal ha i institusjonar som NRK, og mellom anna er spørsmålet om saka stiller seg ulikt for bokmål og nynorsk.

Kjelder

- Andersen, Gisle 2011. «Finisj eller finish? – Norvagisering femten år etter normeringsvedtaket». *Språknytt* 1/2011, <http://www.sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-12011/finisj-eller-finish>
- Dyvik, Helge 2009. «Å navigere i skriftspråkets rom. Om normklynger i bokmål og nynorsk». *Språknytt* 3/2009, <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraknytt-32009/A-navigere-i-skriftsprakets-rom/>
- Dyvik, Helge 2012. «Norm clusters in written Norwegian». I: Gisle Andersen (red.): *Exploring Newspaper Language. Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*. Studies in Corpus Linguistics, 49. Amsterdam
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007. «Rundskriv V-11/2007 Språkfaglige konsultasjonsrutiner ved navnelaging i staten», <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rundskriv/2007/sprakfaglige-konsultasjonsrutiner-ved-na.html?id=468067>
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008), http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Skjekkeland, Martin 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo
- Skog, Berit 2009. «Språket på Facebook». *Språknytt* 1/2009, <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraknytt-12009/Spraket-pa-Facebook/>
- Skog, Berit 2010. «Språket i sosiale medier». Blogg, forskning.no, <http://www.forskning.no/blog/bersko/271547>
- Språkrådet 2006. «Vedtekter for Språkrådet. Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 25. april 2006», <http://www.sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet>
- Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpolitiske område*, <http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>
- Språkrådet 2011. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*, <http://www.sprakrad.no/upload/Rettskrivingsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf>

8 Språkrøkt

Språkrådet gjev råd om norsk språk generelt, terminologi og fagspråk og språkbruk i staten. Til rådgjevingstenesta i Språkrådet kjem det årleg inn rundt 10 000 spørsmål på telefon og e-post, og nettsidene hadde over 1,1 millionar besøk i 2011. Språkrådet gjev òg råd på Twitter og Facebook.

8.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og mening

Generelt (kap. 8.5.1)

Godt språk er meir enn korrekt rettskriving.

Skriftspråket gjev meir tid til gjennomtenkt språkleg utforming enn talespråket, men også talekunst og retorikk bør oppmuntrast. NRK må vidareføra sin tradisjon som talespråkleg normsetjar.

Dårleg språk kan sjåast som språkleg forfall, men òg som ein funksjon av at fleire skriv meir enn før. Ein stikkprøvekontroll av avisspråket gjev ein viss grunn til uro.

Språkleg kvalitet i lærebøker (kap. 8.5.2)

Som autoritativ kunnskapskjelde for barn og unge er lærebøker strategisk viktige i språkleg kvalitets- og haldningsarbeid. Fram til 2000 dreiv Språkrådet, som ledd i ei statleg godkjeningsordning, omfattande språkleg førehandsgranskning av lærebøker. I dag er det indikasjonar på at den språklege kvaliteten ikkje er god nok, men vi manglar systematisk kunnskap. Språkrådet har difor teke initiativ til ein språkleg gjennomgang av eit utval lærebøker.

Språket i film- og fjernsynsteksting (kap. 8.5.3)

Analysar indikerer at undertekstar på fjernsyn er det folk les mest, nest etter aviser. Tekstane er oftast omsette til norsk av tekstatarar som arbeider for frittståande tekstebyrå, som på grunn av konkurransen i fjernsynsmarknaden stadig blir pressa på tid og pris. Den språklege kvaliteten blir dermed skadelidande. Det trengst meir dokumentert kunnskap om kvaliteten på fjernsynstekstinga, og om korleis dette språket påverkar lese- og skrivepraksis, særleg hos barn og unge.

Frå kortversjonen av Mål og mening (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

8.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet gjev råd og informerer om språk, mellom anna gjennom nettsider, publikasjonar som Språknytt og Statsspråk, brosjyrar og den daglege svartenesta for publikum. Å stimulera til medvit om språk og skapa interesse og engasjement ved å delta i samfunnsdebatten, arrangera konferansar og språkmøte, dela ut diplom og språkprisar, halda føredrag og liknande er òg viktige oppgåver. Språkrådet tilbyr statsorgan fagleg rådgjeving, klarspråkskurs på arbeidsplassen og/eller økonomisk støtte til språkarbeid gjennom støtteordninga frå prosjektet «Klart språk i staten». Eit viktig mål er at språket i det offentlege skal vera velforma, forståeleg og korrekt og ha ei rimeleg fordeling mellom bokmål og nynorsk. Språkrådet normerer og forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Ordbøker og ordlister til bruk i skulen skal godkjennast av Språkrådet. Saman med Høgskolen i Vestfold arbeider Språkrådet med å utvikla ei rettleiing for god språkleg kvalitet i læremiddel.

8.3 Språkrøkt i statsforvaltninga

Språkrådet har ei særskild språkteneste for statsorgan som driv språkrøkt i samarbeid med statsorgana. Verksemda til språktenesta er omtala i kapittel 9 «Språkbruk i statsforvaltninga». Det vert elles drive mykje spreidd språkrøkt i statsforvaltninga som det ikkje finst noka oversikt over.

8.4 Språkrådets rådgjeving til publikum

Rådgjevingstenesta i Språkrådet er ikkje omtala i underkapittelet om språkrøkt i *Mål og mening*. Men i vedtektene for Språkrådet står det i § 1 at «Språkrådet skal driva utoverretta informasjonsverksemd og i rimeleg omfang gje råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege spørsmål» (Språkrådet 2006). Språkleg rådgjeving utgjer ein stor del av arbeidet i Språkrådet. Språkrådet gjev råd både om allmenn norsk, terminologi og fagspråk og språkbruk i statsforvaltninga. I tillegg til å forvalta sjølve rettskrivinga er Språkrådet såleis ei viktig kraft i den praktiske språkrøkta i Noreg.

Årleg kjem det inn over 10 000 spørsmål på telefon og e-post. Talet har vore stabilt dei siste åra. Spørsmåla deler seg i ulike tematiske kategoriar: Om lag 30 prosent av spørsmåla gjeld skrivemåte, bøyning og praktiske skrivereglar, 30 prosent ordval og formuleringar, 10 prosent etymologi, 10 prosent terminologi og dei resterande prosentane andre emne. Oversikta gjeld berre skriftlege spørsmål og er utarbeidd på bakgrunn av rundt 4000 e-postar (Simonsen 2010).

Nettsidene hadde over 1,1 millionar besøk i 2011, mot 930 000 i 2010. Talet har auka jamt dei siste åra. Ein gjennomsnittsgjest er inne på tre nettsider og vert verande i tre minutt. Dei mest populære sidene inneheld ordbøker, råd om rettskriving, nynorsk kurs og svar på språkspørsmål. Språkrådet har dessutan byrja å gje rådgjeving på Twitter og Facebook.

I tillegg til Språkrådet er det fleire andre aktørar som gjev råd om språk, og det vert drive språkrøkt i mange forlag, redaksjonar, bedrifter osv. Det har òg utvikla seg ein eigen språkrådgjevingssbransje som tilbyr tenester til forlag og andre.

8.5 Språkleg kvalitet i lærebøker

Etter at godkjenningsordninga for lærebøker vart avvikla i 2000, har ikkje Språkrådet gått systematisk gjennom språket i lærebøker. Språkrådet arbeider likevel for å sikra godt språk i læremiddel. Språkrådet engasjerte i 2011 ei gruppe lærebokforskarar ved Høgskolen i Vestfold til å undersøka den språklege kvaliteten i utvalde læremiddel. Språkrådet ynskjer på bakgrunn av dette arbeidet å tilby læremiddelprodusentar ei rettleiing for god språkleg standard i læremiddel. Det er likevel kvar enkelt skuleeigar som vel kva bøker skulane skal bruka. Derfor kan det òg vera aktuelt å arbeida for å hjelpe dei til å gjera gode val ved innkjøp av læremiddel.

8.6 Språket i aviser, fjernsyn og andre etermedium

Det har ikkje kome nye undersøkingar sidan Språkrådet gjennomførte ein test av språket i fire riksaviser med systematisk korrektur på det redaksjonelle stoffet som avisene trykte ein dag i oktober 2007. Språkrådet får jamt klagar over kvaliteten på språket i avisene.

Språkrådet får òg inn ein del klagar på språket i NRK, som fyrst og fremst gjeld munnleg språk i NRK, og klagarane har vorte viste vidare til språkkonsulentane i NRK. Språkrådet har inntrykk av at ein del klager på munnleg språk i NRK kan henga saman med at mange lyttarar og sjåarar ikkje kjenner til det språkreglane i NRK seier om normert tale og dialektbruk, jf. til dømes regel 2.5: «NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk.» (NRK 2007) Om dette seier elles *Mål og mening* at NRK må ha eit gjennomtenkt syn på forholdet mellom standardspråk og dialekt. På oppdrag frå Språkrådet og NRK gjorde TNS Gallup i 2009 ei spørjeundersøking av kva folk meiner om dialekt, bokmål, nynorsk og utanlandsk aksent i NRK. Det viste seg at kvinner er meir opne for både dialektbruk og aksent i NRK enn menn, samstundes som det ikkje synest vera geografiske skilnader når det gjeld synet på språkbruk i NRK (TNS Gallup 2009).

8.7 Prisar frå Språkrådet

Språkrådet deler ut fleire prisar for å stimulere til språkleg medvit og heidre framifrå språkbruk og språkarbeid. Somme av prisane deler Språkrådet ut saman med andre verksemder. Prisane og vinnarane er omtala under.

Språkprisen

Prisen vart skipa i 2007. Språkprisen vert gjeven for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa, og har frå 2008 vore delt i ein pris for bokmål og ein pris for nynorsk. Språkprisen vert utdelt på den årlege konferansen Språkdagen. Forgjengaren til Språkprisen var Norsk språkpris, som vart delt ut av Norsk språkråd frå 1992 til 2003. Desse har til no fått Språkprisen:

2011: Agnes Ravatn (nynorsk) for bøkene *Stillstand* og *Folkelesnad* og for virket som spaltist og kommentator i *Dag og Tid* og Morten A. Strøksnes (bokmål) for bøkene *Hva skjer i Nord-Norge?* og *Et mord i Kongo* og for virket som spaltist og kommentator i dagspressa

2010: Elisabeth Aasen (bokmål) for bøkene *Barokke damer*, *Bergenske kvinner* og

Opplysningstidens kvinner og Jon Hellesnes (nynorsk) for bøkene *Illusjon?*, *Om livstolking* og *Det femte monarki og andre essay*

2009: Stephen Walton (nynorsk) og bokprosjektet *Flerspråklighet i skolen* ved redaktør Rita Hvistendahl (bokmål)

2008: Kjartan Fløgstad (nynorsk) og Anders Johansen (bokmål)

2007: Karin Sveen

Rosings språkpris

Rosings språkpris blir gjeven for godt norsk språk i samband med informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Rosings språkpris vart skipa i 2002 og er eit samarbeid mellom Den Norske Dataforening og Språkrådet. Desse har fått prisen:

2008: Lexin – nettbaserte ordbøker for innvandrarak

2007: vêrvarslingsnettstaden yr.no

2006: stiftinga «Åpne kontorprogram på norsk»

2005: TISIP og Gyldendal Akademisk

2003: Max Manus AS

2002: Tapir Akademiske Forlag AS

Nysgjerrigpers språkpris

Prisen vart lansert i byrjinga av skuleåret 2011–2012 og har kome til i samarbeid mellom Noregs forskingsråd og Språkrådet. Prisen skal delast ut ved slutten av kvart skuleår og er ein spesialpris innanfor *Årets nysgjerrigper*, den årlege forskingskonkurransen for barn i regi av Forskingsrådet.

Diplom for godt namnevelt

Språkrådet har mest kvart år sidan 1991 delt ut diplom for godt namnevelt til verksemder i eit fylke eller ein landsdel. Diplomu delinga er eit tiltak for å motverke unødvendig bruk av engelsk i norsk. I 2011 fekk ti verksemder i trøndelagsfylka diplom:

Bærre Lækkert, Melhus (dameklede)

Brød & Cirkus, Steinkjer (restaurant)

Form til fjells, Røros (designbyrå)

Fritt Spillerom, Steinkjer (musikk, dans og tekstskriving)

Kuleramma, Steinkjer (rekneskap)

Nattergalen Bar og Kjøkken, Trondheim (restaurant)

Oss tållåst Kaffebar, Oppdal (kaffibar)
Reinhekla, Fannrem (tekstilar, bunader m.m.)
Rørosrypan, Røros (dameklede)
To Rom og Kjøkken, Trondheim (restaurant)

Sjå elles omtale av Statens klarspråkspris i kapittel 9 «Språkbruk i statsforvaltninga».

8.8 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Språkrådet har utvikla eit databaseprogram for utlegging av større mengder spørsmål med svar på nettsidene. I 2012 skal i fyrste omgang 1000 vanlege spørsmål og svar redigerast og leggjast ut på nett i søkbar form. Nettsidene vert òg oppdaterte og supplerte med informasjon om andre aktuelle emne.

Språkrådet følgjer opp arbeidet med språk i læremiddel.

Kjelder

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og meining*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Mål og meining = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

NRK 2007. «Språkregler for NRK», <http://www.sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Spraakpolitikk/NRK>

Simonsen, Dag F. 2010. «Å rette i tekster på vegne av språket. Utfordringer for språkrøkten i Norge i dag». *Språk i Norden* 2010

Språkrådet 2006. «Vedtekter for Språkrådet. Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 25. april 2006», <http://www.sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet>

Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010*, <http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>

TNS Gallup 2009. «Holdningsundersøkelse om språk»,

<http://www.sprakradet.no/upload/Rapport%20fra%20NRK-unders%C3%B8kelse.pdf>

9 Språkbruk i statsforvaltninga

Språkrådet får stadig fleire klagar på brot på mållova. Mange statstilsette ser ut til å trenga grunnleggjande opplæring i nynorsk, men etterspurnaden etter nynorsk kurs er ikkje så stor som behovet tilseier. Ei undervegsevaluering av prosjektet «Klart språk i staten» viser at prosjektet har vore den viktigaste drivkrafta for å setja i gang tiltak for å betra språket i statsorgana.

9.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Offentleg språk som føredøme (kap. 8.6.1)

Vørnaden for morsmålet vårt krev at det offentlege Noreg kjenner særleg ansvar for å bruka eit korrekt og forståeleg språk.

Analyse av forvaltningsspråket før og no (kap. 8.6.2)

Forvaltningsspråket har fjerna seg langt frå kansellistilen, men framleis finst mykje språkleg ukrut. Tradisjon og manglande omtanke forklarar noko, men enkel framstilling av komplekse saksforhold er også krevjande, og offentleg tilsette må ofte gardera seg i språket. Overforenkling er også ein fare. Tåket uttryksmåtar i offentleg informasjon er likevel eit alvorleg velferds- og demokratiproblem.

Klarspråk (kap. 8.6.3)

Mange land strevar med offentleg språktåke, jf. den engelske parolen «fight the fog». Målet er klarspråk, ei nemning henta frå Sverige, der klarspraksarbeid har ein særleg tradisjon. Mange skippertak er tekne også i Noreg, frå arbeidet med nynorsk lovspråk i mellomkrigstida, offentleg rasjonaliseringsarbeid og informasjonspolitik i 1950- og 60-åra, utviklings- og opplæringsprosjektet i forvaltningsspråk i 1970-åra, Aksjon publikum i 1980-åra og prosjektet Eit enklare Noreg i 1990-åra. No må arbeidet koma inn i fastare organiserte former.

Språktenesta for statsorgan (kap. 8.6.4)

Språktenesta vart lansert i 2006, er ein del av sekretariatet i Språkrådet og har fem stillingar. Ho er primært etablert som støtte for nynorskarbeidet i staten, men skal også fremja godt forvaltningsspråk uavhengig av målform.

I byrjinga hadde språktenesta flest bokmålsoppdrag, men erfarte likevel at forbettringspotensialet er klart størst på nynorsksida. Arbeidet med nynorsktekstar kan vera eit verktøy for meir klarspråk også på bokmål.

Oppsummerande vurdering (kap. 8.6.5)

Målet er både korrekt språk og god språkføring. Det øvste statsapparatet må setja standard og vera førebilete, men språket i dei store publikumsretta etatane er også særleg viktig.

Språklege standardkrav må innarbeidast i relevante styringsdokument i staten, og det må utviklast rutinar og metodar for språkleg internkontroll.

Språktenesta har etablert eit opplegg for fagleg sertifisering av eksterne språkkonsulentar, og det bør også byggjast opp eit nettverk av interne språkkontaktar. Språket i lover og forskrifter må få særskild merksemd.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

9.2 Språkrådets rolle og aktiviteter

Språkrådet har eit særleg ansvar for å betra kvaliteten på språket i statlege tekstar uavhengig av målform, og for å sikra jamstilling mellom dei to målformene i statsforvaltninga.

Dette er Språkrådets viktigaste oppgåver når det gjeld språk i statsforvaltninga:

- Språkrådet har ansvaret for tilsyn med oppfølging av mållova hos sentrale statsorgan som ligg under departementa. Språkrådet er klageinstans for private rettssubjekt (privatpersonar, private verksemdar og organisasjonar) og for kommunar og fylkeskommunar som melder om brot på mållova i statsorgana. Språkrådet har ei eiga tilsynsteneste, som mellom anna innhentar rapportar, svarar på spørsmål og gjev råd om regelverket.
- Språkrådet tilbyr praktisk hjelp til statsorgana slik at dei lettare kan etterleva mållova og skriva betre nynorsk. Her kjem språktenesta for statsorgan inn i biletet. Ifølgje *Mål og mening* har språktenesta eit todelt føremål: generelt å fremja godt språk i statsforvaltninga, og spesielt å bidra til god og korrekt nynorsk. Språkrådet har registrert at mange statsorgan brukar for lite nynorsk, og derfor peikar opplæring i nynorsk seg ut som eit prioritert område. Språkrådet utviklar våren 2012 eit nytt nettkurs i nynorsk. Éin del av nettkurset er tilpassa offentleg tilsette.
- Språkrådet (ved språktenesta for statsorgan) held kurs for statstilsette.
- Språkrådet (ved språktenesta for statsorgan) hjelper til med å kvalitetssikra særskilt viktige tekstar (primært på nynorsk), svarar på spørsmål og gjev råd og rettleiing til statstilsette.
- Språkrådet (ved språktenesta for statsorgan) gjev ut bladet *Statsspråk* og har laga fleire andre publikasjonar og hjelpemiddel for statstilsette.
- Språkrådet (ved språktenesta for statsorgan) deltek i prosjektet «Klart språk i staten», sjå eiga omtale.

9.3 Språkpolitiske hovudmål og statlege styringsdokument

Dei språkpolitiske hovudmåla i statleg forvaltning er formulerte i fleire statlege styringsdokument og i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste (mållova). I mållova heiter det at statstilsette som har skriftleg utforming som ein del av tenesta, pliktar å bruka «bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruken i statstenesta». Denne føresegna siktar i fyrste rekkje til reglane om fordeling av bokmål og nynorsk, men av ordlyden går det også fram at det er bokmål og nynorsk i tråd med offisiell rettskriving det er tale om (*Mål og mening*, s. 175). Statsorgana skal bruka begge målformer i skriftleg informasjon. Det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk vert meir reelt likestilt med bokmål, og for at det offentlege skal leggja vekt på å føra eit korrekt og forståeleg språk.

Andre viktige styringsdokument er *Statens kommunikasjonspolitikk* (FAD 2009) og *Plattform for leiing i staten* (FAD 2008). *Statens kommunikasjonspolitikk* slår fast at statsforvaltninga skal bruka eit klart språk som skal kunna forståast av alle aktuelle målgrupper, at språket i statlege tekstar skal vera korrekt, og at statstilsette skal følgja gjeldande reglar for rettskriving og målbruk. I *Plattform for leiing i staten* heiter det: «Leiarar i staten sørgjer for at kontakt med innbyggjarar og brukarar byggjer på openheit, dialog og klart språk.»

I *Regjeringens digitaliseringsprogram* (FAD 2012), som vart lansert 11. april 2012, heiter det i punkt 5.4 at statlege verksemdar skal føra eit korrekt, godt og klart språk som kan forståast av alle.

9.4 Kvaliteten på språket i statsforvaltninga

Interessa for språkarbeid er vorten merkbar større i statsforvaltninga dei siste åra. Stadig fleire statsorgan har sett i gang tiltak for å betra språket i publikumsretta tekstar. Mange av desse tiltaka vert gjennomførte innanfor rammene av prosjektet «Klart språk i staten». Kombinasjonen av overordna føringar (dei statlege styringsdokumenta), hjelpemiddel og økonomisk stønad, saman med konkret språkarbeid i verksemdene, ser ut til å ha ein god effekt.

Etter det Språkrådet har observert, treng mange tilsette i statsforvaltninga fyrst og fremst hjelp til å gjera språket klart og brukartilpassa. Erfaringa er at mange òg treng ei meir grunnleggjande opplæring i nynorsk, men at etterspurnaden etter nynorskkurs ikkje er så stor som behovet tilseier.

Standard for språkleg kvalitet

I *Mål og mening* tek Kulturdepartementet til orde for etablering av ein standard for språkleg kvalitet i statsforvaltninga (*Mål og mening*, s. 192). Standarden må byggja på tre føresetnader:

- 1 Språket må vera godt og forståeleg og tilpassa føremål og målgruppe.
- 2 Språket må vera korrekt, dvs. i samsvar med offisielle rettskrivingsreglar.
- 3 Alle dei lovheimla målbruksreglane må etterlevast.

Desse føresetnadene er allereie innebygde i dei statlege styringsdokumenta som er omtala over. Kjernen i desse dokumenta er det same som er nedfelt i den svenske språklova § 11: «Språket i offentlig verksamhet ska vara vårdat, enkelt och begripligt.» Det svenske Språkrådet har fått i oppdrag å følgja opp språklova.

Språkleg kvalitet i lover og forskrifter

Språket i lover og forskrifter påverkar språket i andre tekstar frå det offentlege. I *Mål og mening* tek Kulturdepartementet til orde for etablering av eit system for språkleg kvalitet i lover og forskrifter (*Mål og mening* s. 193–194). Vidare peikar departementet på at det er behov for å arbeida systematisk for å få ein betre balanse mellom målformene i lover og forskrifter.

Betre språk i lover og forskrifter er ei prioritert oppgåve i det sentrale prosjektet «Klart språk i staten» (sjå eiga omtale av delprosjektet i avsnitt 9.7) i perioden 2011–2012.

Dessutan har Språkrådet gått gjennom og retta fleire lov- og forskriftstekstar på nynorsk, sidan lovspråk forplantar seg så kraftig i alle slags statlege dokument. Fordi nynorsk administrativ tekst til saman har mindre omfang og færre kjelder enn bokmålstekstane, er han meir utsett for kvalitetsreduksjon i den viktige kjelda som lover og forskrifter utgjer.

I *Regjeringens digitaliseringsprogram* punkt 5.4 varslar Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) om ei satsing på språket i lover og forskrifter. Der heiter det at «[...] lover som er spesielt viktige for innbyggerne, [skal] identifiseres. Deretter vil det bli vurdert hvordan regelverket kan bli mer forståelig. I tillegg vil det vurderes hvordan språkarbeidet kan bli en naturlig del av arbeidet med nye lover og forskrifter» (FAD 2012).

9.5 Særleg om nynorsk forvaltningspråk

Oppfølging av reglane i mållova


Språkrådet fører tilsyn med i kva grad sentrale statsorgan under departementsnivå oppfyller krava i lov om målbruk i offentleg teneste. Hovudreglane for målbruken det skal rapporterast om, kan oppsummerast slik: Publikumsretta informasjon på nett og papir skal innehalde minst 25 prosent av kvar av målformene, og alle skjema skal liggja føre på både bokmål og nynorsk. I tillegg behandlar Språkrådet klager i saker som fell inn under mållova. Kulturdepartementet fører tilsyn med mållova på departementsnivå. Fordelinga av målformene i stortingsproposisjonar og meldingar er omtala i kapittel 1 «Terminologi og fagspråk».

134 statsorgan leverte rapport til Språkrådet for 2010. Dei statsorgana som ikkje hadde levert innan fristen 31. januar 2011, fekk purring opptil to gonger. Totalt var det 38 av 172 sentrale statsorgan som ikkje leverte rapport.

Det har vore ein jamn framgang hos fleire statsorgan dei siste åra, men frå 2009 til 2010 har ikkje fordelinga mellom målformene endra seg noko særleg. For 2010 oppfylte 11 prosent av statsorgana som leverte rapport, krava i mållova på nettsider, medan 22 prosent rapporterte om under 5 prosent nynorsk på nettstaden. Når det gjeld papirtilfang, oppfylte 13 prosent av statsorgana

krava sett under eitt. 31 prosent av statsorgana hadde over 25 prosent nynorsk i papirtilfang under 10 sider, medan 29 prosent oppfylte kravet i papirtilfang over 10 sider.

Figur 3: Statsorgan som oppfylte krava i mållova i 2010 (i prosent, fordelt på tekstkategori)



Tala er frå rapportar om målbruken i 2010, som kom inn i 2011.

Veksling mellom målformene i tekstar på papir

Det verkar som om det er lettare for mange statsorgan å få til ei god og varig veksling mellom målformene i tekstar på papir enn å få til veksling mellom målformene i nettekstar. Noko av forklaringa kan vera at fordelinga mellom målformene i papirtilfang er eit innarbeidd krav som ein del statsorgan set bort til spesielle interne/eksterne krefter, medan dei på nettsidene er meir avhengige av tilsette som kan skriva tekstar på nynorsk jamleg. Talet på skjema i 2010 som låg føre på både bokmål og nynorsk, er framleis 56 prosent, uendra sidan 2009. I 2010 var det totale talet på innrapporterte skjema mykje lågare enn i rapportane som galdt 2009. Det er ikkje så lett å seia kvifor, men dei siste åra kan det nok ha vore ein del dobbeltrapportering av skjema som ligg føre på både Internett og papir. Ein annan faktor som kan bidra til at talet på innrapporterte skjema vert feil, er at mange skjema som tidlegare låg føre på papir, no berre kjem i elektronisk versjon, og at statsorgana manglar rutinar for å rapportera inn desse skjema. Fleire av klagesakene Språkrådet har fått inn den siste tida, har avdekt at mange statsorgan ikkje lagar nynorsk versjon når dei legg inn skjema i til dømes elektroniske portalar.

Veksling mellom målformene i tekstar på nett

I St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentleg teneste* og rundskriv V-14 V/2006 *Oppfølging av målbruk i offentleg teneste* la Kulturdepartementet særleg vekt på fordelinga mellom målformene på statlege nettstader. Etter ein ganske kraftig auke i bruken av nynorsk dei fyrste åra etter stortingsmeldinga ser det no ut til at veksten har flata meir ut. Tala frå 2010 viser at det framleis i snitt er 13 prosent nynorsk på statlege nettstader, slik det var i 2009. Tala fortel mykje om fordelinga mellom målformene på nettstaden, men ikkje alt. I samband med tilbakemeldinga på rapporteringa går Språkrådet alltid inn på nettstaden for å finna ut i kva grad begge målformene er synlege på framsida.

Mange statsorgan har gjort ein god jobb i å veksla mellom målformene i dei faste tekstane på nettstaden. Men tilsynsarbeidet avdekkjer at mange statsorgan framleis ikkje har gode rutinar for veksling mellom målformene i til dømes nyheitssaker. Språkrådet har ikkje undersøkt nærare kva som er årsaka til at det er lite veksling i særleg det tilfanget. Det er likevel nærliggjande å anta at dårleg nynorsk-kunnskap i statsorganet er ein viktig faktor. Dessutan er det mange statsorgan som stadig opprettar nye nettstader, og det tek gjerne lang tid før statsorganet får innarbeidd ei god

veksling på desse nettstadene. Den manglande framgangen kan òg tyda på at regelverket i mange statsorgan ikkje er godt kjent i heile organisasjonen. Mange nettstader inneheld mange gamle sider. Dette kan føra til at nye sider på nynorsk ikkje gjer så stort utslag på målbruksfordelinga på nettstaden.

Informasjon til statstilsette om regelverket


I mars 2012 arrangerte Språkrådet (tilsynstenesta i samarbeid med språktenesta for statsorgan) eit seminar om nynorsk i statsforvaltninga. Meir enn 50 personar frå 36 statsorgan deltok, og tilbakemeldingane frå deltakarane var gode. Til seminaret hadde Språkrådet invitert tre innleiarar frå tre ulike statsorgan som kan visa til gode resultat: eit departement, eit direktorat og eit universitet. Føremålet med seminaret var å spreia informasjon om regelverket, og å inspirera statstilsette til å setja i gang gode nynorsktiltak og laga gode rutinar.

I 2011 har Språkrådet òg orientert om regelverket i mållova under to andre tilskipingar: den eine for administrativt tilsette ved Universitetet i Bergen i juni, den andre på Noregs Mållags haustseminar i oktober. I april 2012 heldt direktøren i Språkrådet eit ei innleiing på landsmøtet i Noregs Mållag med tittelen «Kva skal til for at staten skal følgja mållova?».

Klagesaker

Talet på klagesaker har stige dei siste åra. I 2011 fekk Språkrådet inn 164 klagesaker, mot 121 i 2010. Det er ein auke på 36 prosent. På nynorskseminaret i mars 2012 kom det fram at klagesaker fungerer som ei påminning til statsorgana om å gå gjennom rutinane. På den måten fører klagesakene ofte til at statsorgana skriv meir nynorsk. Det stemmer med røynslene Språkrådet har frå tilsynsarbeidet: Klagesaker kan føra til at rutinar vert endra, og til at konkrete manglar vert retta, til dømes at det vert utarbeidd nynorskutgåver av skjema. Klagesakene har derfor vorte ein meir sentral del av arbeidet med mållova, og dei er ei viktig kjelde til kunnskap om målbruken i statsforvaltninga. Dette er kunnskap som Språkrådet ikkje får gjennom den årlege rapporteringsordninga. Dei aller fleste klagane som kom inn i 2011, galdt brot på mållova. Erfaringa vår er at statsorgan som har tettare kontakt med Språkrådet, vert betre til å veksle mellom målformene.

Figur 4: Utviklinga i talet på klagesaker 2006–2011



Rundt årsskiftet 2010–2011 gjennomførte Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Nynorsk kultursentrum «Undersøking om målbruk i nynorsk kommunar» (sjå nærare omtale i *Språkstatus 2011*). Undersøkinga viste at sjølv om nær halvta av kommunane med nynorsk som målvedtak opplever at statsforvaltninga ikkje oppfyller kravet deira om å få tilsendt brev på nynorsk, har ingen av dei klaga til Språkrådet. Dette stemmer med inntrykket tilsynstenesta sit att med: Ingen av klagane som kom inn i fjor, var frå kommunar. Funna frå kommuneundersøkinga viser at statsforvaltninga aukar presset gjennom å ikkje oppfylle krava i mållova.

Kommuneundersøkinga viste òg at nokre av kommunane med nynorsk som målvedtak ikkje kjende til sitt eige målvedtak. Det er eit teikn på at rettskjensla og kjennskapen til mållova er låg hos somme kommunar.

9.6 Klarspråk

I *Mål og mening* vert det understreka at «[d]et offentlege har eit særleg ansvar for å stå fram som eit godt føredøme når det gjeld å bruka eit godt og klart språk» (s. 186). Etter mønster frå Sverige er omgrepet *klarspråk* i ferd med å verta innarbeidd også i Noreg. Men inntil 2006 vart det ikkje gjort noko samordna, systematisk klarspraksarbeid. I *Mål og mening* peikar Kulturdepartementet på at det trengst eit planfast og målretta arbeid med språket i det offentlege. Eit slikt fast klarspraksarbeid er no sikra ved Språkrådets språkteneste for statsorgan, som har fått eit særleg ansvar for å driva klarspraksarbeid i statsforvaltninga (*Mål og mening*, s. 188), og ved prosjektet «Klart språk i staten».

Det er skrive fleire masteroppgåver om klarspråk. Frå 2012 er klarspråk etablert som eige grunnemne på bachelornivå i nordisk ved Universitetet i Oslo.

9.7 Prosjektet «Klart språk i staten»

Prosjektet «Klart språk i staten», som vart sett i gang i 2008, er eit samarbeid mellom Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet. FAD finansierer prosjektet. Språkrådet har det språkfaglege ansvaret, medan Difi har ansvar for administrasjon, kommunikasjon og leiing. Prosjektet var opphavleg treårig og skulle vara ut 2010, men vart utvida med to nye år til og med 2012.

Prosjektet omfattar mellom anna desse tiltaka:

- nettstaden www.klarsprak.no med praktiske råd, nyheiter, rettleiingar og dokumentasjon
- Statens klarsprakspris, som vert delt ut ein gong i året til ei statleg verksemd som har gjort mykje for å betra språket sitt
- ei stønadsordning med økonomisk og fagleg stønad til statlege verksemder som ynskjer å gjennomføra eit språkforbetringsprosjekt
- opne kurs for statstilsette
- konferansar og seminar for statstilsette

Nettstaden www.klarsprak.no har mange ulike brukarar og om lag 15 000 sidevisingar i månaden.

Statens klarsprakspris ser ut til å ha vorte ein viktig motivasjonsfaktor i språkarbeidet til statsorgana. Prisen er delt ut tre gonger: til Lånekassen i 2009, til Utlendingsdirektoratet i 2010 og til Statens pensjonskasse i 2011. Juryen har merkt seg at det har vore ein generell framgang på desse åra: Kandidatane held jamt over høgare nivå, kvaliteten på arbeidet stig, og konkurransen vert skarpare. I 2011 vart seks kandidatar nominerte.

Statsorgan kan søkja om fagleg rådgjeving, klarspraks kurs på arbeidsplassen og/eller økonomisk stønad til språkarbeid gjennom stønadsordninga til prosjektet «Klart språk i staten». Målet med ordninga er at statsorgan skal etablere eigne språkbetringsprosjekt eller halda fram med arbeid som allereie er i gang. Samstundes er stønadsordninga forpliktande, ettersom statsorgana må grunngje søknaden, planleggja arbeidet sitt og syta for at språkarbeidet har forankring i leiinga. Alle stønadsomtakarane må rapportera om korleis dei har bruka støtta, og dei må dela erfaringane og produkta sine med andre på www.klarsprak.no.

I 2011 fekk 23 statsorgan stønad til ulike språktiltak under denne stønadsordninga. Støtta har mellom anna gått til å halda nynorsk kurs og klarspråkskurs på arbeidsplassen, utarbeida språklege retningslinjer, gjennomføra spørjeundersøkingar og kartleggja språkbruken i brev og skjema. I 2012 fekk 27 statsorgan stønad. I perioden 2009–2012 har totalt 57 statsorgan fått stønad (pengar og/eller rådgjeving). Somme av dei har fått stønad til fleire prosjekt. Samla for heile perioden er det delt ut nærare 6,5 millionar kroner.

Kursa til prosjektet «Klart språk i staten» er omtala under.

I 2011–2012 har prosjektet «Klart språk i staten» arrangert to konferansar og fire frukostseminar.

Effektar av prosjektet

Tiltaka som statsorgana set i gang med stønad frå prosjektet «Klart språk i staten», gjev konkrete resultat i form av mellom anna språklege retningslinjer og betre standardbrev. Gjennom nettstaden www.klarspråk.no vert nyttig informasjon og materiell delt, gjenbruka og tilpassa. Nettstaden gjev dermed hjelp til sjølvhjelp. Han fungerer òg som ein møteplass for statstilsette som driv med språkarbeid, og som kan dra nytte av erfaringane og arbeidet til andre.

Det er liten tvil om at det sentrale prosjektet «Klart språk i staten» har skapa merksemd rundt språket i det offentlege, auka medvitet om språk og gjeve inspirasjon til å setja i gang tiltak for å betra språket.

Prosjektet skal sluttevaluera hausten 2013. Dette vert ei omfattande evaluering av heile prosjektperioden. I perioden 2010–2011 har analyseselskapet *ideas2evidence* på oppdrag frå FAD undersøkt verknaden av tiltaka i prosjektet «Klart språk i staten» så langt (Ryssevik og Dahle 2011). Dette er ei undervegsevaluering som gjev eit fyrste bilete av korleis verksemdene sjølve vurderer tiltaka i prosjektet «Klart språk i staten».

Rapporten frå *ideas2evidence* er basert både på kvantitative og kvalitative data og viser mellom anna

- om endringane er godt forankra og varige
- kva ein har lukkast best med
- kva som har vore hindringar og drivkrefter
- kva for tiltak verksemdene prioriterer framover

Føremålet har vore å få eit samla bilete av dei klarspråksprosjekta som verksemdene gjennomfører, og å undersøka på kva måte og i kor stor grad verksemdar som har fått stønad frå prosjektet, skil seg frå verksemdar som ikkje har fått stønad.

Nokre hovudfunn frå undervegsevalueringa:

- Det sentrale klarspråksprosjektet har vore den viktigaste drivkrafta for å setja i gang klarspråksprosjekt lokalt, også for verksemdar som ikkje har fått økonomisk stønad. I tillegg har det vore viktig at det finst ei eller fleire eldsjeler i leiinga.
- Omtrent alle verksemdar som har sett i gang klarspråksprosjekt, meiner at den skriftlege kommunikasjonen med brukarane var byråkratisk og vanskeleg før prosjekta vart sette i gang.
- Skrivekurs og revisjon av konkrete tekstar er dei viktigaste tiltaka som verksemdene satsar på og vil prioritera framover. Eit fleirtal av verksemdene har også utarbeidd ein språkprofil. Få har gjennomført evalueringar, men over halvta av verksemdene planlegg å gjera det dei neste åra.
- Av tiltak som verksemdene har sett i gang, vert kartlegging av tekstar og opplæringstiltak sett på som viktigast for å oppnå gode resultat. Også rutinar for kvalitetssikring og språklege retningslinjer vert vurderte som viktige eller svært viktige av mest alle verksemdene. På bakgrunn av dette er det overraskande at under halvta oppgjev at kvalitetssikring er noko dei ynskjer å satsa på framover.

- Den faktoren som flest meiner er viktigast for å lukkast med klarspråksarbeid i verksemda, er kursing og kompetanseheving hos de tilsette. Toppleiarforankring vert sett på som ein viktigare suksessfaktor enn forankring på mellomleiar nivå.
- Mangel på tid og ressursar er ein av dei viktigaste faktorane som gjer det vanskeleg å prioritera klarspråk i ein travel kvardag.

Som eit ledd i evalueringa av det sentrale prosjektet er det laga eit verktøy, eit metodehefte, som verksemdene kan bruka for å evaluera sine egne klarspråkstiltak (ideas2evidence 2011). Metodeheftet vart publisert på www.klarspråk.no i november 2011. Heftet er ei samling av målemetodar og spørjeskjemamodular.

Delprosjekt om språk i lover og forskrifter

Under prosjektet «Klart språk i staten» er det etablert eit eige delprosjekt som arbeider med språk i lover og forskrifter. Føremålet med delprosjektet er å få meir kunnskap om dei språklege utfordringane i regelverket og å setja i gang tiltak for å gjera språket i regelverk betre. Delprosjektet har ei arbeidsgruppe der Justis- og beredskapsdepartementet (JD) (forskriftseininga i lovavdelinga), Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet deltek. Våren 2012 etablerte FAD og JD ei ressursgruppe av fagpersonar for å sikra at tiltaka og framlegga i arbeidet i delprosjektet er godt forankra fagleg.

Arbeidet vart sett i gang hausten 2011, då FAD og JD arrangerte ein rundebordskonferanse om språk i regelverk. Føremålet med konferansen var å diskutera kva for språklege krav som bør stillast til lover og reglar, og å få idear til kva som kan gjerast med lovutviklingsprosessen slik at språket i regelverkstekstar kan verta betre. På konferansen deltok juristar og andre fagpersonar frå utdanningsmiljøa, domstolane og offentlege etatar. Konferansen gav mange nyttige innspel til arbeidet.

I desember 2011 gjennomførte Synovate ei spørjeundersøking på oppdrag frå delprosjektet. Føremålet var å kartleggja korleis befolkninga ser på lover og forskrifter. Nokre resultat frå undersøkinga:

- 54 prosent av dei spurde har det siste året lese ei lov eller forskrift. Om lag like mange har lese lover og forskrifter i privat samanheng som i arbeidssamanheng.
- Av dei som ikkje har lese ei lov eller forskrift det siste året, meiner eit fleirtal at det er viktig at lover og forskrifter er lette å forstå.
- Av dei som har lese ei lov eller forskrift det siste året, meiner eit klart fleirtal at det er viktig at lover og forskrifter er lette å forstå, og at alle innbyggjarar burde forstå lover og forskrifter som gjeld dei sjølve.
- 39 prosent synest det er lett å forstå innhaldet i den lova eller forskrifta dei har lese, medan 38 prosent synest det er vanskeleg. Tendensen er at dess høgare utdanning ein har, dess meir sannsynleg er det at ein synest det er lett å forstå innhaldet.
- På spørsmålet om kva som var vanskelegast å forstå i lova eller forskrifta dei har lese, svarar 36 prosent «vanskelege ord og uttrykk», 32 prosent «vanskelege setningar», 29 prosent «vanskeleg å finna fram i tekstinnhald» og 3 prosent «veit ikkje».

Delprosjektet ved Difi er no i gang med ei ny undersøking. Denne gongen er målet å finna ut kva som hindrar klart språk i lover og forskrifter, og korleis saksbehandlarar brukar lov- og forskriftstekstar i arbeidet sitt. Undersøkinga er avgrensa til dei tre forvaltningssektorane arbeid, pensjon og bustad/bygg, og ho vert gjennomført i utvalde departement og direktorat, og dessutan blant saksbehandlarar i regionar eller distriktskontor som brukar regelverket.

9.8 Kurs for statstilsette

Kurs for statstilsette (nynorskkurs, klarspråkkurs) vert i dag arrangerte av Difi (i regi av prosjektet «Klart språk i staten»), Språkrådet og private kurshaldarar. Etterspurnaden etter kurs er stor.

Kursa til Språkrådet (språktenesta for statsorgan)

Språktenesta held to typar kurs for statstilsette: nynorskkurs og klarspråkkurs. Tenesta har valt å satsa på få, grundige og langsiktige nynorskkurs (tre dagar) i staden for mange korte og overflatiske, og oppmuntrar statsorgana til å innleia eit meir forpliktande samarbeid om å heva kompetansen i nynorsk. I nynorskkursa legg språktenesta hovudvekta på formverk og ordval fordi dette er den mest effektive måten å betra nynorskkompetansen på. Hausten 2011 heldt Språkrådet eit eige kurs for private språkkonsulentar. Målet er at somme av dei på sikt kan halda nynorskkurs på vegner av Språkrådet, slik at fleire statsorgan får opplæring.

Klarspråkkursa er mindre omfattande (2–4 timar) og derfor fleire, og dei har eit anna innhald. Hovudvekta ligg på uttrykksmåte, ikkje formverk. Desse kursa er målformnøytrale, og her brukar språktenesta døme og rammetekstar på begge målformer.

Tabell 18: Språktenesta for statsorgan – kurs og innlegg

	2009	2010	2011
Klarspråkkurs og -innlegg	19	28	40*
Nynorskkurs	7	4	4**
Kurs og innlegg totalt	26	32	44

* Klarspråksoppdraga omfattar også kortare innlegg som inngår i andre faglege samanhengar, og det trekkjer talet opp.

** I tillegg kjem kurshaldarkurset, sjå omtale ovanfor.

Tala i tabellen over viser at etterspurnaden etter klarspråkkurs har auka jamt dei siste åra. Ein av grunnane til at talet på nynorskkurs er lågare enn talet på klarspråkkurs, er at nynorskkursa er meir omfattande og krevjande, sjå omtala over. Ein annan grunn er at fleire nynorskkurs er vortne utsette eller avlyste av oppdragsgjevarane, som viser til sjukdomsfråfall eller for få påmelde.

Etterspurnaden etter nynorskkurs varierer, men er generelt lågare enn behovet for opplæring tilseier. Det kan henda at mange statsorgan ikkje har ein god nok plan for korleis nynorskarbeidet skal drivast, og at leiinga ikkje tek noko ansvar for det.

Sidan lanseringa i 2006 har språktenesta utført små og store oppdrag (kurs, innlegg, gjennomgang av tekstar) for til saman ca. 105 statlege oppdragsgjevarar. Språktenesta får stadig fleire faste oppdragsgjevarar, medan ho har jamt tilsig av nye. I 2011 fekk språktenesta 15 nye oppdragsgjevarar.

Kurs innanfor prosjektet «Klart språk i staten»

Prosjektet «Klart språk i staten» held opne klarspråkkurs og nynorskkurs for statstilsette. Etterspurnaden etter opne kurs er stor. Desse kursa går parallelt med og uavhengig av kursa til språktenesta. I 2011 arrangerte prosjektet «Klart språk i staten» 2 nynorskkurs med til saman 34 deltakarar og 5 generelle klarspråkkurs med til saman 145 deltakarar. Kurset «Klarspråk for leiarar» samla 31 deltakarar.

Tabell 19: Opne kurs i prosjektet «Klart språk i staten» 2010–2011

	2010		2011	
	Kurs	Deltakarar	Kurs	Deltakarar
Opne nynorskkurs	2	38	2	34
Opne klarspråkskurs (to dagar)	9	187	5	145
Å leie eit klarspråksprosjekt	2	36	–	–
Klarspråk for leiarar	1	29	1	31
Samla tal	14	290	8	210

Til dei fleste kursa i 2011 var det dobbelt så mange søkjarar som deltakarar. Det var teke ut minst 32 deltakarar til kvart kurs, men pga. sjukdom o.a. var det ikkje alle som møtte. I tillegg til dei opne klarspråkskursa held prosjektet «Klart språk i staten» verksemdsinterne kurs som statsorgana kan søkja om å få gjennom stønadsordninga i prosjektet.

Også private kurshaldarar melder om stor etterspurnad etter kurs, spesielt klarspråkskurs.

9.9 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Oppfølging av mållova og arbeid med nynorsk i statsorgana

Mange statstilsette har lite nynorskkompetanse. Likevel er det relativt få som brukar tilbodet om nynorskkurs. Den låge etterspurnaden etter nynorskkurs i statsforvaltninga kan tyda på at mange statsorgan ikkje er villige til å setja i gang eit grundigare og meir forpliktande arbeid for å heva kompetansen i nynorsk.

Gjennom dei tre innlegga på Språkrådets seminar om nynorsk i statsforvaltninga og diskusjonen mellom deltakarane etterpå kom det tydeleg fram at det som trengst for å få statsorgana til å etterleva krava i mållova, er

- gode rutinar som vert følgde (til dømes faste tekstar på nynorsk)
- tydelege signal frå leiinga
- forankring i leiinga
- plassering av ansvar, til dømes i kvar avdeling
- god informasjon om regelverket
- opplæring av tilsette i nynorsk

Ansvaret for å gjennomføra gode nynorsktiltak og laga gode rutinar ligg til sjuande og sist hos statsorgana. Oppfølging av mållova er, som andre tenesteplikter, eit leiaransvar. Språkrådet meiner det er heilt avgjerande at leiarar i sentrale statsorgan faktisk tek dette ansvaret eller gjev konkrete personar i oppgåve å følgja opp mållovsarbeidet og anna språkarbeid.

Vidareføring av klarspråksarbeidet etter 2012

Vi treng meir kunnskap om verknadene av klarspråksarbeidet i statsorgana. Det vil vi venteleg få når statsorgana tek i bruk det evalueringsverktøyet som i 2011 var gjort tilgjengeleg på nettstaden www.klarspråk.no.

Undervegsevalueringa av det sentrale prosjektet «Klart språk i staten» viser at dette prosjektet er den viktigaste årsaka til at mange statsorgan har sett i gang klarspråksarbeid. Vi treng å vita korleis språkarbeidet i statsorgana vil halda fram dersom forankringa i FAD, med stønadsordninga og andre tiltak, fell bort når det sentrale prosjektet vert avslutta 31. desember 2012.

Standard for språkleg kvalitet

Dei tre føresetnadene som er omtala i *Mål og mening*, er allereie innarbeidde i dei statlege styringsdokumenta som er omtala over. Dessutan finst det vedtekne skrivereglar og fleire språkplakatar («Målvett», «Å skrive er å omgåast andre», «Klarspråksplakaten», «Dei ti språkvettreglane»). Vidare finst det gode verktøy (nettstader, handbøker) som statstilsette kan bruka i skrivearbeidet. Utfordringa er å gjera retningslinjene og hjelpemidla kjende og få statstilsette til å ta dei i bruk.

Derfor treng vi meir kunnskap om

- kor godt leiarar i statsforvaltninga kjenner til språkkrava i dei statlege styringsdokumenta, og korleis desse krava vert etterlevde
- kva for haldningar statstilsette generelt og leiarar spesielt har til språkarbeid, og kva for tiltak dei meiner nyttar
- kva statsorgana gjer (om noko) for å sikra kvaliteten på språket i tekstane sine
- kor god kjennskap statstilsette har til hjelpemiddel og verktøy, og i kor stor mon dei faktisk brukar dei
- korleis statstilsette brukar den språklege kompetansen dei får gjennom til dømes kurs

Språkleg internkontroll og språkansvarlege i statsorgana

Det som skal til for å betra språket i statsforvaltninga – etter det Språkrådet har observert – er praktisk arbeid med konkrete tekstar og gode interne rutinar for språkarbeid i statsorgana. Eit uforpliktande nettverk av frivillige språkkontaktar er ikkje nok for å få til dette. Det som trengst, er truleg ei fast ordning med eigne språkansvarlege i statsorgana. Ansvar for språkarbeid bør vera knytt til stillinga, ikkje personen. Ei slik ordning kan vera ein reiskap i arbeidet for å oppnå god kvalitet på språket (jf. dei tre føresetnadene for god språkleg kvalitet i det offentlege som ligg nedfelte i dei omtala statlege styringsdokumenta), og dei språkansvarlege kan ha ei sentral rolle i den språklege internkontrollen som Kulturdepartementet tek til orde for i *Mål og mening* (s. 192 og 194).

Vi treng meir kunnskap om korleis ei slik ordning med språkansvarlege kan etablerast og formaliserast, og å få konkretisert kva for oppgåver språkansvarlege bør ha.

Kjelder

FAD 2008 = Fornyings- og administrasjonsdepartementet 2008. *Plattform for leiing i staten*, http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/L%C3%B8nns-%20og%20personalpolitikk/Ledelsesplattformen_nn.pdf

FAD 2009 = Fornyings- og administrasjonsdepartementet 2009. *Statens kommunikasjonspolitikk*, http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/Informasjonspolitik/Statens_kom_pol_nynorsk.pdf

FAD 2012 = Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 2012. *På nett med innbyggerne. Regjeringens digitaliseringsprogram*, http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Kampanje/DAN/Regjeringensdigitaliseringsprogram/digit_prg.pdf

Johannesen, Bjørn-Ole og Kristin Rogge Pran 2011. *Telefonundersøkelse – Lovspråk*. Laget av Synovate for «Klart språk i staten» (Difi), <http://www.sprakradet.no/upload/Klarspr%c3%a5k/Dokumenter/Lovspr%c3%a5k-hovedrapport.pdf>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2005–2006. St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentlig teneste*, <http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20052006/007/PDFS/STM200520060007000DDDPDFS.pdf>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2006. «Rundskriv V-14 V/2006 Oppfølging av målbruk i offentlig teneste»,

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/pressesenter/pressemeldinger/2006/rundskriv-v-14n2006.html?id=104274>

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste, <http://www.lovdata.no/all/hl-19800411-005.html>

Mål og mening = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Rysevik, Jostein og Malin Dahle 2011. *Evaluering av prosjektet «Klart språk i staten»*. Rapport fra underveisevaluering, ideas2evidence rapport 10/2011

<http://www.sprakrad.no/upload/Klarspr%c3%a5k/Dokumenter/Evalueringsrapport%20Klart%20spr%c3%a5k%20i%20staten%20fra%20Ideas2evidence%20desember%202011.pdf>

Språklag (2009:600), Svensk författningssamling, http://www.riksdagen.se/sv/Dokument-Lagar/Lagar/Svenskforfattningssamling/Spraklag-2009600_sfs-2009-600

Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum 2011. *Undersøking om målbruken i nynorskkommunar – rapport.*,

<http://www.sprakradet.no/upload/Rapport%20fr%c3%a5%20kommuneunders%c3%b8kinga.pdf>

10 Nynorsk

Det siste tiåret har det vore ein jamn nedgang i både det relative og absolutte talet på nynorskelevar i grunnskulen. I vidaregåande skule held målbyttet frå nynorsk til bokmål fram. Ny statistikk viser at mest halvta av nynorskelevane har bytt hovudmål frå dei byrjar i 1. klasse til dei går ut frå vidaregåande skule.

Nynorskdelen i barne- og ungdomskanalen NRK Super vart dobla frå 2010 til 2011. Kommunar og fylkeskommunar er viktige språkaktørar, men medvitet om å fremja nynorsk som bruksspråk og forvaltningsspråk ofte er lågt i kommunal sektor.

10.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Nynorskens status og bruk (kap. 9.1)

Grunnleggjande perspektiv (kap. 9.1.1)

Nynorsk er formelt likestilt, men reelt er nynorskbrukarar diskriminerte. Diskrimineringa er primært strukturell. Stilt overfor presset frå engelsk har likevel nynorsk og bokmål ein lagnadsfellesskap. Nynorsk språkstyrking er difor norsk språkstyrking.

Nynorsk er både eit sjølvstendig skriftspråk og ein integrert del av norsk skriftkultur. Dette gjev norsk språk ein dobbel verdi. Staten må sikra det minst brukte språket meir likeverdige konkurransevilkår. Slik positiv særbehandling er også forankra i kulturmeldinga frå 2003.

Norsk allmenndanning føreset kompetanse i begge målformer. Sidemålsopplæringa i skulen og dei statlege målbruksreglane er grunnleggjande språkpolitiske verkemiddel. Indirekte er dei også med på å halda oppe talet på nynorske primærspåksbrukarar.

Nynorsk for minoritetsspråklege (kap. 9.1.2)

Også minoritetsspråklege elevar må få læra nynorsk. Minoritetsbakgrunn er ikkje diskvalifiserande i så måte. Men mange har vore fritekne for sidemålsopplæring. Desse må ikkje automatisk stengjast ute frå statlege stillingar. Statsorgan bør difor ha kompetanseplanar som sikrar fullgod nynorskkompetanse utan nødvendigvis å stilla kompetansekrav til kvar einaste medarbeidar. Alle må likevel ha rett til å kvalifisera seg i nynorsk.

Oppslutninga om nynorsk (kap. 9.1.3)

Utan språkpolitiske stimuleringsiltak vil samfunnsutviklinga tendera til å redusera talet på nynorskbrukarar.

Frå 34 prosent i 1944 er nynorskprosenten i skulen redusert til 14 prosent i dag. Mange elevar med nynorsk opplæringsmål skiftar heilt eller delvis til bokmål seinare i livet. Privat skriv 8 prosent nynorsk, 5 prosent både nynorsk og bokmål.

Nynorsk står klart sterkast på Vestlandet, men i mindre grad i byar og bynære strøk. Jamvel om nynorsk som kvardagsspråk har vorte sterkare regionalisert dei siste tiåra, har den nynorske skriftkulturen samstundes vunne sterkare institusjonelt rotfeste på nasjonalt plan.

Nynorsken si stilling innanfor utvalde språkdomene (kap. 9.1.4)

I privat næringsliv utanfor det nynorske kjerneområdet kan nynorskbrukarar normalt ikkje nytta nynorsk i arbeidet. Nynorskjournalistar får normalt ikkje nytta nynorsk i dei riksdekkjande avisene.

Allmennkringkastingsrapportane frå Medietilsynet viser at NRK ikkje fullt ut oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorsk i sendingane.

Nynorske korpusspørsmål (kap. 9.2)

Nynorsknorma (kap. 9.2.1)

Hausten 2007 vedtok styret i Språkrådet å ta opp att arbeidet med nynorskrettskrivinga. Målet skulle vera ei tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer. Spørsmålet om å fjerna sideformsystemet også i nynorsk var reist i 2000. Det vart utgreidd av Språkrådet, men ikkje vedteke, etter manglande oppslutning i ei høyring hausten 2002. Som nemnt ovanfor vart spørsmålet likevel ikkje avskrive.

Statusskiljet mellom hovudformer og sideformer representerer eit kompromiss mellom stor og liten valfridom. Vid valfridom gjer at skriftmålet kan leggjast nær opp til eige talemål, tradisjonelt eit viktig omsyn i nynorsknormeringa. Motsatt kan eit fast visuelt skriftbilete gjera norma lettare å læra, kanskje strategisk viktig for den allmenne bruken av nynorsk.

Vedtaket om ny gjennomgang av nynorskrettskrivinga har vekt debatt, og det er ikkje lett å ha ei skråsikker oppfatning. Etter ei samla vurdering har departementet likevel kome til at det ikkje vil vera rett å gå imot at arbeidet blir sett i gang.

Ordtilfanget i nynorsk (kap. 9.2.2)

Nynorsk skriftradisjon er restriktiv til danske og lågtyske lånord. Men slike ord finst i dialektane. I 1999 vedtok Språkrådet klarare retningslinjer for godkjenning av ord som kunne takast med i nynorske ordlister. Året etter vart nærare 300 lånord godkjende, noko som skapte mange motreaksjonar.

Andre ønskjer meir bruk av ord og uttrykk frå bokmål og opplever nynorsken som mindre funksjonell. Men det er vanleg at det dominerande språket kjennest meir moderne og naturleg.

Nynorsk har eit så rikt og variert uttrykksregister, med både moderne og tradisjonelt ordtilfang, at det nok ikkje er språket, men formuleringsevna til språkbrukarane det kjem an på. Det er ordleggingsmåten meir enn ordtilfanget som er avgjerande. Nynorsk ordlegging og seiemåte må difor vera det grunnleggjande i all nynorskopplæring.

Politikk for nynorsk (kap. 9.3)

Det politiske grunnlaget (kap. 9.3.1)

Eit klart uttrykt politisk grunnlag for aktiv støtte til nynorsk språk og kultur finst i stortingsbehandlinga av kulturmeldinga frå 2003, Kulturløftet frå 2004 og Soria Moria-erklæringa frå 2005.

Tiltaksområde (kap. 9.3.2)

I den offentlege språkpolitikken må det byggjast inn eit prinsipp om at nynorsk i utgangspunktet høyrer med der norsk språk blir tematisert eller brukt. Det betyr at det for alle offentlege tiltak og all politikktutforming med eit språkleg aspekt skal vurderast eksplisitt korleis dette kan utformast slik at ein også tek omsyn til dei behov som nynorskbrukarane har.

Det må skapast eit meir positivt omdømme for nynorsk språk og kultur, og det må leggjast til rette for meir nynorsk i kultur- og medieverda generelt og på Internett spesielt.

Frå kortversjonen av Mål og mening (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

10.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Føremålsparagrafen (§ 1) i vedtektene til Språkrådet slår fast at Språkrådet har eit særleg ansvar for å fremja nynorskens stilling i det norske språksamfunnet:

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.

Språkrådet har eit særleg ansvar for å følgja opp bruken av nynorsk i statleg sektor. På den eine sida fører Språkrådet tilsyn med målbruken hos sentrale statsorgan på oppdrag frå Kulturdepartementet (mållovstilsynet). Dessutan har Språkrådets språkteneste for statsorgan som ei av sine hovudoppgåver å driva med informasjonsarbeid i statleg forvaltning og organisera nynorskopplæring for statsorgan.

Mål og mening legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som gjeld norsk språk, vert tematiserte. Dersom ein meiner omsynet til nynorsk ikkje er relevant, skal det grunngjevast. Dette er omtala som «prinsippet nynorsk». Den offentlege norske språkpolitikken har styrking av nynorsk som eit overordna prinsipp. For Språkrådets del inneber dette prinsippet at rådet har eit særleg ansvar for å peika på at andre offentlege institusjonar har eit ansvar for at nynorsk skal takast omsyn til, og at han skal ha ein naturleg plass i offentleg sektor. Det gjeld til dømes klarspråksarbeidet i staten, utforming av statleg kommunikasjonspolitikk, grunnskulen og vidaregåande skule (læreplanar og læremiddel). Staten har eit særleg ansvar for å vera eit språkleg førebilete for andre, både for private verksemdar, enkeltpersonar og for kommunal og fylkeskommunal forvaltning. Dette gjeld ikkje minst i å vera eit føredøme når det gjeld å ha nynorsk som bruksspråk på alle saksområde. I denne samanhengen må det understrekast at Språkrådet ikkje har myndigheit til å instruera andre institusjonar direkte, verken offentlege eller private, om når, kvar og korleis dei skal bruka nynorsk.

Privat sektor er ikkje underlagd offentlege krav til bruk av nynorsk. Andsynes privat sektor er Språkrådets oppgåve å synleggjera at nynorsk er eit bruksspråk i kvardagen for mange nordmenn, og at den nynorske målforma, trass i at ho vert bruka av eit mindretal i Noreg, er eit samfunnsberande språk, særleg i dei nynorske kjerneområda.

10.3 Nynorskens status og bruk

Den offentlege språkpolitikken legg til grunn at nynorsk og bokmål skal vera to likeverdige målformer av det norske skriftspråket. Det er eit mål at nynorskbrukarar skal kunna bruka si eiga målform på alle område utan at dei opplever diskriminering, stigmatisering eller noko press til å gå over til bokmål.

Ei sosiolingvistisk grunnsetning er at bruken av eit språk heng saman med statusen til det same språket. *Mål og mening* slår fast at nynorsk og bokmål er formelt jamstelte, men at nynorsk er reelt diskriminert i det norske språksamfunnet. To viktige verkemiddel for å sikra nynorskens status og bruk både i det offentlege og i samfunnet er mållova og sidemålsundervisninga i skulen. Den offisielle språkpolitikken, som eit tverrpolitisk stortingsfleirtal har slutta seg til, seier at styrking av nynorsk er eit mål i seg sjølv. Den positive særbehandlinga som i dag finst av nynorsk, må i det perspektivet sjåast som utjamning av konkurransevilkåra og ikkje som urimeleg særbehandling av nynorsk og nynorskbrukarar. Det er vanskeleg å sjå føre seg at mindre nynorsk i skule (jf. sidemålsundervisninga i grunnskulen og vidaregåande skule) og offentleg forvaltning (jf. mållova) kan føra til noko anna enn at nynorsk vert svekt som nasjonalspråk.

Sidemålsopplæringa i grunnskulen og vidaregåande skule har alltid vore ei kontroversiell sak og under politisk press. Utdanningsdirektoratet har i 2012 gjort framlegg om å nedprioritera skriveopplæring på sidemålet og avskaffa eigen sidemålsskule både på ungdomstrinnet og på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skule. Språkrådet har gått imot dette, men meiner at sidemålsopplæringa må fornyast og styrkjast, og at ei god sidemålsopplæring er eit viktig grunnlag for å sikra nynorsk som eit reelt nasjonalspråk i Noreg. Sjå nærare omtale i kapittel 12 «Språklege rettar og språkopplæring».

10.4 Oppslutninga om nynorsk

Nynorsk i grunnskulen

Tilbakegangen for nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen held fram, både i absolutte og relative tal. I skuleåret 2011–2012 har 12,8 prosent av elevane, dvs. 78 794 elevar, i grunnskulen nynorsk som opplæringsmål, jamført med 13,0 prosent (79 841 elevar) i skuleåret 2010–2011. Alle tal i tabellane under er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI), som er administrert av Utdanningsdirektoratet (<https://gsi.udir.no>).

Tabell 20: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen, nasjonale tal

Skuleår	Prosentdel nynorsk	Tal på nynorskelevar	Samla elevtal*
2011–2012	12,8 %	78 794	614 295
2010–2011	13,0 %	79 841	615 752
2009–2010	13,2 %	81 214	615 719
2008–2009	13,4 %	82 392	616 062
2007–2008	13,6 %	84 237	617 303
2006–2007	13,8 %	85 721	620 057
2005–2007	14,0 %	86 886	620 010
2004–2005	14,2 %	88 020	618 838
2003–2004	14,5 %	89 472	618 972
2002–2003	14,6 %	89 680	612 207
2001–2002	14,8 %	89 235	600 918
2000–2001	14,9 %	88 413	591 904
1999–2000	15,2 %	88 523	580 628

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

*I denne statistikken er det ikkje rekna med elevar som får grunnskuleopplæring utover 10. årstrinn, eller som ikkje er fordelte på årstrinn.



Tabell 21: Nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen etter fylke

Fylke	Skuleår	Prosentdel nynorsk	Tal på nynorskelevar
Oppland	2011–2012	18,7 %	4163
	2008–2009	19,9 %	4595
	2005–2006	21,0 %	4946
	2002–2003	22,0 %	5120
	1999–2000	23,0 %	5075
Buskerud	2011–2012	2,9 %	950
	2008–2009	3,0 %	976
	2005–2006	3,7 %	1174
	2002–2003	4,1 %	1292
	1999–2000	4,5 %	1338
Telemark	2011–2012	10,9 %	2224
	2008–2008	13,1 %	2742
	2005–2006	15,1 %	3255
	2002–2003	15,7 %	3464
	1999–2000	17,6 %	3703
Aust-Agder	2011–2012	5,5 %	795
	2008–2009	6,4 %	924
	2005–2006	6,8 %	1000
	2002–2003	6,8 %	969
	1999–2000	7,8 %	1087
Vest-Agder	2011–2012	3,3 %	753
	2008–2009	3,5 %	806
	2005–2006	3,7 %	882
	2002–2003	3,9 %	926
	1999–2000	4,4 %	980
Rogaland	2011–2012	24,1 %	14 227
	2008–2009	25,2 %	14 822
	2005–2006	26,6 %	15 643
	2002–2003	28,2 %	16 235
	1999–2000	29,3 %	15 987
Hordaland	2011–2012	39,2 %	24 347
	2008–2009	40,6 %	25 220
	2005–2006	42,1 %	26 362
	2002–2003	44,0 %	27 306
	1999–2000	45,3 %	26 586

Sogn og Fjordane	2011–2012	97,3 %	14 006
	2008–2009	97,1 %	14 376
	2005–2006	96,8 %	14 929
	2002–2003	96,4 %	15 012
	1999–2000	96,6 %	14 535
Møre og Romsdal	2011–2012	52,1 %	17 254
	2008–2009	53,4 %	17 785
	2005–2006	54,5 %	18 445
	2002–2003	55,4 %	18 860
	1999–2000	55,5 %	18 359
Sør-Trøndelag	2011–2012	0,1 %	39
	2008–2009	0,1 %	42
	2005–2006	0,2 %	75
	2002–2003	0,1 %	36
	1999–2000	0,3 %	99
Nord-Trøndelag	2011–2012	0,0 %	0
	2008–2009	0,2 %	36
	2005–2006	0,5 %	91
	2002–2003	1,5 %	283
	1999–2000	2,5 %	442

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI)

Vi ser dei same tendensane når vi fordeler tala på fylke. Det vert færre nynorskelevar, både i relative og absolutte tal. Unntaket når det gjeld relative tal, er Sogn og Fjordane, der nynorsken er bortimot einerådande som opplæringsmål i grunnskulen. Men det absolutte talet går ned der òg. Årsakene til nedgangen er samansette. Det skjer ei demografisk forskyving frå nynorskområde til bokmålsområde, det er større folkevekst i bokmålsområde, og nynorsken er under press i randsonene som ligg nær bokmålsområde (til dømes i omlandet rundt storbyane Bergen og Stavanger).

Hovudmål på skriftleg avgangseksamen i norsk på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skule

Medan statistikken for opplæringsmål i grunnskulen er offentleggjord av Utdanningsdirektoratet heilt ned til enkeltskulenivå i Grunnskulens informasjonssystem, finst det ingen tilsvarande offentleg tilgjengeleg statistikk for fordeling av hovudmål og sidemål i vidaregåande skule på nettstaden til Utdanningsdirektoratet. I *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* (Grepstad 2012) er det likevel offentleggjord statistikk over hovudmål for elevar på vidaregåande trinn 3 (vg3) i studieførebuande program og påbygging. For norskfaget på yrkesfag er eksamen laga lokalt, og val av hovudmål vert ikkje registrert sentralt av Utdanningsdirektoratet.

Tabell 22: Hovudmål i norsk skriftleg til eksamen på vg3 på studieførebuande utdanningsprogram og påbygging

År	Samla elevtal	Nynorskelevar	Nynorskdeler
2009	40 040	2956	7,4 %
2010	43 123	3089	7,2 %
2011	48 200	3230	6,7 %
2012	48 770	3120	6,4 %

Kjelde: Grepstad 2012

Tabell 23: Nynorskdeler i fylke med nynorskkrensar i grunnskulen

	2009	2010	2011	2012
Oppland	6,5 %	3,6 %	3,7 %	4,2 %
Buskerud	0,7 %	0,9 %	0,6 %	0,7 %
Telemark	5,2 %	4,7 %	4,9 %	5,4 %
Aust-Agder	3,2 %	2,1 %	2,1 %	1,6 %
Vest-Agder	1,3 %	0,6 %	1,0 %	0,6 %
Rogaland	7,6 %	7,8 %	7,2 %	6,1 %
Hordaland	23,4 %	21,4 %	21,9 %	21,5 %
Sogn og Fjordane	84,0 %	85,4 %	84,1 %	86,1 %
Møre og Romsdal	29,6 %	30,6 %	26,7 %	26,0 %
Sør-Trøndelag	0,3 %	0,4 %	0,4 %	0,4 %
Nord-Trøndelag	0,2 %	0,2 %	0,2 %	0,1 %

Kjelde: Grepstad 2012

Vi ser av desse tala at målbyttet frå nynorsk til bokmål er stort, men Sogn og Fjordane skil seg ut ved at dei aller fleste elevane held fast ved nynorsk gjennom heile skuleløpet der. Grepstad 2012 (tabell 18) viser utviklinga for desse årskulla frå 1. klasse i grunnskulen til dei gjekk ut frå vidaregåande skule. For Hordaland og Møre og Romsdal viser tala at om lag halvta av elevane har halde fast ved nynorsken frå 1. klasse til vg3. I Rogaland har 3 av 4 elevar som hadde nynorsk som opplæringsmål i 1. klasse, valt nynorsk vekk før vg3. For Noreg under eitt har litt under halvta av elevane halde fast ved nynorsken frå 1. klasse til vg3.

I samband med innføringa av Kunnskapsløftet i skulen vart skriftleg eksamen i sidemål gjort til trekkfag på vg3 på studieførebuande program, medan det tidlegare hadde vore obligatorisk eksamensfag. I ei evaluering som Rambøll har laga for Utdanningsdirektoratet av skriftleg eksamen i norsk våren 2010, den fyrste eksamenen etter at sidemål vart trekkfag, vert funna som gjeld eksamen i sidemål, samanfatta slik: «Lærerne mener de ikke har nedprioritert faget, men sensorer mener på bakgrunn av sensuren at kvaliteten på sidemålskompetansen har gått ned.» (Rambøll 2010, s. 4) Utdanningsdirektoratet offentliggjver karakterstatistikk for vidaregåande skule, men denne statistikken skil ikkje mellom bokmål og nynorsk som høvesvis hovudmål og sidemål. Det

hadde vore interessant å vita om det refererte synet blant sensorane vart spegla att i karaktergjevinga for nynorsk som sidemål i 2010 og 2011.

Folkerøystingar om opplæringsmål i grunnskulen

Skulemålsstatistikken og resultata frå folkerøystingane om opplæringsmål stadfester det inntrykket at presset mot nynorsken er stort. Etter opplæringslova § 2-5 skal kommunar halda rådgvjande folkerøysting om opplæringsmålet i ein skulekrins dersom eit fleirtal i kommunestyret eller minst 25 prosent av dei røysteføre i skulekrinsen krev det. Røysteføre i slike folkerøystingar er alle som er busette i skulekrinsen, og som har røysterett i lokalval, og dessutan føresette som bur utanfor krinsen, når barna deira er elevar på barnetrinnet på den aktuelle skulen. Det er kommunen som gjer endeleg vedtak om opplæringsmål i krinsen etter rådgvjande folkerøysting.

Slike folkerøystingar vert mest utan unntak haldne i skulekrinsar der nynorsk er opplæringsmål frå før. Det har i mange tiår vore eit jamt sig av skulekrinsar som har gått over frå nynorsk til bokmål som opplæringsmål, ofte som resultat av press frå foreldre eller av skuledleggingar og samanslåingar av skulekrinsar. Alle røystingane dei siste åra har vorte haldne i område som må karakteriserast som randsonar for nynorsken, dvs. område der nynorsk ikkje er det dominerande skriftspråket lokalt, til dømes i næringsliv, presse og lokal forvaltning, og som ofte ligg nær ein by eller ein region der bokmål dominerer.

Tabell 24: Folkerøystingar om opplæringsmål 2007–2011

Krins	Kommune	Dato	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
Aure	Aure, Møre og Romsdal	2.5.07	1175	389	237	Nynorsk
Lesundet	Aure, Møre og Romsdal	2.5.07	188	37	53	Nynorsk
Straumsvik	Aure, Møre og Romsdal	2.5.07	320	76	77	Nynorsk
Yli	Notodden, Telemark	10.5.07	680	23	109	Bokmål
Kvinlog	Kvinesdal, Vest-Agder	19.11.07	459	200	71	Nynorsk
Nordbygda	Notodden, Telemark	6.5.08	771	45	136	Bokmål
Rygi	Notodden, Telemark	1.10.08	1400	15	134	Bokmål
Gransherad	Notodden, Telemark	1.10.08	700	35	65	Bokmål
Atrå	Tinn, Telemark	3.5.10	1312	109	191	Bokmål
Hovin	Tinn, Telemark	3.5.10	195	35	65	Bokmål
Åmli	Åmli, Aust-Agder	3.5.10	1420	360	334	Bokmål
Dølemo	Åmli, Aust-Agder	3.5.10	261	75	44	Bokmål
Batnfjord	Gjemnes, Møre og Romsdal	10.3.10	1477	301	420	Bokmål
Øvre Rindal	Rindal, Møre og Romsdal	17.3.10	443	63	89	Bokmål

Træet	Askøy, Hordaland	31.5.10	949	130	80	Nynorsk
Fauskanger	Askøy, Hordaland	31.5.10	690	105	96	Nynorsk
Vålen	Steinkjer, Nord-Trøndelag	29.9.10	215	60	78	Bokmål
Skåbu	Nord-Fron, Oppland	20.8.11	431	150	95	Nynorsk
Halsa	Halsa, Møre og Romsdal	12.9.11	1318	180	587	Bokmål

Kjelder: Noregs Mållag 2012, Grepstad 2010, direkte korrespondanse med Statistisk sentralbyrå og Noregs Mållag

Alle 19 folkerøystingane om opplæringsmål i grunnskulen frå 2007 til 2011 har vore haldne i nynorskkrinsar. 12 gav det resultatet etter politisk behandling i kommunen at krinsen gjekk over til bokmål. Då Vålen skulekrins i Steinkjer gjekk over til bokmål, miste Nord-Trøndelag sin siste nynorske skulekrins.

10.5 Nynorsk for minoritetsspråklege

Opplæring på bokmål i nynorskkommunar

I 42 prosent av nynorskkommunane får vaksne innvandrarak opplæring i bokmål, går det fram av undersøkinga om målbruken i nynorskkommunar som Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum gjorde i 2011. Denne undersøkinga gjekk til dei 114 nynorskkommunane i landet, i tillegg til 11 språknøytrale kommunar der nynorsk er utbreidd.

Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk)

Læreplanen i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak er revidert, og den reviderte læreplanen skal gjelda frå 1. september 2012. Den læreplanen som framleis gjeld, finst i begge målformer, det gjer òg vedlegget til planen. Læreplanen byggjer på Det felles europeiske rammeverket for språk og skildrar opplæringsgangen frå nybegynnarnivå til ulike sluttnivå. Planen er ein del av ordninga med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vox har ansvaret for å implementera læreplanen, som er obligatorisk.

Fleire nynorskkommunar har merknader til den reviderte planen som er ute på høyring. Dei kommenterer innhaldet, men ikkje at han berre finst på bokmål, enno, som høyringsutkast i 2011. Vox reklamerer for dei 13–14 bøkene og hefta som er læremiddel i norsk. Desse skal finnast på nynorsk: *Metodisk rettleiing til læringsmapper for arbeidslivet, Kropp og helse, Skatt og arbeidsliv.*

Nynorske læreverk for minoritetsspråklege i grunnskulen og i vaksenopplæringa

Per 11. januar 2012 var desse læremidla tilgjengelege (oversikt frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa):

- 1.–4. klasse: tre tekstbøker og arbeidshefte, ei arbeidsbok og ein nettstad
- 5.–7. klasse: to tekstbøker, arbeidsbøker og nettstad
- 8.–10. klasse: nettbasert læreverk i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar; tekstbok arbeidsbok; ei tekstbok, arbeidsbok og nettstad; to naturfagbøker; eit hefte om yrke og utdanning og dessutan nynorske læreverk for minoritetsspråklege i vaksenopplæringa
- for innvandrarak med liten skulebakgrunn (med vekt på munnleg opplæring): ti lesehefte til ei biletordbok er laga
- for alle innvandrarak, utan omsyn til skulebakgrunn: nettbasert læreverk med tekstbøker,

arbeidsbøker og testar; nynorsk grammatikkøvingar med fasit, arbeidsgrammatikk. Norsk som framandspråk, øvingsbok i praktisk norsk for vaksne innvandrarakar, eit begynnarverk med tekstbok, lydbok og arbeidsbok i norsk som andrespråk

- nynorske læreverk i samfunnskunnskap/arbeidslivskunnskap: *Intro. Samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, Jobb i sikte, Fylka i Noreg, Høgtider, heilag dagar og tradisjonar i Noreg*
- anna materiell: Utdanningsdirektoratet har biletordbøker og ordbøker for innvandrarakar på *LEXIN*, direktoratet har òg *Språkpermar* der. Elles har Tekstlaboratoriet laga eit grammatikkspel for elevar på Internett: *Grei*
- nynorsk for utanlandske studentar. Peter Hallaråker: *Norwegian Nynorsk. An Introduction for Foreign Students* (ny utgåve 1998)
- nynorske læreverk som ikkje lenger er i sal: Gerd Manne og Reidun Birkeland: *Ny i Noreg* (1989), Per-Bjørn Pedersen og Per Moen: *Norwegian Grammar. Nynorsk* (1983) og An-Magritt Hauge: *Leseboka vår* (tekstbok og arbeidshefte 2000)

Letlesne bøker i ulike kategoriar finst på boksøk.no. Av 46 såg det ut til at éi var på nynorsk. Dessutan fanst det 11 bøker som passa for den som var ny i Noreg. Ingen av dei var på nynorsk.

10.6 Nynorsk i NRK

NRKs vedtekter (§ 14 bokstav d) slår fast: «NRKs tilbud skal i hovedsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.» Dette må forståast slik at det gjeld redaksjonelt innhald både i etermedia (fjernsyn og radio) og redaksjonell tekst på nettsider. Nynorskdelen i NRKs kanalar har vore slik i perioden 2008–2011:

Tabell 25: Nynorskdelen i NRK 2007–2011

	2007	2008	2009	2010*	2011
NRK1	22 %	18 %	24 %	18 %	22 %
NRK2	16 %	17 %	17 %	20 %	26 %
NRK3	–	–	13 %	18 %	19 %
NRK Super	–	–	16 %	9 %	18 %
NRK P1	26 %	22 %	26 %	24 %	27 %
NRK P2	22 %	21 %	23 %	17 %	18 %
NRK P3	25 %	23 %	24 %	23 %	20 %
nrk.no	–	–	–	17 %	16 %

* Tala for 2010 gjeld berre perioden frå oktober til desember 2010.

Tal for nettstaden nrk.no er oppgjevne berre for 2010 og 2011.

Kjelde: NRKs årsrapportar for 2008, 2009, 2010 og 2011

NRK er ikkje nær å oppfylla eigne krav til nynorskbruk i redaksjonelt innhald, jamvel om somme kanalar oppfyller kravet i enkeltår. Jamt over er nynorskbruken i NRK stabil frå år til år. Det er likevel gledeleg å sjå at nynorskdelen i barne- og ungdomskanalen NRK Super vart dobla frå 2010 til 2011. Her må ein likevel merkja seg veikskapen ved tala for 2010.

10.7 Nynorsk i kommunal og fylkeskommunal forvaltning

Kommunal forvaltning er ved sida av statleg forvaltning eit av dei viktigaste domena for nynorsk som bruks- og arbeidsspråk i dag. Per mai 2012 har 114 av 429 kommunar kravd nynorsk i skriv frå staten, og 3 av 18 fylkeskommunar, jf. forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar. Dei aller fleste av desse kommunane har òg nynorsk som forvaltningspråk og som det dominerande opplæringsmålet i grunnskulen.

Undersøkinga av språkbruken i nynorskkommunar og somme språknøytrale kommunar med mykje nynorsk i skulen som Språkrådet gjennomførte frå desember 2010 til februar 2011 i samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum, viser at mange av kommunane der nynorsk er i bruk som opplæringsmål, ikkje har sett i gang spesielle tiltak for å fremja nynorsk som forvaltningspråk. Berre 19 prosent av kommunane i undersøkinga rapporterer at dei har språkpolitiske tiltak som ein del av planverket i kommunen. Dette kan oppfattast slik at kommunane ikkje ser på seg sjølve som språkpolitiske aktørar.

I Prop. 115 S (2010–2011) *Kommuneproposisjonen 2012* viser Kommunal- og regionaldepartementet til den fastsette offentlege språkpolitikken og understrekar at kommunal og fylkeskommunal forvaltning er eit viktig domene for å styrkja nynorsken på «brei basis». Departementet signaliserer at det trengst eit meir systematisk arbeid for å styrkja det nynorske administrasjonsmålet i kommunesektoren.

Kommunal- og regionaldepartementet etablerte i 2009 prisen «Årets nynorskkommune», som går til kommunar som «har gjort ein innsats for å fremje, vidareutvikle og vedlikehalde nynorsk som målform i kommunen». Prisen har til no gått til Stord (2009), Seljord (2010) og Fjell (2011).

10.8 Målbyte frå nynorsk til bokmål

Prosjektet «Målstreken»

Målbytet frå nynorsk til bokmål finn vi både på individnivå og på institusjonelt nivå – i skulekrinsar og kommunar. Mange elevar byter frå nynorsk til bokmål når dei byter skuleslag, frå barneskulen til ungdomsskulen, frå ungdomsskulen til vidaregåande skule, frå vidaregåande skule til høgare utdanning.

Valdres Mållag og Noregs Mållag sette i 2009 i gang det treårige pilotprosjektet «Målstreken» for å motivera ungdom i Valdres til å halda på nynorsk som hovudmål. I samband med dette prosjektet vart det i 2009 gjennomført ei undersøking om målbyte frå nynorsk til bokmål ved Valdres vidaregåande skule (Garthus [2009]). Rapporten konkluderer mellom anna med at

- svært mange byter hovudmål i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule
- overgangen er størst i språkløyvde kommunar
- det er fleire jenter enn gutar som byter
- nynorskbrukarane har mindre positive haldningar til sitt hovudmål enn bokmålsbrukarane har til sitt

Undersøkinga ved Valdres vidaregåande skule vart følgd opp med ei undersøking blant elevar ved Firda vidaregåande skule i Gloppen i Nordfjord og ein rapport som jamfører målbyte i Sogn og Fjordane og i Valdres med kvarandre (Garthus, Todal og Øzerk [2010]). Medan Sogn og Fjordane er det sterkaste kjerneområdet for nynorsk i heile landet, jf. at over 95 prosent av elevane i grunnskulen har nynorsk som opplæringsmål, og at nynorsk er synleg i det offentlege rommet der, er Valdres ein typisk randson. Om lag 70 prosent av elevane i barneskulen i Valdres har nynorsk som opplæringsmål, men nynorsk er jamt over lite synleg i det offentlege rommet, og særleg lite er det bruka av det private næringslivet. Medan målbyte frå nynorsk til bokmål er hovudregelen i Valdres, 75 prosent av dei som hadde hatt nynorsk i barneskulen, hadde bytt til bokmål i skuleåret 2008–2009, hadde berre 5 prosent bytt ved Firda vidaregåande skule.

Ressursgruppe for å styrkja nynorsk som hovudmål

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen tok i mars 2012 initiativ til å oppretta ei breitt samansett ressursgruppe for nynorsk som hovudmål. Målet er at fleire elevar skal halda fast ved nynorsk som hovudmål gjennom heile opplæringsløpet. Gruppa skal på den eine sida drøfta og koma med framlegg om tiltak som kan styrkja nynorsk som hovudmål, og på den andre sida er målet at ho skal skaffa fram meir kunnskap om det pågåande målbyttet frå nynorsk til bokmål i grunnskulen og særleg ved overgangen til vidaregåande skule. Arbeidet i gruppa skal vera avslutta i løpet av 2012.

Aktuelle masteroppgåver

I 2011 Ane Holte leverte ei masteroppgåve i norskdiraktikk ved Universitetet i Oslo med tittelen *Nynorsk i motvind. Skolemålsutviklingen i Gausdal etter 1950*. I oppgåva tek ho føre seg overgangen frå nynorsk i alle skulekrinsar rundt 1950 til at bokmål i dag er mest einerådande i grunnskulen (4,5 prosent nynorsk i 2011–2012). Holte har gått gjennom sakpapir frå skulestyra og avisordskifta som har vore i samband med skulemålsrøystingane i Gausdal. Av dei tolv skulemålsrøystingane i Gausdal etter 1950 har åtte kome i stand etter initiativ frå dei røysteføre, medan fire har kome i stand etter initiativ frå skulestyre eller kommunestyret. Overgangen har òg kome i samband med at små nynorskskular har vorte nedlagde og elevane overførte til større bokmålsskular.

Høgskulen i Volda gav i 2011 ut Hjalmar Eiksunds masteroppgåve *Med nynorsk på leselista. Ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag*.

Ungdomsskuleelevane Eiksund undersøker på Sunnmøre, er stort sett nynorskelevar. Eiksund konkluderer med at nynorskelevane stort sett les mest bokmål, og at det dei les på nynorsk, i stor grad er tekstar knytte direkte til skulen (særleg lærebøker og lekser) eller lokale tilhøve (særleg lokalaviser). Eiksund har òg undersøkt kva språk elevane vel når dei skriv på Internett. Nynorskelevane på Sunnmøre svarar at dei oftare skriv dialekt enn normert på Internett, og at når dei skriv normert, vel dei ofte bokmål. Bokmåselevane i Trondheim opplyser at dei ofte skriv dialekt, men endå oftare normert bokmål. Eiksunds funn understrekar at normert nynorsk, òg for elevar som har nynorsk som opplæringsmål, primært er noko som høyrer skuledomenet til.

10.9 Normering av nynorsk

Kulturdepartementet godkjende i september 2011 framlegget til revidert nynorskrettskriving, som skal gjelda frå 1. august 2012. Det er gjort greie for dette i kapittel 7 «Rettskrivingsnormer og språkutvikling». Det er ikkje fastsett nye retningslinjer for kva ordtilfang som kan takast inn i nynorske ordbøker i samband med den reviderte rettskrivinga.

10.10 Rammevilkår for nynorskinstitusjonar

Det er eit politisk mål at det offentlege skal støtta nynorsk språk- og kulturarbeid. I *Språkfakta 2010* (Grepstad 2010, tabell 17.6) finst det ei oversikt over løyvingar til ein del nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar for perioden 2000–2009. Dette gjeld både løyvingar direkte over statsbudsjettet og indirekte gjennom andre statlege institusjonar. Her er oppdaterte tal for nokre viktige nynorskinstitusjonar som får løyvingar på statsbudsjettet:

Tabell 26: Løyvingar til utvalde nynorskinstitusjonar for 2009–2012 (summar i 1000 kr, avrunda)

	2009	2010	2011	2012	auke 2009–2012
Noregs Mållag	3 017	3 517	3 626	3 728	23,6 %
Det Norske Samlaget	13 090	13 509	13 928	14 360	9,7 %
Norsk Ordbok 2014	14 200	14 700	15 100	15 600	9,9 %
Det Norske Teatret	128 077	137 077	142 076	149 076	16,4 %
Nynorsk kultursentrum	10 090	10 929	12 268	14 468	43,4 %
Nynorsk pressekontor	4 020	4 149	4 278	4 778	18,9 %
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	926	956	986	1 017	9,8 %
Dag og Tid (frå Norsk kulturråd)	4 426	4 426	4 626	4 939	11,6 %

Kjelder: Grepstad 2010, Kulturdepartementets budsjettproposisjonar for stortingsperiodane 2009–2010, 2010–2011 og 2011–2012, Norsk kulturråds nettstad

Den kraftige auken i løyvinga til Nynorsk kultursentrum kan forklarast med kostnader til førebuing og gjennomføring av Språkåret 2013 i samband med 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel og 100-årsjubileet for skipinga av Det Norske Teatret og med kostnader i samband med oppbygginga av Olav H. Hauge-senteret i Ulvik.

Vinjefondet

Eit av dei konkrete nynorsktiltaka i *Mål og mening* er opprettinga av Vinjefondet. I retningslinjene for fondet er føremålet definert slik: «Vinjefondet skal styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.» Fondet vert forvalta og administrert av Nynorsk kultursentrum. Vinjefondet har til no hatt to rundar med utdelingar. I 2010 løyvde fondet til saman 775 000 kroner til Telemarksavisa i Skien (375 000 kroner), avisa Sunnhordland på Stord (200 000 kroner) og den digitale ungdomsavisa Framtida.no i Oslo (200 000 kroner). I 2011 løyvde fondet 470 000 kroner til Landslaget for lokalaviser (300 000 kroner), lokalavisa Øy-Blick i Giske (100 000 kroner) og Nynorsk pressekontor (70 000 kroner) (Nynorsk kultursentrum 2011 og 2012).

10.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er eit uttala mål for norsk språkpolitikk at nynorsk skal vera både formelt og reelt jamstelt med bokmål. Det skal vera fullt mogeleg for alle som ynskjer det, å ha nynorsk som bruksspråk på dei fleste samfunnsområde. Dersom nynorsk skal vera reelt jamstelt med bokmål, må nynorsk òg reknast og opplevast som ein naturleg og sjølvsgd del av kvardagen for bokmålsbrukarar flest. Likevel er det svært mange elevar som byter målform i løpet av skulegangen, og tendensen held fram ved overgangen til høgare utdanning og arbeidslivet. Det trengst meir systematisk kunnskap om når og korleis overgangen skjer, kunnskap som så kan brukast i nynorsk språkstyrkingsarbeid.

Mål og mening er offensiv på vegner av nynorsken. Då eit tverrpolitisk fleirtal på Stortinget behandla meldinga og slutta seg til språkpolitikken som kom fram der, slutta det seg òg til «prinsippet nynorsk»: «Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk vert tematisert og brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimiserast aktivt og behova til nynorskbrukarane verta dekte. Det normale vil då vera at nynorsken vert rekna med.

«Dette vert kalla prinsippet nynorsk.» Språkrådet kan enno ikkje sjå at dette prinsippet vert følgt i statleg forvaltning. I kapittel 12 «Språklege rettar og språkopplæring» er det gjort greie for det pågåande arbeidet med å revidera læreplanen for norskfaget i grunnskulen og vidaregåande skule. I januar 2012 gjorde Utdanningsdirektoratet i eit brev til Kunnskapsdepartementet framlegg om å redusera omfanget til sidemålet, både i skriftleg opplæring og i vurderingsordninga. Språkrådet understreka i eit brev til Kunnskapsdepartementet at ei slik endring av norskfaget vil vera i strid med den vedtekne språkpolitikken. Dette er eit døme på manglande utøving og oppfølging av «prinsippet nynorsk» (Språkrådet 2012).

Kjelder

- Eiksund, Hjalmar 2011. *Med nynorsk på leselista. Ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 27. Volda
- Forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar, <http://www.lovdatabank.no/for/sf/ku/xu-20070401-0378.html>
- Garthus, Karen Marie Kvåle [2009]. *Rapport om språkskifte i Valdres*. Rapport frå prosjektet *Målstreken*, http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres.pdf
- Garthus, Karen Marie Kvåle, Jon Todal og Kamil Øzerk [2010]. *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Rapport frå prosjektet *Målstreken*, http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane-1.pdf
- Grepstad, Ottar 2010. *Språkfakta 2010*. Nynorsk kultursentrum, <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4395>
- Grepstad, Ottar 2012. *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*. Nynorsk kultursentrum, <http://www.aasentunet.no/default.asp?id=13934&menu=4395>
- Holte, Ane 2011. *Nynorsk i motvind. Skolemålsutviklingen i Gausdal etter 1950*. Upublisert masteroppgåve i norskdidaktikk, Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling, Universitetet i Oslo, <http://www.duo.uio.no/publ/real/fag/2011/122535/HoltexxAnextMastergradsavhandling.pdf>
- Kommunal- og regionaldepartementet 2010–2011. Prop. 115 S (2010–2011) *Kommuneproposisjonen 2012*, <http://www.regjeringen.no/pages/16429231/PDFS/PRP201020110115000DDDPDFS.pdf>
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008), http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Kunnskapsdepartementet 2012. «Invitasjon til å delta i ei ressursgruppe for nynorsk som hovudmål». Brev, 12.3.2012
- Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), <http://www.lovdatabank.no/all/hl-19980717-061.html>
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Noregs Mållag 2012. *Årsmelding Noregs Mållag 2011–2012*, http://www.nm.no/filer/aarsmelding_2011-12_nettpdf
- NRK 2009a. «Vedtekter for NRK AS», <http://www.nrk.no/informasjon/fakta/1.5392438>
- NRK 2009b. *Årsrapport 2008*, http://www.nrk.no/aarsrapport/2008/content/assets/pdf/NO_NRK2008.pdf
- NRK 2010. *Årsrapport 2009*, http://nrk.no/aarsrapport/2009/content/assets/pdf/NO_NRK2009.pdf
- NRK 2011. *Årsrapport 2010*, <http://nrk.no/aarsrapport/2010/assets/pdf/nrk-aarsrapport-2010.pdf>
- NRK 2012. *Årsrapport 2011*, <http://www.nrk.no/aarsrapport/2011/assets/pdf/nrk-aarsrapport-2011.pdf>
- Nynorsk kultursentrum 2011. *Årsmelding og rekneskap 2010*,

- http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=099FF159C0C54EBE8D0FE34EAA9AEB54.pdf
- Nynorsk kultursentrum 2012. *Årsmelding og rekneskap 2011*,
http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=51A3A5F10A204DD3BD33CEDBB60BC8AF.pdf
- Nynorsksenteret 2012. «Nynorske læreverk for minoritetsspråklege»,
<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspraklege/norsk-som-andresprak>
- Rambøll 2010. *Evaluering av norskeksamener våren 2010. NOR1211, NOR1212 og NOR1049*. Rapport til Utdanningsdirektoratet,
http://www.udir.no/Upload/Rapporter/2010/5/eksamen_norsk_2010.pdf?epslanguage=no
- Retningslinjer for Vinjefondet 2009,
http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=6F1AC560C04944BA8A531FBD114DFFE B.pdf
- Språkrådet 2006. «Vedtekter for Språkrådet. Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet 25. april 2006», <http://www.sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet>
- Språkrådet 2011a. «← Staten ignorerer språkvala til kommunane», <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Topppmeny/Aktuelt/-Staten-ignorerer-sprakvala-til-kommunane>
- Språkrådet 2011b. *Undersøking om målbruken i nynorskkommunar – rapport*. Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum,
<http://sprakrad.no/upload/Rapport%20fr%C3%A5%20kommuneunders%C3%B8kinga.pdf>
- Språkrådet 2012. «Språkpolitiske føringar for norskfaget». Brev til Kunnskapsdepartementet, 6.3.2012,
<http://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Spr%C3%A5kpolitiske%20f%C3%B8ringar%20for%20norskfaget.pdf>
- Utdanningsdirektoratet 2012. «Styrking av skriftleg hovudmål, avgrensing av skriftleg sidemål og endring av vurderingsordningane i norskfaget i samband med revisjonen av læreplanen i norsk». Brev til Kunnskapsdepartementet, 19.1.2012,
<http://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/norskbreve.pdf?epslanguage=no>
- Vox 2012. «Læremidler for norskopplæring produsert av Vox», <http://www.vox.no/nn-no/Norsk-for-innvandrarar/Boker-og-laremidler>

11 Andre språk i Noreg

Språkrådet fekk i 2011 ansvar for å arbeida med norsk teiknspråk. Det finst lite offentleg informasjon tilgjengeleg på teiknspråk. Rett til opplæring i og på teiknspråk vert gjeve på bakgrunn av sakkunnig vurdering, noko som er ein risikofaktor fordi slik vurdering ofte vert gjord av spesialpedagogar med mangelfull kompetanse om teiknspråk. Språkrådets arbeid med kvensk, romani, romanes og nyare innvandrarspråk skrid fram, og Språkrådet har lyst ut ei rådgjevarstilling for desse språka.

11.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Mål og prinsipp for ein ny språkpolitikk (kap. 3.1)

Overordna språkpolitiske mål (kap. 3.1.1)

5 Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å læra seg framande språk.

Innleiing (kap. 10.1)

Nemningsbruk (kap. 10.1.1)

Kapitteloverskrifta viser til at det i Noreg blir nytta mange andre språk enn norsk. Meldinga innfører uttrykket mangespråkleg om samfunnet. Fleirspråkleg blir nytta om individet. Særleg dei mange nyare innvandrarspråka gjev innhald til omgrepet om det mangespråklege, men framstillinga vidare gjeld berre språk med tradisjonelt fotfeste i landet.

Urfolksspråk og språka til nasjonale minoritetar (kap. 10.1.2)

Urfolksspråk og minoritetsspråk er mykje meir utsette språk enn dei statsberande nasjonalspråka. Å verna og styrkja desse språka er difor ein viktig del av eit overordna språkpolitisk ansvar. Det gjeld å sikra både språkmangfaldet i verda og den språklege kulturarven i vårt eige land.

Politisk-administrative ansvarstilhøve (kap. 10.1.3)

Overordna ansvar for urfolks- og minoritetsspråk inngår i det språkpolitiske ansvaret til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Samisk (kap. 10.2)

Situasjonen for samisk språk (kap. 10.2.1)

Å sikra samisk språk i Noreg er særleg utfordrande for lulesamisk og sørsamisk. Men også nordsamisk blir internasjonalt rekna for eit truga språk.

I samiske samfunn vekslar samisktalande mellom samisk og norsk avhengig av behov og situasjon. Særleg utanfor forvaltningsområdet er det mange med samisk bakgrunn som ikkje meistrar samisk. Jamvel

der samisk er kvardagsspråk, kan ikkje alle lesa og skriva språket.

Oppfølging av relevant lov- og regelverk (kap. 10.2.2)

Krav til samisk i allmennkringkastingskanalane er språkpolitisk viktige verkemiddel.

Ei evaluering viser at manglande kompetanse i samisk gjer at språkreglane i samelova ikkje fullt ut blir etterlevde, dessutan at språkreglane bør tilpassast betre til internasjonale konvensjonsplikter.

Gjennomførte endringar i stadnamnlovgevinga skal styrkja bruken av samiske namn både innanfor og til dels utanfor forvaltningsområdet.

Samisk språk og ikt (kap. 10.2.3)

Utvikling av samisk føreset at samiskspråklege får full tilgang til ny teknologi. Viktig er utvikling av ikt-løysingar som støttar dei spesielle samiske teikna, slik at samisk i alle samanhengar kan skrivast korrekt.

Arbeidet med samisk stavekontroll er særleg relevant for samar som ikkje fekk skriveopplæring på skulen. Utvikling av samisk talesyntese kan vera eit viktig tilleggsværktøy til ordinære korrekturprogram.

Samisk terminologiutvikling (kap. 10.2.4)

Termutvikling, m.a. kartlegging og koordinering av samiske termar for å unngå ordforvirring, er strategisk viktig for samisk språkstyrking. Nye termar blir no formidla gjennom ein elektronisk ordbase. Eit eige prosjekt arbeider med samisk juridisk terminologi.

Sametinget sitt arbeid for samisk språk (kap. 10.2.5)

Sametinget forvaltar størstedelen av dei statlege løyvingane til samisk språk. Språkarbeid står også sentralt i samarbeidsavtalar med fylkeskommunane. Mesteparten av språkmidlane går til å tryggja eit tospråkleg tenestetilbod innanfor forvaltningsområdet, det viktigaste verkemidlet for å oppfylla språkreglane i samelova.

Sametinget gjev m.a. tilskot til ni samiske språksenter. Viktig er også ei tilskotsordning for samiskspråklege publikasjonar.

Samisk språknemnd er eit vedtaksorgan i samiske språkspørsmål på tvers av landegrensene.

Oppfølging av Noregs tredje rapport til Europarådet (kap. 10.2.6)

Europarådet peiker særleg på at Noreg må styrkja innsatsen for utvikling av læremateriell og kvalifisering av lærarar i lule- og sørsamisk.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.2.7)

Jamvel om samisk dei siste tiåra i mangt har vunne ein sterkare posisjon, er det uklart om utviklinga er berekraftig over tid. Regjeringa vil difor leggja grunnlaget for ein ny samisk språkpolitikk med eit strategisk og heilskapleg perspektiv på samisk språk og samfunn.

Kvensk (kap. 10.3)

Situasjon og status for kvensk språk i dag (kap. 10.3.1)

Tidlegare assimilasjonspolitik har gjort kvensk svært utsett, men no skjer ei språkpolitisk oppvakning. Det er teikn til språkleg revitalisering både på individplanet og på samfunnsplanet.

Skal strevet lykkast, krevst det aktiv språkplanlegging. Kvensk har vunne ein viss status; no står såkalla korpusplanlegging for tur. Eit grunnlag var godkjenninga av kvensk som eige språk i 2005.

Utfordringa framover er å standardisera kvensk og dermed leggja fundamentet for eit levande kvensk skriftspråk.

Grunnleggjande tiltak for styrking av kvensk (kap. 10.3.2)

Kvensk institutt i Børselv er etablert som nasjonalt senter og har oppnemnt fem medlemmer til eit kvensk språkråd. Dette skal leia standardiseringsarbeidet.

Viktige tiltak elles er tospråkleg stimulering i barnehagen av barn med kvensk bakgrunn og aktiv minoritetsspråkleg oppfølging i vanleg skule, dessutan eit alfabetiseringsprogram for vaksne og eit fast

studietilbod i kvensk på universitetsnivå.

Etablerte støtteordningar på kulturområdet må ta omsyn til kvenskpråklege kulturytringar. Det må skapast eit fast offentleg forum for kvensk språk og kultur. Vidare støtte til den kvenskpråklege avisa må difor prioriterast.

Eigne stadnamn er ein viktig kulturell markør for den kvenske minoritetsbefolkninga, og arbeidet med innsamling av kvenske stadnamn må intensiverast.

Fleire kommunar i nord er trespråklege, med både kvensk/finsk, samisk og norsk kulturbakgrunn representert. Dette mangfaldet må synleggjerast.

Merknader til oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.3.3)

Den oppsummerande tilrådinga frå ministerkomiteen i Europarådet i 2007 gjekk ut på at Noreg i samarbeid med dei kvenskpråklege må utforma ein meir systematisk politikk for å verna og styrkja kvensk språk.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.3.4)

Ei slik systematisk styrking av kvensk språk må inngå som ein integrert del av den nye heilskaplege språkpolitikken. Målet bør vera at kvensk etter kvart kan sikrast vern på det høgaste nivået i minoritetsspråkpakta.

Romani og romanes (kap. 10.4)

Bakgrunn og noverande situasjon (kap. 10.4.1)

Språka har felles indisk opphav og mykje felles ordtilfang, men ulikt grammatisk system. Romfolket snakkar ofte romanes betre enn norsk, medan romanifolket bruker norsk som daglegspråk.

Romani har likevel overlevd, delvis som hemmeleg, internt gruppespråk. Eldre har særleg mykje språkkunnskap, og det er no stor interesse for å revitalisera språket. Taternes landsforening arbeider med å gjera lydbandopptak med eldre taterar, og Landsorganisasjonen for romanifolket utviklar m.a. språkopplæringsmateriell, for at yngre skal læra seg språket.

For begge språka er standardisering og skriftfesting ei utfordring.

Merknader om oppfølging av minoritetsspråkpakta (kap. 10.4.2)

Ministerkomiteen i Europarådet oppmodar Noreg til intensivert innsats for å verna og fremja romani og romanes.

Oppsummerande vurdering (kap. 10.4.3)

Det vil bli arbeidd vidare med å utforma tiltak for vern og utvikling av romani og romanes.

Norsk teiknspråk (kap. 10.5)

Språkbrukarar i ei særstilling (kap. 10.5.1)

Teiknspråk er utvikla for å overvinna ei nedsett funksjonsevne. Teiknspråk integrerer døve og tunghøyrd i samfunnet. Men teiknspråk er samstundes fullverdige språk, og norsk teiknspråk må også sjåast i språkpolitisk perspektiv. Det er identitets- og kulturuttrykk for ein språkleg minoritet i landet.

Tilhøvet mellom teiknspråk og talespråk (kap. 10.5.2)

Dei fleste døve er barn av høyrande foreldre. Tradisjonelt lærer dei teiknspråk som førstespråk. Seinare blir dei tospråklege gjennom å lesa og skrive verbalspråket.

I dag kan døve barn få tilgang til talespråk gjennom koklea-implantat, men effekten av slik kunstig høyrsel varierer. Dei fleste vil framleis ha behov for teiknspråk. I samfunnet blir teiknspråket uansett ikkje overflødig.

Offisiell status for teiknspråk (kap. 10.5.3)

Det har lenge vore arbeidd for å gje norsk teiknspråk høgare status. Ei utgreiing frå 2004 konkluderte med å tilrå ei eiga lov om norsk teiknspråk som offisielt språk, men kva dette i praksis skulle innebera, har vore

uklart.

Departementet går i staden inn for at norsk teiknspråk blir omfatta av den generelle språklova som er skissert i kap. 3. Dette inneber at omsynet til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar heretter blir ein integrert del av ein samla norsk språkpolitikk.

Det må også arbeidast internasjonalt for å gje teiknspråk ei sterkare folkerettsleg stilling. Ei svensk teiknspråkutgreiing har konkludert med at teiknspråk bør få ei stilling som ikkje er identisk med, men som tilsvarer det som gjeld språka til nasjonale minoritetar.

Anna arbeid for norsk teiknspråk (kap. 10.5.4)

Utanom den overordna språkpolitiske forankringa må det arbeidast vidare med praktisk tilrettelegging for teiknspråkbrukarar på ulike samfunnsområde. Her inngår også spørsmålet om utvida formelle rettar gjennom særlovgevinga. Tilgang på teiknspråktolkar er som oftast den kritiske faktoren.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

11.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet tilsette i 2011 ein teiknspråkrådsgjevar. Språkrådet har slik utvida arbeidsfeltet sitt frå tidlegare å vera konsentrert om norsk språk, til no å arbeida aktivt for å styrkja teiknspråket sin posisjon i Noreg. Språkrådet er aktiv deltakar i fleire sentrale fora der teiknspråk vert bruka og diskutert, til dømes i arbeidet som har vore gjort med å laga ein teiknspråkhandlingsplan for døvekyrkja, og på drøftingsmøte arrangerte av Deltasenteret i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet om teiknspråktolking på offentlege tilskipingar. Språkrådet har teke initiativ til møte og seminar, mellom anna gjorde styret i Språkrådet eit studiebesøk ved Ål folkehøyskole og kurssenter for døde i Ål i Hallingdal den 1. september 2011. Språkrådet har knytt til seg kontaktar på feltet både i Noreg og nordisk og internasjonalt. Språkrådet har òg auka merksemd på å gjera eigne arrangement tilgjengelege for teiknspråkbrukarar. Språkrådet har vore invitert av Kunnskapsdepartementet til å drøfta tiltak for å fremja bruken av norsk teiknspråk i skulen. Språkrådet har òg vore invitert av Nasjonalbiblioteket til å delta i eit utval som vurderer søknader om støtte til ulike teiknspråklege kulturtiltak. I ulike fora har Språkrådet òg vore involvert i drøftingar av ulike tolkefaglege emne, til dømes korleis tolking ved offentlege tilskipingar bør organiserast (møte arrangert av Deltasenteret ved Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet i 2012 på bakgrunn av ein rapport frå Rambøll).

Når det gjeld dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og språka til nyare innvandrargrupper, er Språkrådet i gang med å greia ut korleis det skal arbeida med desse språka. Språkrådet har hatt møte med brukargrupper for dei nasjonale minoritetsspråka for å arbeida fram ei plattform for samarbeid. Det er lyst ut ei stilling for ein rådgjevar i minoritetsspråk, og tilsetjing vil skje i løpet av 2012. Førebels er arbeidet som Språkrådet driv innanfor desse språka, avgrensa til kvensk gjennom namnetenesta for kvenske stadnamn. Språkrådet forvaltar ikkje samisk språkpolitikk, ansvaret ligg til Sametinget og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

11.3 Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er eit språk som vert oppfatta ved hjelp av synet (visuelt) og uttrykt ved hjelp av synlege rørsler med hendene, andletet og overkroppen (gestuelt). Dette kjenneteiknar teiknspråka til skilnad frå talespråka, som vert oppfatta ved hjelp av høyrsla (auditivt) og uttrykte ved hjelp av høyrbare rørsler i stemmebanda og andre delar av andingsorgana (vokalt). Norsk teiknspråk og andre teiknspråk er altså heilt uavhengige av høyrsla, sidan dei ikkje er bygde opp av noko lydssystem.

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg og har to hovudvariantar som er knytte til høvesvis Trondheim og Oslo. Det var i desse to byane at døde barn fyrst kom saman for å gå på skule og veksa opp saman frå fyrste halvdel av 1800-talet. Språket er vorte til uavhengig av talespråket norsk, men norsk teiknspråk ber mange vitnesbyrd om at det har vore omgjeve og

påverka av norsk så lenge det har eksistert. Samiske døve brukar òg norsk teiknspråk, men ofte i ein variant som er påverka av samisk talespråk.

Norsk teiknspråk inneheld òg to sett med namn på bokstavane i det norske alfabetet, kalla det norske eihandsalfabetet og det norske tohandsalfabetet. Det finst òg eit eige samisk handalfabet. Talet på brukarar av norsk teiknspråk er usikkert. *Mål og mening* nemner talet 16 500, medan døveprostens årsmelding (2011, s. 6) seier 30 000. Kanskje ca. 5000 er døve, som kan seiast å vera dei primære teiknspråkbrukarane. Mange av dei har ei kjensle av sterk eigarskap til språket. Døve vil ofte identifisera seg meir som medlemmer av teiknspråkmiljøet enn som individ med ein viss grad av høyrselesnedsetjing (Holten og Lønning 2010, Breivik 2007). Dei andre teiknspråkbrukarane er ofte høyrande familiemedlemmer og venner og profesjonelle tenesteytarar. Med dette er norsk teiknspråk eit av dei mest brukte språka i Noreg.

Talet på teiknspråkbrukarar i Noreg ser ut til å gå opp, særleg på grunn av innvandring (samtale med representant for CI-teamet på Rikshospitalet, mars 2012) og på grunn av at fleire høyrande vaksne har fått høve til å læra seg norsk teiknspråk. Dei fleste vaksne innvandrarane har med seg sitt eige teiknspråk når dei kjem til Noreg. Korleis desse menneska lever sitt fleirspråklege liv, og korleis teiknspråka til innvandrarane påverkar norsk teiknspråk, veit vi førebels lite om. Døve stiftar ofte familie med andre døve. Likevel er det få av barna av døve foreldre som sjølve er døve, 4 prosent ifølgje Mitchell og Karchmer (2004, s. 153).

Døve er ofte transnasjonale i den tydinga at når dei treng eit større teiknspråkmiljø, reiser dei til møtestader for døve i ein global fellesskap. Som ein konsekvens av transnasjonaliteten er døve òg flittige brukarar av Internett med biletprateprogram (Breivik 2007).

Koklea-implantat og teiknspråk

I dei seinare åra har det medisinsk-tekniske hjelpemiddelet koklea-implantat (cochlear implant, CI) vore eit viktig framskritt. Det totale talet på døvfødde barn kvart år er uklart, og det er derfor òg vanskeleg å seia kor stor del av døve barn som vert opererte, men det er ein stor del (*Mål og mening* nemner talet 90 prosent). Dette utdraget frå *Mål og mening* (avsnitt 10.5.1.2) er ei god framstilling av kva dette hjelpemiddelet har å seia:

Dei siste par tiåra har elles medisinsk-tekniske framskritt gjort det mogleg å gjenvinna høyrsla for heilt døve personar og betra høyrsla hos dei som i utgangspunktet høyrer så dårleg at høyreapparat ikkje hjelper. Ved å få operert inn såkalla koklea-implantat kan også dei som er fødde som døve, bli i stand til å oppfatta lyd. Mange av dei blir gjennom opptrening i stand til å kommunisera i større eller mindre grad ved hjelp av talespråk.

Resultatet er likevel individuelt. Dei som blir opererte på denne måten, går ikkje automatisk over frå å vera døve til å bli høyrande. Behovet for teiknspråk vil framleis vera til stades, for dei aller fleste, i større eller mindre grad.

Trass variasjonen i resultatata ser det framleis ut til å vera ei noko utbreidd førestilling i samfunnet at koklea-implantata gjer døve til høyrande i slik grad at teiknspråk vert overflødig. Kermit (2006, s. 58) skriv: «Fra enkelte hold [...] blir det advart mot tegnspråk da man mener at det svekker barnets mulighet til og motivasjon for å lære å høre.» Slike gamle, udokumenterte førestillingar finst jamvel mellom ansvarlege fagfolk, noko som diverre gjer at det relativt gode støtteapparatet som er utvikla i Noreg for å gje døve barn tilgang til teiknspråk, ikkje alltid vert gjort full bruk av. Ei utdatert haldning til teiknspråk som eit erstatningsspråk som berre har verdi for den som ikkje kan høyra talespråket, viser att jamvel i enkelte offentlege dokument. Men nett som talespråka er også teiknspråka slik at dei er lettare å læra i låg alder (Emmorey 2002, s. 212). Sein og tilfeldig eksponering for teiknspråk er derfor ein alvorleg risikofaktor for det femte språkpolitiske målet frå *Mål og mening* som er gjeve att over, om «rett til å utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk».

Utdanningstilbod – foreldre til døve barn

«Se mitt språk» er namnet på eit modulbasert 40 vekers fulltids opplæringstilbod i teiknspråk for foreldre til barn med nedsett høyrse i alderen 0–16 år. Tilbodet har eksistert sidan 1996 og er det mest omfattande i verda der det offentlege dekkjer alle utgiftene. Per 1. februar 2011 var det 647 foreldre som deltok i tilbodet. Ei fersk evaluering (Rambøll 2011) viste svært gode tilbakemeldingar. Tilbodet er viktig for vitaliteten til norsk teiknspråk av di det hjelper til med den overføringa av språket mellom generasjonane, ei overføring som er sårbar når det gjeld teiknspråk, der det vanlegvis ikkje er foreldra som er dei fremste språkmodellane for barna. Men Rambøll (2011) rapporterer at det i høg grad er tilfeldig korleis foreldra får kjennskap til «Se mitt språk».

Utdanning – barnehage og grunntdanninga

Sidan slutten av 1990-åra har teiknspråklege barn og unge i Noreg hatt rett til opplæring i og på teiknspråk (opplæringslova §§ 2-6 og 3-9). Med denne retten følgde eigne læreplanar for elevar i grunnskulen og vidaregåande skule (dvs. grunntdanninga). Det er òg utvikla ein heil del læremiddel for teiknspråklege elevar, fyrst og fremst ved Møller-Trøndelag kompetansesenter på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

For at retten til teiknspråkleg opplæring skal gjelda, må det ei sakkunnig vurdering til. Denne vurderinga er det kommunen som har ansvaret for, og det er ein risikofaktor for barna at slik vurdering ofte vert gjord av spesialpedagogar med mangelfull kompetanse om teiknspråk. Det er grunn til å tru at norsk teiknspråk (som er eit eige språk) og «teikn til tale» (som er ein måte å tydeleggjera talespråk på ved å utføra teikn for dei viktigaste orda i ei setninga) mange stader vert sedde som to sider av same sak, og det same gjeld for teiknspråkopplæring og spesialpedagogisk hjelp.

Lovparagrafane som er nemnde over, har til no, så langt Språkrådet kjenner til, vore tolka som å gjelda berre teiknspråklege barn med nedsett høyrse. Språkopplæringsrettane til høyrande barn med teiknspråk som fyrstespråk er ikkje avklara.

Tradisjonelt gjekk opplæringa av døve barn føre seg på eigne døveskular. Etter spesialskulereforma i byrjinga av 1990-åra har desse skulane formelt vore avdelingar ved spesialpedagogiske kompetansesenter. Talet på fulltidselevar på skulane har gått ned i fleire år, noko som kan ha ulike forklaringsar. I dag er det fire statlege skular av denne typen som står att, alle er grunnskular. Kunnskapsdepartementet (sjå Kunnskapsdepartementet 2010–2011, kap. 6.3.1) vedtok inntaksstopp ved tre av dei fire skuleavdelingane frå hausten 2011, og etter skuleåret 2013–2014 skal dei tre skulane leggjast ned. Dette tyder at endå fleire elevar enn no i framtida skal få opplæringa si i og på teiknspråk på skulen i sin heimkommune. Det vert ei utfordring å skapa gode teiknspråklege arenaer. Nokre kommunar har valt å møte problemet gjennom å setja inn teiknspråktolkar i klasserom der det er døve elevar, noko som ifølgje Utdanningsdirektoratet (2011, 27) berre unntaksvis skal kunna skje, ettersom regelverket føreset at opplæringa i grunnskulen skal gjevast direkte. Nokre stader har kommunar gått saman om interkommunale fulltidstilbod for døve elevar, men desse ser ut til å vera sårbare. Kunnskapsdepartementet (2010–2011) slår fast at den eksisterande ordninga med at teiknspråklege elevar ved kommunale skular kan koma saman på deltidsopphald på kompetansesenter, skal styrkjast, og dette har vist seg å vera ein særskilt viktig arena for fleire elevar.

Det siste året har Møller-Trøndelag kompetansesenter i samarbeid med Senter for IKT i opplæringa prøvd ut eit fjernundervisningsprosjekt som heiter «Grenselaus læring», der ein utnyttar ny teknologi for å gjera teiknspråk tilgjengeleg for teiknspråklege elevar som er spreidd rundt i kommunale skular.

Rettane til døve elevar i vidaregåande skule kan samanliknast med rettane til grunnskuleelevar, men her godtek regelverket at opplæringa kan skje via teiknspråktolk.

Utdanning – høgare utdanning

Høgare utdanning på teiknspråkfeltet er stort sett konsentrert om dei tre bachelorprogramma i teiknspråk og tolking ved Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Oslo og Akershus og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Stort sett er desse programma lagde opp likt, med eitt års grunnstudium i teiknspråk og to års utdanning i tolking oppå. Tolkane som vert utdanna, skal kunna arbeida med ulike slags tolking, og det er førebels ikkje høve til spesialisering i utdanninga, noko det har vore meldt om behov for. Tolkeutdanningane har fram til no mest vore berre for normalhøyrande studentar, men dette er i ferd med å endra seg, og ein ser ikkje minst at døve tolkar gjennom den overlegne språkkunnskapen sin kan bidra mykje i tolking for personar som brukar andre teiknspråk og uvanlege variantar av norsk teiknspråk.

Etter at Høgskolen i Sør-Trøndelag i 1990- og 2000-åra utdanna fleire kull med døve allmennlærarar ved eit spesielt lærarutdanningsprogram, er stoda i dag at det ikkje finst eigne utdanningstilbod for lærarar som skal undervisa teiknspråklege elevar i grunnutdanninga. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (1995) uttala at det «legger til grunn at kompetanse tilsvarende 10 vekttall [tilsvarende 30 studiepoeng i dag] tegnspråk anses som minimum for å fylle forskriftens [tilsvarende §§ 2-6 og 3-9 i opplæringslova i dag] krav for de lærerne som skal forestå opplæringa». I tråd med dette bestod ein viktig del av førebuingane til innføringa av retten til opplæring i og på teiknspråk i 1997 av ei tilsvarende vidareutdanning i teiknspråk for lærarar for døve elevar. Noko formelt krav til slik utdanning har seinare ikkje vore sett, sjølv om ein har sett at eit 30 studiepoengs nybyrjarstudium ikkje set lærarane i stand til å vera det språklege førebiletet for eleven som ein lærar helst skal vera. I dag tilbyr dei relevante statlege spesialpedagogiske kompetansesentra etterutdanningskurs i teiknspråk for lærarar. Desse kursa har variert lengd og innhald.

Universitetet i Oslo har ei studieretning for teiknspråk i masterprogrammet i europeiske språk, men det har ikkje vore teke opp nye studentar på studiet sidan 2005, og universitetet har i dag ikkje eige tilgjengeleg personale med teiknspråkleg kompetanse.

Kunsthøgskolen i Oslo i samarbeid med Teater Manu, som tilbyr studiemodulen «Fra dramatisk tekst til scenisk tegnspråk».

Forsking

Det har lenge vore eit problem, ikkje minst for utviklinga av teiknspråkopplæringa og læremiddel i teiknspråk, at omfanget av forskning om norsk teiknspråk er lite. Det er forskingsstillingar ved Høgskolen i Oslo og Akershus og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Ved Høgskolen i Sør-Trøndelag er det òg eit professorat i teiknspråk. Eit ordbokprosjekt har vore arbeidd fram ved Møller-Trøndelag kompetansesenter gjennom fleire år og er no vorte stort nok til å vera til nytte, men det har behov for vidare utvikling og nærmare tilknytning til leksikografiske miljø.

Språklege rettar

Etter at språkvitskapleg forskning på norsk teiknspråk tok til i Noreg kring 1980, tok det berre nokre få år før utdanningsstyresmaktene anerkjende norsk teiknspråk som språk. I dag er det fyrst og fremst to lover som gjev rettar til teiknspråkbrukarane: folketrygdlova frå 1997 og opplæringslova frå 1998. Anerkjenninga av norsk teiknspråk som ein del av kulturarv på linje med andre minoritetsspråk, med ein eigenverdi for storsamfunnet som er uavhengig av høyrlesituasjonen til dei som brukar språket, kom fyrst med språkmeldinga (*Mål og meining*).

Teiknspråklege institusjonar og organisasjonar

Døvekyrkja har ei samanhengjande historie frå 1894 og er i dag organisert som eit prosti under Oslo bispedømme, men har fem kyrkjelydar spreidde over heile landet. Dei siste par tiåra er det gjort mykje arbeid for å utvikla ein teiknspråkleg liturgi og omsetja sentrale bibeltekstar. I 2012 vedtok Døvekyrkja ein eigen handlingsplan for teiknspråk.

Førekomsten av norsk teiknspråk i massemedia er ikkje særleg stor. Som eit visuelt språk som ikkje vert bruka skriftleg, er det fjernsynet som er den fremste kanalen for teiknspråk i massemedia. NRK er det einaste fjernsynsselskapet som viser norsk teiknspråk regelmessig, med Teiknspråknytt kvar kvardagsettermiddag, enkelte andre originalproduserte program og samtidig ein kanal som sender tre–fire timar kvar kveld med tolking av talespråklege program (meir ved særskilde hendingar). NRK er med dette ein sentral arena for teiknspråkleg språkrøkt.

Teiknspråk som scenespråk vert røkta fyrst og fremst av Teater Manu, som er eit teiknspråkleg teater med finansiering frå Kulturdepartementet. Norskspråklege teaterframсыningar vert òg tidvis tolka til norsk teiknspråk.

Norsk Døvemuseum er organisert under Trøndelag Folkemuseum og er eit museum som viser døves kultur og historie.

Stiftelsen Signo er ei diakonal stifting organisert under Den norske kyrkja, og som får offentleg støtte. Stiftinga er Noregs største arbeidsplass for døve med 140 døve tilsette (av totalt 950). Verksemdene til stiftinga er arbeidsmarknadsbedrifter, omsorgsinstitusjonar, butilbod for døve elevar i vidaregåande skole og utdanningstilbod (det siste spesielt retta mot døve med ulike funksjonshemmingar).

Det finst lite offentleg informasjon på teiknspråk. Eit heiderleg og ikkje minst godt unntak er informasjonen om pensjon frå Statens pensjonskasse.

Norges Døveforbund (NDF) er den fremste interesseorganisasjonen til teiknspråkbrukarane. Forløparen Norske Døves Landsforbund vart danna i 1918. Lokallaga til forbundet er dei 24 døveforeiningane som er spreidde kring i Noreg. I dag er dei sosiale teiknspråklege arenaer, men mest for vaksne. Det største teiknspråklege arrangementet i Noreg er Døves Kulturdager, ei årleg feiring av døves kultur som finn stad i ulike byar kvart år.

Ål folkehøgskole og kurscenter for døve vart stifta av NDF i 1974. Skulen er viktig for teiknspråk og døves kultur og historie. Han tilbyr folkehøgskulekurs og kortare kurs av ulike slag. Såkalla tilpassingskurs er vortne svært viktige teiknspråklege arenaer der teiknspråklege barn får møtast over ein viss periode, oftast ei veke. Skulen er ein sentral premissleverandør for korleis teiknspråklege ser på seg sjølve og er slik sett ein berebjelke i det norske teiknspråksamfunnet.

Teiknspråksamfunnet har òg sine eigne massemedium og produksjonsmiljø: Døves Tidsskrift og Døves Media. Døves Tidsskrift er primært eit medlemsblad for NDF. Døves Media produserer mellom anna teiknspråklege program på oppdrag frå NRK. Programma spenner frå døvepolitiske saker til barneprogram på teiknspråk.

Døveidretten var tidlegare organisert som eit eige forbund. Sidan 2008 har dette vore erstatta av Norges Døveidrettsutvalg (NDI) organisert under Norges idrettsforbund. Her vert døve idrettsutøvarar organiserte i særforbunda etter kva idrett dei driv, og utvalet er rådgjevar for særforbunda i samband med til dømes rekruttering og kompetanseheving. Idrett var tidlegare ein sterk teiknspråkleg arena. I dag kan det sjå ut til at norsk teiknspråk er i ferd med å lida eit domenetaf her.

Av ulike årsaker er det ein del teiknspråkbrukarar som er eller vert svaksynte eller blinde, og nokre kjem inn under kategorien døvblinde. Det er to interesseforeiningar i Noreg som er aktuelle samarbeidspartnarar for Språkrådet i saker som vedkjem dei: Foreningen Norges døvblinde (FNDB) og Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmede/døvblinde (LSHDB).

Norsk Døvehistorisk Selskap (NDHS), oppretta i 1990, har som formål å arbeida for at alt som kan ha døvehistorisk interesse sentralt og lokalt, vert registrert, samla inn og oppbevart forsvarleg. NDHS gjev ut medlemsbladet *Nye Journal for døve*. Til slutt vil vi nemne Forening for norsk tegnspråk (FONTS), som er ei interesseforeining for norsk teiknspråk, og CODA Norge, som er ei interesseforeining for høyrande barn av døve foreldre.

11.4 Nasjonale minoritetsspråk og språka til nye innvandrarak

Kulturdepartementet har eit overordna ansvar for språkpolitikken i Noreg, òg for språka til dei nasjonale minoritetane. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) koordinerer politikken for nasjonale minoritetar i Noreg. FAD har det overordna ansvaret for å utforma og samordna statens politikk overfor den samiske befolkninga og dei nasjonale minoritetane. FAD koordinerer òg arbeidet med rapporteringa knytt til Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta). Noreg ratifiserte pakta i 1993, og pakta tredde i kraft i 1998. Noreg rapporterer kvart tredje år om korleis arbeidet med styrking av minoritets- og regionspråka i landet skrid fram. Siste rapportering var i 2011, og dette er den femte periodiske rapporten om gjennomføringa av pakta i Noreg. Alle dokument som er knytte til Noregs periodiske rapporteringar, finst på nettstaden til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet: www.regjeringen.no/nb/dep/fad/tema/nasjonale_minoriteter/midtpalte/minoritetssprakpakta.html?id=86936.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har ansvar for integreringspolitikken, mellom anna norskopplæring og introduksjonsprogram for nykomne innvandrarak.

Kvensk

Sidan 2007–2008 har det vore arbeidd med prinsipp for normering av kvensk i regi av Kvensk språkråd (fagorgan, fram til 2010) og Kvensk språkting (vedtaksorgan).

Det vert arbeidd med kvenske stadnamn i tilknytning til Kvensk stadnamnteneste, som er ein del av Språkrådet. I 2011 lanserte tenesta ein database med om lag 6500 namn. Rundt 1600 av desse er kvalitetssikra. Arbeidet med basen held fram, og nye namn vert lagde inn kontinuerleg. Sjå òg avsnitt 6.11 «Råd om stadnamn».

Stadnamnlova frå 1991 seier at skilt skal vera på fleire språk i område der samiske og finske namn er i bruk blant lokalbefolkninga. I 2010 hadde Språkrådet og Kartverket møte med Vegdirektoratet om denne saka, og dei reglane som gjeld for skilting på kvensk, samisk og norsk, er no tekne inn i rutineane til direktoratet.

Sidan 2006 har kvensk hatt ein plass i læreplanane i skulen i form av emne i faget finsk som andrespråk, men førebels finst det svært få læremiddel i og på kvensk. Når det gjeld høgare utdanning, har Universitetet i Tromsø dei siste åra hatt tilbod om studium i enkeltemne i kvensk språk. Det er òg mogeleg å ta etter- og vidareutdanningskurs i kvensk, tilrettelagde for førskulelærarak, lærarak og kulturarbeidararak, ved Høgskolen i Finnmark. På slutten av 2010 var det uro kring tilbodet i Tromsø i samband med at universitetet planla ei større fagleg omlegging.

I juni 2010 arrangerte Kulturdepartementet saman med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet ein konferanse i Skibotn om revitalisering av kvensk.

Språkrådet har i 2011 hatt møte med dei ulike språkbrukarorganisasjonane for kvensk for å utarbeida ei plattform for vidare arbeid med å styrkja kvensk språk.

Sjå dessutan avsnitt 6.9 «Dokumentasjon av kvensk».

Romani og romanes

Romani er språket til romanifolket (taterane, dei reisande), og *romanes* er språket til romane (romfolket, sigøyningarane). Begge desse språka er definerte som ikkje-territorielle minoritetsspråk i Noreg, jf. minoritetsspråkpakta. Romanifolket og romane er dessutan anerkjende som nasjonale minoritetar i Noreg, ved sida av kvenar, skogfinnar og jødar. Det vert gjeve støtte, også til språktiltak, gjennom ordningar som ligg under ulike departement.

Språkrådet har i 2012 møtt dei ulike språkbrukarorganisasjonane for romani og romanes for å etablara vidare samarbeid om språkstyrkingstiltak for romani og romanes.

Sjå dessutan avsnitt 6.8 «Dokumentasjon av romani».

Språka til nye innvandrarak

Den nyare innvandringa til Noreg har ført med seg ei lang rekkje nye språk til landet. Desse språka skil seg frå norsk, dei samiske språka, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka ved at dei ikkje har noka lang historie i Noreg. Norske styresmakter har likevel eit visst ansvar for visse sider ved desse språka. Ikkje minst skal styresmaktene leggja til rette for at den enkelte minoritetsspråkbrukaren får utøve retten til å nytta sitt eige språk og til å læra norsk.

Språkrådet har i 2012 møtt Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) og Utdanningsdirektoratet for å etablera ei plattform for vidare arbeid med innvandrarspråklege spørsmål.

11.5 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er eit klart behov for å informera betre i storsamfunnet om kva norsk teiknspråk er, og òg om kva det ikkje er, slik at ein kan koma nokon veg i å få bukt med dei gamle fordommane som framleis heng i. Slik informasjon bør òg rettast mot teiknspråkbrukarane sjølve, som ikkje alltid tidlegare har fått den informasjonen dei har trunge. I dette arbeidet er det viktig å handla i samråd med språkbrukaranes eigne organisasjonar.

Det er òg viktig å ha god kontakt med institusjonar som har eit spesielt ansvar – om ikkje alltid formelt, så i alle fall reelt – for teiknspråkleg språkrøkt. Det er her særskilt viktig å nemna NRK, Teater Manu og ordbokredaksjonen ved Møller-Trøndelag kompetansesenter, ettersom deira språkbruk når langt ut og lett kan verta førande for andre, men òg andre aktørar har i praksis ei språkrøktarrolle, ikkje minst utdanningsinstitusjonane.

I tråd med det særskilde ansvaret som Språkrådet har for arbeid med språk i staten, er det òg viktig å sjå kva som kan gjerast for å styrkja arbeid med teiknspråkleg informasjon i statsorgana. Gode røymsler frå føregangsorgan vil her vera viktige verkemiddel.

Språknemndene i dei nordiske landa har i ulik grad teke fatt på arbeid med sine respektive teiknspråka. Utveksling av røymsler og gode råd her er viktig, og eit nordisk samarbeid om teiknspråkpolitisk arbeid er i gang. Også på europeisk nivå er det på sin plass å ta opp spørsmål om teiknspråk der det høver, i tråd med perspektiva i språkmeldinga.

Språkrådet er i ferd med å utvida ansvars- og arbeidsfeltet sitt til òg å omfatta arbeid med kvensk, romani, romanes og språka til nye innvandrarak. Språkrådet vil i løpet av 2012 ha på plass ein rådgjevar til å arbeida med dette fagfeltet. Ikkje minst vil det vera aktuelt for Språkrådet å byggja opp kunnskap om kva for institusjonar og organisasjonar som har kompetanse på dei enkelte innvandrarspråka. Å etablera eit godt nettverk med dei ulike språkbrukarorganisasjonane vil vera avgjerande i arbeidet vidare.

Kjelder

Arbeids- og inkluderingsdepartementet 2009. *Handlingsplan for samiske språk*,

http://www.regjeringen.no/upload/AID/publikasjoner/rapporter_og_planer/2009/Handlingsplan_2009_samisk_sprak.pdf

Breivik, Jan-Kåre 2007. *Dølv identitet i endring. Lokale liv – globale bevegelser*. Oslo

Døveprosten 2011. *Døveprestens årsmelding 2011*,

<http://www.kirken.no/?event=downloadFile&FileID=259209>

Emmorey, Karen 2002. *Language, cognition and the brain. Insights from sign language research*. Mahwah, N.J.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 2011. *Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk. Femte periodiske rapport*,

http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/SAMI/Minoritetspraktakten_norges_5_rapport_NO.pdf

Holten, Sonja Myhre og Hege Roaldstveit Lønning 2010. *Hørende er våre sjefer. Språkplanlegging og språkendringer i norsk tegnspråk*. Upublisert masteroppgave i tegnspråk, Universitetet i Oslo,

- http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2010/102394/HoltenLonning_Horendexerxvarexsjefer.pdf
- Kermit, Patrick 2006. «Tegnspråk og anerkjennelse av døve som en språklig minoritet». I: Jørgensen, Sissel Redse og Rani Lill Anjum (red.): *Tegn som språk. En antologi om tegnspråk*. Oslo
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008), http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Kunnskapsdepartementet 2010–2011. Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov*, <http://www.regjeringen.no/pages/16246827/PDFS/STM201020110018000DDDPDFS.pdf>
- Kvensk institutt 2012. «Årsrapporter», <http://www.kvenskinstitutt.no/om-oss/arsrapporter>
- Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet 1995. «Nasjonalt kompetanseprogram i tegnspråk». Brev til statens utdanningskontorer og styret for landsdekkende statlige kompetansesentra, 18.10.1995
- Minoritetsspråkpakta 2009. *Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk. Ekspertkomiteens rapport. Framlagt for Europarådets ministerkomité i samsvar med paktens artikkel 16. Fjerde rapport. Norge*. Strasbourg, http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/SAMI/Nasjmin/Minoritetssprakpakten_ekspertk_om_rapp_2008no.pdf
- Mitchell, Ross E. og Michael A. Karchmer 2004. «Chasing the mythical ten percent: Parental hearing status of deaf and hard of hearing students in the United States». *Sign Language Studies* 4(2), 138–163
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Rambøll 2011. *Evaluering av opplæringsprogram for foreldre til døve og hørselshemmede barn*, rapport til Statped
- Utdanningsdirektoratet 2011. *Veileder for opplæring av barn og unge med hørselshemming*, http://www.statped.no/Upload/5/Veileder_for_oppl%C3%A6ring_av_barn_og_unge_med_horselshemming_010211.pdf

12 Språklege rettar og språkopplæring

Nynorsk er under press frå bokmål, og regelverket bidreg ikkje alltid til å sikra rettane til nynorskbrukarane. Læreplanen i norsk for grunnskulen og vidaregåande skule skal reviderast, og opplæringa i skriftleg sidemål er sentral i debatten om norskfaget. Færre elevar hadde samisk som opplæringsmål i 2011 enn året før.

12.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Språkets funksjon for språkbrukarane (kap. 6.1)

Gjennom språket opplever og forstår eit menneske tilværet, uttrykkjer tankar og kjensler, og samhandlar med andre. Språket gjev tilgang til litteratur og kultur og er nøkkelen til medverknad i samfunnet og framgang i utdanning og yrke.

Informasjonssamfunnet stiller aukande krav til språkmeistring. Det er uroande at mange elevar forlèt skulen utan tilstrekkeleg lesekompetanse. Dårleg språkmeistring kan også reprodusera og forsterka sosial ulikskap. Tidleg språkstimulering er difor eit nøkkeltiltak.

Språkleg variasjon, toleranse og kvalitet (kap. 6.2)

I Noreg er det vid aksept for dialektbruk, og meir standardisert talemål har ofte eit regionalt preg. Toleranse og respekt for språkleg variasjon står ikkje i motsetnad til å framelska munnleg språkmeistring og retoriske evner. Sikker meistring av skriftspråket krev større evne til å følgja eit fastare mønster. Rettskriving, teiknsetjing, setningsbygging og tekstforming er sentrale element i dette.

Språk – ein demokratisk rett (kap. 6.3)

I tråd med framlegget i Norsk i hundre! og tilsvarende grunnlagsdokument i Sverige og Danmark vil ein ny språkpolitikk byggja på tre demokratiske rettar: retten til nasjonalspråk, retten til morsmål og retten til framandspråk.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå hausten 2006 legg dessutan vekt på at alle nordbuar av omsyn til den nordiske språkfellesskapen må læra eit skandinavisk språk og kunna forstå dei andre skandinaviske språka.

Frå kortversjonen av Mål og meining (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

12.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal ha ein koordinerande funksjon der ny språkpolitikk vert forma. Språkrådet driv tilsyn med mållova, men ikkje med lover som regulerer språklege rettar i opplæringa. Språkrådet gjev høyringsfråsegner og råd til utdanningsstyremaktene i saker som vedkjem språkopplæringa.

12.3 Språklege rettar

Retten til morsmål og nasjonalspråk

Ifølgje *Mål og meining* har alle rett til å bruka og tileigna seg eit fyrstespråk eller morsmål. Dette tyder likevel ikkje at alle har rett til opplæring i morsmålet. I Noreg er nasjonalspråket norsk – både nynorsk og bokmål. For dei som har norsk som morsmål, er retten til nasjonalspråk sikra gjennom opplæringa i norsk i grunnskulen. I læreplanen i norsk har bokmål og nynorsk ein tydeleg nasjonalspråkstatus i tråd med jamstillingsparagrafen i mållova. Jamstillingsparagrafen seier at bokmål og nynorsk er jamstelte i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Kommunane og fylkeskommunane har rett til å krevja skriv frå statsorgan på bokmål eller nynorsk og private rettssubjekt (privatpersonar og private verksemder og organisasjonar) har rett til å få brev, eksamensoppgåver, vitnemål o.a. i si eiga målform. Paragrafen fastset òg den plikta statsorgan har til å laga skjema i begge målformer og syta for at dei er tilgjengelege både på bokmål og nynorsk.

Språkrådet har overfor Kunnskapsdepartementet poengtert at dersom færre bokmålsbrukarar meistrar nynorsk, vil dei språklege rettane nynorskbrukarar har etter mållova, verta vanskelegare å innfri.

Retten til nasjonalspråk for fleirspråklege elevar

Læreplanen i norsk for elevar med samisk som fyrstespråk tek omsyn til at elevane i tillegg til norsk også har opplæring i morsmålet sitt. Læreplanen i samisk som fyrstespråk og læreplan i norsk for elevar med samisk som fyrstespråk er tenkte å utfylla kvarandre. Dette kjem tydeleg fram i føremålet med faget. Planen legg også stor vekt på eit komparativt perspektiv, der norskfaget skal byggja på og utvikla den spesielle kultur- og språkkompetansen som desse elevane har.

For dei som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, er retten til nasjonalspråket sikra gjennom opplæring i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.

For elevar gjeld paragrafane 2-8 og 3-1 i opplæringslova, som seier at elevar har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å kunna følgja den vanlege opplæringa. Det finst ein eigen læreplan i norsk for minoritetsspråklege elevar som skal fremja norskspråkleg utvikling slik at elevane vert i stand til å følgja ordinær opplæring i norsk og andre fag på norsk. Det er ikkje obligatorisk at skulane tek denne læreplanen i bruk. *Læreplan i grunnleggjande norsk for språklige minoriteter* er nivådel og aldersuavhengig. Planen er ein overgangsplan, noko som tyder at ein kan ha opplæring etter denne læreplanen til ein er i stand til å følgja den vanlege læreplanen i norsk. Ein kan ikkje få vurdering med karakter basert på læreplanen i grunnleggjande norsk, men berre etter den vanlege læreplanen. Kunnskapsdepartementet har i brev 1. juli 2009 orientert om korleis læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar skal praktiserast overfor elever som kjem til Noreg seint i skuleløpet, og overfor minoritetsspråklege vaksne. Dei same krava gjeld for alle elevar i faget norsk for å få studiekompetanse. Dette tyder at alle elevar må vurderast etter den vanlege læreplanen i norsk for å kunna få vitnemål med generell studiekompetanse (jf. forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høgere utdanning § 3-1).

Forum for norskfaget, oppretta av Utdanningsdirektoratet for å sikra ei god implementering av læreplanane i norskfaget, peikar på at læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar ikkje fungerer godt nok: Elevane som følgjer planen, får ikkje karakter. Dette svekkjer motivasjonen for å arbeida med planen, hevdar forumet (*Forum for norskfaget* 2011). Fordi planen ikkje er obligatorisk, vert han vald bort av ulike årsaker. Kjem eleven til Noreg seint i ungdomsskulealder, opplever han at spranget frå grunnleggjande norsk til ordinær læreplan i vidaregåande kjem for brått og vert for stort. Problema kjem til syne både som mangelfulle språkferdigheiter og manglande fagkunnskap. Østberg-utvalet, NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og vaksne i opplæringssystemet*, har føreslått ei særleg ordning i norsk for elevar med kort butid: «en egen test i norsk, der bestått test erstatter kravet om bestått ordinær norsk for å få generell studiekompetanse».

Språklege rettar i målbytesituasjonar

Kollektivt målbyte frå nynorsk til bokmål er omtala mellom anna i *Mål og mening* punkt 5.6.7. Slikt målbyte skal skje etter reglane i opplæringslova (skulemålsrøystingar) eller mållova (endring av målvedtak).

Målformer i opplæringa er regulerte i § 2-5 i opplæringslova. Her står det at det er kommunen som gjev forskrifter om opplæringsmålform. Ledd for ledd nemner lova språket i den munnlege opplæringa, målform i lærebøker etter 7. årstrinnet og rett til norskundervisning i eiga gruppe med anna opplæringsmål enn det som kommunen har vedteke. Måten skuleadministrasjonar og kommunar handhevar regelverket på, kan i seg sjølv medverka til målbyte. Dette kjem fram i enkeltsaker, gjerne saker som kjem til Noregs Mållag som interesseorganisasjon for nynorskbrukarar. Språkrådet mottok og ein del slike saker, fordi mange oppfattar rådet som ombod for språklege rettar (også rettar som kjem av opplæringslova, som Språkrådet ikkje har formelt ansvar for).

Andre ledd i § 2-5 seier: «I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva talemål dei vil bruke.» Dette er i samsvar med vedtaket frå 1878 om at undervisninga skulle skje på «Børnenes eget Talesprog». I diskusjonen om bokmålspresset mot nynorskelevar har det vore reist spørsmål ved om det bør stillast krav om målform i tekstar som læraren brukar til støtte for munnlege presentasjonar, dvs. tavlebruk og PowerPoint-presentasjonar.

Tredje leddet i opplæringslova seier at «[f]oreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv». Derimot finst det *inga plikt* for kommunane til å rettleia om denne retten. Det finst likevel døme på at administrasjonen i språkblanda kommunar (til dømes i Rogaland og Valdres) rettleier og informerer om denne retten.

12.4 Språkopplæring

Språkopplæring er Kunnskapsdepartementets ansvarsområde, og Kunnskapsdepartementet har derfor ei særleg viktig rolle i den sektorovergripande språkpolitikken. Når det gjeld språkopplæringa, viser *Mål og mening* til språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet, St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Eit sentralt mål i meldinga er «å utvikle gode norskferdigheter og positive holdninger til bruk av norsk». Språkopplæringspolitikken som vert skildra i meldinga, er ein del av den heilskaplege språkpolitikken, og barnehage og skule er sentrale arenaer for å utvikla språkkunnskapar, språkferdigheter og generell språkkompetanse.

Språkstimulering i barnehagen

I 2011 gjekk 89,7 prosent av alle barn i alderen 1–5 år i barnehage, ein auke på 0,7 prosentpoeng frå året før.

Ein ny føremålsparagraf i barnehagelova tredde i kraft 1. august 2010. Føremålsparagrafen skal spegla eit fleirkulturelt og mangfaldig samfunn, på tvers av ulike livssyn og kulturell bakgrunn. Kunnskapsdepartementet fastsette 10. januar 2011 endringar i rammeplanen for innhaldet i barnehagen. I 2012 har Språkrådet levert høyringsfråsegn til forskrift til rammeplan for barnehagelærerutdanninga og til ny lovgjeving for barnehagane. I utgreiingane til ei ny barnehagelov, NOU 2012: 1 *Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*, peika Språkrådet i høyringsfråsegna på at framlegget til ny barnehagelov manglar ein paragraf om rett til språkleg stimulering før skulestart.

Verken nynorsk eller bokmål er nemnde særskilt styringsdokumenta for barnehagane, men det står i rammeplanen at «alle barn må få et rikt og variert språkmiljø i barnehagen».

Språk i grunnopplæringa (1. årstrinn til vidaregåande trinn 3)

Ei ekspertgruppe frå Europarådet har skildra den fleirspråklege situasjonen i det norske samfunnet som noko svært positivt: Norske elevar lærer både nynorsk og bokmål, eventuelt finsk eller samisk,

forstår dansk og svensk og får tidleg opplæring i engelsk. Det er stor aksept for dialektar, og det vert gjennomført eksamen i over hundre språk for elevar med andre morsmål enn norsk eller samisk. Ekspertgruppa meiner at denne språklege rikdommen ut til å vera undervurdert og teken for gjeven i staden for å verta framheva og feira (*Språk bygger broer*).

Ein premis for den demokratiske språkpolitikken i Noreg er at dei to norske målformene nynorsk og bokmål til saman utgjer det nasjonalspråket som alle norske statsborgarar har rett og, på visse vilkår, plikt til å læra.

Det gjekk 614 374 elevar i grunnskulen (1.–10. årstrinn) per 1. oktober 2011. Nedgangen for nynorsk som opplæringsmål held fram. Òg for samisk er det ein tilbakegang.

Tabell 27: Opplæringsmål i grunnskulen (elevtal)

	2010	2011
Nynorsk*	79 840	78 794
Bokmål	531 351	532 603
Samisk	893	855
I alt	614 020	614 374

Kjelde: Statistisk sentralbyrå 2012

* I kapittel 10 «Nynorsk» er nynorskdelen i kvart fylke presentert.

Særleg om norskfaget i grunnopplæringa

Det overordna målet i læreplanen for norsk i Kunnskapsløftet (2006) er at alle elevar skal få ein brei språkkompetanse som omfattar både bokmål og nynorsk. Ein slik språkkompetanse gjev innpass i norsk kultur og opnar for brei samfunnsdeltaking og integrering (*Språk bygger broer*, kapittel 4, s. 31). Det har vore mykje diskusjon om norskfaget i 2011 og 2012. Norsklærarane melder om stor arbeidsbør, og opplæringa i skriftleg sidemål er under press (Norsklæreren 2011). For dei fleste elevane er det nynorsk som er sidemål.

Læreplanen i norsk skal reviderast, og det overordna målet for endringane er å styrkja språklæringa og språkutviklinga i norskfaget. Høyringsutkastet for læreplanen skal vera klart 1. september 2012, og forslaget til ny læreplan skal vera klart 15. februar 2013. Etter planen skal den reviderte læreplanen gjelda frå skuleåret 2013–2014.

Våren 2010 etablerte Utdanningsdirektoratet ei arbeidsgruppe for å få råd om kva endringar som trengst i norskfaget. Gruppa vart kalla *Forum for norskfaget*, og der møttest 19 personar som arbeider med norskfaget i grunnopplæringa og i lærarutdanninga. Forum for norskfaget skulle verka til å sikra heilskapen i faget og til å vidareutvikla norskfaget som eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Forumet har peika på utfordringar, gjeve råd og føreslått tiltak, og identifisert behov for kompetanseutvikling.

Forum for norskfaget har hatt fleire møte og publiserte ein delrapport i oktober 2011. Sluttrapporten frå Forum for norskfaget er datert februar 2012. Forumet tilrår mellom anna at den reviderte læreplanen bør leggja opp til at elevane alt frå fyrste skuleår vert bevisste på dei to norske skriftspråka, og at det vert lagt større vekt på sidemålet til elevane på barnetrinnet. Forumet skriv òg at det fagdidaktisk sett er seint å innføra skriftleg sidemål på 8. årsstrinn, slik stoda er no. Forumet peikar på at mange elevar med bokmål som hovudmål ikkje får tilfredsstillande opplæring i sidemålet sitt. I vidaregåande skule, studieførebuande program, tilrår forumet éin samla karakter i norsk. I dag er det tre – skriftleg hovudmål, skriftleg sidemål og norsk munnleg. Forumet set som ein føresetnad for ei slik samanslåing av karakterane at eksamen i sidemål etter 2. året på studieførebuande program vert obligatorisk.

Tilhøvet mellom hovudmål og sidemål i læreplanen

Kunnskapsdepartementet sende 6. desember 2010 eit oppdragsbrev til Utdanningsdirektoratet om utarbeiding av rammeverk for grunnleggjande ferdigheiter i alle fag og revidering av læreplanar i fleire fag, blant dei norskfaget. Som ein del av oppdragsbrevet vart Utdanningsdirektoratet bedt om å vurdera læreplanen i norsk, inkludert vurderingsordningane i faget, knytt til hovudmål og sidemål. Kunnskapsdepartementet ber i oppdragsbrevet om at forslag til endringar på dette feltet må varslast og drøftast på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg.

Forslaga til endringar knytte til hovudmål og sidemål i norskfaget kom i brev frå Utdanningsdirektoratet til Kunnskapsdepartementet 19. januar 2012. Utdanningsdirektoratet tilrår her at læreplanen i norsk vert endra når det gjeld omfang, ambisjonsnivå og vurderingsordningar for skriftleg sidemål, som for dei aller fleste elevane er nynorsk. Hovudmålet til elevane skal prioriterast i skriveopplæringa, og sidemålet skal avgrensast. Utdanningsdirektoratet tilrår vidare at kompetansen i skriftleg sidemål og hovudmål vert vurdert samla i éin skriftleg karakter, og at den eigne eksamensdagen i norsk sidemål etter 10. årstrinn fell bort. På studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skule tilrår Utdanningsdirektoratet at eksamensordninga held fram slik ho er i dag, der eksamen i skriftleg hovudmål er obligatorisk, medan skriftleg sidemål og norsk munnleg er trekkfag.

Kunnskapsdepartementet skreiv svarbrev til Utdanningsdirektoratet 8. februar 2012. I dette brevet går det fram at revideringa av læreplanen ikkje skal svekkja det faglege nivået, men at det skal vurderast om kompetansekrava til hovudmålet og sidemålet kan vera ulike. Departementet legg òg til grunn at alle elevar skal lesa fleire tekstar på nynorsk gjennom heile grunnopplæringa, og at det framleis skal vera skriftleg opplæring i sidemål på ungdomstrinnet og på studieførebuande program i vidaregåande skule. Departementet ber om at framlegget frå Forum for norskfaget vert nærare utgreidd. Departementet ber òg Utdanningsdirektoratet om å vurdera alle faglege innspel i arbeidet med høyringsutkastet. Slike innspel kom det mange av etter at Utdanningsdirektoratet sende sitt brev til Kunnskapsdepartementet.

Språkrådet sende eit brev til Kunnskapsdepartementet datert 6. mars 2012 for å lyfta fram visse perspektiv vi meiner er vesentlege, og som ikkje kjem fram i saksutgreiinga frå Utdanningsdirektoratet. Språkrådet legg til grunn at endringar som vert gjorde i norskfaget, må byggja på *Mål og mening* og *Språk bygger broer*, noko som etter Språkrådets mening ikkje er tydeleg i framlegget frå Utdanningsdirektoratet. I brevet skreiv Språkrådet at nynorskelevar og bokmåselevar har ein felles språkleg arv og eit felles språkleg ansvar og rett til å læra seg nasjonalspråket i sine to målformer. Både statusen til, bruken av og skriveferdigheitene i det mindre bruka nasjonalspråket nynorsk er avhengig av ei velfungerande sidemålsopplæring. Språkrådet går imot framlegget frå Utdanningsdirektoratet om å redusera den skriftlege sidemålsopplæringa. Språkrådet skriv at god sidemålsopplæring må til for å motverka at elevar byter frå nynorsk til bokmål. Dess lågare nynorskkompetansen til bokmålsbrukarane vert, dess høgare vert venteleg terskelen for at dei brukar nynorsk – noko som vil bidra til å marginalisera nynorsk og nynorskbrukarar. Språkrådet meiner at sidemålsopplæringa treng fornying, og at føremålet med sidemålsopplæringa må koma betre fram i den nye læreplanen for norsk (Språkrådet 2012b).

Tiltaksplan for nynorsk i opplæringa

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) avsluttar i 2012 arbeidet med ein treårig tiltaksplan for nynorsk i opplæringa, ein tiltaksplan som har utgangspunkt i Kunnskapsdepartementets eiga språkopplæringsmelding *Språk bygger broer*. Arbeidet som Nynorsksenteret har gjort, vil gje etterlengta kunnskap om opplæring i nynorsk både som hovudmål og sidemål.

Språkpolitiske føringar for endringar i språkopplæringa

Eit sentralt mål med norsk språkpolitikk er å sikra grunnlaget for ei god utvikling for nynorsk. *Mål og meining* slår fast at «det er viktig å sikra skuleelevar god opplæring i begge målformer, og at sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast» (s. 209). Opplæringa i nynorsk som hovudmål kan ikkje sjåast isolert frå statusen og bruksbreidda for nynorsk i skulen og samfunnet elles.

Språkrådet har meldt til Kunnskapsdepartementet at den skriftlege kompetansen i sidemålet må dokumenterast, anten med standpunktarakter eller med eigen eksamenskarakter. Kompetanseheving for lærarar vil òg vera eit godt tiltak (sjå brev frå Språkrådet til Kunnskapsdepartementet).

Kompetanse og opplæring i andre framandspråk enn engelsk

I 2010 sette Kunnskapsdepartementet i gang eit toårig forsøk med andre framandspråk enn engelsk på 6.–7. årstrinn. Forsøket skal leggja eit grunnlag for og motivera til vidare framandspråklæring. Ein førebels rapport viser at spansk er det mest populære språket. Det ser òg ut til at jenter er meir motiverte for framandspråk enn gutane (Mordal, Aaslid og Jensberg 2011).

Spansk er framleis det mest populære framandspråket i ungdomsskulen. I 2011–2012 er det òg ein framgang for tysk.

Tabell 28: Val av framandspråk på 8. årstrinn (prosentdel av elevane)

	2009–2010	2010–2011	2011–2012
Tysk	26,1 %	25,5 %	26,9 %
Fransk	14,6 %	15,5 %	15,3 %
Spansk	32,4 %	32,1 %	33,5 %
Russisk	0,1 %	0,1 %	0,1 %
Andre språk	0,2 %	0,2 %	0,4 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2012c

12.5 Forsking på skrivekompetanse i begge målformer

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Skrivesenteret) skal bidra til auka kvalitet i skriveopplæringa. Senteret skal vera eit nasjonalt ressurscenter i arbeidet med å styrkja kompetansen i skriving som ei grunnleggjande ferdigheit. Skrivesenteret byrja i 2012 arbeidet med eit fireårig prosjekt kalla «Developing national standards for assessment of writing: a tool for teaching and learning», om skriving som grunnleggjande ferdigheit i skulen. Prosjektet er eit samarbeid mellom fleire institusjonar: NTNU, Universitetet i Oslo, Høgskolen i Oslo og Akershus, Universitetet i Agder og Høgskolen i Sør-Trøndelag ved Skrivesenteret. Føremålet med prosjektet er å bidra til betre forskingsbasert kunnskap om kva ein kan forventa av skrivekompetanse hos elevar på ulike trinn i utdanningssystemet. Det overordna målet er å bidra til å utvikla nasjonale standardar for skrivekompetanse, til nytte i undervisning og vurdering.

Språkstatus 2010 viser til KAL-prosjektet (*Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig*), ei omfattande undersøking av eksamenstekstane til 10.-klasseelevar i norskfaget i perioden 1998–2001. Skrivesenteret konkluderer slik: «Kort samanfatta viser studien at skriveferdigheitene til norske 15- og 16-åringar gjennomgåande er bra.» (Skrivesenteret 2012a)

Språkstatus 2010 slår fast at forskning på nynorsk i opplæringa er mangelvare:

Forskning er mangelvare på området nynorsk i opplæringa, frå barnehagen, gjennom heile grunnopplæringa og til og med i lærarutdanninga. Gransking av kva vilkår som må oppfyllest for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunna halda fram å skriva nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa, er eit område det finst lite kunnskap om (Nynorsksenteret 2009). Det finst lite informasjon om korleis det vert undervist i nynorsk som sidemål, kor mykje tid som vert bruka og om kor tidleg i grunnopplæringa undervisninga tek til (Grepstad 2004b). (Språkrådet 2010, s. 42)

Rapportar frå Nynorsksenteret i perioden 2009–2010 er «Sjølvsagt les og skriv vi nynorsk» (Møreforskning), som er ei evaluering av eit prosjekt ved Volda ungdomsskule, og «Nynorsk i praksis – lærarstudentar møter nynorskelevar, fase 2» (Høgskolen i Bergen) (fase 1 var frå perioden 2008–2009).

I forskings- og utviklingsprosjektet «Nynorsk i praksis» møter lærarstudentar nynorskelevar. Prosjektet har tre mål: Det fyrste har vore å utvikla og kartleggja nynorskkompetansen hos studentar som er i praksis på nynorskskular. Vidare har prosjektet vilja undersøkje haldningane studentane har til nynorsk generelt og nynorskkompetansen i lærarrolla spesielt, før og etter praksis på nynorskskule. Til sist har prosjektet ynskt å inkludera øvingslærarar i ein didaktisk og erfaringsbasert refleksjon om nynorskkompetansen til studentane i lærarpraksis.

12.6 Lærarutdanninga

Dei tre siste åra har talet på fyrstevalssøkjjarar til lærarutdanningane auka med godt over 50 prosent (2008–2012). Frå 2011 til 2012 er det ein auke i søkjjarar til dei nye lærarutdanningane på ca. 7,5 prosent (Samordna opptak 2012).

I St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren. Rollen og utdanningen* føreslo Kunnskapsdepartementet ei ny og meir spesialisert lærarutdanning for grunnskulen. Lærarutdanningsreforma har aktualisert behovet for tydelege krav til norskkompetanse i lærarrolla. Etter at reforma vart gjennomført hausten 2010, er ikkje norskfaget lenger obligatorisk på grunnlærarutdanninga for 5.–10. trinn. Dette reiser spørsmål om korleis styresmaktene vil sikra at også faglærarar utan norsk i fagkrinsen får kompetanse til å vera skrive- og leselærarar i alle fag, både på nynorsk og bokmål, slik læreplanen krev. Språkrådet er òg skeptisk til at det kan verta gjeve fritak for ei av målformene til norskeksamnen i lærarutdanninga. Dette vil oftast gjelda nynorsk, og bidreg derfor til å svekkja stillinga til nynorsk i skulen.

12.7 Norsklærars haldningar til eige fag

På oppdrag frå Språkrådet gjennomførte Synovate Norge AS hausten 2010 ei landsomfattande undersøking blant norsklærarar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule om kva haldningar dei har til sitt eige fag. Det kom inn 1594 svar i alt. Hovudfunna var slik:

Utdanningsnivået og erfaringa til lærarane er vesentleg for kva haldningar dei har til norskfaget. Dei fleste av lærarane med lengst utdanning (mastergrad/hovudfag) opplever at dei har god eller ganske god kompetanse til å undervisa i dei emna læreplanane krev at dei skal undervisa i (Pran og Ukkelberg 2011).

12.8 Læremiddel

Forskrifta til opplæringslova slår fast at læremiddel skal liggja føre i begge målformer til same tid og pris. Ingen har tilsyn med dette, men skuleeigaren har etter opplæringslova oppfølgingsansvar. Forskrifta til opplæringslova vart justert i 2010. Tittelen på kapittel 17 var før «Kravet om språkleg parallellutgåve» og er no «Elevens rett til læremiddel på eiga målform». Den nye formuleringa tydeleggjer rettane til elevane. Skuleeigaren har plikt til å innfri retten til elevane. Denne plikta gjeld for skuleeigaren uavhengig av talet på elevar som brukar nynorsk eller bokmål. Det er ikkje unntak frå kravet ut frå talet på brukarar i kommunen/fylket. Det inneber òg at skuleeigarar med få eller ingen brukarar av ei målform berre kan kjøpa inn læremiddel som ligg føre på begge

målformer. Unntak gjeld berre for fag med årskull på 300 eller lågare på landsbasis.

I § 17-1 i forskrifta til opplæringslova er omgrepet *læremiddel* definert, og parallellitetskravet gjeld for læremiddel som vert bruka regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla. Vidare vert det understreka at læremiddel kan vera både trykte og digitale, og at dei same reglane gjeld for begge typane. Såkalla læringsressursar fell dermed utanfor parallellitetskravet fordi dei ikkje dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla i faget, men dei kan vera konsentrerte om berre nokre få kompetansemål. Språkrådet får stadig meldingar frå lærarar og elevar på skular med nynorsk som opplæringsmål om at slike læringsressursar svært sjeldan finst på nynorsk. Dette bidreg ytterlegare til at nynorskelevar møter eit stort tilfang av bokmålstekst i opplæringa si alt tidleg i skuleløpet, noko som parallellitetskravet skal hindra.

Læremiddelforskning

Språkrådet bestilte i 2011 ei undersøking av språket i læremiddel frå Høgskolen i Vestfold (HiVe). Basert på funna i undersøkinga skal HiVe tilrå kriterium for godt språk i læremiddel. Kriteria er meinte som støtte til utviklarar av læremiddel for å sikra godt språk i læremidla.

HiVe har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei kunnskapsoversikt over læremiddelforskning etter læreplanverket for Kunnskapsløftet. Studien tek særleg opp val, vurdering og bruk av læremiddel og tilpassa opplæring. Rapporten peikar på at det er lite systematikk og progresjon i korleis læremidla hjelper lærarane til å arbeida med dei grunnleggjande ferdigheitene, fyrst og fremst lesing og skriving, i alle fag. Det er lite arbeid med lesing og med tekstane i læreboka, og individuelt arbeid med oppgåver har stor plass.

Støtte til utvikling av læremiddel

I mai 2010 lyste Utdanningsdirektoratet ut til saman ca. 40 millionar kroner for særskilt tilrettelagd opplæring, for minoritetsspråklege elevar og for smale fag og små elevgrupper. Til smale fag og små elevgrupper (17 millionar) var utvikling av parallellutgåver av digitale læremiddel særleg prioritert. I mai 2012 vart det lyst ut nærare 50 millionar kroner som tilskot til læremiddel for minoritetsspråklege elevar, tilskot til smale fag og tilskot til multifunksjonelle læremiddel.

12.9 Forum for nynorsk i skulen

Forum for nynorsk i skulen er eit forum der representantar frå Noregs Mållag, Norsk Målungdom, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Det Norske Samlaget, Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret, Språkrådet og Utdanningsdirektoratet møtest for å diskutera særskilde utfordringar for nynorsk i opplæringa. Det har sidan 2005 vore om lag to årlege møte i regi av Utdanningsdirektoratet. Det siste møtet vart halde 1. april 2011, og revisjonen av læreplanen i norsk var temaet. Etter dette møtet har det ikkje vore innkalla til fleire møte i forumet.

Forumet har vore oppteke av språkkompetansen i nynorsk for lærarstudentar som får fritak for prøving i nynorsk til eksamen i lærarutdanninga, og til lærarstudentar som følgjer den nye utdanninga for 5.–10. trinn, der norskfaget ikkje er obligatorisk. Forumet har peika på at elevs rett til opplæring på hovudmålet er udiskutabel, og alle lærarar må derfor ha kompetanse i begge målformer.

Høgskulanes utfordringar knytte til studentanes norskkompetanse vert løyste ulikt. Forumet har peika på at kommunane må ha ein handlingsplan for lærarar med dårlege kunnskapar og ferdigheiter i nynorsk, og at regionale etterutdanningstiltak i nynorsk bør komma inn under Utdanningsdirektoratets plan for kompetanseheving i skulen.

12.10 Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har ansvar for innføringskurs i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar. Det er personar mellom 18 og 55 år som har rett og plikt til å delta i introduksjonsordninga. Alle kommunar som buset flyktningar, har plikt til å tilby introduksjonsprogram, som skal bidra til ei lettare og raskare integrering av nytilkomne i det norske

samfunnet. Vaksne innvandrarak med eit opphaldsløyve som dannar grunnlag for busetjing, har rett og plikt til å gjennomfjra 300 timar oppljering i norsk språk og samfunnskunnskap. Programmet er normalt p full tid i inntil to ar. Det er kommunen som har ansvar for å leggja til rette for oppljeringa.

Talet p innvandrarak som tek norskprjve, aukar over heile landet. Dette gfr fram av nettstaden til Vox (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk).

Tabell 29: Tal p innvandrarak som tek norskprjve, og prosentdel som bestfr prjven

	2010	bestfr	2011	bestfr
Munnleg norskprjve 2	2789	92 %	2963	92 %
Munnleg norskprjve 3	1160	79 %	1641	75 %
Skriftleg norskprjve 2	2750	65 %	3217	61 %
Skriftleg norskprjve 3	1171	45 %	1609	48 %

Kjelde: Vox' statistikkbank, <http://status.vox.no/webview/>

Vaksne innvandrarak fr oftast oppljeringa si p bokmfl, jg i kommunar der nynorsk er bade skulemfl, administrasjonsmfl og dominerande i lokalsamfunnet. Dei nyaste tala viser at berre om lag 1 prosent av dei vaksne innvandrarakne fr norskoppljering p nynorsk. NOU 2010: 7 *Mangfold og mestrng. Flersprfklige barn, unge og vaksne i oppljeringssystemet* peikar p at laremiddel for innvandrarak bjr inn under parallellitetskravet i oppljeringslova (slik som for grunnskulen og vidaregfr skule). Det vil gjera at laremiddel for vaksne innvandrarak skal finnast p bade nynorsk og bokmfl til same tid og same pris.

12.11 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Skulen er avgjerande for korleis det norske sprfksamfunnet utviklar seg p alle andre omrade. Derfor er det viktig kva avgjerd Kunnskapsdepartementet tek i saka om revidering av lereplanen i norsk.

I mte med Kunnskapsdepartementet i april 2012 om ei ressursgruppe for nynorsk som hovudmfl peika Sprfkradet p at Kunnskapsdepartementet burde passa p at nynorskperspektivet er med nr departementet utviklar politikk for utdanningssektoren, slik det er lagt til grunn i den sektorovergripande sprfkipolitikken. I arbeidet med norsklereplanen er det dessutan behov for fr vita kor godt elevane faktisk skriv bokmfl og nynorsk som hovudmfl og sidemfl. Sjlv om det er ein velkjend premiss i sosiolingvistisk forskning at bruken av eit sprfak heng saman med statusen til det same sprfaket, bjr det gjerast ei elevundersjking som kartlegg desse samanhengane p nytt.

Sprfkradet har meint at norsk mfl vera eit obligatorisk fag for alle som utdannar seg til grunnskulelerarar. Nr lereutdanningane skal evaluerast, vil Sprfkradet ta dette opp att. Slik utdanninga er lagd opp i dag, fr ikkje alle dei komande lerearane kompetanse til fr driva oppljering i og p bade nynorsk og bokmfl.

I kommunar der nynorsk er bade skulemfl, administrasjonsmfl og dominerande i lokalsamfunnet, fr vaksne innvandrarak som regel oppljeringa si p bokmfl. Laremiddel for innvandrarak bjr inn under parallellitetskravet i oppljeringslova, slik at laremiddel kjem p bade nynorsk og bokmfl til same tid og same pris. Det er allereie i gang prosjekt som skal setja om laremiddel fr bokmfl til nynorsk for denne elevgruppa, og dette arbeidet bjr trappast opp.

Kjelder

Bjrl, Berit W. og Morten Rjnnng 2009. *Nynorsk i praksis. Lerearstudentar mter nynorskelevar. Sluttrapport august 2009*. Hjgskolen i Bergen

- Forskrift 1. mars 2006 nr. 266 om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, <http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/xd-20060301-0266.html#map020>
- Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova, <http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html>
- Forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høyere utdanning, <http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/xd-20070131-0173.html>
- Fremmedspråksenteret 2011. «Elevenes fagvalg – statistikk og analyse», <http://www.fremmedspraksenteret.no/index.php?ID=13790>
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2005. «Felles undervisning for elevgrupper med ulik målform»
- Hansen, Tom 2011. *Lærernes bruk og holdninger til digitale læremidler i videregående skole og i ungdomsskolen*. Utarbeidet av Synovate for Seminaret om digitale læremidler 2011, <http://www.forleggerforeningen.no/nor/content/download/17590/86976/file/Forleg-Synov-Presentasjon-Digital.pdf>
- Juuhl, Gudrun Kløve, Magnus Hontvedt og Dagrud Skjelbred 2010. *Læremiddelforskning etter LK06. Eit kunnskapsoversyn*. Høgskolen i Vestfold, rapport 1/2010. Tønsberg, http://www.hive.no/getfile.php/Filer/Biblioteket/skriftserien/2010/rapp01_2010.pdf
- Jæren tingrett 2007. Forkynning «Sandnes mållag – Sandnes kommune». Brev til Advokatfirmaet Haavind Vislie, 24.10.2007
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og mening*
- Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008), http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf
- Kunnskapsdepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*, <http://www.regjeringen.no/pages/2077013/PDFS/STM200720080023000DDDPDFS.pdf>
- Kunnskapsdepartementet 2008–2009. St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren. Rollen og utdanningen*, <http://www.regjeringen.no/pages/2150711/PDFS/STM200820090011000DDDPDFS.pdf>
- Kunnskapsdepartementet 2010. NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet*, <http://www.regjeringen.no/pages/10797590/PDFS/NOU201020100007000DDDPDFS.pdf>
- Kunnskapsdepartementet 2010–2011. Meld. St. 22 (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter. Ungdomstrinnet*, <http://www.regjeringen.no/pages/16342344/PDFS/STM201020110022000DDDPDFS.pdf>
- Kunnskapsdepartementet 2012a. «Revidering av norskfaget». Brev til Utdanningsdirektoratet, 8.2.2012, http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Brev/03-12_vedlegg_sidemaal_Udir.pdf
- Kunnskapsdepartementet 2012b. NOU 2012: 1 *Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene*, <http://www.regjeringen.no/pages/36790766/PDFS/NOU201220120001000DDDPDFS.pdf>
- Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html>
- Mordal, Siri, Bjørg Eva Aaslid og Heidi Jensberg 2011. *Evaluering av forsøk med 2. fremmedspråk på 6.–7. trinn. Delrapport 1*, SINTEF, <http://www.udir.no/Upload/rapporter/2011/5/fremmedsprak.pdf?epslanguage=no>
- Mål og mening* = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Norsklæreren 2011. «Hva skal ut av norskfaget?», nr. 1/2011
- Pran, Kristin Rogge og Åsmund Ukkelberg 2011. *Norsklæreres holdning til eget fag*. Utført av Synovate for Språkrådet, <http://www.sprakradet.no/upload/Norskl%C3%A6rerers%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf>
- Rambøll 2010. *Evaluering av norskeksamener våren 2010. NOR1211, NOR1212 og NOR1049*.

- Rapport til Utdanningsdirektoratet,
http://www.udir.no/Upload/Rapporter/2010/5/eksamen_norsk_2010.pdf?epslanguage=no
- Samordna opptak 2012. «Søkertall per april 2012»,
<http://www.samordnaopptak.no/info/soekertall/soekertall-2012>
- Skrivesenteret 2012a. «Bakgrunn: om skriveferdigheiter hos norske elever»,
http://www.skrivesenteret.no/nyhet?a=bakgrunn_om_skriving&b1=laringsressurser/fagtekster&b2=Fagtekster
- Skrivesenteret 2012b. «Normprosjektet», <http://www.skrivesenteret.no/nyhet?a=a6746>
- Språkrådet 2012a. «Høyringsfråsegn – NOU 2012: 1 Til barnas beste». Brev til Kunnskapsdepartementet, 7.5.2012
- Språkrådet 2012b. «Språkpolitiske føringar for norskfaget». Brev til Kunnskapsdepartementet, 6.3.2012,
<http://www.sprakradet.no/upload/Aktuelt/Spr%C3%A5kpolitiske%20f%C3%B8ringar%20for%20norskfaget.pdf>
- Statistisk sentralbyrå, www.ssb.no
- Utdanningsdirektoratet 2011. *Forum for norskfaget 2011. Delrapport oktober 2011*,
http://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/Norskforum_Delrapport_oktober_2011.pdf?epslanguage=no
- Utdanningsdirektoratet 2012a. *Forum for norskfaget. Rapport 2012*,
http://www.udir.no/PageFiles/50798/Sluttrapport_Forum_for_norskfaget.pdf?epslanguage=no
- Utdanningsdirektoratet 2012b. «Styrking av skriftleg hovudmål, avgrensing av skriftleg sidemål og endring av vurderingsordningane i norskfaget i samband med revisjonen av læreplanen i norsk». Brev til Kunnskapsdepartementet, 19.1.2012,
<http://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/norskbrev.pdf?epslanguage=no>
- Utdanningsdirektoratet 2012c. *Tall frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) 2011-12*,
http://www.udir.no/Upload/Statistikk/GSI/GSI_2011_2012_notat.pdf?epslanguage=no
- Wadsten, Marit 2008. *Viljen til språk – viljen til forskning: nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*. Masteroppgave, Høgskulen i Volda, http://brage.bibsys.no/hvo/handle/URN:NBN:no-bibsys_brage_8205

13 Nabospråk

Språkrådet samarbeider med institusjonar i dei andre nordiske landa om å motverka tendensen til at folk i Norden forstår mindre av nabospråka enn før. Prosjektet *Språkpilottane* kursar lærarar i grunnskulen til å kunna undervisa i nordiske språk og er heidra med EUs språkpris for nyskapande språkundervisning.

13.1 Utdrag frå kortversjonen av Mål og meining

Nordisk språksamarbeid (kap. 11.1)

Nordisk språksamarbeid har lange røter. Årlege språkmøte er haldne frå 1954. Frå 1978 fanst Nordisk språksekretariat. Sidan 2004 har den faglege forankringa vore Nordens språkråd, rådgjevande organ for Ministerrådet.

I Ministerrådet har språksamarbeidet vore organisatorisk forankra under det forskings- og utdanningspolitiske samarbeidsområdet.

Den nordiske språkdeklarasjonen frå 2006 stadfester politisk vilje til å halda oppe den nordiske språkfellesskapen.

Internordisk språkforståing (kap. 11.2)

Intern språkvariasjon kan forklara at nordmenn er best til å forstå dei andre skandinaviske språka.

Undersøkingar viser svekt nabospråkforståing i Danmark og Sverige frå 1972 til 2005. For Noreg er situasjonen uendra.

Av islendingar og finnar nyttar mange engelsk i staden for skandinavisk i nordisk samanheng.

Verkemiddel i det nordiske språksamarbeidet (kap. 11.3)

Nordens språkråd har i perioden 2004–2007 årleg fordelt ca. 8 mill. danske kroner til eit vidt spekter av språktiltak med nordisk relevans.

Innanfor det kulturpolitiske samarbeidet under Ministerrådet, dessutan frå Nordisk kulturfond, går det støtte til ulike kulturtiltak som også kan ha språkpolitisk relevans.

Oppfølging av Den nordiske språkdeklarasjonen (kap. 11.4)

Bakgrunn og innhald (kap. 11.4.1)

Språkdeklarasjonen handlar om fire språkpolitiske arbeidsområde: styrking av nabospråksundervisninga for å fremja gjensidig språkforståing, utvikling av ein konsekvent parallellspråksbruk på relevante område, behovet for å vareta det språklege mangfaldet, og Norden som språkleg føregangsregion med vekt på språkfellesskap og klarspråksarbeid.

Generelt om oppfølgingsarbeidet (kap. 11.4.2)

Språkdeklarasjonen må følgjast opp både nasjonalt og i det nordiske samarbeidet.

Språkforståing og språkkunnskap (kap. 11.4.3)

Nabospråksforståing kan fremjast gjennom så vel utdanningspolitiske som kulturpolitiske verkemiddel.

Internordiske språkkurs, ulike former for nettverkssamarbeid for lærarar og tilgang til bøker på nabospråka er døme på relevante samarbeidstiltak.

Språkdimensjonen i kultursamarbeidet er særleg tydeleg ved støtte til omsetjing av

nabolandslitteratur og utdeling av nordiske litteratur- og filmprisar. Viktig er også internordisk formidling av film- og tv-produksjonar og nordiske samproduksjonar.

Nyleg er det også oppretta ei støtteordning for utvikling av nordiske dataspel.

Derimot har det ikkje lykkast å gjera offentleg finansierte tv-kanalar i Norden automatisk tilgjengelege også i nabolanda.

Språkteknologi (kap. 11.4.4)

Nordens språkråd har utpeikt språkteknologi som eit prioritert oppfølgingsområde. Tekst- og taleressursar i nasjonale språkbankar kombinert med utvikling av fellesnordiske reiskapar og metodar kan utgjera ein nordisk språkbank. Den vil fremja fellesnordisk språkforståing ved å bidra til å utvikla til dømes maskinomsetjingsprogram, internordiske ordbøker, tverrgåande søkjeprogram osv.

Oppsummerande vurdering (kap. 11.4.5)

Nasjonal oppfølging av behovet for betre nabospråksundervisning er nærare omtalt i ei stortingsmelding frå Kunnskapsdepartementet om språkstimulering og språkopplæring.

Frå kortversjonen av Mål og mening (Kultur- og kyrkjedepartementet 2009)

13.2 Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet samarbeider med institusjonar i dei andre nordiske landa om å motverka tendensen til at folk i Norden forstår mindre av nabospråka enn før.

Språkråda i Norden har sitt eige nettverk, der Språkrådet er med. Nettverket er koordinert av Nordisk språkkoordinasjon (<http://nordisksprogkoordination.org>), som er oppretta og finansiert av Nordisk ministerråd (<http://www.norden.org/no/nordisk-ministerraad>). Ei sentral oppgåve for dette nettverket er å følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen.

I 2011 arrangerte Språkrådet og Nordisk foreining for leksikografi (NFL) Den 11. konferansen om leksikografi i Norden. Konferansen vart halden i Lund med over 150 deltakarar og vel 60 plenumsforedrag. Foredrag vert publiserte i ein eigen konferanserapport.

13.3 Tiltak for nordisk språkforståing

Det er sett i gang tiltak for å styrkja den nordiske språkforståinga med fleire nordiske prosjekt, konferansar og seminar knytte til nettverket for språkråda i Norden.

Nettverket gjev ut eit felles årsskrift, *Språk i Norden*. I 2011 var temaet *nabospråksundervisning og nordisk språkrøkt*. Skriftet inneheld dessutan ei oversikt over ny språklitteratur i Norden. På det årlege nordiske språkmøtet var temaa i 2011 morsmål, andrespråk, nabospråk og framandspråk. Dei fleste foredrag vert publiserte i *Språk i Norden*. Det årlege nettverksmøtet vart halde i samband med språkmøtet. Det nordiske nettverket har oppretta fleire arbeidsgrupper som har samarbeidd om ulike prosjekt.

Nordisk språk og språkforståing i nye kommunikasjonskanalar er eit prosjekt som førte fram til ein nordisk konferanse i Danmark i juni 2011 om temaet. Det vert produsert stadig meir tekst av både amatørar og profesjonelle gjennom nye kanalar. Målet med konferansen var å undersøka kva konsekvensar denne utviklinga har for dei nordiske språka, kartleggja kva forskning som går føre seg, og om det var interesse for å gå vidare med eit felles nordisk forskingsprosjekt. For tida vert det arbeidd med ei dansk undersøking av språket ungdom brukar i SMS og nettprat. Studentar i Noreg, Sverige og Danmark vert oppfordra til å delta i ein konkurranse om dei beste prosjekta innanfor emnet *Språket i dei nye media*. Prosjektet deler ut 10 000 kroner til ein vinnar frå kvart land.

Klarspråk er eit anna nordisk samarbeidsprosjekt. Den nordiske arbeidsgruppa for klarspråk har samarbeidd om ein nordisk konferanse om juridisk språk i 2011.

Nordisk barneordbok på nett er midt i produksjonsfasen. Ordboka skal verta gratis tilgjengeleg på nett og også liggja føre som ein applikasjon for smarttelefonar. Prosjektet samarbeider med prosjektet *Norden i skolen* om brukargrensesnitt og bidreg til at fleire ressursar til bruk i nabospråksundervisning vert samla på éin stad. Det som skil denne ordboka frå andre, er at oppslagsordet og ei kort forklaring av det vert lesne inn slik at brukarane kan lytta til uttala i tillegg til å sjå den skriftlege forklaringa. Innhaldet vert på dansk, norsk (bokmål og nynorsk) og svensk, og planen er å opna for bruk i løpet av hausten 2012.

Nordisk publiseringsplattform er eit prosjekt som har til føremål å gje tilgang på nettet til desse publikasjonane: alle årgangar av skriftet *Språk i Norden*, dei nordiske klarspråksrapportane, serien *LexicoNordica*, serien *Nordiske studium i leksikografi*, *Nordisk litteratur til tjeneste*, *Att förstå varandra i Norden* og *Nordens språk med rötter og fjötter*.

Det nordiske svarbaseharmoniseringsprosjektet har som mål å oppretta ein felles nordisk svardatabase på nettet. Basen skal innehalda svar på språkspørsmål frå publikum. Den nordiske arbeidsgruppa for språkteknologi (ASTIN) er styringsgruppe for prosjektet.

Nordisk språkbarometer er eit prosjekt som skal utvikla ein metode for å overvaka språksituasjonen i dei nordiske landa og korleis landa følgjer opp *deklarasjonen om nordisk språkpolitikk*.

13.4 Nordisk språkkampanje

Hausten 2010 sette Nordisk ministerråd i gang ein nordisk språkkampanje retta spesielt mot barn og unge og leidd av Nordisk språkkoordinasjon. Danmark, Sverige og Noreg har hatt tilsvarende nasjonale språkkampanjar med fleire prosjekt som skal bidra til auka nabospråkforståing blant barn og unge. Det vart kunngjort ein konkurranse der lærarstudentar i Norden kunne vinna 10 000 danske kroner til skrivning av bachelor- eller masteroppgåve. Dei to vinnarane kom frå Island og Danmark. Den islandske oppgåva tok føre seg haldningane unge islendingar har til danskfaget. Den danske oppgåva såg på kva status nabospråka har i dansk skule.

Norden i skolen er eit prosjekt som Föreningen Nordens Forbund har teke initiativ til. Prosjektet fekk midlar frå den nordiske språkkampanjen. Prosjektet skal samla ressursar for elevar og lærarar, og utvikla språkleg forståing ved hjelp av ny teknologi (tenester som Skype og Facebook vert bruka).

Nordisk litteratur til teneste er ei tekstsamling for studentar og elevar i vidaregåande skule, og gjennom språkkampanjen skal verket gjerast tilgjengeleg og søkbart på nettet.

Det er oppretta ein nordisk prosjektbank med oversikt over ulike lese- og skriveprosjekt i Norden.

13.5 Nabospråkundervisning

Språkrådet gjennomførte i 2010 ei undersøking av kva haldningar norsklærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule har til sitt eige fag (undersøkinga er omtala i avsnitt 12.7 «Norsklærarars haldningar til eige fag»). Læreplanane i norsk stiller opp kompetansemål for undervisninga i nabospråk frå 4. årstrinn. Lærarane som svara på spørjeskjemaet i haldningsundersøkinga, rapporterte at dei opplever at dei ikkje har kompetanse på området, og derfor prioriterer dei heller ikkje emnet. Som oppfølging av undersøkinga hadde Språkrådet i 2011 fire kurs- og debattmøte saman med Utdanningsforbundet (framhald frå 2010). Nabospråkundervisning har vore eit sentralt tema. Målgruppa for debattmøta er lærarar, og vi har til saman nådd rundt 200–250 personar ulike stader i landet. Møta held fram i 2012.

I tillegg samarbeider Språkrådet med Foreningen Norden og Foreningen !les om tiltak som skal gjera ungdomslitteratur tilgjengeleg for elevar i skulen. Kursa og tiltaka er ei direkte følgje av resultatane frå Språkrådets haldningsundersøking blant norsklærarar. Prosjekta utfyller kvarandre, og dei har fått finansiering gjennom den norske delen av Nordisk språkkampanje.

Språkpilotane er eit utdanningstilbod til lærarar i grunnskulen for å kunna undervisa i nordiske språk som nabospråk og som framandspråk. Prosjektet er heidra med EUs språkpris for nyskapande språkundervisning. Det er no utdanna 100 språkpilotar rundt om i Norden gjennom seks kurs. Prosjektet fekk i 2011 midlar til ein ny treårsperiode.

Prosjektet *Grænseoverskridende Nordisk Undervisning (GNU) 2011–2014* (<http://prosjektgnu.wordpress.com>) har etablert samarbeid mellom ni nordiske skular som skal planleggja og gjennomføra felles undervisning på Internett. Dette gjeld morsmålsfaga, naturfag, historie- og samfunnsfag og matematikk. Initiativtakaren til prosjektet er Roskilde kommune, i samarbeid med University College Sjælland frå Danmark og Høgskolen i Vestfold frå Noreg.

Nordisk språkforståing er temaet for ei rekkje seminar der dei nordiske husa, Nordisk kulturfond og dei nordiske informasjonskontora samarbeider for å kasta lys over temaet. Det fyrste seminaret vart halde i Nordens hus i Tórshavn i august 2011.

13.6 Utanlandslektorordninga

Tidlegare hadde Noreg såkalla utanlandslektorar som underviste i norsk språk ved universitet i dei andre nordiske landa. Denne ordninga er avvikla, men det vert framleis undervist i norsk ved ei rekkje utdanningsinstitusjonar i nabolanda. Oversikta under (frå 2009) viser kor mange lærarar som underviser i nabospråk i dei ulike landa. Mellom 2002 og 2009 var talet på lærarar stabilt, bortsett frå i norsk, der talet er mest halvert.

Tabell 30: Lærarar som underviser i nabospråk ved universitet i dei nordiske landa (2009)

	underviser i norsk	underviser i dansk	underviser i finsk	underviser i islandsk	underviser i svensk	underviser i færøysk
Noreg	–	2	3	2	4	0
Danmark	3	–	1	1	4	1
Finland	5	4	–	4	0	0
Island	1	5	2	–	1	0
Sverige	5	5	6	4	–	0

Kjelde: Hannesdóttir og Mose 2009

13.7 Nettverk om parallellspråkbruk i Norden

Engelsk vert stadig meir nytta til undervisnings- og forskingsformidling ved dei nordiske universiteta. I 2011 vart det derfor etablert eit nordisk nettverk som skal koma fram til mål for bruk av både nasjonalspråk og engelsk ved lærestadene – såkalla parallellspråkbruk. Samarbeidet er støtta økonomisk av Nordisk ministerråd og vert administrert av Center for Internationalisering og Parallelsproglighed ved Københavns Universitet. Arbeidet til nettverket kan ein følgja på bloggen nordiskparallelsprogsnet.blogs.ku.dk.

13.8 Nordisk dataspelprogram

Dataspelprogrammet skal avsluttast i 2012. Det siste prosjektet i Noreg som har fått midlar frå programmet, er *Barnevakten*. Det gjev råd om barn og medium, inkludert råd om dataspel.

13.9 Språkteknologi i det nordiske språksamarbeidet

Språkteknologiske prosjekt er prioriterte i den nordiske språkdeklarasjonen som eitt av fire innsatsområde. Nordisk ministerråd lyste i 2010 ut ein konkurranse på 500 000 danske kroner til eit språkverktøy som kan bidra til auka språk- og kulturforståing blant nordiske barn og unge. I oktober 2011 fekk Föreningarna Nordens Förbund ein del av prisen for *Norden i Skolan*, ein digital

undervisningsplattform for lærarar og elevar, og Snöball Film for nettstaden Nordiskesprak.net, som er bygd opp av korte filmar og aktiverande tekstar av og for ungdomar i dei ulike nordiske landa.

Den nordiske barneordboka høyrer med i satsinga på språkteknologi i språkdeklarasjonen ved at ho gjer lyd (opplesing av setningar med oppslagsordet) og fleirspråkleg søking tilgjengeleg for brukarane.

Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden (ASTIN) arrangerte i 2011 ein arbeidsverkstad i Estland om open kjeldekode og problem kring tilgang til språkressursar. Opphavsrettane stengjer nokre gonger for at eksisterande ressursar vert tilgjengelege for språkteknologisk bruk. Arbeidsverkstaden var ein del av den nordiske datalingvistikkonferansen NODALIDA 2011. ASTIN publiserte i 2011 òg rapporten *Språkteknologi för ökad tillgänglighet* frå eit nordisk seminar i Linköping i oktober 2010 om korleis språkteknologi kan auka tilgangen til tenester og informasjon for grupper med spesielle behov (Domeij ofl. 2011).

13.10 Arbeidet vidare, kunnskapsbehov og utfordringar

Det er semje om at språka i Norden skal halda fram med å vera sterke, levande og samfunnsberande språk. Det nordiske samarbeidet skal òg i framtida skje på dei skandinaviske språka. For å leva opp til dette må kvart enkelt land arbeida aktivt med å følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen. Det er viktig at barn lærer om nabospråka så tidleg som mogeleg. Skulen kan gjera ein betre innsats her. Lærarar treng nettsider dei kan henta inspirasjon og informasjon frå. Det trengst fleire gode nordiske nettsider med lesestoff for barn. Det er behov for fleire kurs i nabospråksundervisning for lærarar. Språkpilotprosjektet er eit godt tiltak som bør halda fram.

Det bør verta sendt fleire program frå nabolanda, både for barn og vaksne. Ein felles nordisk TV-kanal hadde vore særst positivt. Det bør lagast ei oversikt over tilgjengelege internordiske ordbøker.

Kjelder

Domeij, Rickard ofl. 2011. *Språkteknologi för ökad tillgänglighet. Rapport från ett nordiskt seminarium. Linköping 27–28 oktober 2010*. Linköping,

<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kteknologi%20for%20%C3%B8kt%20tilgjengelighet,%20nordisk%20seminar%20oktober%202010.pdf>

Hannesdóttir, Anna Helga og Gitte Mose 2009. «Undervisning i Nordens språk og litteratur ved universiteter og høyskoler i Norden». Presentasjon på lektorkonferanse i Göteborg i regi av Samarbeidsnemnda for Norden-undervisning i utlandet

Nordisk ministerråd 2006. *Deklaration om nordisk språkpølitikk*,

http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2007-746/at_download/publicationfile

Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008 – sjå *Mål og meining*

Kultur- og kyrkjedepartementet 2009. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008),

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/Sprakmelding_kortversjon_feb2009.pdf

Mål og meining = Kultur- og kyrkjedepartementet 2007–2008. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpølitikk*,

<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>

Språkrådet 2010. *Språkstatus 2010. Kunnskap frå elleve språkpølitiske område*,

<http://www.sprakradet.no/upload/Sprakstatus%202010.pdf>

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vera i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje verta sett til sides av engelsk.

Vi vil gje det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auka kunnskapen om norsk språk.

Språkrådet

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Tlf. 22 54 19 50
E-post: post@sprakradet.no

www.språkrådet.no
www.sprakradet.no